# Solund kommune

# Innkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | FORMANNSKAP |
| **Møtestad:** | Møterommet |
| **Dato:** | 28.05.2020 |
| **Tid:** | Kl. 09:00 |

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

**Solund kommune**
21.05.2020

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

## Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | |
|---|---|---|
| 040/20 | Skriv og melding | |
| 041/20 | Mellombels forbod mot akvakulturtiltak for eit geografisk område i Nord Solund | |
| 042/20 | Underskotsgaranti for øyhoppingsruta | |
| 043/20 | Årsrekneskap 2019 for Solund kommune | |
| 044/20 | Årsmelding 2019 for Solund kommune | |
| 045/20 | Tertialrapport 1.tertial 2020 | |
| 046/20 | Budsjettendring 1. tertial 2020 | |
| 047/20 | Økonomiplan 2021-2024 med oppstart Budsjett 2021 | |

# Solund kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | K1-033 |
| **ArkivsakID:** | 20/355 |
| **JournalpostID:** | 20/1372 |
| **Sakshandsamar:** | Amund Fuglebakk Aglen |
| **Dato:** | 21.05.2020 |

Saksframlegg

| **Saksnr. utval** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 040/20 | FORMANNSKAP | 28.05.2020 |

## Skriv og melding

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

**Underliggande sak:**

| Saksnummer | Tittel |
|---|---|
| 1 | Notat lokal utviklingsstrategi |
| 2 | Løyve til landbasert produksjon av matfisk for lokalitet Djupvika |
| 3 | Overordna avtale om tannhelsetenester |

# Solund kommune
Sentraladministrasjonen


Solund formannskap og Solund kommunestyre

| **ArkivsakID:** | **JournalID:** | **Arkivkode:** | **Dykkar.ref** | **Dato:** |
|---|---|---|---|---|
| 16/471 | 20/1267 | K2-L02 | | 12.05.2020 |

## Notat lokal utviklingsstrategi

I utgangspunktet skulle slutthandsaminga av kommuneplanen sin samfunnsdel vore handsama politisk i mars 2020. Det har vore sagt at handlingplanen til lokal utviklingsstrategi skulle handsamast etter samfunnsdelen og lokal utviklingsstrategi skulle difor handsamast i juni 2020.

Med bakgrunn at samfunnsdelen ikkje har hatt endeleg vedtak grunna Korona, så røyser ikkje administrasjonen saka om lokal utviklingstrategi i kommunestyremøtet i juni. Administrasjonen legg opp til handsaming av saka i formannskaps- og kommunestyremøtet i oktober.

Med helsing

Anne Kristine Dyrdal
Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*


| Adresse: | Telefon: | Org.nr | Bankgiro: | E post: | Heimeside |
|---|---|---|---|---|---|
| Hardbakke 26<br>6924 HARDBAKKE | 57 78 62 00 | 964 967 458 | 3847.07.01207 | post@solund.kommune.no | www.solund.kommune.no |

Vestland fylkeskommune

**Innovasjon og næringsutvikling**
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

**Vår referanse** 2020/50435-3
**Dato** 15.05.2020

LOSNA SEAFOOD AS
Brattholmen 112
5350 BRATTHOLMEN

# VL-SU-1-Losna Seafood AS, org nr 917447675 Løyve til landbasert matfiskproduksjon av laks, aure og regnbogeaure på lokalitet 45021 Djupvika på Losna i Solund kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad frå Losna Seafood AS, datert 20.12.2018 om løyve til landbasert matfiskproduksjon av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*), og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) på lokalitet 45021 Djupvika på Losna i Solund kommune. I vårt vedtak 11.05.2020 var det ein skrivefeil som no er retta opp.

**Vedtak**
**Vestland fylkeskommune gir Losna Seafood AS løyve til landbasert matfiskproduksjon av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*), og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) med ein produksjon på inntil 28 600 tonn MTB.**

Løyvet gjeld på følgjande lokalitet i Solund kommune:

| Lokalitetsnr. | Lokalitetsnamn | Kommune | MTB |
|---|---|---|---|
| 45021 | Djupvika på Losna | Solund | 28 600 |

Løyvet gjeld for anleggsplassering på land som vist i vedlagt kart, og følgjande midtpunkt i grader og desimalminutt (Kartdatum Euref89/WGS84):

| Midtpunkt |
|---|
| N 61° 07.794’<br>Ø 5° 02.039’ |

Lokaliteten er klarert for Losna Seafood AS med konsesjonsnummer VL-SU-1.

**Lovheimel**
Løyvet er gjeve av Vestland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur (akvakulturloven) og forskrift av 22.12.2004 nr. *1798 om tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret* (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

**Grunngjeving**
Losna Seafood AS søkte 20.12.2018 om løyve til å etablere landbasert anlegg for produksjon av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på lokalitet Djupvika på Losna i Solund kommune. Det har vært gjort eit langt og grundig forarbeid før søknad om akvakultur vart sendt inn. Melding om oppstart av reguleringsplanarbeidet er datert 12.10.2016. I løpet av reguleringsplanarbeidet har det vore fleire møter med ulike mynde. I samband med sakshandsaming av søknaden har det også vore fleire møte med sektormynde og med søkar.

Nærings- og Fiskeridepartementet sende 04.07.2019 retningslinjer for vurdering av landbaserte anlegg; om eit anlegg er plassert i sjø eller på land må vurderast av fylkeskommunen i kvar enkelt sak.

Vestland fylkeskommune vurderer at anlegget er plassert på land innanfor kystkonturane. Vi har som Kartverket, nytta kystkontur som grense mellom sjø- og land, der høgda ved middels høgvatn er lagt opp som grense i kystkonturen.

Solund kommune tilrår i vedtak 20.02.2019 at Losna Seafood AS får løyve til å etablere landbasert anlegg for produksjon av laksefisk på Losna i Solund kommune. I tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova har kommunen forvaltningsansvar etter hamne- og farvasslova i området. Søknaden har vore kunngjort etter retningslinjene, og det kom ikkje inn merknader til søknaden. Solund kommunestyre har 07.06.2018 vedtatt privat reguleringsplan for Djupvika på Losna.

Høyring etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover
Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR-2017-06-21-854). Søknaden skal då handsamast etter § 8 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg II i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg II.

Fiskeridirektoratet region Vest har i brev datert 20.03.2019 uttalt at det landbaserte anlegget ikkje vil kome i konflikt med fiskeriinteresser eller viktige gyte- og oppvekstområder for marin fisk, men vi vil på generelt grunnlag seie at vi rår ifrå dumping av massar i sjø.

Fylkesmannen sin miljøvernavdeling gav 07.05.2020 med heimel i ureiningslova utsleppsløyve for produksjon av laksefisk med ein samla årleg biomasse på inntil 28 600 tonn. Løyvet er gitt med vilkår om gradvis opptrapping av produksjonen. Anlegget må dokumentere sine utsleppsreduserande tiltak og starte opp med miljøovervaking, før produksjonen når 10 000 tonn per år.

Fylkesmannen vurderer at produksjon av matfisk på land kan gi mindre ulemper for vill laks og sjøaure og anna marint naturmangfald enn ein tilsvarande produksjon i sjø. Føresett at det vert gjennomført tiltak for å unngå rømming frå anlegget og avløpsvatnet vert godt nok reinsa, vil tiltaket vere akseptabelt for allmenne interesser.

Mattilsynet har i vedtak datert 05.11.2019 gjort vedtak om godkjenning av sjøanlegg på land for oppdrett av inntil 28.600 tonn matfisk av laks på Losna i Solund kommune.

Vestland fylkeskommune har vurdert søknaden etter laksetildelingsforskrifta § 30 om generelle vilkår for klarering av lokalitet for akvakultur, som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

*a) det er miljømessig forsvarlig;*

*b) det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*

   *1. søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
   *2. alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
   *3. annen bruk av området, og*
   *4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*

*c) det er gitt tillatelser som kreves etter*

   *1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
   *2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
   *3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
   *4. lov lov 24.november 2000 nr.82 om vassdrag og grunnvann,*
   *5. lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og*

*d) det ikke er i strid med*

   *1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*

*2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
*3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

a) miljømessig forsvarleg
Søknaden er vurdert med omsyn til biologisk mangfald, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar.

Naturmangfaldlova
Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a.

Vurderingane i samband med søknaden er gjort ut i frå tilgjengeleg kunnskap og registreringar i området. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er i denne prosessen ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget sin påverknad på naturmangfaldet, jf. § 8 Kunnskapsgrunnlaget.

Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk, jf. § 9 Føre-var prinsippet.

Skildring av søknaden i høve til økosystemtilnærming og samla belastning. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologiske effektar eller naturmiljøet, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter, jf. § 11 Kostnader ved forverring av miljø.

Det er eigne forskrifter som gir krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg, jf. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vassforskrifta
Vassforskrifta gir rammer for vassforvaltninga. I samsvar med vassforskrifta skal tilstanden i alle vassførekomstar beskyttast mot forverring, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta § 12 omhandlar ny aktivitet eller nye inngrep. Lokalitet ligg ved vassførekomsten 0280022300-C Krakhellesundet, som i samsvar med vann-nett har god økologisk tilstand. Det er ikkje venta at tiltaket vil føre til at miljøtilstanden i vassførekomsten blir forverra.

b) avveging av arealinteresser
1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.
Søkar sitt behov er godt grunngjeve i søknaden

2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur.
Løyvet kjem ikkje i konflikt med anna eksisterande eller planlagt akvakultur

3. Anna bruk av området.
Klarering av arealbruk er gjort. Det er vedtatt reguleringsplan for området.

4. Verneinteresser som ikkje vert omfatta av bokstav d.
Lokaliseringa kjem ikkje i konflikt med forslag til vernetiltak eller andre verneinteresser som ikkje omfatta av bokstav d.

c) løyve etter anna lovverk
Alle nødvendige løyve i samsvar med forskrifta punkt c føreligg.

d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. Vedtatt arealplan etter plan og bygningslova.

   Det føreligg ein vedtatt reguleringsplan for tiltaket i området.

2. Vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.

   Tiltaket er ikkje i strid med vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.

3. Vedtatt vernetiltak kulturminnelova.

   Det føreligg ingen informasjon om at tiltaket er i strid med vedtatt vernetiltak etter kulturminnelova. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det fins kulturminne i området, og fylkeskommunen syner til kulturminnelova og meldeplikta.

**Etter ei samla vurdering etter laksetildelingsforskrifta § 30 gjev Vestland fylkeskommune med dette Losna Seafood AS med konsesjon VL-SU-1 løyve til produksjon av matfisk av laks *(Salmo salar)*, aure *(Salmo trutta)*, og regnbogeaure *(Oncorhynchus mykiss)* på lokalitet 45021 Djupvika på Losna i Solund kommune.**

**Generelle vilkår**

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gitt under føresetnad av at etablering, drift og avvikling vert gjennomført i samsvar med andre gjeldande forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengelege på www.lovdata.no.

**Anna**

Vestland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndigheitene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndigheitene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Løyvet kan trekkast tilbake dersom føresetnadane for løyvet vert vesentleg endra.

**Klagerett**

Vedtaket kan klagast på. I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Med helsing

Elisabeth Aune
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

| | |
|---|---|
| SOLUND KOMMUNE | Hardbakke 26 |
| FYLKESMANNEN I VESTLAND | Njøsavegen 2 |
| MATTILSYNET | Felles postmottak Postboks 383 |

| | |
|---|---|
| FISKERIDIREKTORATET REGION VEST | Postboks 185 Sentrum |

# Overordna avtale om tannhelsetenester

Samarbeidsavtale mellom (…) kommune og Vestland tannhelseteneste

Vestland fylkeskommune

# INNHOLD

**1.0 Samarbeidsavtale** ..... **3**

**2.0 Om overordna samarbeidsavtale** ..... **3**

**3.0 Sektor-/avdelingsvise avtalar med (…) kommune** ..... **3**

**4.0 Lover, regelverk og retningsliner** ..... **4**

**5.0 Partane sitt ansvar** ..... **5**
- **5.1 Generelt** ..... 5
- **5.2 Vestland fylkeskommune; tannhelsetenesta** ..... 5
- **5.3 (…) kommune** ..... 5

**6.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet** ..... **6**

**7.0 Avtalesignering** ..... **7**

**8.0 Avtaletilpassing** ..... **8**

**9.0 Personvern** ..... **9**

## 1.0 Samarbeidsavtale

(…) kommune skal, saman med tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune, sørgje for at alle innbyggjarane i kommunen får nødvendig tannhelsehjelp. Tannhelsehjelpa skal vere basert på den enkelte sine behov og premiss og målet er at den som får hjelp skal ha livslang god tannhelse. Grunnlaget for den gode tannhelsa skal leggjast gjennom god førebygging og behandling, med fokus på tidleg innsats. Det er viktig å sikre at alle brukarar får eit godt tannhelsetilbod, etter det som til ein kvar tid er gjeldande retningsliner. Tannhelsetilbodet skal vere regelbunden og førebyggjande tiltak skal prioriterast føre behandling.

## 2.0 Om overordna samarbeidsavtale

Målet med ein overordna samarbeidsavtale med (…) kommune, er å sikre ei best mogleg tannhelse i befolkninga og sikre nødvendig førebygging og behandling til alle. Avtalen skal i tillegg bidra i å jamne ut sosiale skilnader i helse i alle grupper, mellom anna gjennom å spreie opplysning om og auke interessa for kva den einskilde sjølv kan gjere for eigen tannhelse.

Eit godt tannhelsetilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunen og den kommunale tenesta. Eitt av måla med samarbeidsavtalen er å sikre gode samarbeidsliner mellom kommunane og tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune. For å sikre eit best mogleg tannhelsetilbod til alle, er det også eit mål med samarbeidsavtalane å få til eit godt samarbeid med private aktørar. (…) kommune skal saman med Vestland fylkeskommune sikre at prioriterte grupper får informasjon om det tannhelsetilbodet dei har rett til.

## 3.0 Sektor-/avdelingsvise avtalar med (…) kommune

For å kunne gjennomføre tiltak som vil fremje tannhelsa, er det nødvendig at vi har ei heilskapleg tilnærming i arbeidet. Dette føreset eit samarbeid med samfunnssektorar og helsesektorar i kommunen. Målet med sektor-/avdelingsvise samarbeidsavtalar er å sikre at tannhelsetenesta sine prioriterte grupper får nødvendig tannbehandling og informasjon til å ta vare på eigen tannhelse.

I tillegg til den overordna avtalen, vert følgjande samarbeidsavtalar inngått mellom (…) kommune og tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune:

- Barn og unge (0-20 år)
- Langtidssjuke i institusjon og heimeteneste
- Personar med utviklingshemming (over 18 år)
- Personar som har tilbod innan kommunal rusomsorg og/eller psykisk helseteneste
- Personar innan barnevernstenesta
- Personar i statlege mottak[1]

# 4.0 Lover, regelverk og retningsliner

Til grunn for samarbeidsavtalen ligg følgjande lover/retningsliner (i digital utgåve: klikk på teksten for lenke):

- *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m (helse- og omsorgstjenesteloven)*
- *Lov om tannhelsetjenesten (tannhelsetjenesteloven)*
- *Lov om helsepersonell m.v (helsepersonelloven)*
- *Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven)*
- *Lov om folketrygd (folketrygdloven)*
- *Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)*
- *Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m (helsetilsynsloven)*
- *Nasjonal faglig retningslinje for tannhelsetjenester til barn og unge 0-20 år, del 1 (publisert 27. september 2018)*
- *Barn som lever i fattigdom – regjeringens strategi (2015-2017)*
- *God klinisk praksis i tannhelsetjenesten – en veileder i bruk av faglig skjønn ved nødvendig tannbehandling*
- *Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår for alle, 2014 – 2025, Hordaland fylkeskommune*
- Strategiplan for folkehelsearbeid 2016 – 2019, Tannhelsetenesta, Hordaland fylkeskommune (ikkje elektronisk lenke)
- *EU forordning 2016/679 av 27. april 2016 om vern av fysiske personar i samband med behandling av personopplysningar og om fri utveksling av slike opplysningar («Personvernforordningen») og personopplysningsloven med tilhøyrande forskrift.*

[1] Flyktningar, asylsøkjarar. Samarbeidsavtale vert bare skriven med aktuelle kommunar.

# 5.0 Partane sitt ansvar

## 5.1 Generelt

For å kunne ivareta lovkrav og helsepolitiske mål, er forpliktande samarbeid mellom ulike forvaltningsnivå nødvendig. Eit god tannhelsetilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom den fylkeskommunale tannhelsetenesta og offentlege og private samarbeidspartar. Samarbeidet sikrast best gjennom skriftlege avtalar, der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

Den overordna samarbeidsavtalen skal signerast av begge partar. Dei andre samarbeidsavtalane skal signerast på i eit årleg møte, om ikkje anna er avtalt. Avtalen vert automatisk forlenga med eitt år om gongen, med mindre det blir endring i lovverket, organisering og/eller anna som er avgjerande for samarbeidet.

## 5.2 Vestland fylkeskommune; tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta skal, etter Lov 3. juni 1983 nr. 54 om tannhelsetjenesten (tannhelsetjenesteloven), organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga og gje eit regelbunden og oppsøkjande tilbod til prioriterte grupper. Prioriterte grupper er barn og ungdom, personar med utviklingshemming, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie, ungdom som fyller 19 eller 20 år, i tillegg til andre grupper som fylkeskommunen har vedteke å prioritere.

Fylkeskommunen skal, ved si tannhelseteneste, fremje tannhelsa og sørgje for nødvendig førebygging og behandling. Tannhelsetenesta skal tilby opplæring/ rådgjeving av helsepersonell, slik at dei kan ivareta tannhelsetilbodet til prioriterte grupper på best mogleg vis.

Nærare om kva som er tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune sin rolle, vert skildra i dei einskilde samarbeidsavtalane.

## 5.3 (...) kommune

I Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) følgjer det mellom anna at føremålet med loven er å sikre samhandling og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den einskilde sitt behov.

Vidare følgjer det at kommunen skal sørgje for at personar som oppheld seg i kommunen får nødvendige helse- og omsorgstenester (§ 3-1). Etter lova sin § 3-4 har kommunen plikt til å samarbeide med fylkeskommunen, slik at helse- og omsorgstenesta best mogleg kan virke som ei eining.

Nærare om kva som er (...) kommune og Vestland fylkeskommune sine roller, vert skildra i dei einskilde samarbeidsavtalane.

## 6.0 Grunnlag og prinsipp for samarbeidet

- Brukaren/pasienten sitt behov skal vere styrande for samarbeidet.
- Samarbeidet mellom (…) kommune og Vestland fylkeskommune skal sikre at brukar/pasient (føresette/vergje) får god informasjon, samtykker til behandlinga og at dei vert teke med på avgjerd som har noko å seie for eigen helse.
- Samarbeidet skal sikre at brukaren/pasienten kan oppretthalde ei god oral helse. Dette inneber at han/ho
    - ikkje har smerte, ubehag eller alvorlege lidingar i munnhola
    - har tilfredsstillande tyggefunksjon
    - kan kommunisera og ha sosial omgang utan problem der dette skuldast munn- og tannhelsa.
- I møte med brukar/pasient skal alle behandlast rettferdig og med respekt.
- Førebyggjande tiltak prioriterast før behandling og det er eit mål at den enkelte, i størst mogleg grad, skal vere i stand til å ta vare på si eiga tannhelse.
- Samhandlinga mellom Vestland fylkeskommune og (…) kommune er prega av ønskje om kontinuerleg forbetring av tannhelsetilbodet.
- Samarbeidet er forankra i toppleiinga i Vestland fylkeskommune og (…) kommune.
- Vestland fylkeskommune og (…) kommune arbeider kunnskapsbasert og har fokus på å identifisere positive og negative faktorar som verkar på tannhelsa.
- Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid sikrar at vi når alle som treng tannhelsetenester.
- (…) kommune og Vestland fylkeskommune skal setje av tid til å møtast og dele erfaringar og idear. Det skal vere låg terskel for partane til å ta kontakt med kvarandre.

## 7.0 Avtalesignering

*Avtalen må reviderast ved endring i lovverk, organisering og anna som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen blir automatisk forlenga med eitt år om gongen med mindre anna er skriftleg avtalt. Avtalen gjeld fram til ny avtale blir utarbeidd og teken i bruk.*

| | | | |
|---|---|---|---|
| | *(…) kommune* | | *Vestland fylkeskommune – tannhelsetenesta* |
| *dato* | *underskrift rådmann/repr. frå kommunen* | *dato* | *underskrift fylkestannlege/områdeleiar* |

## 8.0 Avtaletilpassing

Om det er nødvendig med endringar eller tilpassingar i avtalen, skal det noterast her med dato og signatur frå begge partar:

# 9.0 Personvern

Ny personvernlovgjeving vart sett i kraft i Noreg frå 20. juli 2018. Vestland fylkeskommune samlar inn og behandlar personopplysningar som er nødvendig for å utføre lovpålagte tenester. Dei innsamla opplysningane vert handsama innanfor rammene av personvernlovgjevinga.

Det er viktig for oss at dei innsamla personopplysningane er trygge hos oss som behandlingsansvarleg. Dersom den registrerte har spørsmål om behandlinga av eigne personopplysningar, kan dei kontakte oss på tannhelse@vlfk.no og på tlf.: 05557.

Partane i denne avtalen er einig i at vi har eit felles behandlingsansvar for dei innsamla opplysningane.

vestlandfylke.no

# Solund kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | K2-U43 |
| **ArkivsakID:** | 20/298 |
| **JournalpostID:** | 20/1295 |
| **Sakshandsamar:** | Anne Kristine Dyrdal |
| **Dato:** | 15.05.2020 |

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 041/20 | FORMANNSKAP | 28.05.2020 |
| | KOMMUNESTYRE | |

## Mellombels forbod mot akvakulturtiltak for eit geografisk område i Nord Solund

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 13-1 legg Solund kommunestyre ned mellombels forbod mot akvakulturtiltak i geografisk område i tråd med vedlagt kart, fram til vedtak av kommuneplanen sin arealdel.

**Vedlegg i saka:**

| | |
|---|---|
| 04.05.2020 | Kart varsel om mellombels forbod mot akvakulturtiltak |
| 14.05.2020 | Merknad til mellombels forbod mot akvakulturtiltak i " Nord Solund" |
| 14.05.2020 | Merknad til mellombels forbod mot akvakulturtiltak i " Nord Solund" |
| 18.05.2020 | Uttale til varsel om mogeleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak |
| 18.05.2020 | Vedlegg 1. Uttale sjømatbedriftene |
| 18.05.2020 | Merknad til varsel om mogeleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak |
| 19.05.2020 | Merknad til varsel om mogeleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak |
| 19.05.2020 | Merknad - Varsel om mogeleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Plan- og bygningslova: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71?q=plan
Forskrift om byggesak (byggesaksforskrifta):
https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2010-03-26-488

**Kva saka gjeld:**

Vurdering av mellombels forbod mot akvakulturtiltak for eit geografisk område i Nord Solund.

**Saksutgreiing:**

Bakgrunn:

I formannskapssak 032/20 Uttale til søknad om lokalitetsklarering for Saltskår – Engesund Fiskeoppdrett, vart det gjort vedtak om å legge fram sak om midlertidig forbod mot tiltak for
akvakulturtiltak i det geografiske området som er indikert på vedlagt kart.

Det vart sendt ut varsel om mogeleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak i det omtala området i Nord Solund 4. mai med frist for innspel 18. mai. Mottakarane som fekk varselet var: Engesund Fiskeoppdrett AS, Mowi AS, Eide Fjordbruk AS, Nekst AS, Sulefisk AS, Erko Seafood AS, Vestland Fylkeskommune og Aller Aqua AS. Mottakarane av varselet vart valt på bakgrunn at aktørane enten var ein part i saka formannskapssak 032/20, har kome med innspel til kommuneplan i det geografiske området eller har lokalitet i nærleiken av det geografiske området der det er vurdert å innføre mellombels forbod. Det har i tillegg vore varsla på Solund kommune sine nettsider slik at det har vore ope for alle å komme med innspel.

Etter at f.sak 032/20 vart handsama har Eide Fjordbruk AS søkt om lokalitetsklarering på Lyngholmane. Dette er eit område som er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan og ligg mellom Færøy og Huvøyna.

Heimelsgrunnlag:
For å sikre at nye tiltak ikkje skal vere til hinder for gjennomføring av planar som er under arbeid, kan kommunen vedta å innføre mellombels forbod mot tiltak jamfør plan- og bygningslove § 13-1:
*«Finner kommunen eller vedkommende myndighet at et område bør undergis ny planlegging, kan den bestemme at oppretting og endring av eiendom eller tiltak etter § 1-6 og andre tiltak som kan vanskeliggjøre planarbeidet, ikke kan settes i gang før planspørsmålet er endelig avgjort.*

*Dersom en søknad om tillatelse til tiltak ikke er avgjort, kan kommunen bare vedta et midlertidig forbod dersom søkeren er varslet om dette innen utløpet av de saksbehandlingsfrister som følger av § 21-7, og dersom forbudet vedtas senest innen åtte uker etter utløpet av fristen.*

*Kommunen kan samtykke i at tiltak som er nevnt i første ledd blir gjennomført hvis det etter*
*kommunens skjønn ikke vil vanskeliggjøre planleggingen.»*

Vurdering av forbodsområdet:
I samband med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, så har det komme mange innspel frå ulike aktørar i akvakulturnæringa. Dette er innspel som kan vere motstridande og kan vere vanskeleg å innfri i praksis. Når det geografiske området er peika ut er det forsøkt å ikkje legge hindringar for allereie etablert akvakultur, samtidig som ein set nye lokalitetsklareringar på vent til Solund kommune har fått vedteke arealdelen til kommuneplanen. Dette gjer at ein har større fridom til å planlegge i tråd med Solund kommune sine mål for sjøområda, jamfør ny samfunnsdel:

- «Det skal setjast av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som

nyttar potensialet som ligg i lovverk og teknologi som i størst mogleg grad tek omsyn til miljø og andre samfunnsinteresser.»

- «Dei inngrepfrie områda skal takast særleg omsyn til ved planlegging og utvikling av

kommunen.»

- «Arbeide for bærekraftig bruk og ivaretaking av naturmangfald og landskap»

Kart over området som er lagt fram som mogelege område for forbod mot akvakulturtiltak ligg vedlagt saka.

Vurdering av typar tiltak som bør forbydast:
Plan- og bygningslova §13-1 gjev kommunen høve til å forby både oppretting og endring av eigedom eller tiltak etter §1-6. Som tiltak vert også anna verksemd rekna med, samt endringar av arealbruk som vil vere i strid med arealformål, føresegner og omsynssoner.

Målet med forbodet er å sikre fridom til ei god planlegging av sjøområda. Innspela til kommuneplanen sin arealdel, er stort sett små endringar og justeringar. Dette tilseier at det ikkje er behov for å innføre mellombels bygge- og deleforbod for andre tiltak enn for akvakultur. Innspela i samband med akvakultur elles i kommunen er også stort sett innspel til justeringar av område eksisterande område, medan det er mange nye innspel i Nord Solund.

Dersom det vert gjeve akvakultur løyver i området i Nord Solund, vil dette i realiteten sette føringar for bruken av området. Det kan gjevast løyve i områder no, som ikkje er med i den nye kommuneplanen sin arealdel. Dette vil føre til at anlegget kan ligge, men eigar vil ikkje få løyve til å gjere endringar på anlegget; justere eller utvide anlegget, og så vidare. Dette er ei uheldig løysing.

Konsekvensar ved innføring av mellombels bygge- og deleforbod for akvakulturtiltak:
Engesund Fiskeoppdrett AS har søkt om lokalitetsklarering med bakgrunn i at dei har behov for ein ny lokalitet for å nytte produksjonskapasiteten sin.

Eide Fjordbruk AS har i lenger tid signalisert ynskje om minimum ein lokalitet i Solund, og har ved to høve tidlegare søkt og fått avslag. Dei held på med to reguleringsplanar i området det er tilrådd å legge med mellombels forbod.

Begge aktørane har eit ynskje om å utvikle verksemda si i Solund i endå større grad, og å bidra til utvikling av Solund.

Positive konsekvensar:

- Ein får ei heilheitleg planlegging der ein startar med «blanke ark» i området
- Ein får planlegge området betre i tråd med ny samfunnsdel
- Akvakulturnæringa får truleg tilgang til betre lokalitetar

Negative konsekvensar:

- Aktørar som har prekært behov for lokalitet, får det ikkje så fort
- Næringsutviklinga innan akvakultur i Nord Solund vert sett på vent
- Ringverknader i lokalsamfunnet frå akvakulturetableringar i Nord Solund vert utsett

Merknader til varsel om mogeleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak :

Nord Solund Vel:
Nord Solund Vel er positive til eit mellombels forbod mot akvakulturtiltak, og er opptekne av at det vert gjort ei heiheitleg vurdering, slik at dette vil føre til aktivitet og

arbeidsplassar i Nord Solund.

Kråkesundet Veglag:
Kråkesundet Veglag er positive til eit mellombels forbod mot akvakulturtiltak, og er opptekne av at det vert gjort ei heiheitleg vurdering. Dei er opptekne av at det vert etablert oppdrettsanlegg i Nord Solund, som kan bidra med å få vegen til Kråkesundet og eventuelt vidare til Buskøy og Færøy på plass.

Engesund Fiskeoppdrett:
Selskapet utrykkjer overrasking over varselet, og grunngjevinga for det. Engesund Fiskeoppdrett har eit stort behov for ein lokalitet til utsett av laks i oddetalsår, og dette forbodet vil føre til at fisken som er bestilt til utsett i 2021 må omplasserast. Selskapet har lagt ned mykje pengar i søknaden om lokalitetsklarering i Saltskor. Selskapet peikar på at dei har andre krav til ein oppdrettslokalitet enn større aktørar, og dei meiner dei driftar i tråd med måla i ny kommuneplan. Det vert også peika på at kommunen vil gå glipp av utbetalingar frå havbruksfondet. Engesund Fiskeoppdrett bed om at lokalitetsklareringa til selskapet vert handsam sjølv om det vert innført eit forbod, jamfør plan- og bygningslova §13-1 tredje ledd, då selskapet meiner at søknaden ikkje vanskeleggjer planprosessen til Solund kommune.

Aller Aqua:
Selskapet er svært kritisk til varselet om mogeleg forbod mot akvakulturtiltak, då dette vil gjere det vanskeleg å gjennomføre det planlagde utviklingsarbeidet som Aller Aqua gjennomfører saman med Engesund Fiskeoppdrett AS på lokaliteten Saltskor. Aller Aqua meiner at Saltskoren er ein godt eigna lokalitet til den bruken som er planlagt. Aller Aqua har eit løyve som er tidsavgrensa og det er difor viktig å komme i gang med forsøka så fort som mogleg.

Eide Fjordbruk AS:
Eide Fjordbruk har forståing for varselet og er i utgangspunktet samd i at det er fornuftig å fastsette eit bygge- og deleforbod snarleg. Eide Fjordbruk har fleire interesser i området; dei har spelt inn Drivøyosen og Risholmane som aktuelle akvakulturområde i kommuneplanprosessen, dei har sett i verk reguleringsplanprosess på dei same områda, dei har sendt brev til Solund kommune som vart handsama i sak 106/19 og dei har søkt om lokalitetsklarering ved Lyngholmane. Det vert peika på at ein reguleringsplanprosess er grundigare med omsyn til verknader enn ein kommuneplanprosess. Det er viktig for Eide Fjordbruk at reguleringsplanprosessen ikkje vert stoppa slik at dei har føreseiieleg vilkår jamfør vedtak av planprogram for reguleringsplanane, det er uklart når eit vedtak av kommuneplanen vil bli gjort, det hindrar bidrag til å auke kunnskapsgrunnlaget inn i kommuneplanprosessen og det hindrar måloppnåing jamfør ny samfunnsdel.

Nekst AS:
Nekst stiller seg positive til ei mellombels forbod mot akvakulturtiltak, som gjev gode føreseieleg arealplan som tek høgde for ei berekraftig forvaltning av området. Nekst informerer samtidig om at selskapet har fått tildelt to utviklingsløyver.

<u>Mellomsbels forbod sett mot pågåande reguleringsarbeid:</u>
Reguleringsplanarbeidet til Eide Fjordbruk er ikkje sett på som eit tiltak jamfør §13-1 i plan og bygningslova, og dette gjer at reguleringsplanarbeidet vil kunne halde fram. Dersom reguleringsplanane vert vedtekne før arealdelen, er vedteken vil områda ha arealformål akvakultur i kommuneplanen sin arealdel. Det er viktig å sjå reguleringsplanane i samanheng med arbeidet med den nye kommuneplanen sin

arealdel.

Mellombels forbod sett mot eventuelle erstatningskrav:
Jamfør § 13-1 kan kommunen skaffe heimel til å utsette handsaminga av tiltak jamfør plan og bygningslova sin § 1-6 i påvente av ny planlegging. Dette gjev høve til å sikre tid til å revidere eksisterande planar eller vedta ny, utan at det vert gjeve løyve til tiltak som kan vanskeleggjere planarbeidet. I forhold til eit eventuelt krav om erstatning har ingen krav på å få ei lokalitetsklarering. Eit erstatningskrav forutset at kommunen opptrer uaktsomt og det må vere samanheng mellom kommunen si uaktsemd og ein eventuell skade. Det skal svært mykje til i tilknyting til planarbeid at kommunen kan komme i ansvar.

Alternativ for handsaming av saka:

1. Legge ned mellombels bygge- og deleforbod for akvakulturtiltak i det geografiske området som indikert på kart.

Dersom det vert lagt ned eit mellombels bygge- og deleforbod, krev det at kommuneplanen sin arealdel vert handsam så raskt som det er muleg, for å sikre raske avklaringar for akvakulturnæringa. Eit mellombels forbod har i utgangspunktet ei varigheit på inntil 4 år jamfør plan og bygningslova § 13-2, men ein legg her opp til ei varigheit fram til vedtak av kommuneplanen sin arealdel.

2. Ikkje legge ned mellombels bygge- og deleforbod for akvakulturtiltak og handsame lokalitetsklareringane som ligg føre i området i tråd med gjeldande kommuneplan.

Dersom det ikkje vert lagt ned eit melombels bygge- og deleforbod for Engesund sin søknad, vil ein ikkje nå sakshandsamingsfristen på 12 veker. Det vil i så fall vere behov for å utsette fristen for sakshandsaminga jamfør byggesaksforskrifta § 7-3. Søkjar må varslast så snart det er klart at det er behov for ei fristforlenging.

**Vurdering:**

Administrasjonssjefen vurderer det slik at for å kunne få ei heilheitleg planlegging av området i tråd med signal i prosessen med arealdelen, så bør det leggast ned midlertidig bygge- og deleforbod for eit geografisk område i Nord Solund som er definert på kart under.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

**Varsel om moglege mellombels forbod mot akvakulturtiltak –**
**Kart over det geografiske området forbodet får konsekvensar**




Solund kommune

**Fra:** John Sigfred Hugoey <jshugoey@online.no>
**Sendt:** onsdag 13. mai 2020 21:26
**Til:** Solund Postmottak
**Emne:** Merknader til mellombels forbod mot akvakulturtiltak i " Nord Solund"

Nord Solund Vel ønsker å komme med følgende merknader til forslag om innføring av mellombels forbod mot akvakulturtiltak i området som omfatta rmellom anna Kråkesteinen,Gåsværosen, Buefjorden, Lågøyfjorde  og Hersviksundet.

Nord Solund Vel ( NSV) stiller seg positive og er svært glade for at kommunen innfører et slikt mellombels tiltak. Oppdrettsnæringen er en svært viktig næring for kysten og bygdene der. Det at det nå er flere aktører som ønsker å etablere slike anlegg i Nord Solund synes vi er bra.

NSV er opptatt av at vi får en helhetlig vurdering av de forskjellige aktørene og anleggene opp mot hverandre, spesielt med tanke på hva Nord Solund får ut av disse etableringen. Håpet er at det skal skape varige helårs arbeidsplasser, løse ut infrastruktur prosjekter, øke folketallet etc.

Å avklare disse forholdene i lys av ferdigstillese av kommeunedelsplanen er et viktig grep som vil gavne heile Solund.

For Nord Solund Vel
John Sigfred Hugøy

| | |
|---|---|
| **Fra:** | John Sigfred Hugoey <jshugoey@online.no> |
| **Sendt:** | onsdag 13. mai 2020 21:46 |
| **Til:** | Solund Postmottak |
| **Emne:** | Fwd: Merknader til mellombels forbod mot akvakulturtiltak i " Nord Solund" |

Kråkesundet Vegllag Vel ønsker å komme med følgende merknader til forslag om innføring av mellombels forbod mot akvakulturtiltak i området som omfatta rmellom anna Kråkesteinen,Gåsværosen, Buefjorden, Lågøyfjorde  og Hersviksundet.

Kråkesundet Veglag stiller seg positive og er svært glade for at kommunen innfører et slikt mellombels tiltak. Oppdrettsnæringen er en svært viktig næring for kysten og bygdene der. Det at det nå er flere aktører som ønsker å etablere slike anlegg i Nord Solund synes vi er bra.

Kråkesundet Veglag  opptatt av at vi får en etablering av oppdrettsanlegg i Nord Solund som kan bidra til at en kan få realisert vegen til Øyene i Nord Solund, i første omgang strekningen Ledning - Kråkenes og seinere kanskje til Buskøy/Færøy.

Da er det et viktig grep å innføre dette mellombels  forbodet mot akvakulturtiltak slik at en kan gjøre en helhetlig vurdering når kommunedelplanen er ferdigstilt. Solund Kommune må ikke komme i den situasjonen at enkelt aktører blokkerer muligheten for å få den beste løsninge på plass.

For Kråkesundet  Veglag
John Sigfred Hugøy

Engesund Fiskeoppdrett

Solund kommune

post@solund.kommune.no

Vår ref.: Deres ref.: 20/298 JournalID 20/1 Fitjar, 8.mai 2020

**UTTALE TIL VARSEL OM MOGELEG MELLOMBELS FORBOD MOT AKVAKULTUR-TILTAK**

## 1. Innleiing

Vi syner til brev 4.mai 2020 med varsel om mogleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak innafor eit avgrensa område i Solund kommune.

Engesund Fiskeoppdrett AS ynskjer med dette å kome med vårt syn på dette varselet.

Innleiingsvis ynskjer vi å gi uttrykk for at vi er overraska over varselet og grunngjevinga for denne. Grunngjevinga for varselet er generell i den forstand at ein syner til pågåande rullering av kommuneplanen, men varselet gjeld berre eit avgrensa område av arealet. Vi er også kjent med at Solund kommune, i slutten av 2019, oppmoda andre havbruksverksemder om å søke om lokalitetar på areal for akvakultur frå den same kommuneplanen som ein no varslar mellombels forbod for i det området vi har sendt inn søknad.

## 2. Konsekvens av mellombels forbod

Engesund Fiskeoppdrett AS har stort behov for ein lokalitet der vi kan sette ut fisk vår oddetalsår. Etter å ha funne eit godt eigna område som er avsett til akvakultur i Solund kommune sin gjeldande arealplan sette vi i gong naudsynte undersøkingar og kartleggingar for å kunne søke om ein ny lokalitet Saltskår. Vi har brukt kr 680 000 på relevante undersøkingar for å sende inn søknad. Den 14.03.20 sendte vil søknad til Vestland fylkeskomme.

Engesund Fiskeoppdrett AS er ein liten aktør i norsk oppdrettsbransje. På grunn av vår storleik vil lokalitetar som større aktørar ikkje finn interessante å drive ofte være av stor betydning for vårt driftsmønster. Den aktuelle lokaliteten vi har søkt om her har vi søkt om saman med Aller Aqua som skal drive eit forskingsløyve samlokalisert med oss. Dei skal forske på bruk av dyrka tare i fôret til fisken. Aller Aqua har utarbeidd eit eige skriv om konsekvensen av at dei ikkje får tilgang til lokalitet i tide til dei planlagde forsøka.

Vi undrast over omtalen om meir framtidsretta lokalitetar. For oss er dette ein framtidsretta lokalitet. Om vi får klarert lokaliteten gjev den oss høve til at vi kan fortsette vår framtidsretta måte å drive akvakulturproduksjon på. Vi er ein av svært få aktørar som driv produksjon utan koparimpregnerte nøter. Dette er av særs stor betydning i eit lokalmiljøperspektiv. Samtidig vil ikkje vårt anlegg være like stort som dei større lokalitetane som dei større aktørane har

behov for og dermed heller ikkje være til hinder for andre interesser på same måten som større lokalitetar.

Når Solund kommune no varslar mellombels forbod mot akvakulturtiltak innafor eit avgrensa område fører dette til store konsekvensar for Engesund Fiskeoppdrett. For det første vil handsaminga bli forseinka slik at vi ikkje kan ta lokaliteten i bruk våren 2021, men tidlegast våren 2023. Vi vil få store utfordringar med planlegging av drift med omplassering av fisken vi har tiltenkt og satt i bestilling til denne lokaliteten våren 2021.

I kommuneplanen sin samfunnsdel som er vedteken i formannskapsmøte 12.03.2020, er prioriteringane til Solund kommune opplista. Under 3.1 er prioriteringa Bruk og vern av sjøareala, med: *«Målet er å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi.»* Vi meinar at vi nyttar det framtidige potensialet innanfor arealet vi har søkt klarert. Engesund Fiskeoppdrett er ein aktør i næringa på lik linje med andre aktørar og har behov for areal for å ta i bruk produksjonsløyva vi har på ein best mogleg samfunnsnyttig måte. Utan tilgang til lokalitetar vil vi ikkje kunne bidra til lokal verdiskaping.

I vedlegg 1 til kommuneplanens samfunnsdel – Handlingsprogram 2020 – 2030, under *4.9 Berekraftig arealbruk står det: «Berekraftig arealbruk handlar om å sikre ein arealbruk som kan bidra til ei utvikling som tek omsyn til klima og miljø, økonomi og sosiale tilhøve.»* Her er det viktig å merke seg at arealet og lokaliteten vi søker klarert stettar alle desse utalte omsyna. Etableringa av denne lokaliteten vil bidra til at Engesund kan gjere ytterlegare investeringar i lokal utbygging og infrastruktur for å tene lokalitetane vi har i Solund kommune.

Ettersom vi har innretta oss etter gjeldande kommuneplan vil alle kostnadar knytt til lokalitetssøknaden være forgjeves. Dette er eit tap vi eventuelt må kome tilbake på.

Solund kommune går også glipp av utbetalinger frå havbruksfondet dersom klarering av lokalitet blir forseinka. Dette er i storleik 1 til 5 millionar kroner, alt ettersom kor mykje midlar som kjem inn i havbruksfondet. Dette er grove estimat og vi legg ved ein uttale omkring dette frå Sjømatbedriftene.

**Vedlegg 1:** Uttale frå Sjømatbedriftene

På bakgrunn av momenta ovanfor ber vi Solund kommune om ikkje å fatte vedtak om mellombels forbod som varsla.

## Samtykke til at søknad blir handsama

Dersom Solund kommune likevel fattar vedtak om midlertidig forbod ber vi om at kommunen gir samtykke til at søknaden likevel kan handsamast, jf. Plbl. § 13-1 tredje ledd. Då unngår vi

tapet som oppstår knytt til undersøkingar og framtidig produksjonstap, samtidig som det blir mogleg for kommunen å få utbetaling av midlar frå havbruksfondet.

Handsaming av søknaden vil ikkje vanskeleggjere planprosessen til Solund kommune. Etablering av lokalitet Saltskår har tilstrekkeleg avstand til andre omkringliggande areal som kan være aktuelle for andre akvakulturverksemder. Etableringa vil difor ikkje hindre kommunen i å legge til rette andre areal for akvakultur og som på same måten som vår omsøkte lokalitet er framtidsretta areal. Gjennom driftsplanverktøyet og koordinert drift vil Mattilsynet kunne godkjenne fleire etableringar innanfor området varselet gjeld. Dette sikrar at også nye areal kan takast inn i aralplanen utan å kome i konflikt med lokalitet Saltskår.

## Avslutning

Mellombels forbod som varsla vil som nemnt over ha store konsekvensar for oss som mindre aktør. Vi har lagt ned mykje tid og ressursar i å utarbeide søknad i tiltru til gjeldande arealplan. Vi vonar derfor at Solund kommune ikkje fattar vedtak som varsla eller at det samstundes med vedtak om mellombels forbod blir gjeve samtykke til handsaming av vår søknad om lokalitet Saltskår ettersom denne tross alt ikkje vil vanskeleggjere planprosessen.

Om Solund kommune har spørsmål står vi til disposisjon.

Med helsing
Engesund Fiskeoppdrett AS

Svein Eivind Gilje

Daglig leder

Engesund
Fiskeoppdrett

Postboks 64 - 5418 Fitjar
Org.nr. 923 070 591

Hei

Solund kommune fikk i 2019 følgende utbetalt fra havbruksfondet. 2019 var et mellomår

| KOMNR | KOMMUNE | ANDEL NYKLARERT | ORDINÆR UTBETALING | TOTALT |
|---|---|---|---|---|
| 1412 | Solund | 5 000 000,00 | 1 0986 714,36 | **6 986 714,36** |

Dersom Engesund etablerer en lokalitet i Solund kommune med en lokalitets MTB på 1500 tonn så vil regnestykket bli slik ved fordeling av penger fra havbruksfondet som en følge av dette:

Solund vil dersom Engesund får en ny lokalitet få en «bonus» fordi de har etablert en ny lokalitet som en engangsutbetaling den vil være på en sted mellom 2 og 3 millioner. Dette beløpet vil de få utbetalt i 2021.

Videre vil Solund kommune som da får en større MTB innenfor sine kommunegrenser få en utbetaling fra havbruksfondet som alle kommuner får basert på MTB i kommunen, den vil da bli 1560 tonn større enn den var året før. Solund hadde i 2019 1,0 % av landets totale MTB kapasitet, ved en utvidelse med 1560 tonn så vil de få et sted mellom 300.000.- og 1 million mer for dette fra havbruksfondet når det blir fordelt penger fra dette.

Det er jo slik at det er store utbetalinger i auksjons år til kommunene, så er det et mellomår der kommunene som har klarert nye lokaliteter får en utbetaling begrenset oppad til 5 millioner pr lokalitet.

Solund vil da oppsummert få:
**Engangsutbetaling nyetablering 2 – 5 millioner**
**Utvidelse av MTB masse i kommune vil og de ca. mellom 300.000.- og 1 million mer i inntekt.**

Jeg må ta et sterkt forbehold om tallene her, det er ganske kompliserte modeller som er brukt for disse utregningene.

SJØMATBEDRIFTENE

Kjetil Hestad
Organisasjonssjef

T: +47 73 84 14 00 / +47 924 444 60
M: kjetil@sjomatbedriftene.no
W: www.sjomatbedriftene.no

Bergen, 18. mai 2020

Solund kommune
v/ Anne Kristine Dyrdal

## Merknad til varsel om forbud mot akvakultur tiltak i Solund kommune

Aller Aqua er meget kritisk til et varslet forbud mot etablering av akvakulturtiltak på lokaliteten Saltskår i Solund Kommune. Et slikt forbud vil vanskeliggjøre det planlagte utviklingsarbeidet som Aller Aqua planlegger å gjennomføre i samarbeid med Engesund Fiskeoppdrett på lokaliteten.

Engesund Fiskeoppdrett og Aller Aqua samarbeider om forsøk for utvikling av nye fôrråvarer til laks og ørret. Forsøkene er planlagt på Saltskår som er en godt egnet lokalitet og som gir mulighet til storskala forsøk i triplikat, noe som er viktig for statistisk pålitelige forsknings resultater. Disse forsøkene er del av Alle Aqua sitt utviklingsarbeid på fôr med gunstige helseeffekter på laks og ørret og dermed også et viktig bidrag til kampen mot lakselus.

Det varslede forbudet vil vanskeliggjøre samarbeidet mellom Engesund Fiskeoppdretts og Aller Aqua og kan få store konsekvenser for forskningsarbeidet som har vært planlagt over lang tid. I disse forsøkene inngår lokal dyrket tare som komponenter i fôr både på grunn av den helsemessige effekten samtidig som det er viktig for den fremtidige anvendelse av dyrket tare. Småskalaforsøk har allerede vist gode resultater og det er store forventninger til storskalaforsøkene som er planlagt på Saltskår. Småskala forsøkene er gjennomført i regi av EU prosjektet «Seafood Tomorrow» på Aller Aqua sin forsøkslokalitet på Vadheim.

Taren til de planlagte forsøkene er allerede dyrket og er klar til å produseres i fôret ved Aller Aquas fôrfabrikk i Danmark.

Lokaliteten skal inngå i FoU tillatelsen til Aller Aqua og vil derfor være tidsbegrenset. Det er derfor meget viktig å komme i gang med forsøkene så snart som mulig.

Vennlig hilsen

Sturle Skeidsvoll

Solund kommune

Hardbakke 26

6924 Hardbakke

post@solund.kommune.no

Dato: 18.05.2020

Dykkar ref. 20/298

## Merknad til varsel om mellombels bygge- og deleforbod

Eide Fjordbruk viser til Solund kommune sitt varsel 4. mai 2020 om mogeleg mellombels bygge- og deleforbod som omfattar areal som vi har interesser i. Varselet viser til at forbodet vil gjelde i eit avgrensa geografisk område og gjelde fram til at arealdelen til ny kommeplan er vedteken. Bakgrunnen for forbodet er å sikre ei heilskapleg vurdering av aktuelle akvakulturlokalitetar i samband med den pågåande arealplanprosessen.

Eide Fjordbruk sine interesser i området:

Eide Fjordbruk er majoritetseigar i setjefiskanlegget Lialaks AS i Solund kommune. Eide Fjordbruk ynskjer å utvikle Lialaks og vi har eit sterkt ynskje om å etablere matproduksjon på sjølokalitetar i Solund. Vi vurderer fleire sjøareal/område i kommunen som godt eigna for akvakultur. Vi har følgjande prosessar innanfor den geografiske forbodssona som no er varsla:

- Innspel til kommuneplanen i juli 2018 der Drivøyosen og Risholmane vart spelt inn som aktuelle akvakulturområde.
- Grunna at kommuneplanarbeidet drog ut i tid starta vi hausten 2018 opp arbeide med eigne private reguleringsplanar med konsekvensutgreiing for lokalitetane Risholmen og Drivøyosen. Planprogramma vart vedteke av kommunestyret i juni 2019. Arbeidet med planframlegga er no i siste fase før innlevering til kommunen og vidare sakshandsaming.
- I oktober 2019 sendte Eide Fjordbruk brev til Solund kommune og fylkeskommunen der vi varsla uro for at andre aktørar kan komme til å søkje om lokalitetsklarering i område som vil ha kritisk avstand til Drivøyosen. Dersom det vert gitt løyve innanfor eit av dei eksisterande, men små og eldre AK-områda nær planområdet vil dette føre til stor risiko for at det pågåande reguleringsplanarbeidet må skrinleggast. Eide Fjordbruk er spesielt uroa for at mattilsynet vil vere negativ til etablering på Drivøyosen dersom det kjem etableringar av anna akvakultur i nærleiken.

- I påvente av godkjenning av reguleringsplanane for Risholmen og Drivøyosen vart det i mai 2020 søkt om lokalitetsklarering for Lyngholmane nord i Solund. Dette er ein lokalitet som er i samsvar med kommuneplanen men lokaliteten er for liten for eit moderne/framtidsretta akvakulturanlegg. Planen er å flytte aktiviteten frå Lyngholmane over til Drivøyosen/Risholmane når desse areala er endeleg avklara.

Verknadar for Eide Fjordbruk

Eide Fjordbruk har forståing for at kommunen vurderer å sjå på moglegheita i pbl. til å mellombels stanse etablering av nye akvakulturanlegg fram til at ny kommuneplan er vedteken. Eide Fjordbruk ser problemstillinga med at så lenge eksisterande kommuneplan er gjeldande, vil det kunne komme nye lokalitetssøknadar og etableringar på areal som er avsett til akvakultur. Dette vil kunne legge føringar for kommuneplanen si rullering og gjere det vanskeleg å fjerne/flytte/endre/legge til akvakulturføremål i ny kommuneplan.

Vår vurdering er at etablering av akvakulturanlegg først er unntatt pbl og byggesaksreglar dersom desse to forholda er til stades: 1) er i samsvar med plan og 2) at det er gitt løyve etter akvakulturlova. Såleis tolkar vi det slik at bygge- og deleforbodet vil få verknad for nye og pågåande lokalitetssøknadar fram til tidspunktet for klarering føreligg frå fylkeskommunen (tildelingsmynde).

Vår vurdering er også at forholdet til reguleringsplanarbeid er annleis enn ved enkeltsøknadar om lokalitetsklarering. Ein del av forholda som kommuneplanen vil belyse vil reguleringsplanane våre for Drivøyosen og Risholmane også utgreie, som t.d. påverknad på natur, samla belastning, friluftsliv og fiske. Det er gjennomført grundige undersøkingar og konsekvensutgreiingar som har eit høgare og meir presist kunnskapsgrunnlag enn det som er normalt for kommuneplanar. I tillegg vil ein i reguleringsplanane legge spesifikke føringar for arealbruk på eit meir detaljert nivå enn det som er naturleg i kommuneplanen.

Det er viktig for Eide Fjordbruk at reguleringsplanane våre ikkje vert stoppa av forbodet med omsyn til:

1) Forutsigbarheit, ved at kommunen i vedtak frå 2019 har gitt løyve til å utarbeide planframlegga for Drivøyosen og Risholmen.
2) Tidsaspektet, ved at det er usikkert kva tid kommuneplanen vert vedteken, og det er først etter vedtak ein kan enten fortsette planarbeida og/eller søke om lokalitetsklarering. Administrasjonen har signalisert mål om å legge kommuneplanen ut til høyring før sommaren, men vidare framdrift er usikker. Vidare er det ikkje sikkert om arealbruk som er ønska vert ein del av den godkjente planen og erfaringsvis tek kommuneplanarbeid tid. Vårt arbeid med reguleringsplanane meiner vi heilt klart kan gå parallelt med kommuneplanarbeidet.
3) Hindrar bidrag til å auke kunnskapsgrunnlaget i kommuneplanarbeidet ved at undersøkingar og utgreiingar som er gjort ved Drivøyosen/Risholmane ikkje vert lagt fram for kommunen.
4) Å bidra til å nå kommunen sine mål i samfunnsdelen om m.a. *å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi*

Kommunane har fleire anledningar til å stoppe og korrigere planarbeid dersom kommunen finn det hensiktsmessig eller nødvending, t.d. å ikkje legge planframlegg ut på offentleg ettersyn med heimel i pbl. §12-11. Denne heimelen er uavhengig av eit mellombels bygge- og deleforbod. Vi meiner at kommunen derfor ikkje må trekke inn bygge- og deleforbodet for planarbeid som allereie er pågåande innanfor forbodssona. Dersom kommunen har ei anna tolking av dette ber Eide Fjordbruk om at kommunen tek i bruk heimelen i plb § 13-1 tredje ledd til å ikkje stoppe reguleringsplanane.

Oppsummering

Eide Fjordbruk er i utgangspunktet samd i at det er fornuftig å fastsette bygge- og deleforbod snarleg slik at kommunen kan sjå lokalitetssøknadar i samanheng med øvrige avklaringar i kommuneplanen. Eit mellombels bygge- og deleforbod vil ha verknad for oss ved at Eide Fjordbruk må fortsetje å leige/nytte lokalitetar frå andre aktørar.

Eide Fjordbruk meiner at reguleringsplanarbeida våre ikkje kan eller bør stoppast av bygge- og deleforbodet då arbeida er pågåande og godkjent av kommunen, samt at målet med bygge- og deleforbodet er å stoppe pågåande tiltak for å få ferdigstilt kommunens arealdel. Dersom kommunen tolkar det på annan måte vil stopp av planarbeida ha vesentleg betydning for Eide Fjordbruk ved at planavklaringa for Drivøyosen og Risholmen vert utsett i tid. Eide Fjordbruk ber om at kommunen tek i bruk pbl. §13-1 tredje ledd dersom dei har anna tolking kring spørsmålet om bygge- og deleforbodet også omfattar reguleringsplanarbeid.

Snarleg tilbakemelding på ovanståande er viktig for Eide Fjordbruk og vår aktivitet i Solund kommune. Vi tillet oss derfor å be om ei tilbakemelding innan 14 dagar frå dags dato.

Med beste helsing

Eide Fjordbruk AS

Vidar Hjartnes

Samfunnskontakt

**Fra:** Martin Ramsdal <martin@nekst.no>
**Sendt:** tirsdag 19. mai 2020 09:34
**Til:** Anne Kristine Dyrdal
**Emne:** SV: 20/1161 Varsel om mogeleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak
**Vedlegg:** Nekst AS - Tilsagn om utviklingstillatelser .pdf

Attn:. Solund Kommune v/ Anne Kristine Dyrdal

Nekst vil gjerne meddele at vi stiller seg positive til at kommunen vil legge ned mellombels forbod knytt til akvakultur innan område som kommunen skisserer i sitt varsel.

Det er heilt naudsynt å ha gode føreseielege arealplanar i kommunen som igjen tek høgde for ei berekraftig forvaltning av viktige område.

Nekst ser derfor positivt på at kommunen med dette sikrar ei heilskapleg vurdering av aktuelle lokalitetar i samband med den pågåande arealplanprosessen.

Det er og ekstra gledeleg for oss at Nekst i førre veke endeleg og etter lang tids hardt arbeid, mottok løyve tilsegn om utviklingstillatelser. Vi fekk derfor ein ekstra grunn til å flagge på 17 mai.

Med vennlig hilsen

**Martin Ramsdal**
**Partner**
Nekst AS, 6905 Florø
Magnus Thingnesgate 1
**Direkte** +47 95 21 70 73 **|** **Internett** www.nekst.no

---

**Fra:** Anne Kristine Dyrdal <Anne.Kristine.Dyrdal@solund.kommune.no>
**Sendt:** mandag 4. mai 2020 15.24
**Til:** sveg@engesund.no; Lars-Heine Kåsa <lars-heine@engesund.no>; aller-aq@online.no; jim.stromberg@mowi.com; oddleif.ornehaug@mowi.com; sondre.eide@efb.no; vidar.hjartnes@efb.no; Martin Ramsdal <martin@nekst.no>; Sulefisk AS <michael.niesar@sulefisk.no>; Sissel Kråkås <sissel.krakas@sulefisk.no>; Leif.Rune@hauglandgruppen.no; endre@hauglandgruppen.no; Frode Hovland <Frode.Hovland@vlfk.no>; Elisabeth Aune <Elisabeth.Aune@vlfk.no>
**Emne:** 20/1161 Varsel om mogeleg mellombels forbod mot akvakulturtiltak

Hei,

Eg beklagar kort frist. Vi bed om innspel og merknader seinast 18. mai. 2020.

Ha ein fin dag!

Venleg helsing

> **Anne Kristine Dyrdal**

**Rådgjevar**

**---------------------------------------------**

**Adresse: Solund kommune, Hardbakke 26, 6924 Hardbakke**

**Telefon: 57 78 62 08/ 918 62 055**

**E-post: anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no**

**Heimeside: www.solund.kommune.no**

**Her kan du sjå ein kort film om Solund: http://www.youtube.com/watch?v=E3RbqQhfrQQ**

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

# Solund kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | |
| **ArkivsakID:** | 20/352 |
| **JournalpostID:** | 20/1368 |
| **Sakshandsamar:** | Anne Kristine Dyrdal |
| **Dato:** | 20.05.2020 |

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 042/20 | FORMANNSKAP | 28.05.2020 |

## Underskotsgaranti for øyhoppingsruta

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Solund kommune stiller med underskotsgaranti avgrensa til kr 50.000,- for øyhoppingsturar Gåsvær – Bulandet - Gåsvær sommaren 2020.

Eit eventuelt underskot vert dekka av midlar til formannskapet sin disposisjon på ansvar 805.

**Vedlegg i saka:**
20.05.2020 Underskuddsgaranti for gjennomføring av Øyhopping 2020
20.05.2020 Budsjett Øyhopping 2020

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

### Kva saka gjeld:

Søknad frå Visit Fjordkysten AS om garanti for dekking av eventuelt underskot for Øyhoppingsturar tur/retur Bulandet sommaren 2020.

### Saksutgreiing:
Visit Fjordkysten har søkt Solund kommune og Askvoll kommune om garanti for eit eventuelt underskot i samband med øyhoppingsruta. Det er søkt om inntil 50.000 kr frå kvar av kommunane.

Grunna restriksjonar på tal passasjerar på transport i samband med Korona, så må også Stjernsund halvere tal reisande som kan vere med på Øyhopping. Med høgde for at det skal vere med lokalt reisande på postbåtruta, så er det dermed maksimale tal passasjerar som kan vere med på Øyhopping i sommar; 12. Det betyr at vi kan selge maksimalt 12 billettar frå Hardbakke til Bulandet og 12 billetter frå Bulandet til Hardbakke. Dette gjer at turen ikkje blir lønnsom reint økonomisk.

### Vurdering:
Øyhoppingsturen har blitt eit trekkplaster for både Solund og Askvoll og er «reason to

go» for mange som vel å feriere i vårt område. Mange reiselivsbedrifter reklamerer med Øyhopping som ein av sine hovudopplevingar, og Øyhopping bidrar også til at feriegjestar blir lenger i regionen og handlar hos lokalt næringsliv. Slik sett har Øyhopping positive ringverknader utover sjølve turproduksjonen. Det er viktig oppretthalde tilbodet slik at ein ivaretek det som er bygd opp.

Ein lokal underskotsgaranti på denne type turar er avgjerande, då Visit Fjordkysten ikkje har mogelegheit til å ta denne type risiko for alle turopplegg i heile sitt område.

Underskotsgarantien innber at Solund kommune bind opp kr 50.000,- fram til sommarsesongen er over og ein veit korleis sesongen har gått.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Erik Askeland |
| **Sendt:** | onsdag 20. mai 2020 14:55 |
| **Til:** | Anne Kristine Dyrdal |
| **Emne:** | VS: Underskuddsgaranti for gjennomføring av Øyhopping 2020 |
| **Vedlegg:** | Budsjett Øyhopping 2020.xlsx |
| **Viktighet:** | Høy |

---

**Fra:** Marita Solheim [mailto:marita@fjordkysten.no]
**Sendt:** onsdag 20. mai 2020 14.29
**Til:** Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no>; Ole André Klausen <Ole.Andre.Klausen@Askvoll.kommune.no>; Håkon Loftheim <Hakon.Loftheim@Askvoll.kommune.no>; Erik Askeland <Erik.Askeland@solund.kommune.no>
**Emne:** Underskuddsgaranti for gjennomføring av Øyhopping 2020
**Viktighet:** Høy

Hei,

Viser til tidlegare samtaler vedr. gjennomføring av Øyhopping i sommar. Grunna restriksjonar på tal passasjerar på transport, så lyt også Stjernsund halvere tal reisande som kan vere med på Øyhopping. Med høgde for at det skal vere med lokalt reisande på postbåtruta, så er dermed max tal passasjerar som kan vere med på Øyhopping i sommar 12. Det betyr at vi kan selge max 12 billettar frå Hardbakke til Bulandet og 12 billetter frå Bulandet til Hardbakke. Dette gjer at turen ikkje blir lønnsom reint økonomisk.

Øyhoppingsturen har blitt eit trekkplaster for både Solund og Askvoll og er «reason to go» for mange som vel å feriere i vårt område. Mange reiselivsbedrifter reklamerer med Øyhopping som ein av sine hovudopplevingar, og Øyhopping bidrar også til at feriegjestar blir lenger i regionen. Slik sett har Øyhopping positive ringverknader utover sjølve turproduksjonen.

Sidan Visit FjordKysten står som rutekjøpar av strekninga Gåsvær – Bulandet – Gåsvær, som er nødvendig for å få til rundturen, så blir det også Visit FjordKysten som står økonomisk ansvarleg for tiltaket. Selskapet har ikkje økonomi til å halde tilbodet oppe med dei restriksjonane som blir i 2020 på tal passasjerar, så om Øyhoppinga skal kunne gjennomførast så treng vi ein underskotsgaranti frå Solund kommune og Askvoll kommune. Vi søker difor kommunane om inntil kr. 50.000,- kvar i underskotsgaranti for gjennomføring av Øyhopping 2020, til saman 100.000,-.

Sidan sesongen starter om få veker og det allereie er mykje spørsmål frå kundar direkte til Visit FjordKysten, men også til turistinformasjonen i Bergen og GoFjords om Øyhopping, så treng vi ei kjapp avklaring av søknaden. Det er forventa at det blir mange norske feriegjestar over heile landet i sommer, og det vert i kommande veker gjennomført kampanjer på det norske markedet for å marknadsføre FjordKysten som reisemål. Då er det viktig for oss å vite at vi kan framheve Øyhopping som ein av våre topp opplevingar for å velge å feriere i vår region.

Legg ved budsjett for rutekjøpet / turproduksjonen. Her har vi lagt inn det vi meiner er realistiske tal for solgte billetter i snitt. Tal passasjerar er som nevnt følsomt overfor vermeldinger og kan variere mykje i løpet av sesongen.

**Beste helsing / Kind regards**
Marita Solheim

**Visit FjordKysten**
Dagleg leiar
Tlf: +47 97 78 46 18

marita@fjordkysten.no
www.fjordkysten.no
www.facebook.com/fjordkysten

# ØYHOPPING 2020

Sesong: 15. juni - 21. august. Mandag - fredag. 50 turdagar.
Ny kapasitet: 12 passasjerar (i tråd med restrisjoner om minste avstand).

| **BUDSJETT (eks. Mva.)** | | **Turdager** | **Pr. tur** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|
| Rutekjøp | 6000 | 50 | **6000** | **300000** |
| | | | | |
| Billettsal | Passasjerar | Nettopris | | Totalt |
| Pass. Frå sør | 9 | 358 | 3222 | 161100 |
| Pass. Frå nord | 3 | 264 | 792 | 39600 |
| | | | **4014** | **200700** |
| | | | | |
| **Underskudd** | | | **1986** | **99300** |

*Merknader:*
*Inntjeninga på turen har alltid vore solgte billettar frå sør (frå Hardbakke til Bulandet). Dette heng saman med at det er her ein opplever postbåtruta. Turen frå Bulandet til Hardbakke har langt færre passasjerar.*
*Tala for reisande som er lagt inn i budsjettet reflekterer overnevnte, samt at tal passasjerar også varierer utifrå vær.*

# Solund kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | K1-212 |
| **ArkivsakID:** | 20/31 |
| **JournalpostID:** | 20/1299 |
| **Sakshandsamar:** | Kjell Mongstad |
| **Dato:** | 16.05.2020 |

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 043/20 | FORMANNSKAP | 28.05.2020 |
| | KOMMUNESTYRE | |

## Årsrekneskap 2019 for Solund kommune

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunerekneskapen for 2019 vert vedteken slik den ligg føre.
Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Drifta syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 0, etter at mindre- og meirforbruk på einskildprosjekt er saldert mot einannan og mot unytta lånemidlar.

**Vedlegg i saka:**

| | |
|---|---|
| 21.05.2020 | Tabbell avik i drift |
| 16.05.2020 | Årsrekneskap 2019 |
| 16.05.2020 | Revisjonsmelding 2019 |
| 13.05.2020 | Kontrollutvalet si sak 17/20 Rekneskap 2019 Solund kommune |
| 13.05.2020 | Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2019 |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**
Kommunelova m/rekneskapsforskrifter

**Kva saka gjeld:**
Godkjenning av Solund kommune sin årsrekneskap for år 2019.

**Saksutgreiing:**
Det vert i denne saksutgreiinga i det alt vesentlege vist til Solund kommune sin Årsrekneskap og Årsmelding for år 2019.
Revisjonen har gjennomført sine revisjonshandlingar og dei har ikkje framført nokon merknader til kommunerekneskap eller årsmeldinga for driftsåret.
Det var ingen merknader frå året før, som skulle følgjast opp.

*Eit driftresultat som er i balanse:*
Netto driftsresultat er positivt med 1,16%, men samanlikna med året før, så viser

resultatet ein nedgang på vel -16% frå året før. Dette skuldast dei store svingingane i inntektene frå Havbruksfondet.

*Det er 3 hovudårsaker til mindreinntekter /meirutgifter*
Solund kommune er i ein prosess der ein må fase ut integreringstilskotet, og tilpasse drifta til dei ordinære inntektene som vil koma Solund til del, i åra som kjem. Det tek tid å bygge ned gode tenester som er bygd opp, og som har kome alle innbyggjarane til del. I nokre tilfelle har ein gjort vedtak om å behalde dette tilbodet for framtida.
Det tek også tid å få tilpassa drifta i helse- og omsorg til dei rammevilkår som finst, etter nokre år med ein krevjande driftssituasjonen. Kan hende er noko av årsaka til avvik, at rammene som er i minste laget. Dette vil ein finne ut av i året som kjem.
Til sist; - det er ikkje skrive ut plangebyr i år 2019. Dette fører til eit stort gap mellom budsjett og rekneskap. Her må ein vurdere om dette er ein meir permanent situasjon eller ikkje.

Vedlagt tabell syner korleis avvika i drifta fordeler seg i høve vedtekne budsjettrammer. Det skal då nemnast at pensjons- og premieavviket på ansvar 799 (kr. 515.000), kunne ha vore fordelt på dei einskilde programområda med ei vekting etter korleis løna fordeler seg i organisasjonen, og dermed ha dempa avvika ved rammeområde.

Det vert vist til årsmeldingane frå dei einskilde rammeområda, for ein grundig gjennomgang av dei ovanforståande avvika, og årsaka til desse. Dei aller fleste avvika var signalisert på førehand og/eller vart først kjent etter at det var mogleg å få gjort tiltak for å oppnå balanse på programområda i driftsåret.

***Kommentar til dei største avvika:***

<u>Ansvar 100, 110, 120, 130, 140, 150, 410, 420 og 430.</u>
Ein er no i ferd med å få balanse mellom driftsrammer og ressursbruk ved ansvar 100. For år 2019 var det avsett ekstra midlar ved ansvar 803, i fall det vart eit avvik som for år 2018.
Det er ressursinnsats ført mot IKT-investeringar som syter for å dekke opp mindreinntekter på husleige omsorgsbustader, etterbetalingar på reinhald venterom og meirutgifter knytt til kommuneplanarbeidet, slik som lista opp i årsmeldinga.

<u>Ansvar 200, 210, 220 og 250</u>
Ved barnehagen har ein nytta ein ekstra tospråkleg assistent, og ved framandspråleg undervisning er det nytta ekstra ressursar knytt til integreringsprogrammet for flyktningar. Overordna statlege kompetansekrav og auka lærartettleik, fører til meirutgifter på løn ved skulen. Men mest skuldast avviket veksten i kostnaden med det interkommunale PPT-samarbeidet.

<u>Ansvar 310, 312, 313, 314, 315, 370, 371, 372, 373 og 380</u>
Forutan meirutgifter på transport lækjarteneste og mindreutgifter ved kjøkentenesta, så er det store avviket i det alt vesentlege knytt til omstilling og ein svært krevjande driftssituasjon ved institusjonen / heimesjukepleien. Tal brukarar falt drastisk i driftåret og dermed vesentleg reduksjon i brukarbetalingar. Mange og tunge terminalfasar førte til auka ressurs-, medisin-, og materiellbruk. Behovet for heimebaserte tenester var også større enn vanleg i Ytre Sula i driftsåret 2019.
På slutten av året normaliserte driftssituasjonen seg og det vart det satt i gang eit arbeid med å få på plass ein ny turnus, men med verknad først frå medio mars 2020.

Ansvar 600, 610, 620 og 630
Brannar i både 2018 og 2019, med fråver av forventa refusjonsinntekter, vart kostbare for kommunen. I tillegg vaks kostnaden med det interkommunale samarbeidet med 400% frå år 2018 til 2019. Meirkostnadane vart dekka opp med m.a. høge statlege refusjonane knytt til oljevernberedskapen i Solund, etterfaktureringar på tenesteområdet feiing og vakansar ved avdelinga.
Men dette  har ikkje klart å dekke opp for svikten i planinntekter. Her skuldast avviket at det ikkje har vore fakturert plangebyr i driftsåret i det heile..

Ansvar 799
Det postive avviket på ansvar 799 er grundig kommentert. Ved framlegging av fjorårets kommuneproposisjon, kom det signal om at det ville verta lægre pensjonskostnader og budsjettet vart justert deretter. Så kom det signal om at så ikkje ville skje og budsjettet vart justert delvis tilbake til utgangspunktet. Endeleg resultat syner at første signal  var korrekt.
Alt dette uføreseielege, er årsaka til at Administrasjonssjefen alltid prøver å legge inn ein  liten buffer årleg ved dette rammeområde. Kvart rammeområde får då høve til å styre etter eit føreseielegt personalkostnadsnivå og er uååverka av svingingane i signal gjennom året.

Ansvar 800, 801, 802 og 803
Unytta løyvingar til Kommunestyret sin disposisjon (0,3 mill.) er i all hovudsak knytt til prosjekt «fiber Hagefjorden (0,4 mill.)». Men denne innsparinga finn ein igjen som motpost ved ansvar 900 i reduserte inntekter, ved at bruk av disposisjonsfondet ikkje har vorte nytta til same føremål.
Det positive avvik er knytt til at formannskapet og administrasjonssjefen ikkje har nytta alle sine tilleggsløyvingar dette året.

Sum dagleg drift:
Held ein utanom rammetilskot, skatt, andre statlege tilskot, netto finansutgifter og dei overordna finansieringstransaksjonane, så har den daglege drifta elles eit meirforbruk på om lag 0,6 mill.

Inndekning ved ansvarsområde 900:

Forsiktig budsjetterte renteutgifter syter for eit mindreforbruk på nær 0,18 mill. Meirinntekter i statlege tilskot vart elles justert inn ved tertialjusteringane i driftsåret.

Det er den store auken i skatteinntektene, som skaper dei store meirinntektene. Skatten er om lag 1,19 mill. høgare enn budsjettert. Inntektssystemet syter for at om lag 0,25 mill. av denne skatten vert inntektsutjamna mot resten av kommune-Noreg. Dette har ikkje vore budsjettjustert sidan det først i oktober med framlegging av nytt Statsbudsjett vert avgjort om kommunane får behalde all ekstra skattevekst eller ei.

Til sist er det stroke nær 0,5 mill. av budsjettert bruk av fond, der 0,4 av desse, som tidlegare nemnt, er knytt til prosjekt fiber Hagefjorden og resterande avvik er knytt til mindre løyvingar finansiert med fond, som vart vedtatt overført til neste budsjettår i desember 2019.

Sjå elles årsmeldinga 2019 for ytterlegare detaljar om avvika og avslutninga av kommunerekneskapen.

*Om avslutning av investeringsrekneskapen:*

Investeringsrekneskapen vert avslutta i balanse, etter saldering mot unytta lånemidlar med 1.468 mill. Under følgjer ei forklaring til avviket:

Det har vore 1 vesentleg avvik i driftsåret, i tillegg til mange høvesvis mindre avvik. Desse mindre avvika går begge vegar, når ein bryt dei ned på einskildprosjekt.
Av dei mindre avvika på tilsaman vel kr. 130`, er det 2 prosjekt som gjev noko meir avvik enn andre. Dette er prosjekt «Veg til Skarnagel» med kr. 54` som skuldast tilbakebetaling av for mykje motteken refusjonsinntekt frå private tidlegare år, og prosjekt «Trafikktryggingstiltak» med kr. 51` som skuldast at Fylkeskommunen sette ned refusjonsgraden frå 75% til 50% på gjennomførte tiltak i år 2019.

Hovuddelen av avviket skuldast meirkostnader på prosjekt *«Nye Omsorgsbustader».* I all hovudsak er dette knytt til eit usedvanleg stort avvik i høve den eksterne prosjektøren sine masseberekningar. Dette var umogleg for Solund kommune å fange opp på eit tidleg tidspunkt, all den tid det også var gjennomført ekstra boniteringar og ein 20 siders rapport låg til grunn før å sikre at prosjektøren fekk eit best mogleg grunnlag for å utarbeide tilbodspapira som skulle ut i marknaden

Formannskapet vart orientert juni 2019 om at ein var uroa for mottak av store fakturaer knytt til totalentreprisen; - desse var langt større enn forventa. Det vart på same tid satt i gang eit omfattande arbeid for å få avdekka kva som kunne vera årsaka til dette.
Etter førebelse avklaringar og orienteringar til Formannskap og Kommunestyre, vart budsjettet ved 2. tertialjustering styrka med 2,4 mill.
Signalet var samstundes at avviket på masseberekningane kunne koma opp i heile 5,0 mill.

Det har i denne saka vore løpande dialog med både prosjektør, hovudentreprenør og KS-advokatane.
Ved årsskiftet var det utgiftsført om lag 3,737 mill. av det signaliserte avviket; - og som signalisert, i all hovudsak knytt til posten for masseberekningar.

Det samla avviket i investeringsrekneskapen for år 2019 på 1,468 mill., er ved årsavslutninga mellombels dekka inn ved bruk av unytta lånemidlar. Det vert vist til sak om budsjettendringar for 1. tertial 2020 og sak om Oppstart av økonomiplanarbeidet for år 2021-2024, når det gjeld framlegg til permanent inndekning av dette avviket.

**Vurdering:**
Ein av dei mest vesentlege utfordringane kommunen har hatt i moderne tid, har vore å få til ein vekst i folketalet og dermed få brutt den negative spiralen på reduksjonar i dei økonomiske rammevilkåra. I årsrekneskapane for både år 2018 og år 2019, ser ein at ein har lukkast med dette. Solund kjem svært godt ut av det, sjølv om ein held utanom inntektene frå det statlege Havbruksfondet.
At folketalet vart redusert i løpet av siste del av driftsåret, har ikkje innverknad før på seinare år. Her må ein arbeide hardt, for å unngå at dette vert ein vedvarande trend.

Det er i driftsåret starta opp ein omfattande og involverande OU-prosess, som skal sette fokus på dei føresetnadane som regjeringa har sagt må på plass i einkvar

kommune for å lukkast; - innovasjon, digitalisering, effektivisering, samhandling og involvering av innbyggjarane; - herunder privat næringsliv, lag- og organisasjonar. Solund kommune må finne den gode balansen mellom økonomisk ansvarlegdom og det å skape ei god samfunns- og næringsutvikling.

Avvika i rekneskapen vert av administrasjonssjefen vurdert til **ikkje** å ha noko med uansvarleg drift å gjere. Dette vert dokumentert gjennom det som er framført i årsmeldinga og i denne saksutgreiinga.
Det er positivt at det er fatta mange gode politiske vedtak i år 2019 og tidlegare år, og at det er gjennomført mange effektiviserande grep i drifta, som tek sikte på å skapa ei positiv drift og folketalsutvikling i Solund kommune i åra som kjem.
Det vert vist til både sak om årsmelding, tertialrapport og økonomiplanen om dette.

*Konklusjon:*
Kommunerekneskapen for 2019 vert vedteken slik den ligg føre.
Revisjonsberetninga og kontrollutvalet sine vedtak vert tekne til vitende.

Drifta syner eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 0

Investeringsrekneskapen syner eit rekneskapsmessige årsresultat på kr. 0, etter at mindre- og meirforbruk på einskildprosjekt er saldert mot einannan og mot unytta lånemidlar.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

| Programområde: | R – 2018 | RB – 2018 | Avvik |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **Ansvar 100, 110, 120, 130, 140, 150, 410, 420 og 430.**<br>Administrasjon, Politikk, Fellesutgifter, Samferdsle, Bustad, Overordna plan/næring/miljø/kultur/idrett, Fjordane Friluftsråd, Folkehelse- og Flyktningkoordinator, Biblioek, Frivillegsentral, Voluntørteneste, Gjenbruket, m.m. | **17 283 536** | **17 400 000** | **+116** |
| **Ansvar 200, 210, 220 og 250**<br>Barnehage, Grunnskule / SFO, skuleskyss, PPT, norskopplæring framandspråklege, Kulturskule, m.m. | **21 489 663** | **21 125 000** | **-365** |
| **Ansvar 300**<br>NAV Solund | **1 023 178** | **1 000 000** | **-23** |
| **Ansvar 310, 312, 313, 314, 315, 370, 371, 372, 373 og 380**<br>Lækjarteneste, helsestasjon- og skulehelseteneste, fysioterapi, psykiatri, rusomsorg, Dagsenter / PU-teneste, institusjons- og heimebaserte pleie- og omsorgstenester, kjøken, vaskeri, interkommunalt barnevern, m.m. | **25 488 341** | **24 201 000** | **-1 287** |
| **Ansvar 600, 610, 620 og 630**<br>Kart- og oppmåling, beredskap mot brann og ulukker, oljevern, Feiarvesen, VA-tenester, Byggesak og plan etter Plan- og bygningslova, landbruk, Småbåthamn, forvaltning av kommunale bygningar, vegar / veglys, kaiar, eigedomar, fylkeskommunale vegar, vedlikehald og vaktmeisterteneste, m.m. | **8 333 531** | **7 925 000** | **-409** |
| **Ansvar 700. 750**<br>Solund Sokneråd<br>Fylkeskommunale kompensasjonstilskot vegar,<br>Tilskot bustadstifting og andre overordna utgifer/inntekter | **1 586 011** | **1 600 000** | **14** |
| **Ansvar 799**<br>Premieavvik / pensjonsoppgjer | **-764 749** | **-250 000** | **515** |
| **Ansvar 800, 801, 802 og 803**<br>Kommunestyret, Formannskapet, Ordføraren og Administrasjonssjefen sine tilleggsløyvingar | **1 503 803** | **2 350 000** | **846** |
| **Ansvar 900**<br>Rammetilskot, skatt, eigedomsskatt, havbruksfond, integreringstilskot, renter, avdrag og utbyte, interne finansieringstransaksjonar, avskrivingar, m.m. | **-75 943 313** | **-75 350 000** | **593** |

# REKNESKAP

## 2019



*"Kongen på haugen"* **Foto: Thea Tvedt**

***Vedteke i Solund kommunestyre den ........2019 i sak ??/19***

# Solund kommune

# INNHALD


| | | Side |
|---|---|---|
| | Økonomisk oversikt drift | 3 |
| | Økonomisk oversikt investering | 4 |
| | Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen | 5 |
| | Rekneskapsskjema 1B - Fordeling i drifta, ny organisering | 6 - 10 |
| | Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen | 11 |
| | Rekneskapsskjema 2B - Fordeling av investeringane | 12 - 13 |
| | Hovedoversikt balanserekneskapen | 14 |
| | **Spesifikasjon over kommunen sine fond (jf. note 12)** | 15 - 16 |
| | **Notar:** | 17 - 30 |
| Nr. | | |
| 1 | Endring av arbeidskapital | 17 |
| 2 | Premieavvik og pensjonskostnader | 21 - 22 |
| 3 | Ytingar til leiande personar og revisjon | 17 |
| 4 | Anleggsmidlar | 23 |
| 5 | Solund kommune sine aksjer | 17 - 18 |
| 6 | Sal av finansielle anleggsmidlar | 18 |
| 7 | Langsiktig gjeld /avstemming minsteavdrag | 24 |
| 8 | Renter - sikring | 18 |
| 9 | Solund kommune sine garantiansvar | 18 |
| 10 | Andre vesentlige forpliktingar | 18 |
| 11 | Finansielle eignelutar og forpliktingar | 18 |
| 12 | Avsetnader og bruk av fond | |
| | 2.56 Disposisjonsfond | 25 |
| | 2.53 Ubundne investeringsfond | 25 |
| | 2.55 Bundne investeringsfond | 25 |
| | 2.51 Bundne driftsfond | 26 |
| 13a | Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk | 18 |
| 13b | Udekka eller udisponert i investeringsrekneskapen | 18 |
| 14 | Strykningar | 18 |
| 15 | Kapitalkonto | 27 |
| 16 | Unytta lånemidlar - Investeringsoversikt, sjå hovudoversikt 2b | 28 - 29 |
| 17 | Sjølvkostrekneskapar | 30 |
| 18 | Usikre forpliktingar og hendingar etter balansedagen | 19 |
| 19 | Spesifikasjon av vesentlege postar og transaksjonar | 19 |
| 20 | Verknad av endra rekneskapsprinsipp-/estimat og feilrettingar | 19 |
| 21 | Etablering og avvikling av KF | 19 |
| 22 | Interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27 | 31 - 32 |
| 23 | Krav mot- og gjeld til kommunar, fylkeskommmunar, kommunale foretak, m.m. | 19 |
| 24 | Frie inntekter og skatt | 19 |
| 25 | Generelle statstilskot | 20 |
| 26 | Avkastning kommunale selskap | 20 |
| | **Rekneskap for næringsfondet** | 33 |
| | **Uttale frå leiinga** | 34 |


**Vedlegg:**


Revisjonsmelding

# ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT

| | | Rekneskap 2019 | Rev. budsjett 2019 | Opph. budsjett 2019 | Rekneskap 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| LN03 | Brukarbetalingar | 3 682 235 | 4 206 000 | 4 220 000 | 4 254 947 |
| LN04 | Andre sals- og leigeinntekter | 5 003 315 | 5 198 000 | 5 321 000 | 5 332 557 |
| LN05 | Overføringar med krav til motytingar | 22 927 612 | 23 135 000 | 16 827 000 | 20 043 060 |
| LN06 | Rammetilskot frå staten | 47 219 249 | 47 468 000 | 47 548 000 | 46 952 083 |
| LN07 | Andre statlege overføringar | 11 106 975 | 11 125 000 | 6 400 000 | 29 424 236 |
| LN08 | Andre overføringar | 75 948 | 75 000 | 5 000 | 10 558 |
| LN09 | Skatt på inntekt og formue | 24 412 880 | 23 232 000 | 22 552 000 | 22 900 448 |
| LN10 | Eigedomsskatt | 1 730 123 | 1 725 000 | 1 600 000 | 1 960 096 |
| | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **LN12** | **Sum driftsinntekter** | **116 158 338** | **116 164 000** | **104 473 000** | **130 877 985** |
| | | | | | |
| LN14 | Lønsutgifter | 60 528 380 | 60 230 700 | 55 432 700 | 58 250 049 |
| LN15 | Sosiale utgifter | 14 107 584 | 14 497 000 | 14 218 000 | 13 499 242 |
| LN16 | Kjøp som inngår i kommunal prod. | 12 552 887 | 12 595 300 | 11 249 300 | 11 860 764 |
| LN17 | Kjøp som erstattar kommunal prod. | 14 154 281 | 13 410 000 | 12 753 000 | 11 623 379 |
| LN18 | Overføringar | 8 119 717 | 9 601 000 | 7 321 000 | 7 780 678 |
| LN19 | Avskrivningar | 4 889 935 | 4 890 000 | 5 000 000 | 5 037 229 |
| LN20 | Fordelte utgifter | -1 009 818 | -1 270 000 | -1 190 000 | -761 804 |
| **LN21** | **Sum driftsutgifter** | **113 342 967** | **113 954 000** | **104 784 000** | **107 289 536** |
| **LN23** | **Brutto driftsresultat** | **2 815 371** | **2 210 000** | **-311 000** | **23 588 449** |
| | | | | | |
| LN25 | Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 2 050 414 | 2 054 000 | 1 436 000 | 1 400 989 |
| LN26 | Mottekne avdrag på utlån | 18 181 | 20 000 | 20 000 | 14 615 |
| **LN27** | **Sum eksterne finansinntekter** | **2 068 595** | **2 074 000** | **1 456 000** | **1 415 604** |
| | | | | | |
| LN29 | Renteutg., provisjon o.a. finansutg. | 2 417 173 | 2 580 000 | 2 580 000 | 1 785 594 |
| LN30 | Avdragsutgifter | 5 968 250 | 5 970 000 | 5 970 000 | 5 485 997 |
| LN31 | Utlån | 35 619 | 20 000 | 20 000 | 10 615 |
| **LN32** | **Sum eksterne finansutgifter** | **8 421 042** | **8 570 000** | **8 570 000** | **7 282 206** |
| **LN34** | **Sum eksterne finansieringstrans.** | **-6 352 447** | **-6 496 000** | **-7 114 000** | **-5 866 602** |
| LN35 | Motpost avskrivningar | 4 889 935 | 4 890 000 | 5 000 000 | 5 037 229 |
| **LN36** | **Netto driftsresultat** | **1 352 859** | **604 000** | **-2 425 000** | **22 759 076** |
| | | | | | 17,4 % |
| LN38 | Bruk av tidl. års rekn.messige mindreforbr. | 517 037 | 517 000 | 0 | 0 |
| LN39 | Bruk av disposisjonsfond | 12 954 775 | 13 275 000 | 12 325 000 | 4 551 024 |
| LN40 | Bruk av bundne fond | 1 421 813 | 1 382 000 | 270 000 | 1 076 483 |
| **LN42** | **Sum bruk av avsetnader** | **14 893 626** | **15 174 000** | **12 595 000** | **5 627 507** |
| LN44 | Overført til investeringsrekneskapen | 450 000 | 450 000 | 450 000 | 507 500 |
| LN45 | Dekn. av tidl. års rekn.messige meirforbr. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN46 | Avsetningar disposisjonsfond | 14 533 935 | 14 342 000 | 9 400 000 | 25 572 500 |
| LN47 | Avsetningar til bundne fond | 1 262 550 | 986 000 | 320 000 | 1 789 545 |
| **LN49** | **Sum avsetnader** | **16 246 485** | **15 778 000** | **10 170 000** | **27 869 545** |
| **LN51** | **Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk** | **0** | **0** | **0** | **517 037,43** |

# ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING

| | | Rekneskap 2019 | Rev. budsjett 2019 | Opph. budsjett 2019 | Rekneskap 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| LN03 | Sal av driftsmidlar og fast eigedom | 0 | 2 172 000 | -992 000 | 178 869 |
| LN04 | Andre salsinntekter | 36 072 | 0 | 0 | 0 |
| LN05 | Overføringar med krav om motyting | 12 320 404 | 23 753 765 | 6 187 000 | 7 709 124 |
| | Kompensasjon for merverdiavgift | 6 994 717 | 0 | 0 | 5 274 966 |
| LN06 | Statlege overføringar | 0 | 0 | 0 | |
| | Andre overføringar | 2 072 965 | 0 | 0 | |
| | Renteinntekter | 0 | 0 | 0 | |
| **LN09** | **Sum inntekter** | **21 424 158** | **25 925 765** | **5 195 000** | **13 162 958** |
| | | | | | |
| LN11 | Lønsutgifter | 640 876 | 0 | 0 | 464 593 |
| LN12 | Sosiale utgifter | 168 760 | 0 | 0 | 117 919 |
| LN13 | Kjøp som inngår i kommunal prod. | 1 625 556 | 1 302 579 | 1 000 000 | 1 442 366 |
| LN14 | Kjøp som erstattar kommunal prod. | 28 723 580 | 71 122 952 | 31 130 492 | 21 493 535 |
| LN15 | Overføringar | 8 144 717 | 1 150 000 | 1 150 000 | 5 624 966 |
| | Renteutgifter og omkostninger | 3 251 | 0 | 0 | |
| LN17 | Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 | |
| **LN18** | **Sum utgifter** | **39 306 739** | **73 575 531** | **33 280 492** | **29 143 378** |
| | | | | | |
| LN20 | Avdragsutgifter | 279 168 | 300 000 | 300 000 | 241 668 |
| LN21 | Utlån | 648 000 | 500 000 | 500 000 | 300 000 |
| LN22 | Kjøp av aksjar og andelar | 382 328 | 330 000 | 330 000 | 401 909 |
| LN23 | Dekking av tidl. års udekka | 0 | 0 | 0 | |
| LN24 | Avsetn. til ubundne inv.fond | 4 047 088 | 0 | 0 | |
| LN25 | Avsetn. til bundne fond | 19 260 | 0 | 0 | |
| **LN27** | **Sum finansieringstransaksjonar** | **5 375 844** | **1 130 000** | **1 130 000** | **943 577** |
| **LN28** | **Finansieringsbehov** | **23 258 425** | **48 779 766** | **29 215 492** | **16 923 997** |
| | | | | | |
| LN30 | Bruk av lån | 20 446 657 | 35 142 925 | 17 685 492 | 15 797 347 |
| | Sal av aksjar og andelar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN32 | Mottekne avdrag på utlån | 436 004 | 180 000 | 180 000 | 360 266 |
| LN34 | Overføringar frå driftsrekneskapen | 450 000 | 450 000 | 450 000 | 507 500 |
| LN31 | Bruk av tidl.års mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| LN33 | Bruk av disposisjonsfond | 1 521 594 | 12 750 000 | 10 900 000 | 0 |
| LN35 | Bruk av bundne driftsfond | 0 | 59 592 | 0 | 15 284 |
| LN36 | Bruk av ubundne investeringsfond | 404 170 | 197 249 | 0 | 243 600 |
| LN37 | Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **LN39** | **Sum finansiering** | **23 258 425** | **48 779 766** | **29 215 492** | **16 923 997** |
| **LN40** | **Udekka/ udisponert** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | Avstemming | - | | | - |
| | Differanse | - | | | - |

## REKNESKAPSKJEMA 1A - Driftrekneskapen

| | | Rekneskap 2019 | Rev. budsjett 2019 | Opph. budsjett 2019 | Rekneskap 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| LN01 | Skatt på inntekt og formue | 24 412 880 | 23 232 000 | 22 552 000 | 22 900 448 |
| LN02 | Ordinært rammetilskot | 47 219 249 | 47 468 000 | 47 548 000 | 46 952 083 |
| LN03 | Skatt på eigedom | 1 730 123 | 1 725 000 | 1 600 000 | 1 960 096 |
| LN05 | Andre generelle statstilskot | 11 106 975 | 11 125 000 | 6 400 000 | 29 424 236 |
| **LN06** | **Sum frie disponible inntekter** | **84 469 228** | **83 550 000** | **78 100 000** | **101 236 863** |
| LN07 | Renteinntekter og utbytte | 2 050 414 | 2 054 000 | 1 436 000 | 1 400 989 |
| LN08 | Renteutg., provisjon o.a. finansutg. | 2 417 173 | 2 580 000 | 2 580 000 | 1 785 594 |
| LN09 | Avdrag på lån | 5 968 250 | 5 970 000 | 5 970 000 | 5 485 997 |
| **LN10** | **Netto finansinntekter/-utgifter** | **-6 335 009** | **-6 496 000** | **-7 114 000** | **5 870 602** |
| LN13 | Til dekn. av tidl. å. rekn.m. meirforbr | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | Til ubundne avsetningar | 14 533 935 | 14 342 000 | 9 400 000 | 25 572 500 |
| LN14 | Til bundne avsetningar | 1 262 550 | 986 000 | 320 000 | 1 789 545 |
| | Bruk av tidl. års mindreforbruk | 517 037 | 517 000 | 0 | 0 |
| LN15 | Bruk av ubundne avsetningar | 12 954 775 | 13 275 000 | 12 325 000 | 4 551 024 |
| LN16 | Bruk av bundne avsetningar | 1 421 813 | 1 382 000 | 270 000 | 1 076 483 |
| **LN17** | **Netto avsetningar** | **-902 859** | **-154 000** | **2 875 000** | **21 734 539** |
| LN18 | Overført til investeringsbudsjettet | 450 000 | 450 000 | 450 000 | 507 500 |
| **LN19** | **Til fordeling drift** | **76 781 360** | **76 450 000** | **73 411 000** | **73 124 223** |
| **LN20** | **Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)** | **76 781 360** | **76 450 000** | **73 411 000** | **72 607 185** |
| **LN21** | **Rekneskapsmessig meir-/mindreforbr** | **0** | **0** | **0** | **517 037** |

# REKNESKAPSSKJEMA 1B

| | R - 2019 | RB - 2019 | OB - 2019 | R - 2018 |
|---|---|---|---|---|
| **Ansvar 100 - Politikk, adm., felles, m.m.** | | | | |
| Utgifter | -1 592 111 | -1 586 000 | -1 494 000 | -1 515 125 |
| Inntekter | 13 092 281 | 13 436 000 | 12 744 000 | 12 843 750 |
| **Netto driftsramme:** | **11 500 170** | **11 850 000** | **11 250 000** | **11 328 626** |
| | | | | |
| **Ansvar 110 - Overordna plan, næring, miljø, m.m.** | | | | |
| Sum inntekter: | -1 391 336 | -1 391 000 | -392 000 | -1 144 571 |
| Sum utgifter: | 4 025 223 | 3 966 000 | 1 967 000 | 2 595 797 |
| **Netto driftsramme:** | **2 633 888** | **2 575 000** | **1 575 000** | **1 451 226** |
| | | | | |
| **Ansvar 120 - Fjordane Friluftsråd** | | | | |
| Sum inntekter: | -3 979 662 | -3 955 000 | -5 557 000 | -2 304 381 |
| Sum utgifter: | 4 079 662 | 4 055 000 | 5 657 000 | 2 404 381 |
| **Netto driftsramme:** | **100 000** | **100 000** | **100 000** | **100 000** |
| | | | | |
| **Ansvar 130 - Bustad, samferdsle m.m.** | | | | |
| Sum inntekter: | -1 176 624 | -1 073 000 | -1 278 000 | -1 123 610 |
| Sum utgifter: | 999 342 | 848 000 | 803 000 | 978 991 |
| **Netto driftsramme:** | **-177 282** | **-225 000** | **-475 000** | **-144 620** |
| | | | | |
| **Ansvar 140 - Folkehelse** | | | | |
| Sum inntekter: | -16 124 | -11 000 | 0 | -12 960 |
| Sum utgifter: | 260 752 | 261 000 | 250 000 | 249 498 |
| **Netto driftsramme:** | **244 628** | **250 000** | **250 000** | **236 538** |
| | | | | |
| **Ansvar 150 Flyktningarbeid** | | | | |
| Sum inntekter: | -59 694 | -60 000 | -533 000 | -195 313 |
| Sum utgifter: | 1 710 044 | 1 710 000 | 1 883 000 | 2 895 313 |
| **Netto driftsramme:** | **1 650 350** | **1 650 000** | **1 350 000** | **2 700 000** |
| | | | | |
| **Ansvar 410 - Bibliotek** | | | | |
| Sum inntekter: | -111 342 | -108 000 | -113 000 | -170 132 |
| Sum utgifter: | 701 497 | 683 000 | 688 000 | 736 098 |
| **Netto driftsramme:** | **590 155** | **575 000** | **575 000** | **565 966** |
| | | | | |
| **Ansvar 420 - Frivillegsentral** | | | | |
| Sum inntekter: | -454 218 | -456 000 | -743 000 | -492 661 |
| Sum utgifter: | 1 253 589 | 1 231 000 | 1 493 000 | 1 156 115 |
| **Netto driftsramme:** | **799 372** | **775 000** | **750 000** | **663 454** |
| | | | | |
| **Ansvar 430 -Gjenbruket** | | | | |
| Sum inntekter: | -576 103 | -597 000 | -585 000 | -562 586 |
| Sum utgifter: | 518 360 | 447 000 | 435 000 | 486 344 |
| **Netto driftsramme:** | **-57 743** | **-150 000** | **-150 000** | **-76 242** |
| | | | | |
| **Ansvar 100, 110, 130, 140, 150, 410, 420, 430** | | | | |
| Sum inntekter: | -9 357 214 | -9 237 000 | -10 695 000 | -7 521 340 |
| Sum utgifter: | 26 640 750 | 26 637 000 | 25 920 000 | 24 346 288 |
| **Netto driftsramme:** | **17 283 536** | **17 400 000** | **15 225 000** | **16 824 948** |
| | | | | |
| **Ansvar 200 - Solund barnehage** | | | | |
| Sum inntekter: | -1 919 133 | -2 001 000 | -900 000 | -1 987 779 |
| Sum utgifter: | 7 248 052 | 7 251 000 | 6 125 000 | 7 231 928 |
| **Netto driftsramme:** | **5 328 919** | **5 250 000** | **5 225 000** | **5 244 149** |
| | | | | |
| **Ansvar 210 - Skulen i Solund** | | | | |
| Sum inntekter: | -2 193 468 | -2 250 000 | -1 249 000 | -1 765 521 |
| Sum utgifter: | 15 204 552 | 15 150 000 | 13 599 000 | 13 993 266 |
| **Netto driftsramme:** | **13 011 084** | **12 900 000** | **12 350 000** | **12 227 745** |
| | | | | |

# REKNESKAPSSKJEMA 1B

| | R - 2019 | RB - 2019 | OB - 2019 | R - 2018 |
|---|---|---|---|---|
| **Ansvar 220 - Felles barnehage / skule m.m.** | | | | |
| Sum inntekter: | -884 390 | -851 000 | -1 050 000 | -1 372 003 |
| Sum utgifter: | 3 405 518 | 3 176 000 | 3 175 000 | 3 607 348 |
| **Netto driftsramme:** | **2 521 128** | **2 325 000** | **2 125 000** | **2 235 345** |
| | | | | |
| **Ansvar 250 - Solund kulturskule** | | | | |
| Sum inntekter: | -48 881 | -59 000 | -55 000 | -54 656 |
| Sum utgifter: | 677 413 | 709 000 | 655 000 | 622 564 |
| **Netto driftsramme:** | **628 532** | **650 000** | **600 000** | **567 909** |
| | | | | |
| **Ansvar 200, 210, 220, 250** | | | | |
| Sum inntekter: | -5 045 872 | -5 161 000 | -3 254 000 | -5 179 960 |
| Sum utgifter: | 26 535 535 | 26 286 000 | 23 554 000 | 25 455 107 |
| **Netto driftsramme:** | **21 489 663** | **21 125 000** | **20 300 000** | **20 275 147** |
| | | | | |
| **Ansvar 300 - NAV Solund** | | | | |
| Sum inntekter: | -33 550 | -33 000 | -7 000 | -8 637 |
| *Sum mottekne avdrag sosiale lån: ** | *-18 181* | *-20 000* | *-20 000* | *-14 615* |
| Sum utgifter: | 1 039 290 | 1 032 000 | 1 007 000 | 1 163 772 |
| *Sum sosiale utlån: ** | *35 619* | *20 000* | *20 000* | *10 615* |
| **Netto driftsramme:** | **1 023 178** | **999 000** | **1 000 000** | **1 140 520** |
| | | | | |
| **Ansvar 310 - Helsetenester** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -2 118 262 | -2 119 000 | -1 222 000 | -1 733 066 |
| Sum ordinære utgifter: | 6 494 249 | 6 370 000 | 5 472 000 | 6 583 885 |
| **Netto driftsramme:** | **4 375 987** | **4 251 000** | **4 250 000** | **4 850 819** |
| | | | | |
| **Ansvar 312 - Helsestasjon- / skulehelseteneste** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -522 765 | -523 000 | -6 000 | -45 543 |
| Sum ordinære utgifter: | 1 122 152 | 1 123 000 | 606 000 | 690 615 |
| **Netto driftsramme:** | **599 387** | **600 000** | **600 000** | **645 072** |
| | | | | |
| **Ansvar 313 - Psykologteneste (ink. Psykiatri)** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -709 415 | -695 000 | -99 000 | -519 214 |
| Sum ordinære utgifter: | 1 217 827 | 1 220 000 | 499 000 | 994 214 |
| **Netto driftsramme:** | **508 412** | **525 000** | **400 000** | **475 000** |
| | | | | |
| **Ansvar 314 - Rusomsorg** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -1 122 318 | -1 122 000 | -553 000 | -558 379 |
| Sum ordinære utgifter: | 1 122 318 | 1 122 000 | 553 000 | 658 379 |
| **Netto driftsramme:** | **0** | **0** | **0** | **100 000** |
| | | | | |
| **Ansvar 315 - Tidl. Psykologteneste** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | | | -775 000 | 0 |
| Sum ordinære utgifter: | | | 900 000 | 0 |
| **Netto driftsramme:** | **0** | **0** | **125 000** | **0** |
| | | | | |
| **Ansvar 370 - Pleie- og omsorg** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -7 313 231 | -7 709 000 | -5 546 000 | -6 901 069 |
| Sum ordinære utgifter: | 25 359 432 | 24 684 000 | 22 471 000 | 24 247 199 |
| **Netto driftsramme:** | **18 046 201** | **16 975 000** | **16 925 000** | **17 346 130** |
| | | | | |
| **Ansvar 371 - Driftsmateriell Solundheimen** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -163 117 | -163 000 | -75 000 | -237 883 |
| Sum ordinære utgifter: | 665 545 | 563 000 | 475 000 | 749 390 |
| **Netto driftsramme:** | **502 428** | **400 000** | **400 000** | **511 507** |

# REKNESKAPSSKJEMA 1B

| | R - 2019 | RB - 2019 | OB - 2019 | R - 2018 |
|---|---|---|---|---|
| **Ansvar 372 - Driftsmateriell / transport Heimesjukepleie** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -29 794 | -30 000 | -10 000 | -13 806 |
| Sum ordinære utgifter: | 255 052 | 280 000 | 260 000 | 194 554 |
| **Netto driftsramme:** | **225 258** | **250 000** | **250 000** | **180 748** |
| | | | | |
| **Ansvar 373 - Drifsinntekter- og utgifter Kjøken / vaskeri** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -211 672 | -176 000 | -180 000 | -205 844 |
| Sum ordinære utgifter: | 569 199 | 601 000 | 605 000 | 594 027 |
| **Netto driftsramme:** | **357 527** | **425 000** | **425 000** | **388 183** |
| | | | | |
| **Ansvar 380 - Barnevernsteneste** | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -734 | -1 000 | 0 | -13 296 |
| Sum ordinære utgifter: | 873 874 | 776 000 | 675 000 | 766 623 |
- Oppnemning arbeidsgruppe Fv 606
- Namneendring innan helse- og omsorgstenesta
- Tilbakekjøp tomt Klubben bustadfelt
- Prosjekt fleirbrukshus Ytre Solund
- Kortsiktig lån til finansiering av Sogeskrift
- Leigeavtale Solund Ungdomslag / Solund Grendahus / Kystlednaust Litle Færøyna
- Tilskot til Sogeskrift og TV-aksjonen
- Deltaking i Kystsogevekene

Kommunestyret har i tillegg fått løpande orienteringar om status i viktige saker / prosjekt som er under arbeid, i kommunen som t.d. Prosessane med bygging av Nye omsorgsbustader, Ny skule, prosjekt UNESCO Global Geopark i HAFS, pågåande fiberutbygging, føreståande mobilnettutbygging, den administrative OU- og leiarutviklingsprosessen i kommunen, m.fl.
Likeins er kommunestyret løpande orientert om det som har gått føre seg på fylkesnivå, som t.d. om fylkessamanslåing og fusjonsprosessar for energiselskapa, og ikkje minst løpande orientering om utviklinga i det fylkeskommunale byggeprosjektet Bru over Ytre Steinsund.

## 2.5 Formannskapet

Formannskapet har vore slik samansett:

| 1/1 – 17/10: | | 17/10 – 31/12: | |
|---|---|---|---|
| Gunn Åmdal Mongstad | (SP) | Gunn Åmdal Mongstad | (SP) |
| Tom Færøy | (AP) | Anne Marie Gåsvær Færøy | (SP) |
| Vigdis Ravnøy | (H) | Øyvind Losnegård | (SP) |
| Linne Lending | (SP) | Kenneth Sæbø | (H) |
| Svein Jardar Utvær | (H) | Tom Færøy | (A) |

Formannskapet har hatt 12 møter og har handsama 110 saker i driftsåret (mot 75 saker året før). Det nye formannskapet har hatt 2 møter i driftsåret.
Formannskapet har gitt tilråding i dei fleste saker som Kommunestyre seinare har hatt til handsaming. I tillegg har Formannskapet nytta sin delegerte kompetanse i einskilde andre saker, som t.d.

- Tilskot til førstegongsetablerarar
- Tilskot Hardbakke båtlag – kajakksatsing
- Tildelingar frå Næringsfond
- Uttale til reguleringsplanar akvakultur
- Oppstart Kulturplan Solund kommune 2020-2025 og Besøksstrategi Utvær
- Planar for utbygging av mobilnett i Solund kommune
- Handlingsplanar for kommunale kaiar
- Klage- og høyringssaker elles
- Høyringssaker

*Formannskapet er kommunen sitt planutval.*
Det vert vist til årsmelding for ansvar 610 for ytterlegare informasjon om statistikk og aktivitet knytt til dei plansaker som er lista opp ovanfor.

*Formannskapet er årsmøte for Frivilligsentralen:*
Det vert vist til eiga årsmelding frå Frivilligsentralen. Sjå ansvar 420 for ytterlegare informasjon.

Formannskapet får i tillegg ei mengd med orienteringar, både gjennom skriv og meldingar, men også gjennom orienteringar frå eksterne.

## 2.6 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har vore slik samansett:

| 1/1 – 17/10: | | 17/10 – 31/12: | |
|---|---|---|---|
| Anne Grethe Furrevik | – leiar | Sissel Beate Kråkås | - leiar |
| Otto Einen | – nestleiar | Anita Einen | - nestleiar |
| Idar S. Vaulen | | Ingvill Storøy | |
| | | Kjetil André Lambrechts Hatlem | |
| | | Hans Gåsvær | |

Kontrollutvalet har hatt 5 møter og har handsama 33 saker i driftsåret, mot 29 saker året før. Det nyvalde kontrollutvalet har halde 1 møte. Forutan dei faste sakene er det 1 sak som Kontrollutvalet har hatt større fokus enn andre i meldingsåret:

- Forvaltningsrevisjon Næringsutvikling / næringsplan i Solund kommune

Det vert vist til kontrollutvalet si eiga årsmelding om kontrollutvalet sin aktivitet.

## 2.7 Solund Ungdomsråd

Solund Ungdomsråd har vore slik samansett i driftsåret:

| 1/1 – 12/12: | | 12/12 – 31/12: |
|---|---|---|
| Hanne Mjåtveit | - leiar | Even Bjorøy |
| Mari Bahus | - nestleiar | Vetle Aarøy Mårstig |
| Kristin Lambrechts Hatlem | | Josefin Sörenstam |
| Even Bjorøy | | Victoria Kråkås Niesar |
| Mia Einen Paulsen | | Sara Gjerland Høyesen |

Solund Ungdomsråd har hatt 1 møte i 2019 med medlemane frå første valperiode. Dei kom m.a. med innspel til økonomiplanen og handsama søknader om lokale skyssmidlar. Det administrative ansvaret for Solund Ungdomsråd er flytta frå stabsleiar til skule- og barnehagefagleg ansvarleg, for å få til tettare oppfølging og saker blir tatt opp i Ungdområdet på eit så tidlig tidspunkt som mogleg.

## 2.8 Felles eldreråd og råd for menneske med nedsatt funksjonsevne

Felles eldreråd og råd for funksjonshemma har vore slik samansett:

| 1/1 – 12/12: | | 12/12 – 31/12: | |
|---|---|---|---|
| Rolv Bjørgo | - leiar | Arne Osland | - leiar |
| Synnøve Solhaugen Engen | - nestleiar | Synnøve Solhaugen Engen | - nestleiar |
| Arne Osland | | Jorunn Ravnøy | |
| Signy Ytrøy | | Sølvi Songstad Waage | |
| Sølvi Songstad Waage | | Arne Henrik Lending | |

Rådet har hatt 5 møte i 2019. Saker som har vore handsama og drøfta er m.a.:

- Kvalitetsreforma for eldre «Leve heile livet» - nedsetjing av arbeidsgruppe
- Namneendring innan helse- og omsorg
- Høyring - Ny kommuneplan, samfunnsdel og kommunedelplan for fysisk aktivitet, Idrett og Friluftsliv
- Høyring Økonomiplan
- Orienteringar om OU-prosess. Snøbrøyting, Nye Omsorgsbustader, Ny skule m/bibliotek, m.m.
- Nasjonalt program for velferdsteknologi

## 2.9 Eigedomsskattenemnder

Sakkunnig takstnemnd har vore slik samansett:

| 1/1 – 12/12: | | 12/12 – 31/12: | |
|---|---|---|---|
| Sigurd Kråkås | – leiar | Sigurd Kråkås | - leiar |
| Ingunn Sanden | – nestleiar | Ingunn Sanden | - nestleiar |
| Hallstein Steinsund | | Andreas Færøy Gåsvær | |

Det vart gjennomført 1 møte i driftsåret.
Det vart skrive ut 397 skattar med skatt over kr. 100,- , knytt til den alminnelege takseringsmetoden og 434 skattar med skatt over kr. 100,- knytt til Skatteetaten sine formuesgrunnlag.
Samla sett er det 4 fleire skattar utskrivne enn året før. Men som følgje av at Solund vart definert tilbake i si opphavlege takstsone, etter ein kjapp opptur i år 2018, så har skatteinntektene til kommunen falt frå 1.96 mill. til 1.73 mill. frå år 2018 til år 2019.
Sjå elles kap. 4.4.5 for ytterlegare kommentarar.

Elles har sekretariatet halde tett dialog med nemnda sine medlemer etter kvart som behov for drøftingar har oppstått.

Klagenemnd for eigedomsskattesaker har vore slik samansett:

| 1/1 – 12/12: | | 12/12 – 31/12: | |
|---|---|---|---|
| Anne Kari Reigstad | – leiar | Anne Kari Reigstad | – leiar |
| Øystein Espeland | – nestleiar | Øystein Espeland | – nestleiar |
| Hans Gåsvær | | Idar S. Vaulen | |

Svært mange førespurnader og gryande klager vert årleg mottekne. Men desse vert som regel løyst administrativt av sekretariatet og / eller av matrikkelførar, utan at dei endar som ei ordinær klagesak. Det har vore 2 klagar til handsaming det siste året (mot 1 klage året før), på eigedomsskatt utskriven etter den alminnelege utskrivingsmetoden. For tidlegare år er statistikken på tal klager slik:
2017-3, 2016-0, 2015-5 og 2014-72.

Det er uklårt kor mange klagesaker Skatteetaten har hatt til handsaming på utskrivingsvedtak som er gjort etter formuesgrunnlagsmetoden. Systemet er no slik at skatteytarane sjølv kan endre sine skattemessige bustadverdiar, riktignok med krav om at naudsynt dokumentasjon.
Takstnemnda kan ikkje påverke desse verdiane og nemnda må forhqalde seg til den oversendinga av formuesgrunnlag som skjer til kommunen og som gjeld pr. 1/1 i skatteåret.

## 2.10 Andre råd og utval

Arbeidsmiljøutvalet:
Arbeidsmiljøutvalet har hatt 3 møte og handsama totalt 4 saker i 2019. Saker handsama i AMU var mellom anna handlingsplan for bedriftshelsetenesta og bruk av velferdsmidlar.

Administrasjonsutvalet:
Arbeidsmiljøutvalet har hatt 3 møte og handsama totalt 5 saker i 2018. I tillegg til dei årvisse sakene knytt til dei tilsette sin rett til å uttale seg om tertialrapportar og årsmelding, så har utvalet handsama 2 saker:

- Revidering av tilsetjings- og arbeidsreglementet for Solund kommune
- Lønspolitisk plan for Solund kommune

Tilsetjingsutvalet:
Tilsetjingsutvalet har hatt 13 møte i meldingsåret. I nokre av sakene vert det gjort fleire tilsetjingar. Rekruttering av ny arbeidskraft har hatt størst fokus og å få inn rett kompetanse på rett stad i

organisasjonen. Generelt får Solund kvalifiserte søkjarar til utlyste stillingar. Utfordringa er å vera konkurransedyktig på løn, samt å halde på dei som vel å ta i mot stilling.

<u>Trafikktryggingsutval:</u>
Trafikktryggingsutvalet følgjer ein eigen plan for gjennomføring av tiltak.
Det vart i driftsåret halde 1 møte.
For 2019 vart det søkt om 2 tiltak. Eit vart innvilga og gjennomførd:

- Leskur busshaldeplass ved  brannstasjon i Sørevågen.

Det vart søkt om tiltak for 2018 som vart innvilga og oppstarta, men ikkje ferdigstilt før i 2019:

<u>Tiltak 1:</u> *Bygging veglysanlegg Hjønnevåg - fylkesveg og kommunal veg*
- Søre Hjønnevåg
- Nordre Hjønnevåg
- Myra

<u>Tiltak 2:</u> *Bygging veglysanlegg Nessa – fylkesveg*
- Ved leskur i Nessa

<u>Tiltak 3:</u> *Bygging veglysanlegg Hardbakke - fylkesveg og kommunal veg*
- Håneset ved leikeplass
- Kryss til Storehaugen (Brannstasjon)
- Brattelia

Trafikktryggingstiltak er avhengig av løyvingar i budsjettet og positive svar på søknad om tilskot på trafikktryggingsmidlar. Det vert også vist til avsnitt om investeringar for ytterlegare informasjon om trafikktryggingstiltak.

<u>Representasjon i andre råd og utval:</u>
Kommunestyret har ved inngangen til sin 4-årsperiode, oppnemnd representantar til mange fleire råd og utval, som representantar til Solund Sokneråd, Solund Frivillegsentral, Fjordane Friluftsråd, Samarbeidsutval for både skule og barnehage, Konflikt- og Friluftsråd, til interkommunale råd og representantskapar for SEKOM, NGIR, IUA, BKK og Heimevernsnemnda.
Også ein Barnerepresentant er oppnemnt og ein jurymedlem til Solundprisen.

Det vert vist til det einskilde verksemder og tenesteområde sine årsmeldingar, for korleis desse råd og utval har organisert og drifta sitt arbeid.

# 3 ADMINISTRATIV ORGANISERING OG AKTIVITET:

## 3.1 Organisering i meldingsåret:



**3.2 Aktivitet**
Det vert vist til opplistinga under pkt. 2.1.4, når det gjeld saker som har hatt særleg administrativ fokus, som følgje av Kommunestyre sine prioriteringar i meldingsåret. Det overordna administrative nivået har brukt mykje av sine ressursar til å førebu og følgja opp alle desse sakene. Dette gjeld også for einskilde saker som er vedtekne tidlegare år.
For kommentarar til investeringsprosjekta som det vert arbeidd med, vert det vist til kap. 10 i årsmeldinga.

I det neste avsnittet vert ei kommunal satsing kommentert særskilt. Denne er sektorovergripande og er av administrasjonssjefen rekna for å vera så viktig, at om ein ikkje lukkast med satsinga, så kan det reisast tvil om Solund kommune kan ha livets rett som eigen kommune i det heile.
Det vert elles vist til alle dei gode delmeldingane under kap. 8 og 9, for vidare innsikt i den kommunale drifta elles. brukarar

**3.3 Organisasjons- og leiarutviklingsprosess (OU-prosess), Fornying og Digitalisering**
Kravet frå styresmaktene til å få modernisert og digitalisert den kommunale drifta er etter kvart å sjå på som eit absolutt krav, for einkvar kommune skal kunne makte å overleve og fungere overleve og fungere som ein eigen kommune.
Kravet frå innbyggjarar og næringsliv til å få levert smarte og fulldigitaliserte tenester, er etter kvart vorte like sterkt.
Allereie i budsjettsaka for år 2018 vart dette behovet skissert og Kommunestyret sette IKT:

*Administrasjonen ynskjer ein lokal ressurs som arbeidar med IKT i minst 50% stilling. Denne personen kan vere ein lærling/trainee innanfor IKT og må vere plassert i Solund. En har ikkje funne rom for ei ekstra løyving i denne prosessen. Alternativt kan det vera verdt å sjå nærare på det interkommunale IKT-samarbeidet og vurdere dette på nytt frå år 2019.*

Både kommunereforma, økonomien og ei særskilt uføreseieleg hending i kommuneleiinga, tillot ikkje administrasjonen å oppfylle denne intensjonen i år 2018.
I økonomiplanen for 2019-2022 vart det våren 2018 skrive følgjande:

*Dei aukande IKT- kostnadane som kjem som følgje av digitaliseringsarbeidet er ei utfordring, og ein må forsøka å finna økonomiske modellar som gjer at Solund kommune sin andel av felleskostnader på IKT går ned i åra som kjem*

Som saksvedlegg til Budsjett 2019 vart følgjande skrive (hausten 2018):

> Samla sett vil det å få på plass ein høg grad av IT-kompetanse og / eller -erfaring ved Sørviskontoret, verta prioritert. Sørviskontoret må for framtida vera ein ressurs for resten av organisasjonen, i deira arbeid med å få digitalisert sine driftsområde.

Våren 2019 vart det sett inn ein ekstra ressursar på å utvikle eit omfattande prosjekt som hadde som føremål å:
A) rigge Solund kommune til å klare stå aleine og
B) istandsette kommunen til klare å levere fullverdige og heilskaplege tenester til innbyggjarane våre.

Ein essensiell del av dette prosjektet, skulle vera å fulldigitalisere så mykje som mogleg av det kommunale tenestetilbodet i Solund.
Hausten 2019 vart det tilsett ein ressurs i sentraladministrasjonen som har høg IKT-kompetanse og som vert sentral i den vidare prosessen med å rigge Solund for framtida.

Etter søknad til OU-fondet, fekk Solund kommune 1,7 mill. i tilskot, m.a. med grunngjeving i at dette vart rekna som eit prosjekt som ville få nasjonalt overføringsverdi til andre kommunar.
I oktober 2019 vart ein omfattande OU-prosess starta opp i Solund, med KS-konsulentane som prosessleiarar.

Hovudinnhaldet i prosessen er:

- Å rigge heile Oppvekst-sektoren til å kunna oppfylle alle statlege endringar og krav som er komen dei siste åra og seinast nedfelt i *«Meld. St. 6 (2019–2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO»*.
- Plan- og utvikling skal organiserast slik at heile den kommunale organisasjonen vert meir straumlinjeforma og at våre innbyggjarar / næringsliv også får levert fulldigitaliserte tenester
- Administrasjon-, stab- og støttefunksjonane skal organiserast slik at heile den kommunale organisasjonen og innbyggjarane / næringsliv skal kunna få levert tidsriktige og fullverdige tenester både digitalt og manuelt.
- Desse 3 prosessane skal koplast saman og lause trådar skal festast organisatorisk
- I neste steg skal «Meld. St. 15 (2017–2018). *Leve hele livet - En kvalitetsreform for eldre»,* koplast saman med den nemnde *«Meld. St. 6 - tidleg innsats…»,* i eit spanande pilotprosjekt. Vårt innovative steg vert då å skape *«Meld Ko. 15+6 = 21 - Meistring heile livet»*
- Heile organisasjonen skal sette fokus på *«Barnas beste»*. Å sikre fullverdige tenester rundt barnet, frå fødsel, gjennom barnehage, skule, arbeidsliv og like til det står på terskelen til livet.
- Prosessen har til slutt som mål å myndiggjere det kommunale leiarnivået i kommunen, til å halde fokus på kontinuerlege kvalitetshevingar og endringsprosessar i den kommunale drifta.
- For å få alt dette til har administrasjonssjefen starta arbeidet med å involvere innbyggjarar, lag- og organisasjonar og skal involverast aktivt i å skape den kommunale organisasjonen. Etter den såkalla *«kommune v. 3.0»* -modellen; - dvs. å «samskape», m.a. ved bruk av innbyggjarpanel og gjestebod som metode.

I denne prosessen vert naturleg nok digitalisering av Solund kommune eit sentralt fokusområde. Også kor vidt dei mange interkommunale samarbeida skal halde fram i same eller endra form.

Kommentarar til andre sektorovergripande tiltak eller større satsingar som ikkje høyrer heime i eit einskild kommunalt tenesteområde, vert kommentert under kap 8.4 - tilleggsløyvingar.

# 4 OVERORDNA ØKONOMISKE KOMMENTARAR

## 4.1 Utvikling i netto driftsresultat:




*Bokført brutto driftsresultat* (før finansutgifter) for driftsåret, er positivt med 2,82 mill. (23,59 mill.). Resultatet utgjer 2,4 % av samla driftsinntekter. Reduksjonen er på om lag 20,8 mill. frå året før. *Bokført netto driftsresultat* for rekneskapsåret (før avsetnader), er positivt med 1,35 mill. (22,76 mill.). Resultatet utgjer 1,2 % av samla driftsinntekter. Reduksjonen er på om lag 21,4 mill. frå året før.

Den kraftige reduksjonen i brutto og netto driftsresultat skuldast det faktum at Solund kommune i driftsåret 2018 fekk tildelt frå det statlege Havbruksfondet om lag 23,55 mill., mot 6,99 mill. i år 2019.

## 4.2 Korrigert driftsresultat

Om ein held utanom ekstrainntekta i år 2019 frå det statlege havbruksfondet, utover den opphavleg budsjetterte (3,9 mill.), så ville netto driftsresultat vore negativt med om lag -1,75 mill.
Det er nokre endra inntektsføresetnadane og nokre vedtak som Kommunestyret er kjend med, og som gjer at driftsresultatet kan korrigerast for å gjere det ytterlegare samanliknbart med eit normalår:

- Reduksjon i flyktningtilskotet frå år 2018 til 2019 har vore på heile 2,1 mill. Ein hadde ei von om å få høve til å busetje flyktningar ved tildeling av kvotar på tampen av 2019, men det endelege svaret hausten 2019 var negativt. Det meste av tenestetilbodet har gjennom 1. halvår likevel vorte oppretthalde for å sikre lovpålagte tenester også for dei sist tilflytta flyktningar. Etter 1. halvår starta nedbygging av tenestetilbodet, der dette var mogleg å få til.
  *Netto bruk av disposisjonsfondet er på 0,67 mill i år 2019.*
- Kommunestyret ytte eit tilskot til straumkabel til Utvær også i år 2019.
  *Bruk av disposisjonsfond er nytta med 0,225 mill.*
- Det vart løyvd ekstra 0,6 mill. til å gjennomføra samfunnsdelen av kommuneplanarbeidet i år 2019. I tillegg er løyvinga frå år 2018 på 0,2 mill. også nytta i driftsåret.
  *Bruk av disposisjonsfond er på 0,8 mill.*
- Kommunestyret gjorde vedtak om også å bruke ein sum tilsvarande mindreforbruket i år 2018, for å sikre gjennomføring av drifta, utan å ta ned driftsnivået i kommunen.
  *Bruk av det generelle disposisjonsfondet er nytta med 0,5 mill. til inndekning av generell drift.*
- Vedtatt bruk av generelt disposisjonsfond til fiberutbygging i Nord Solund er ikkje nytta dette året og kan ikkje reknast med i denne korreksjonen

Korrigert netto driftsresultat er etter dette på om lag +0,5 mill. (0,4%)
Sjå m.a. note 19 og kommentarar i dei påfølgjande kapitla i årsmeldinga om dette.

Med den nye kommunelova er det definert nokre måltal som skal gje trafikklyssignal til kommunane på deira økonomiske situasjon frå og med år 2020. KS har elles definert 3% som målindikator for «sunn kommuneøkonomi» i kommunesektoren. I så måte er kommunen sin økonomi ikkje heil innafor denne definisjon. Bortsett frå år 2018, så har kommunen heller aldri vore der.

## 4.3 Fordeling av driftsinntekter - endring frå året før

Som det går fram av diagrammet under, så er det historisk sett tre inntektsområde som er svært store og 2 av desse er meir avgjerande for Solund kommune sin eksistens enn alle andre. Dette er rammetilskot og skatt, samt overføringar med krav til motyting. I ein periode har også integreringstilskotet vore ei viktig inntektskjelde, men vil frå neste år av falle nesten heilt bort.

Frå og med år 2017, gjorde inntektene frå det statlege havbruksfondet sitt inntog. Med dagens driftsnivå, har Solund gjort seg avhengig av 3,0 mill. i slike inntekter årleg, frå og med år 2018. Frå og med år 2018 har desse inntektene vore langt større enn  budsjettert.




Vidare følgjer kommentarar til dei ulike inntektselementa:

**4.3.1 Rammetilskot og skatt** heng saman som erteris og utgjer som alle kjenner til, størstedelen av kommunen sine inntekter. Veksten er god for begge desse inntektselementa, og større enn landsgjennomsnittet. Sjå eigne kommentarar under avsnitt 4.4.1.

**4.3.2 Overføringar med krav til motytingar** er sektorovergripande og vert difor kommentert særskilt i dette avsnittet, sidan veksten er rimeleg høg.

Dette inntektselementet inneheld alt frå momsrefusjonar, sjukerefusjonar, refusjonar for sal av tenester, fylkeskommunale og statlege refusjonar, til alle statlege øyremerkte tilskot som ikkje fell inn under rammetilskotet. Desse inntektene har i dei aller fleste tilfella ei motsvarande utgift (t.d. momskostnad, løn, vikarløn, prosjektløn, kjøp av tenester, utbetalte tilskot, m.m).
Den høge veksten frå 2017 til 2018 skuldast refusjon av utgiftene frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, knytt til reguleringsplanarbeidet for bru over Ytre Steinsund. Ergo ei eingongsinntekt og som medfører ein reduksjon i inntektene frå år 2018 til 2019.

Den reelle veksten frå år 2018 til 2019 er såleis på om lag 4,9 mill. og veksten finn ein spreidd rundt i rekneskapen på dei einskilde ansvarsområda. Fordelinga er om lag slik:

- +2,00 mill. ansvar 110 Fjordane Friluftsråd (strandrydding)
- +0,30 mill. ansvar 110 Fjordane Friluftsråd (auka tilskot frå kommunar)
- +0,55 mill. ansvar 314 Rusomsorg
- +0,48 mill. ansvar 312 Helsestasjon / skulehelseteneste (opptrappingsplan)
- +0,38 mill. ansvar 310 Lækjartenesta (Rekruttering lækjar)
- +0,25 mill. ansvar 310 Fysioterapi (Habilitering / rehabilitering)
- +0,34 mill. ansvar 210 Skulen (m.a. Tidleg innsats)
- +0,47 mill. ansvar 800 Fiberutbygging i Nord Solund
- +0,47 mill. ansvar 600 Oljevern (refusjon drift)
- +0,50 mill. i auka momsrefusjonar knytt til auka

Samstundes er det overføringsinntekter som er opphøyrt:

- -0,40 mill. ansvar 110 Næringsutvikling (reduksjon overføringar frå HAFS Utvikling)
- -0,41 mill. ansvar 313 Psykolog
- -0,37 mill. ansvar 420 Frivillegsentral / voluntørtenesta.
- -0,15 mill. reduksjon i sjukerefusjonar

Den store refusjonen for kostnader med ressurskrevjande brukarar er også inkludert i desse inntektene, men denne er om lag på nivå med året før.
Resten av veksten for år 2019, er knytt til naturlege svingingar og ein naturleg prisvekst for året.

**4.3.3 Overføringar frå statleg Havbruksfond og andre statlege overføringar** vert kommentert i seinare avsnitt. Figuren ovanfor illustrerer godt korleis inntektene frå Havbruksfondet (den lyseblå delen) påverkar kommunen sine samla inntekter. Sjå avsnitt 4.4.6 for ytterlegare kommentarar.

Figuren viser også korleis integreringstilskotet (den oransje delen) har gitt eit positivt bidrag til kommunen sine samla inntekter, dei siste 4 åra. Sjå avsnitt 4.4.4 for ytterlegare kommentarar.

**4.3.4 Eigedomsskatteinntekter** vert også kommentert i seinare avsnitt.
Det kan her nemnast at om lag halvparten av desse inntektene er styrt av Skatteetaten sine fastsette bustadverdiar (marknadsverdiar) som igjen avgjer kva formuesgrunnlaget og formuesverdiar skal vera for alle heilårsbustader.
Den andre halvparten av inntektene er styrt av det takstnivået som vart fastsatt ved den alminnelege takseringa i år 2014. Den alminnelege takseringa står fast i 10 år, uavhengig av svingingar i marknadsprisnivået eller skatteetaten sine bustadverdiar for eigedomen.
Det vert vist til årsmeldinga for år 2018 for nærare forklaring om dei store svingingane i inntektene frå år 2017 til år 2019.

Det vert vist til avsnitt 4.4.5 for ytterlegare kommentarar om eigedomsskatt.

**4.3.5 Brukarbetalingane** er også sektorovergripande og det vert knytt nokre kommentarar til utviklinga.
Desse inntektene er i stor grad knytt til eigenbetaling ved institusjonen (50%) og brukarbetalingar ved barnehagen. Også brukarbetalingar ved helsesenteret og SFO bidreg her.

Den mest vesentlege årsaka til nedgangen i inntekter, er reduksjonen i brukarbetalingar på om lag 0,4 mill. ved Solundheimen. Det har vore vesentleg færre brukarar i år 2019, samanlikna med siste halvdel år 2017 / første halvdel år 2018, då det var eit vesentleg overbelegg ved institusjonen.
Dernest skuldast nedgangen i inntektene at det er kome ein nasjonal ordning med rett til redusert betaling og/eller gratis kjernetid i barnehagen, for foreldre med låg inntekt. I tillegg er brukarbetalingane på både SFO og framandspråklege redusert.

**4.3.6 Sals- og leigeinntekter** er også sektorovergripande og det vert knytt nokre kommentarar til utviklinga.
I denne inntektskategorien finn ein i all hovudsak plansaksgebyra (70%) samt kommunale husleigeinntekter frå t.d. omsorgs- og flyktningbustader. Dei sistnemnde inntektene har sin motsvarande utgift i auka finanskostnader som følgje av bygging av desse bustadane.

Den store nedgangen i inntektene skuldast at det er ikkje skrive ut plansaksgebyr i år 2019, i motsetnad til år 2018 der store plangebyr vart skriven ut for planarbeid for både bru over Ytre Steinsund og til planarbeid i Havbruksnæringa m.m..
Likeins er det ein vesentleg nedgang i utskriving av byggesaksgebyr, som skuldast både færre saker, men også at prisnivået er gått ned.
Etterbetalingar knytt til leigeinntekter for hamner i Solund, gjev nokre ekstra inntekter i driftsåret.

**4.3.7 Andre overføringar** er eit så uvesentleg inntektselement at det vert ikkje kommentert vidare.

## 4.4 Ansvar 900 - Gjennomgang overordna inntekter / utgifter

Det vert vist til all informasjon som kan hentast ut frå SSB sin KOSTRA-database. KLIKK HER.
Her vil ein kunne samanlikne tenestedata og økonomiske data mellom både år og kommunar imellom.

### 4.4.1 Rammetilskot og skatt



Av tabellen ser ein at rammetilskot og skatt har hatt ein svært god vekst dei siste 4 åra.
Både ei positiv folketalsutvikling og gode økonomiske kår for næringslivet, bidreg til den høg veksten. Folketalsutviklinga i seg sjølv har bidrege til at rammetilskotet har fått ein større vekst i Solund enn for landsgjennomsnittet elles. Systemet med inntektsutjamninga, gjer at veksten i tilskotet vert dempa.

Samanliknar ein inntektene med prisveksten i samfunnet elles, ser ein at det er grunn til å glede seg:




Utfrå tabellen kan ein sjå at Solund har opparbeidd seg ein økonomisk gevinst på om lag 2,0 mill. dei siste åra. Kommunesektoren elles har diverre opplevd det motsette.
Ein viktig del av denne veksten, skuldast ein positiv vekst i dei lokale skatteinntektene.
Den gode utviklinga er eit resultat av både ei god nærings- og folketalsutvikling. Sjølv om ein no, med ein nedgang i folketal pr. 31/12 2019, kan koma til å mista ein del av denne veksten, er det umåteleg viktig å halde fram med å ha utviklingsfokus i samfunnet. Dette skaper auka inntekter.

Skatteinntektene er gode for Solund også i år 2019. Utviklinga i skatteinntektene kan illustrerast slik:







Skatteveksten pr. innbyggjar har vore på 4,9% i Solund mot 3,3% året før.



For landet har veksten vore 4,0% i år 2019. Veksten har vore større i Solund har såleis ein større vekst enn landsgjennomsnittet for 3. året på rad, noko figuren ovanfor illustrerer godt.

Det er verd å nemne at over 300 kommunar har eit skattenivå som årleg ligg under 90% av landsgjennomsnittet, og Solund har såleis stabiliserte skattenivået på eit høvesvis høgt nivå, ikkje langt unna den eksklusive gruppa med kraftinntektskommunar i landet.

Dei lokale skatteinntektene vart som tidlegare skrive, over landsgjennomsnittleg vekst og det nærast årvisse statlege vedtaket om at overskytande skatteinntekter skal tilfalle kommunen i sin heilskap, slo også dette året positivt inn for Solund kommune.

*Netto meirinntekter på skatt er ved årslutt 1,181 mill.*
*Netto inntektsutjamning overført til andre kommunar, er ved årslutt -0,269 mill.*

#### 4.4.2 Kompensasjonstilskot via Husbanken:
Desse tilskota er ein kompensasjon til kommunane som tok oppmodinga om å investere på tidspunkt då den gon sittande regjeringar ville at kommunane skulle vera med på ei nasjonal satsing.
Størst kompensasjon er knytt til tidlegare utbygging av Solundheimen. Der vert både renter og avdrag kompensert. Elles er kompensasjonen knytt til rehabilitering av skule og kyrkjer, og då berre for rentekostnaden. Utmålinga av tilskotet er alltid knytt til Husbanken sitt flytande rentenivå. Rentenivået har vore rimeleg stabilt i år 2019.

*Det er balanse ved årsslutt mellom rekneskap og budsjett.*

#### 4.4.3 Bustadtilskot:
Det vart tildelt 0,3 mill. i Bustadtilskot frå Husbanken til vidare tildeling i driftsåret.
Dette var siste året med tildelingar via Husbanken som øyremerkt tilskot, Frå år 2019 er midlane lagt inn i kommunen sitt rammetilskot.

*Det er balanse ved årsslutt mellom rekneskap og budsjett.*

#### 4.4.4 Integreringstilskot:
Solund kommune fekk heller ikkje i år 2019 høve til å busetje fleire flyktningar. Inntektene for år 2019 er knytt til år 3 av 5 i introduksjonsprogrammet for dei aller siste busette flyktningane og utgjorde 3,277 mill. i driftsåret. I år 2017 var tilskotet på 6,4 mill. og 5,35 mill. i år 2018.
For dei 2 siste åra i programmet, vert tilskotet høvesvis på 1,725 mill. og 0,875 mill.
Ein har forsøkt å tilpassa drifta til at tenestene knytt til introduksjonsprogrammet skal fasast ut, men dette er vanskeleg å få til, sidan andre innbyggjarar nyter godt av det same tilbodet som t.d. opplæring for framandspråklege og bruk av helsestasjonen generelt.
Auka inntekter som følgje av skuvingar i introduksjonsprogrammet tidlegare år (svangerskap m.m.), er overskytande inntekter satt av på reguleringsfondet for føremålet.

*Det er balanse ved årsslutt mellom rekneskap og budsjett.*

#### 4.4.5 Eigedomsskatteinntekter
Eigedomsskatteinntektene er på om lag 1,73 mill. i driftsåret, mot 1,96 mill. året før. For begge inntektsåra har skattesatsen vore fastsett til 2,0 promille. Eigedomsskatten er normalt svært føreseieleg. Men som ein kan lese i årsmeldinga for år 2018, så løfta SSB / Skatteetaten Solund over i ei høgare takstsone i år 2016, og dermed vart bustadverdiane og utmåling av skatt høgare i år 2018. Denne endringa vart reversert for år 2017, og som ein kan sjå av inntektene, så er skattenivået tilbake på 2017-nivå igjen i år 2019; - berre justert for prisveksten i samfunnet.
Dette tilhøvet vat fanga opp i budsjettarbeidet og har ikkje ført med seg nokre økonomiske avvik.

*Det er balanse ved årsslutt mellom rekneskap og budsjett.*

### 4.4.6 Inntekter frå det statlege Havbruksfondet

Stortinget oppretta eit statleg havbruksfond i år 2015. Frå og med 2016 skulle så 80% av inntektene frå framtidig vekst i oppdrettsnæringa fordelast gjennom Havbruksfondet til kommunal sektor (87,5% kommunar / 12,5% fylkeskommunar).

Regjeringa har lenge hatt som mål at det skal skje ein vekst i den norske sjømatnæringa på om lag 5%. Som eit tiltak for å nå målet, er det avgjort at det skal auksjonerast bort havbrukskonsesjonar 2. kvart år. Første auksjon skjedde i år 2018 og Solund fekk tildelt 23,54 mill. frå dette fondet.
I åra mellom auksjonane vil inntektene naturleg nok verta redusert vesentleg.

Storleiken på tilskotet vert iflg. Fiskeridirektoratet utmålt etter følgjande overordna prinsipp:

*«Alle kommuner og fylkeskommuner, som det framgår av Akvakulturregisteret at har klarerte lokaliteter for oppdrett av laks, ørret og regnbueørret i sjøvann, får en respektiv andel av inntektene som skal fordeles årlig. Jo høyere andel av lokalitetskapasiteten den enkelte kommune/fylkeskommune står registrert med i Akvakulturregisteret, dess større andel av midlene som skal fordeles, vil tilfalle dem».*

Grunnlaget for utdeling frå fondet i år 2019, var innmeldt biomasse i anlegga i kvar kommune pr. 1. september kl. 12.00. Dei kommunar som kunne dokumentere ein vekst i biomassen frå same tidspunkt året før, fekk tildelt eit grunnbeløp på 5,0 mill. frå fondet. Utrekna inntekt frå overskytande vekst skulle koma alle Havbrukskommunar til del, utfrå dei fordelingsnøklar som ligg permanent i fondet. Solund sin del i fondet er 1,05 %.

Kapasitetsauken var så stor i Solund frå år 2018 til 2019, at kommunen fekk utmålt 3. største *«beløp før justering»* i landet:

| | | Til fordeling basert på andel lokalitets-MTB | | | 188 707 085,54 |
|---|---|---|---|---|---|
| KOMMUNE | Beløp før justering | Maks beløp | Overføres til alle | | Ordinær utbet |
| HADSEL | 19 050 804,17 | 5 000 000,00 | 14 050 804,17 | | 2 832 979,12 |
| NORDKAPP | 18 983 841,76 | 5 000 000,00 | 13 983 841,76 | | 1 696 429,61 |
| SOLUND | 17 276 300,44 | 5 000 000,00 | 12 276 300,44 | | 1 986 714,36 |
| HERØY I NORDLAND | 16 557 124,21 | 5 000 000,00 | 11 557 124,21 | | 1 717 752,35 |
| BREMANGER | 15 669 202,73 | 5 000 000,00 | 10 669 202,73 | | 1 690 040,57 |
| LENVIK | 14 848 913,27 | 5 000 000,00 | 9 848 913,27 | | 2 139 773,59 |
| FLORA | 12 470 073,84 | 5 000 000,00 | 7 470 073,84 | | 2 491 726,48 |
| FRØYA | 11 316 646,41 | 5 000 000,00 | 6 316 646,41 | | 8 429 091,23 |
| ÅFJORD | 10 446 135,15 | 5 000 000,00 | 5 446 135,15 | | 1 650 172,95 |
| GRATANGEN | 9 157 108,86 | 5 000 000,00 | 4 157 108,86 | | 852 242,68 |

Dei særskilte fordelingreglane for år 2019 gav følgjande sluttresultat for Solund:

| Komm. | Kap reg | % fordelt | Kap ny | Kap økt | Endr kap | Vekst % | Før just. | Grunnsum | Overf til alle | %-Fordelt | Utbetalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SOLUND | 35 760 | 1,05 | 8 280 | 2 040 | 10 320 | 4,38 | 17 276 300 | 5 000 000 | 12 276 300 | 1 986 714 | 6 986 714 |

Ved inngangen til budsjettåret vart det lagt opp til at kommunen skulle motta 3,0 mill. frå dette fondet. Ved 2. tertial vart budsjettet justert opp til 7,0 mill.

*Det er balanse ved årsslutt mellom rekneskap og budsjett.*

### 4.4.7 Netto finansutgifter (ansvar 900)

Som det går fram av figuren nedanfor, så har netto finansutgifter auka med om lag 0,5 mill. frå år 2018-2019. Veksten skuldast i alle hovudsak at finanskostnadane knytt til investeringar i omsorgsbustader, slår inn med heilårseffektar både på renter og avdrag. Veksten vert dempa noko ved at kommunen framleis har 14,3 mill. i unytta lånemidlar som reservar, og ved at ein endå ikkje begynt å nytta fondsmidlane frå det statlege havbruksfondet i år 2018, slik som opphavleg tenkt.
Utbyte frå kraftselskapa hadde også ein høgare vekst enn først antatt frå år 2018 til 2019.




Korleis fordelinga og utviklinga av netto finansutgifter er mellom renter, avdrag og utbyte, er godt illustrert i søylediagrammet under:




Budsjettmessig vart det tatt høgd for dei fleste endra føresetnader som kom til i budsjettåret.
Men låneopptaket vart utsett heilt til slutten av året, og det har tradisjonen tru vore budsjettert med ein mindre rentemargin som ikkje vart nytta. Dette gjev samla sett nokre mindre renteutgifter enn budsjett.

*Netto finansutgifter syner eit netto mindreforbruk på kr. 171` i høve revidert budsjett.*

### 4.4.8 Netto avsetnader drift (ansvar 900)



#### 4.4.8.1 *«Utviklingsfond drift»*
Inntektene frå det statlege Havbruksfondet er avsett med 6,987 mill. 6,0 mill. av desse er flytta til nytt i tråd med budsjettvedtak.
Deretter er budsjettvedtaket om bruk av 3,9 mill. effektuert, herav 0,9 mill. for å kompensere for tap av skjønsmidlar.

#### 4.4.8.2 *«Generelt disposisjonsfond»*
Mindreforbruket i år 2018 vart avsett til med 0,517 mill., i tråd med budsjettvedtak.
Deretter er budsjettvedtaket om bruk av det generelle disposisjonsfondet effektuert med 0,5 mill. til generell bruk i drifta, 0,225 mill. til straumkabel Utvær og 0,6 mill. til Kommuneplanarbeid.
I tillegg er 0,2 mill. nytta til Kommuneplanarbeid, av overført løyving frå år 2018.

#### 4.4.8.3 *«Reguleringsfond integreringsarbeid»*
Det er tilført 0,575 mill. frå overskytande overføringar frå staten, etter forskuvingar av introduksjonsprogrammet; - i tråd med budsjettvedtak.
Deretter er budsjettvedtaka om å nytte 0,85 mill. til flyktningarbeid ved ulike ansvarsområde effektuert. Det er også nytta 0,5 mill. til å saldere ekstra forbruk knytt til ressursar for tospråkleg assistent og spesialpedagog ved ansvar 200.
Til sist er ansvar 150 saldert, ved å tilbakeføre 0,1 mill. av dei brukte fondsmidlane der.

#### 4.4.8.4 *«Opptrappingsplan psykiatri»*
Fondet er endeleg nytta med 0,18 mill. til bruk ved etablering av psykologtenesta, som kompensasjon for bortfall av statlege inntekter.

#### 4.4.8.5 Andre endringar på disposisjonsfond
I tråd med vedtak er 0,05 mill. og 0,1 mill. avsett som unytta løyvingar, med forventa bruk i år 2020.
Likeins er 0,2 mill. avsett frå den fylkeskommunale refusjonen knytt til veg Tangenes-Leirvika i tråd med det årvisse vedtaket.

Det var vedteke at kommunen skulle nytte 0,4 mill. av det generelle disposisjonsfondet til fiberutbygging i Hagefjorden. Likeins skulle ein nytta 0,05 mill. til høvesvis Bonitering av sjøareal i Valen og til forprosjekt UNESCO Global Geopark i HAFS.
Arbeidet med desse prosjekta er ikkje kome i gang eller faktura er ikkje motteken i år 2019 og utgiftspostane står difor også unytta med 0,5 mill. på sine respektive ansvarsområde.

#### 4.4.8.6 Bundne driftsfond:
Desse fonda har hatt ein samla netto reduksjon på -0,159 mill.
Dei tiltaka som vanlegvis har størst innverknad på denne summen er netto bruk av tilskot til Næringsfondet og netto bruk av øyremerkte tilskot til regjeringa sine satsingar år om anna. Her kan bruken ofte kome året etter at midlane vert utbetalt.
For år 2019 er det t.d. nytta 0,2 mill. øyremerkte midlar frå tidlegare års tilskot til Strandsoneanalysa, nytta i samband med Kommuneplanarbeidet.

Det har ikkje vore tradisjon for å justere budsjettet knytt til bruk og avsetnad av bundne midlar. Avviket mellom budsjett og rekneskap er difor vesentleg nokre stadar på både utgifts- og inntektssida, men utan at dette har får noko vesentleg netto resultateffekt.

*Netto mindreinntekter fond, er 0,5 mill. ved årsslutt (motsvarande mindreutgift finst på ansvar 800).*

### 4.4.9 Overføring til investering (ansvar 900)
Overføringar som er ført til investering er i tråd med budsjettert sum, og er berre knytt til forskrifts messig krav til føringar i investeringsrekneskapen. Det vil seie føring av eigenkapitalinnskot i KLP og til dekning av betalte avdrag på formidlingslån via husbanken.

*Det er balanse ved årsslutt mellom rekneskap og budsjett.*

## 4.5 Fordeling av driftsutgifter – endring frå året før




Ingen av tala som er oppgjeve i diagrammet ovanfor, er prisjustert.
«Netto løn» betyr etter at mottekne sjuke- og fødselsrefusjonar er trekt ifrå.
Som det går fram av tabellen, så har driftsutgiftene vorte fordelt om lag slik som året før.
Det er positivt at andelen løn er redusert noko.

### 4.5.1 Netto løn og sosiale kostnader

Av figuren under, kan ein sjå at netto lønskostnader er på 64,5% av dei samla kommunale driftsutgiftene. Dette er innafor normalen for kva som er gjennomsnittsnivået på andel lønskostnader i kommune-Noreg. Dette er den andel lønskostnader som utgiftsutjamningssystemet skal dekke opp.




Figuren syner at andel løn er redusert med 1,1% frå året før. Dette skuldast først og fremst at Solund har vore gjennom ein periode med høge lønskostnader, t.d. knytt til både omstillingar og ein periode overbelegg i Helse-, pleie- og omsorg.

Den låge andelen av løn i år 2015 er i all hovudsak knytt til at det vart då gjort store fiberinvesteringane, som alle måtte førast i drift av forskriftsmessige grunnar.
Dette forrykka balansen mellom løn og andre utgifter i kommunen vesentleg.

Sjå elles årsmeldingar for kvart ansvarsområda omkring dette temaet.

### 4.5.2 Kjøp av tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon

(løpande andre driftsutgifter utanom løn, t.d. inventar og utstyr, m.m.)

Veksten er noko høgare enn prisveksten, og held ein utanom 0,3 mill. som er kostnadane med OU-prosessen i år 2019, så er ein innafor det som kan seiast å vera normalsvingingar for desse utgiftartane. Det er verd å merke seg at energikostnadane har gått ned med nær 0,2 mill som førespeilt av BKK i samband med fusjonsprosessen med Sunnfjord Energi. Vedlikehaldskostnadane derimot, har auka med vel 0,3 mill.
Andre driftskostnader som har auke vesentleg er opplærings- og transportkostnadane, annonsering og reinhaldsutgifter. Inndekning skjer ved tilsvarande minke i kjøp av inventar, utstyr og leasingsutgifter.

Sjå elles årsmeldingar for kvart ansvarsområde omkring dette temaet.

### 4.5.3 Kjøp av andre tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon

Som nemnt under avsnittet 4.3.2, så finst det i mange tilfelle ei motsvarande inntekt som tilsvarar desse utgift, som t.d. ein momsrefusjonen som det alltid skal finnast ei tilsvarande momsutgifta her.

Veksten i desse utgiftene er på heile 2,5 mill. Her kan nemnast kjøp av tenester til:

- Kommuneplanarbeidet (+1,1 mill.)
- Strandrydding (+0,5 mill.)
- Rusomsorg (+0,7 mill.)
- Helsestasjon opptrappingsplan (+0,25 mill.)

Det finst andre område med både auke og reduksjonar, som samla sett gjev balanse.
Det er også positivt å kunne melde at IKT-kostnadane vart noko redusert i år 2019. Dette skuldast at fleire kommunar kom med i samarbeidet og måtte betale ein inngangsbillett i samarbeidet.

Sjå elles årsmeldingar for kvart ansvarsområde omkring dette temaet.

### 4.5.4 Tilskot og overføringar til andre

Veksten er om lag 0,2 mill. større enn prisveksten. Årsaka er samansett og skuldast:

- Årsaka til den ekstra auken er denne:
- Auka utbetaling av etableringstilskot bustader (100`)
- Auka utbetalingar over næringsfondet (375`)
- Auka tilskot til strandryddarar (100`)
- Auka tilskot til Soknerådet (50`)
- Auka momsutgifter knytt til vekst i kjøp av tenester (250`)
- Redusert tilskot til flyktningar (-150`)R
- eduserte tilskot til livsopphald NAV (-200`)
- Redusert bruk av tilleggsløyvingar (-350)

Sjå elles årsmeldingar for kvart ansvarsområde omkring dette temaet.

# 5 OVERORDNA DRIFTSOMRÅDE

## 5.1 Ansvar 700 – Solund Sokneråd

Soknerådet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 215.521 i år 2019.
Mindreforbruket i driftsåret skuldast i stor grad vakansar ved kyrkjelege stillingar. Trass i vakansar har det kyrkjelege arbeidet vorte drive godt, men då med god hjelp av friviljuge medarbeidarar.

Det har dei siste åra vorte gjennomført eit omfattande arbeid med å restaurere kyrkjene og kyrkjelydshuset i Solund. Både Husøy og Solund kyrkje har vorte reparert, skrapa, vaska og malt; - og då med iblanda ein skvett kokt linolje, slik at kyrkjene no har fått ei skinande kvit overflate.
Og i år 2019 har Solund kyrkjetun stått for tur; - Resultatet er godt og bygningane vil halde seg og vera til glede for innbyggjarar så vel som for tilreisande, i mange tiår frametter.
Det meste av tidlegare års løyvingar og tidlegare års mindreforbruk i drifta, er nytta til dette desse investeringsføremåla. Det er også verd å merke seg at investeringane utløyser rentekompensasjonar til Solund kommune, som frå og med år 2019 er byrja å verta utbetalt.
I år 2020 står både måling av Hersvik kyrkje for tur, saman med andre naudsynte oppgradering og reperasjonar, både inn- og utvendig.

Soknerådet får berre løyvd midlar til å gjennomføra lovpålagde tenester. Driftsoverskot vert disponert av Soknerådet sjølv, og har fortrinnsvis vorte avsett til gjennomføring av naudsynte investeringar.

Det vert elles vist til Soknerådet sin eigen årsrekneskap, årsmelding og kyrkja i Solund sin årsstatistikk for ytterlegare detaljar om økonomisk resultat og den kyrkjelege aktiviteten elles driftsåret.

*Solund Sokneråd sin rekneskap vert alltid avslutta i balanse mot kommunal løyving.*

## 5.2 Ansvar 750 – Andre overordna driftsutgifter- og inntekter

Nokre driftsinntekter- og utgifter vert rekna som overordna, og lyt oppstillingsmessig skiljast ut og verta sortert for seg.
Ansvar 750 inneheld Fylkeskommunale kompensasjonstilskot til vegane til Grønevik/Sandvik og Tangenes/Leirvika og ei vidareformidling av rentekompensasjonstilskot frå Husbanken til Solund Bustadstifting som forvaltar av omsorgsbustadane i Kletten.
I tillegg finn ein her utgiftene knytt til eigedomsskattearbeidet i kommunen, interkommunalt samarbeid om innkjøp finansforvaltning og ev. andre sektorovergripande inntekter og utgifter som er vanskeleg å plassere elles i rekneskapen.

Det er berre eit mindre avvik ved dette ansvarsområde som skuldast noko mindre rentekompensasjon (til bustadstiftinga) enn budsjettert. Fallande rentenivå i Husbanken i år 2019 er årsaka til dette.

*Det er ei netto mindreutgift i høve revidert budsjett på kr. 14` ved ansvar 750.*

## 5.3 Ansvar 799 - Pensjonsoppgjer og premieavvik:

Kvart år kjem det frå pensjonsselskapa ei avrekning, eller såkalla aktuaroppgåve, som viser kor stort kommunen sitt premieavvik er, knytt til våre 2 pensjonsordningar. Og eit avvik vert det alltid.

### 5.3.1 Forklaring omkring premieavviksordninga – bakanforliggande årsaker til avvik

Premieavviket vert påverka av både det årlege sentrale lønsoppgjeret, avkastninga på Noreg sitt pensjonsfond og ikkje minst Stortinget sitt vedtak på kor stor del kommunane skal bidra med mot nasjonen sine samla pensjonsforpliktingar kvart år.

Svingingane er til dels store frå år til år, og det vert laga prognosar for neste års innbetaling. Pensjonsforpliktingane veks og inndekning vert styrt med å auka pensjonstrekk på løn pr. rammeområde.
Ved lønskøyringane vert det så avsett pensjon månadleg. Dette skal dekka stipulert premieavvik.
Pensjonssatsen vart satt for låg i år 2013-2015, for høg i år 2016 og så redusert igjen i år 2017-2018.
Signal i driftsåret gjorde at satsen vart auka noko i løpet av 2018. I år 2019 har kommunen nytta same satsen som for 2018, som ved etteroppgjeret synte seg å vera noko høg likevel.
Dette betyr at kommunen nytta ein noko for høg sats i år 2019.
Konklusjonen vert at det sjølv for fagekspertisen på området, er det vanskeleg å treffa med budsjett på pensjon og premieavvik for ein kommune. Med bakgrunn i dette, vert dei årlege premieavvika i Solund kommune utgiftsført på ansvar 799, sidan det ikkje vert rett at kvar eining skal ha så ustabile rammevilkår å styre etter.

### 5.3.2 Årets premieavvik:

Det er inntektsført kr. 2.221` mot 1.846` året før (inkl. arbeidsgjevaravgift) i årets premieavvik.
Dette avviket vert utgiftsført dei påfølgande 7 rekneskapsåra, i tråd med rekneskapsforskriftene.

### 5.3.3 Amortisert premieavvik:

Tidlegare fordelte premieavvik er utgiftsført med kr. 1.344` mot kr. 1.093` året før (inkl. arb.gj.avg.).
Dette er summen av tidlegare års premieavvik som har vorte fordelt til utgiftsføring over 7 år.

### 5.3.4 Neste års premieavvik og amortisert premieavvik:

Både neste års premieavvik og amortiserte premieavvik er budsjettert etter det som kom fram av førebelse aktuarutrekningar hausten 2019. Med endeleg aktuarutrekning for år 2019 er det no gjort nye utrekningar for premieavviket 2020. Framlegg til justering vil koma i tertialrapport nr. 1 år 2019.
Det er viktig å merke seg at som følgje av årets endelege premieavvik, vil utgiftsføringa på amortisert premieavvik auka for neste år med kr. 317`.
Sidan ein har hatt inne ein buffer i år 2019, så skal neste års budsjett vera tilstrekkeleg for å dekka dette avviket. Årets premieavvik er like fullt ein ukjent og ustabil faktor i det totale pensjonsbilete.

### 5.3.5 Avrekning ved årsavslutning - Premieavvik vs. faktisk trekt og innbetalt pensjon:

Dei høge premieavviksinntektene og betalt pensjon, vert avrekna mot premiefond og reguleringspremie frå pensjonsselskapa, som i sin tur har tatt høgd for svingingane i premieavvika i sine pensjonskrav til kommunen. Som følgje av at pensjonspremien vart satt noko opp i februar 2018 utifrå sentrale signal, og denne satsen vart vidareført for driftsåret 2018, oppstår det eit positivt avvik.

*Mindreutgifter på ansvar 799 er etter dette kr. 515` i høve revidert budsjett som fordeler seg slik:*
- *Kr. 378` Statens Pensjonskasse (SPK)*
- *Kr. 137` Kommunal Landspensjonskasse (KLP)*

## 5.4 Tilleggsløyvingar ansvar 800, 801, 802 og 803

Solund kommune har, for å sikre seg mot uføreseielege hendingar, sett til sides nokre ekstra midlar som politisk og administrativt nivå kan løyve i driftsåret, utan å måtta forrykka totalbudsjettet. Det er ikkje meininga at løpande driftsutgifter- og inntekter skal førast her.
Det er vorten slik at denne bufferen i stor grad er disponert til spesifikke føremål, fortrinnsvis for å dekka samfunnsmessige og / eller sektorovergripande eingongsutgifter og / eller prosjekt av kortare varigheit. Men det er positivt at ein får til å sette av midlar til slike føremål. Og det fine med det, er at slik satsing ikkje går ut over den daglege drifta, sidan dette er kjent ved inngangen til budsjettåret.

Ved årsslutt vert unytta tilleggsløyvingar saldert mot resten av driftsrekneskapen.
Om så drifta elles viser eit samla meirforbruk, vil desse unytta løyvingane vera med på å redusere dette, så langt midlane rekk.
Samanlikningar frå eit år til eit anna gjev inga meining under desse ansvarsområda.

### 5.4.1 Ansvar 800 – Tilleggsløyvingar til kommunestyret sin disposisjon

Kommunestyret har nytta kr. 939`av total kr. 1.250`av sine tilleggsløyvingar.

Det pågår nokre årsuavhengige prosjekt tyngre investeringsprosjekt som etter forskriftene ikkje kan førast over investeringsbudsjettet, men må løysast med ordinære driftsmidlar. Desse er:

#### 5.4.1.1 Fiber Nord Solund

Framdrifta har ikkje vore som ynskjeleg i dette prosjektet.
Ved inngangen til år 2019 vart det klart at stolpane ikkje hadde god nok kvalitet.
Enivest og Sunnfjord Energi brukte tid på å avklare korleis kostnadane med utskifting av stolpar skulle fordelast. Det var deretter utfordringar å skaffe entreprenør.
Entreprenør vart engasjert i oktober 2019 og i desember vart det jobba med å få drift i noden. Det var god framdrift i felten med utskifting av stolpar og planen var å få starte arbeidet med konkrete kundeleveransar skulle skje i januar / februar 2020.
På nyåret vart prosessen forseinka, først grunna vêrtilhøva, dernest gjorde Korona sitt inntog.
Leveranse til kundane er no stipulert til medio juli 2020.

#### 5.4.1.2 Fiber Hagefjorden

Det har vore lita framdrift i dette prosjektet i driftsåret. Fiber til Nord Solund har vore prioritert.
Situasjonen er slik at Solund kommune har fått ein kostnad og det føreligg ein opsjon frå Enivest.
Kommunen har også fått tilskot frå NKOM på 0,6 mill. Nkom skal avgjere om
Kommunen har tidlegare vedteke at det kan nyttast 0,4 mill. frå disposisjonsfondet til prosjektet.
Det er ein utfordring med at det er få brukarar å dele den private andelen på.

#### 5.4.1.3 Nettdekning resten av kommunen:

Telenor har utarbeidd ei liste over manglande dekningsområde for mobilnett i Solund, med tilhøyrande kostnader for å få 4G-dekning på plass på utvalde område i kommunen. Kostnadsbilete varierer frå område til område og totalkostnaden for utbygging alle stader er langt større enn dei midlane som er avsett til føremålet.
Kommunestyret får seg førelagt ei sak med forslag til gjennomførings- og finansieringplan i 2020.

#### 5.4.1.4 Marine Grunnkart

Kommunen er med på dette interkommunale fellesprosjektet, og har satt av 0,8 mill. fordelt på fire år, til gjennomføringa. Det framstår enno uklårtpå kor mykje det private næringslivet vil kjem til å bidra med. Det var satt av 0,2 mill. i år 2019 som kommunal eigendel. Kostnaden vart 0,24 mill.

#### 5.4.1.5 Straumkabel til Utvær

Utvær har hatt ein stabil straumforsyning gjennom hausten og vinteren. Både sjøkabelen og anlegget elles fungerer som planlagt. Kystverket skulle strekke ein kabel opp til fyrstasjonen, med planlagt påkopling tidleg på nyåret. Nye Utvær kraftlag AS har vore klar til å levere straum sidan juni.
Forseinkinga skuldast Kystverket aleine.

Det skal gjerast ei kapasitetsutviding på batteriløysinga, i tett samarbeid med HAFS elektro.
Finansieringa er løyst med tilskot frå Miljødirektoratet (via Solund Kommune) og kraftlaget sine eigne midlar. Også her dreg prosessen ut i tid, men denne gongen er det Covid19-viruset som er syndaren.

#### 5.4.1.6 Andre vesentlege utgifter finansiert med Kommunestyret sine tilleggsløyvingar

Kontingenten til NKFF (nettverk for kyst og fjordkommunar). Denne organisasjonen frontar m.a. havbrukskommunane sine interesser i høve påfyll og tildelingar frå det statlege havbruksfondet.
Eit tilskot til ein privat veg og ein erstatning knytt til tomtesal / tilbakekjøp er også utgiftsført her.

#### 5.4.1.7 Unytta løyvingar

Det var vedtatt å nytte 0,4 mill. av disposisjonsfondet til prosjekt fiber Hagefjorden / Kråkesundet

Likeins skulle det nyttast kr. 50` av eit øyremerkt disposisjonsfond til Bonitering av sjøareal i Valen. Begge desse løyvingane er strokne og disposisjonsfonda er såleis ikkje nytta til føremåla i år 2019.

*Samla mindreutgifter på ansvar 800 er etter dette kr. 311` i høve revidert budsjett.*

### 5.4.2 Ansvar 801 – Tilleggsløyvingar til formannskapet sin disposisjon

Formannskapet har nytta kr. 255`av total kr. 450`av sine tilleggsløyvingar.
Den mest vesentlege bruken er knytt til dei føremål som midlane er øyremerkt til:

- Kr. 140` som tilskot til båtlaget for å legge til rette for gode og ålment tilgjengelege kajakkfasilitetar i Sildevika.
- Kr. 100` «Besøksstrategi Utvær», avsatt til øyremerkt disposisjonsfond i påventa av oppstart.

Dei unytta løyvingane elles er saldert ved årsavslutninga dette året.

*Mindreforbruk for ansvarsområde 801 er etter dette på kr.195` i høve budsjett.*

### 5.4.3 Ansvar 802 – Tilleggsløyvingar til ordføraren sin disposisjon

Det er berre nytta ein ubetydeleg sum kr. 50` som har vore til disposisjon på dette ansvarsområdet.

*Det er balanse ved årsslutt mellom rekneskap og budsjett.*

### 5.4.4 Ansvar 803 – Tilleggsløyvingar til adm.sjefen sin disposisjon

Ved dette ansvarsområde er kr. 310` av kr. 600` nytta i driftsåret.

Den mest vesentlege bruken av tilleggsløyvingane er knytt til sine øyremerkte føremål:

- Kr. 163` til prosjekt «Sommarjobb for unge»
- Kr. 65` til grunnkurs med bedriftshelsetenesta
- Kr. 19` til interne kostnader knytt til OU-prosessen i kommunen

Løyvinga til forprosjekt UNESCO Global Geopark i HAFS vart ikkje nytta i år 2019, og vart av Kommunestyret vedteken overført til år 2020.

*Mindreforbruk for ansvarsområde 801 er etter dette på kr.290` i høve budsjett.*

### 5.4.5 Oppsummert Tilleggsløyvingar

Samla sett gir alle unytta tilleggsløyvingane bidrag til at drifta for året kjem i balanse.
Det er ein ynskjeleg frå administrasjonssjefen si side, å sikre at viss andel midlar til kjende og ukjende prosjekt, uføreseieleg hendingar, o.likn. Dette gjer drifta vert innretta ut frå dei midlar som står att. Dette skaper eit visst økonomisk handlerom i møte med stramme kommunale rammer.

| | R - 2019 | RB - 2019 | Avvik R vs. RB | | R - 2018 | Endr. 2019/2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ansvar 800, 801, 802 og 803** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -1 127 757 | -1 300 000 | -172 | 13,2 % | -2 059 248 | 931 | -45,2 % |
| Sum utgifter: | 2 631 559 | 3 650 000 | 1 018 | 27,9 % | 2 901 530 | -270 | -9,3 % |
| Netto driftsramme: | **1 503 803** | **2 350 000** | 846 | 36,0 % | **842 282** | 662 | 78,5 % |

*Unytta løyvingar som inngår i salderinga av kommunen sitt resultat, er på kr. 846` i driftsåret.*

# 6. RAPPORTAR FRÅ DEN DAGLEGE DRIFTA

I det vidare følgjer ein rapport frå dei einskilde rammeområda i kommunen.
Då budsjettet vart lagt, vart det vedtatt nokre mål og tildelt nokre økonomiske rammer som skal bidra til at fastsette mål for drifta vart nådd. Lesaren skal gjennom årsmeldinga få eit innblikk i korleis drifta har fortona seg; - om intensjonar og mål er nådd innafor dei rammer som er tildelt.
Avslutningsvis vert dei største økonomiske avvika presentert og kommentert for kvart rammeområde.

Det er gjennomført to omfattande budsjettrevisjonar i driftsåret, der Kommunestyret har tilpassa budsjettet til mest mogleg reell drift. T.d. er ansvar 210 - skulen styrka med 0,5 mill. og ansvar 200 - barnehagen fekk høve til å bruke 0,5 mill. fondsmidlar til ekstra tiltak. Dette fordi ein har sett at dette også vil vera driftsnivået i år 2020 for desse 2 rammeområda.
Budsjettet for helse- og omsorg derimot, er ikkje styrka i driftsåret, sjølv om signala tyda på ein større svikt i brukarbetalingar i år 2019. Det har vore viktig for administrasjonssjefen å halde driftsnivået nede på den eininga som i dag nyttar om lag 35% av det kommunale driftsbudsjettet. Framtidige rammevilkår vil ikkje verte betra for kommunen vår.

I dei vidare kommentarane er det kommunestyret sitt reviderte budsjettvedtak som er samanlikningsgrunnlag mot rekneskapen. Det er også gjennomført interne budsjettjusteringar ved kvart rammeområde, slik at det berre vert prinsipielle og vesentlege avvik som står att å kommentera.
Avvik i tabellane står oppført i heile 1000-kroner og summane er avrunda til næraste kr. 25.000.

Lesaren vert oppmoda til gå inn KOSTRA-databasen for å studere økonomiske resultat for Solund kommune og gjere eigne samanlikningar mot ulike driftsår og andre kommunar. KLIKK HER.

## 6.1 Ansvar 100, 110, 120, 130, 150, 410, 420 og 430

Administrasjonssjefen sine ansvarsområde

*Solund kommune er ein organisasjon som er serviceorientert, effektiv og har høg kompetanse.*
*Lovverket vert følgt og det er stort fokus på likebehandling.*

- Innbyggjarane får kontakt med kommunen både personleg og på aktive websider.
- Brukarane av kommuneadministrasjonen opplever god service, kompetente medarbeidarar og at saker blir fylgt opp som forventa.
- I størst mogleg grad er forvaltninga basert på bruk av IKT. Dette er tilpassa krav i høve til offentligheits- og arkivlovgjevinga.

*Solund kommune er ein godt organisert og effektiv organisasjon som leverer dei tenestene som innbyggjarane har trong for.*

- Tenestene vert produserte av kompetente og myndiggjorte medarbeidarar med arbeidsglede og motivasjon for arbeidsoppgåvene sine.
- Naudsynt kompetanse er til stades til ei kvar tid.
- Solund kommune utfører arbeidsgjevarrolla si slik at dei tilsette opplever rettvis handsaming
- Solund kommune tilbyr attraktive og varierte arbeidsplassar for begge kjønn.

### 6.1.1 Ansvar 100 - Politikk, administrasjon, fellesutgifter, personal-, service- og økonomikontor, IKT, m.m.

#### 6.1.1.1 Stillingsheimlar:

Formannskapet oppmoda administrasjonen om å finna løysingar som kunne bidra til å styrkje opp administrasjonen hausten 2018; - og då også med fokus på digitalisering og IKT.
Allereie frå mai 2018 vart personalarbeidet styrka med 30%.
Dernest vart ein 40% permisjonen ved økonomikontoret avslutta frå år 2019.
Seinhaustes 2018 oppstod det eit uføreseieleg fråvær i leiinga som varte utover seinvinteren.

Det har deretter kome til ei nedtrapping i 20% ressurs ved Sørviskontoret frå 2. halvår 2019.
Ny stabsleiar vart tilsett frå 1/10-19, og har høg kompetanse på IKT.
Frå 1/11 2019 vart det tilsett ein barnehage- og skulefagleg ansvarleg person i 100%, som m.a. overtok den 30% skulefaglege ressursen som tidlegare var tillagt rektorressursen. Den nye ressursen vert utgiftsført på ansvar 220.
Ressurssituasjonen pr. 31/12 er etter dette:

| *Administrativ leiing:* | *Heimel:* | *Kommentar:* |
|---|---|---|
| Administrasjonssjef | 100% | |
| Stabsleiar / ass. adm.sjef | 100% | Endring av leiar frå og med 1/10 - 2019 |
| Personalrådgjevar | 100% | |
| Økonomisjef | 100% | |
| Skulefagleg ansvarleg* | 0% | 30% 1/1- 31/7 (vart løyst via rektorressursen) |
| *Servicekontor / økonomikontor:* | | |
| Arkivleiar | 60% | 80% i perioden 1/1 – 31/8 |
| Arkivkonsulent | 100% | |
| Konsulent sørviskontor | 40% | |
| Konsulent sørviskontor (ekstra) | 100% | 70% knytt til Plan og Utvikling |
| Konsulent økonomi | 100% | uløna permisjon i 10% 1. halvår |
| Konsulent økonomi | 90% | uløna permisjon i 10% |
| Rekneskapskontrollør | 0% | løyst ved kjøp av tenester tilsvarande 7% |
| *Reinhald:* | | |
| Kommunehuset | 50% | |
| Biblioteket/Næringsbygget | 22% | Reinhald ved Næringsbygget vert refundert |

I tillegg er det tilsett ein prosjektstilling som vert utgiftsført i investeringsrekneskapen med 50%

| **Ny ressurs, med utgiftsføring på ansvar 220:* | | |
|---|---|---|
| Barnehage- og skulefagleg ansvarleg | 100% | Nytilsetjing frå og med 1/11 2019 |

#### 6.1.1.2 Eit krevjande driftsår:

Året 2019 har vore rimeleg krevjande for sentraladministrasjonen.
Tunge og tidkrevjande kommunereformprosessar rundt oss, påverka kva fokus Solund måtte ha og ta, og det uføreseielege fråværet i kommuneleiinga, kravde sitt.
Gjennom driftsåret har personalarbeidet kome godt i gjenge og ein på tampen av driftsåret fekk ein på plass ei permanent løysing for den overordna skulefaglege rolla, som kommunen etter lova måtte ha.
Som det går fram av kap. 3.1.3 så har ein også arbeidd fram eit større organisasjons- og leiarutviklingsprosjekt, som starta opp i oktober 2019.

Det har skjedd- og skjer stadig ei rivande utvikling rundt oss. Det vert forventa og stilt krav til både sentraladministrasjonen og organisasjonen elles, at ein er fagleg oppdatert, alltid sørvis- og utviklingsorientert, og ikkje minst svært endringsviljug. Forventningar frå lokale, regionale, sentrale mynde og innbyggjarar / næringsliv elles, om personleg nærvær, velfungerande rutinar, fulldigitaliserte tenester, m.m., har vore vanskeleg å stetta til ei kvar tid i driftsåret.

#### 6.1.1.3 Solund som «Friviljug aleine» kommune

Kommunane i Noreg, herunder Solund, har vore under sterkt press på økonomi. Og kommunereforma har lagt opp til at dei kommunar som av praktiske grunnar kan det, skal verta slått saman.
Solund kommune er ein såkalla «*ufriviljug aleine*»-kommune. Det betyr at Solund skal få rammevilkår som ikkje skal føre til at kommunen vert pressa til å slå seg saman med andre.
Men det betyr ikkje at effektiviseringskrava vert slakka på. Kommunen er nøydd å henge med i i tida og tilpassa seg framtida med dei ressursar ein har.
Dette har kommunen fått merka i år 2019, men har i motsetnad til mange andre fått ein god vekst i sine frie inntekter, i tillegg til inntekter frå det statlege havbruksfondet som ein ekstra bonus.

#### 6.1.1.4 Effektiviseringskravet
Kommunen har i dag éin samla helse-, pleie- og omsorgsavdeling, éin skule, éin barnehage og ein samla samlokalisert sentraladministrasjon med plan- og utviklingsavdelinga for kommunen.
Stort meir effektivt er det neppe mogleg å verte organisert. Men kva med folkehelsekoordinator, frivillegsentral, miljøarbeidar / miljøterapeut, helsesjukepleie, psykolog, PPT / barnevern, IKT og bibliotek vs. drift i ny skule, for å nemne nokre tenester?
Dette har ein starta med å sjå nærare på i driftsåret: Korleis kan vi samhandle betre internt, og med næringslivet og innbyggjarane elles? Korleis kan vi oppfylle dei kvalitetsreformene «Leva heile livet» og «Tidleg innsats»? Korleis bli «Best på det å vera liten». «Best på tvers», etc.
Her kan kommunen vera mellom dei fremste i landet, med dei gode føresetnadane våre vesle og tette kommune og våre engasjerte og dyktige medarbeidarane har.
I OU-prosessen er dette eit av dei sentrale tema ein no ser nærare på.

#### 6.1.1.5 Interkommunale samarbeid er sett under lupa
Likeins har ein i driftsåret gjort forpostfektingar på om det kan vera føremålstenleg for Solund kommune å sjølv drifte tenester der ein i dag kjøper interkommunale / regionale tenester.
Kostnaden for slike samarbeid er høge for små kommunar, og i tillegg må tilsette i eigen kommune bruke mykje lenger tid på å reise til felles møte, som ofte skjer i t.d. Førde. Føremoner med samarbeid er mange, men er dei større enn ulempene som synast å verte større og større?
Er det slik at fordelingsnøkkelen på kostnader er urettvis, avstanden til brukarane synast å verta større, har ein-, eller står ein i fare for å miste lokale kompetanse, arbeidsplassar og skatteinntekter? Har Solund oversikt og styring på økonomien sin og tilstrekkeleg kvantitet / kvalitet på tenestetilbodet som vert ytt. Dette er satt på dagsorden i driftsåret, og vert sett nærare på i OU-prosessen som er starta opp.

#### 6.1.1.6 Personalarbeid prioritert
Personalrådgjevaren er ansvarleg for kommunen sine HMS-oppgåver, inkl. kontakt med bedriftshelsetenesta og kontinuerleg IA-arbeid. I løpet av året vart både lønspolitisk plan og tilsetjings- og arbeidsreglement for Solund kommune endeleg vedtekne.
Personalrådgjevaren er ein viktig sparringspartnar og tilbakemeldingane er gode på at denne ressursen avlastar avdelingsleiarane når dei står midt i si tidsklemme og andre krevjande saker pressar på.
Korleis vi kan bli stadig betre på personalarbeide er også ein viktig del av OU-prosessen. Dei tilsette er administrasjonen si viktigaste ressurs og må ivaretas av fleire enn berre personalrådgjevar.

#### 6.1.1.7 Stabsleiing prioritert
Mark Elvevåg slutta i stillinga som stabsleiar hausten 2019 og vart avløyst av Amund Aglen.
Det vart lagt til rette for ei god overlappingsperiode, noko som gjorde at administrasjonen fekk eit pusterom til å rydde opp i ein del av arbeidet som hadde hopa seg opp over fleire krevjande arbeidsår.
Det er i driftsåret lagt til rette for at stabsleiarfunksjonen skal få ei sentral rolle i OU-prosessen og i å leie den nyorganiserte sentraladministrasjonen og det vidare digitaliseringsarbeidet.

#### 6.1.1.8 Solund Sørviskontor (SSK), herunder økonomikontoret (ØK), sin aktivitet
Sørviskontoret har ansvaret for førstelinetenesta mot publikum med resepsjon, telefon og e-post. Dei har ansvar for drift av arkiv, postmottak, politisk sekretariat, IKT og andre merkantile oppgåver.
Det er i driftsåret lagt til rette for å få til ein god digitaliseringsprosess og føre kommunen eit skritt nærare ein fulldigitalisert kvardag. Utviklinga viser at publikum etterspør mindre telefon / skranke funksjonen og det vert eit mål å legge til rette for at kundar kan drive sjølvbetjening og dermed vert brukarane våre meir myndiggjorte.
Økonomikontoret syter for at dei økonomiske prosessane og det økonomiske årshjulet i kommunen vert planlagt, førebudd og gjennomført. Dei har også ansvar for alt som høyrer med til kommunen sitt rekneskaps- og lønsarbeid, skatteoppkrevjing, eigedomsskatt, merkantile oppgåver, m.m.
Ved økonomikontoret har det vore gjort svært mange grep dei siste åra som gjer at mykje av digitaliseringa i administrative økonomiprosessar kjem av seg sjølv. M.a. var innkjøp av det nye økonomisystemet VISMA eit av dei viktigaste grepa i så måte. Deretter er ulike fagsystem kopla på som forenklar arbeidsprosessar for både fagavdelingane og økonomikontoret.

Administrasjonen vil gjennom OU-prosessen følgje opp at arbeidstakarane i heile organisasjonen får tileigna seg ein størst mogleg digital kompetanse, slik at dei vert i stand til å nytta og utvikla dei nye digitale verktøya som trengs.
I OU-prosessen skal ein syte for at heile Sørviskontoret skal bli ein best mogleg støttefunksjon for resten av organisasjonen.

#### 6.1.1.9 Konklusjon:
Det er i år 2019 lagt eit veldig godt grunnlag for å køyre grundige utviklingsprosessar i året som kjem. Målet med drifta frametter å legge ein føremålstenleg kabal på roller og arbeidsfordeling for heile sentraladministrasjonen; - herunder korleis IKT- og digitaliseringsarbeidet skal organiserast og driftast i framtida. Dette må ein jobbe saman om for å finna gode løysingar på i framtida.

#### 6.1.1.10 Økonomiske avvik
Ansvar 100 er eit mangslunge ansvarsområde og det oppstår naturleg nok ein del økonomiske avvik gjennom driftsåret. Dei mest vesentlege er nemnt og forklart i tabellen under:

| 100 | | Utgifter | Inntekter | Sum |
|---|---|---|---|---|
| | Redusert aktivitet Ungdomsråd / eldreråd m.m. | 40 | | |
| | Administrativ leiing - overlapping stabssjef | -45 | | |
| | Refusjonar Sørviskontor / reinhald | 40 | | |
| | Endring Frikjøp tillitsvalde | 27 | | |
| | Ny avtale Forsikring | -34 | | |
| | IKT-samarbeid - ny fordeling / refusjon nye deltakarar | 83 | 120 | |
| | Netto ungdomssatsing (verdibrev, transport m.m.) | 40 | | |
| | Etableringstilskot - 3 av 5 budsjetterte tilskot er utbetalt | 100 | | |
| | Auka tilskot andre trussamfunn | -21 | | |
| | **Sum** | | | **350** |

Avviket på 0,2 mill. for «IKT-samarbeid – ny fordeling / refusjon nye deltakarar» er knytt til det faktum at Sogndal og Vik kommune har trådd inn i SYSIKT-avtalen frå og med år 2019. Dette endrar fordelingsprosentane i avtalen generelt, i tillegg til at dei har måtta betale ein eingongssum i år 2019 til for å kunna delta i samarbeidet. Dette var ikkje budsjettert ved inngangen til budsjettåret.

### 6.1.2 Ansvar 110 - Overordna plan, miljø, næring, kultur og friluftsliv

#### 6.1.2.1 Organisering:
Direkte underlagt administrasjonssjefen.

#### 6.1.2.2 Overordna mål:
Overordna mål går fram av kommuneplanen for Solund 2008 – 2020 Samfunnsdelen. Vedteken i Solund kommunestyre 20.04.2010.
Planstrategi for Solund kommune 2016-2019 og lokal utviklingsstrategi for Solund inneheld også viktige overordna målsetjingar.

#### 6.1.2.3 Planarbeid
I løpet av 2019 har det vore jobba grundig med samfunnsdelen til kommuneplanen. Det har vore fleire møte med arbeidsgruppa og styringsgruppa, det har vore møte med ungdommar i Solund og med Felles eldreråd og råd for nedsett funksjonsevne. Samfunnsdelen var på høyring hausten 2019 og det kom inn mange innspel. Planen er venta har slutthandsaming våren 2020. Prosessen med arealdelen har synt at det er behov for ein anna måte å tenkje på rundt akvakultur, og dette krev noko meir tid og meir vurderingar enn å legge ut små «frimerke», slik som i gjeldande kommuneplan.

Det vart jobba med kulturminneplan for Solund i 2019, men denne er ikkje ferdigstilt.
Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart revidert og vedteken i 2019.

#### 6.1.2.4 Næringsutvikling:

Nordhordland næringshage AS vann konkurransen om å utføre næringsarbeid for Solund kommune, og har frå sommaren 2018 vore fyrstelineteneste for Solund kommune. Det vart teke i bruk høve til opsjon sommaren 2019, slik at gjeldande avtale gjeld tom. 30. juni 2020. Det var totalt 9 næringsfondsøknader som vart handsama i løpet av 2019, derav ein vart utsett, samt 2 søknader om næringslån. Det vert elles vist til Årsrapport for kommunalt næringsfond 2019, og Årsrapport frå Nordhordland Næringshage 2019.

Det har vore stor interesse for akvakulturlokalitetar i Solund i 2019, noko som har medført ein del arbeid med uttaler til søknader om lokalitetar og endringar i lokalitetar.

Det har i 2019 vore gjennomført fleire samrådingsmøte mellom lokale næringslivsorganisasjonar og administrasjonen. Det har vore gjennomført «*Kva skjer i Solund*» - samlingar for folk flest gjennom 2019. Gjensidig informasjon, dialog og presentasjonar av positiv aktivitet, mingling og noko å godt å bite i, er innhaldet. Konseptet er ein suksess.

#### 6.1.2.5 Kultur og friluftsliv

Dagsturhytta «Sognesjøhytta» kom på plass og det var opning i september. Det har vore arbeida administrativt med tilrettelegging av uteområdet og med turstien til Sognesjøhytta. Vidare har det vore arbeida saman med elevane på skulen om utforming av uteområde på skulen. Andre saker det har vore arbeida med er Kystled, tilrettelegging av tursti til Grønehellaren, og å få i stand ein avtale med Solund Grendahus, om leige av øvingslokale og lager til Solund skulemusikk. Det har vore gjort gode førebuingar for å få på plass totalfinansieringa av Idrettshuset og det vart jobba ein del med spelemiddelsøknader, noko som resulterte i 6 søknader frå Solund kommune i starten av 2020.

#### 6.1.2.6 Viltforvaltning:

| Hjortejakta i Solund kommune | | | | Fallvilt | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **År** | **Kvote (stk)** | **Felte dyr (stk)** | **Felte dyr (%)** | **Meldingar** | **Hjort** | **Anna vilt** |
| **2019** | **278** | **128** | **46,0** | **8** | **7** | **1 oter** |
| 2018 | 205 | 142 | 69,2 | 8 | 3 | 3 oter, 2 havørn |
| 2017 | 208 | 112 | 53,8 | 3 | 2 | 1 oter |
| 2016 | 208 | 136 | 65,4 | 1 | 1 | 0 |
| 2015 | 220 | 129 | 58,6 | 1 | 1 | 0 |
| 2014 | 216 | 122 | 56,5 | 0 | 0 | 0 |
| 2013 | 242 | 143 | 59,1 | 11 | 8 | 1 oter, 1 Havørn, 1 hønsehauk |
| 2012 | 241 | 137 | 56,8 | 3 | 2 | 1 oter |
| 2011 | 239 | 139 | 58,2 | 1 | 1 | 0 |
| 2010 | 243 | 162 | 66,7 | 2 | 2 | 0 |
| 2009 | 230 | 173 | 75,2 | 5 | 4 | 1 Havørn |
| 2008 | 225 | 158 | 70,2 | 3 | 1 | 2 Oter |
| 2007 | 227 | 162 | 71,4 | 8 | 7 | 1 Oter |

#### 6.1.2.7 Involvering i ulike prosjekt

Investeringsprosjekt under arbeid:

- Dagsturhytta, med tilrettelegging av turstiar
- Idrettshus, grunnlagsinvesteringar
- Ytre Solund Fleirbrukshus

Deltaking i driftsprosjekt:

- Å vøla eit landskap (forvaltning av kulturlandskap) – i samarbeid med bla. Bergen Arkitektskole og Høgskulen på Vestlandet. Prosjektet er i søknadsfasen.
- Marine grunnkart
- Utvikling av Sognefjorden Kystpark
- Etablering av UNESCO Global Geopark i HAFS

#### 6.1.2.8 Økonomiske avvik

| 110 | | Utgifter | Inntekter | Sum |
|---|---|---|---|---|
| | Kommuneplanarbeid - auka konsulentkostnad | -90 | | |
| | Juridisk hjelp - konsesjonssak Havbruk | -23 | | |
| | Kulturminneplan - løyving som ikkje er nytta | 50 | | |
| | Diverse | 4 | | |
| | **Sum** | | | **-59** |

Kulturminneplanarbeidet er skuvd ut i tid, av ressursmessige grunnar og fordi kommuneplanarbeidet har fått høgste prioritet.

### 6.1.3 Ansvar 120 - Fjordkysten Friluftsråd

Fjordane Friluftsråd består av 5 kommunar; - Vågsøy, Bremanger, Flora, Askvoll og Solund, med tilsaman omlag 26.000 innbyggarar. Fjordane Friluftsråd har gjennom 2019 ikkje fått nye medlemer.

#### 6.1.3.1 Styret sin aktivitet

Styret var i 2019 samansett slik :

| Styremedlemmer: | | Varamedlem: | |
|---|---|---|---|
| | Arlene O.Vågene - leiar | | Alexander Frøyen |
| | Anne Grete Lien | | Roger Løvik |
| | Harriett Norstrand | | Nils Chr. Bjørgo |
| | Kari Einen | | Martin Malkenes |
| | Stig Steinsund | | |
| | Jan Henrik Nygård | | |
| | Elisabeth B.Hatlenes | | |
| | Charlotte Skjølberg | | |
| | Terese Gjerde | | |
| | Olav B.Horn | | |

Det har vore avhelde 4 styremøte og blitt handsama 47 saker.
Årsmøte vart halde den 10. april 2019.

#### 6.1.3.2 Administrasjon og tilsette

Friluftsrådet har samla ca 2 årsverk, ved 1 heil prosjektstilling som dagleg leiar, ein heil prosjektkoordinatorstilling frå 01.07, friluftsskulearbeiderar, ryddekontakter strandrydding arbeidsbåt, og HMS strandrydding.(Sjå nærare under avsnitt arbeidsbåt og opplæring)
Det har ikkje vore sjukefråvær eller skadar i 2019. Det er lagt vekk på mykje opplæring og innkjøp knytta til drift av arbeidsbåt, og HMS strandrydding. (Sjå avsnitt om arbeidsbåt og opplæring).

#### 6.1.3.3 Opplæring/studieturar

| | |
|---|---|
| 14-15.02 | Leiarsamling Gardermoen |
| 18-22.03 | Grunnleggande sikkerheitskurs for sjøfolk, Måløy |
| 22-24.05 | Landskonferanse i Friluftsliv og Årsmøte FL i Trondheim |
| 11-12.06 | Passasjer og krisehandtering, Måløy |
| 17-19.09 | Tilsettesamling i Dalane (Dalane Friluftsråd) |
| 16.10 | Driftssamling Bergen (brann og førstehjelp) |

| | |
|---|---|
| 17.10 | Erfaringsseminar Friluftsskular i Oslo |
| 25.10 | Styremøte i Vestkystparken der både styreleiar og dagleg leiar var tilstades, |
| 03-04.12 | Workshop hos Bergen og Omland Friluftsråd ang. forvaltningsløsning |
| 05.12 | Opplæring i Førstehjelp i Bergen for prosjektkoordinator. |

### 6.1.3.4 Arbeidsbåt
Vi har utrusta arbeidsbåten Fjordtrygg med VHF klasse A, 2 ekstra handheldne vhf-ar, batteri til VHF og naudstartbatteri motor, ladearrangement for mobiltelefon, ein Steady 260 fylgjejolle, ekstra utlufting der reservebensintank er montert, Livbøye nødbluss/raketter, m.m.

### 6.1.3.5 Aktivitet

*Strandrydding*
Det har i kommunane Solund, Askvoll, Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje vore gjennomført betydeleg strandrydding vha. tildelte midlar frå Miljødirektoratet. Vi fekk tilsett 2 sommararbeidarar / ryddekontakter i Flora samt 1 prosjektkoordinator fra 01.07. Vi har hatt eit ekspedisjonssamarbeid med rederiet Barstein AS i eit 5 vekers tokt fra Selje i nord til Solund i sør. FF har lagt til rette for over 118 strandryddingsaksjonar. Dette inkluderer ca 706 timer brukt, litt over 40 km strandsone rydda, med ca. 1200 frivillige. Totalt samla vi inn 54,5 tonn med marint avfall i desse kommunane. Under ein tabell som viser resultatet kommunevis:

| Kommune | Kg | Meter strandlinje | Tal frivillige |
|---|---|---|---|
| Solund | 23 291 | 3 039 | 280 |
| Askvoll | 7 175 | 2 670 | 237 |
| Flora | 13 035 | 26 920 | 542 |
| Bremanger | 7 982 | 3 035 | 109 |
| Vågsøy | 2 200 | 1 870 | 51 |
| Selje | 840 | 1 950 | 12 |
| **Sum** | **54 523** | **39 484** | **1 231** |

*Friluftsskular*
Vi fekk gjennomført totalt 4 kystfriluftsskular, herav 1 i Solund, 2 i Flora og 1 i Bremanger for born i alderen 9-13 år. Totalt deltok 23 born på desse. Her mottok vi kr.76.250,- til friluftsskule i Solund og kr.145.000 til friluftsskule Flora og kr.101.250,- til Bremanger.

*Folkehelsetiltak, Gapahuk*
Gapahuken på Draumeplassen i Solund/Hardbakke vart opna av ordførar i Solund den 29.05 med over 30 personar tilstades.

*Kystplanken i Måløy og Bremanger/Kalvåg*
Kystplanken i Måløy vart opna av ordføraren i Vågsøy den 20.06.
Kystplanken i Kalvåg vart opna av ordføraren i Bremanger den 16.09.

*Skilting av sentrumsnære turvegar i Askvoll*
Det vart søkt og innvilga kr.50.000 i tippemidlar til skilting av sentrumsnære stiar i Askvoll. Skiltmateriell bestilt av Aerkoplan, og avtale om oppsetting av og seinare vedlikehold av skilta vart gjort med Askvoll Vel. Prosjektet vert sluttført vårpart 2020.

*Promotering Friluftsråd*
Vi har tilsegn på kr.100.000 frå SogFj Fylkeskommune på promotering av friluftsrådet. I slutten av desember 2020 fekk vi utgitt eit promoteringshefte. Arbeid med magasinet vart sett vekk til A til Å i Florø. Magasinet vart siste veka i desember distribuert til kommunane Gulen, Hyllestad, Fjaler, Solund, Askvoll, Naustdal, Flora, Bremanger, Vågsøy, Eid og Selje. Arbeidet med promotering, besøk i kommunane og potensielt nye medlemskommunar fortset inn i 2020 og blir sluttført pr. 31/12 2019.

*Skjergardsteneste*
Vi hadde 02.10 møte med Miljødirektoratet og Sogn og Fjordane Fylkeskommune i Florø. Møtet var konstruktivt med tanke på rammeløyvingar til Skjergardstenesta ved ein søknad om investering og driftsmidlar. Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyvde oss den 28.11. kr.400` til investering innan 2021.Solund Kommune løyvde kr.250` til investering av Skjergardstenesta og kr.100` til drift.

#### 6.1.3.6 Økonomisk resultat
Det har vore ein betydeleg auke i omsetning frå 2,374 mill. i 2018 til 4,079 mill. i 2019.
Mindreforbruket i drifta er kr 31.447 . Summen er satt av på Fjordane Friluftsråd sitt reguleringsfond.
Saldo på reguleringsfond er på pr. 31/12 2019 kr.350.744,-.

## 6.1.4 Ansvar 130 - Rådgjevar samferdsle, IKT m.m.

Det overordna målet for samferdsle er å drifte kommunale eigedomar og kjøp av tenester frå ruteselskap/fylkeskommune. Ein driv m.a. med utleige av kommunale bustader, har ansvar for festeavgifter, kjøp av tenester frå ruteselskap og drift av kai/venterom på Krakhella og Hersvik.

Solund kommune har sjølv hatt totalt 13 bustadar til utleige på Hardbakke. Talet inkluderer 7 bustadar for vanskelegstilte. Vidare har kommunen tildelingsrett på ein del bustader hos Solund bustadstifting, og framleiger 5 av bustadstiftinga sine bustader. Ledige bustadar blir fort leigd ut på nytt og det er behov for fleire utleigebustadar om kommunen skal klare å skape ei positiv folketalsutvikling.
Det har vore høg utleigegrad i år 2019 og dette har gjeve meirinntekter i høve budsjettet.
Men omsorgsbustadane vart ikkje klar for utleige i år 2019, slik som planlagt.
Det vart tatt omsyn til dette i driftsåret, ved at budsjettet for inntekter vart justert ned i 2. tertial.

Solund kommune overtok i 2018 sjølve kaibygget på Krakhella. Kommunen eig frå tidlegare kai-arealet på Krakhella, men bygget har vore privateigd sidan det vart sett opp i 1982.
Kommunen er i dialog med fylkeskommunen om kven som skal betale for reinhald av venterom.
Førebels har Solund kommune betalt reinhaldskostnaden (frå og med nov. 2017), samt store delar av år 2019. Samla meirutgifter vert 0,1 mill. på reinhald kaibygg. Årleg meirkostnad vert om lag kr. 50`.

Kommunen sin eigendel for drift av båtruter i kommunen, skyt diverre stadig i vêret.
Meirinntektene på husleige er med på å dekke meirutgiftene på bygderutene

<u>Oppsummerte økonomiske avvik:</u>

| 130 | | Utgifter | Inntekter | Sum |
|---|---|---|---|---|
| | Auka netto inntekter utleigebustader | | 116 | |
| | Auka kostnad bygderuter | -90 | | |
| | Redusert forsikringskostnad - ny avtale | 33 | | |
| | Reinhald Krakhella venterom nov17 - des18 | -65 | | |
| | Reinhald Krakhella venterom jan-sep 2019 | -42 | | |
| | **Sum** | | | **-48** |

## 6.1.5 Ansvar 140 - Folkehelsekoordinator

#### 6.1.5.1 Stilling
Stilling: 40%
Arbeidstid: Torsdagar og fredagar
Starten og slutten av året har hatt noko sjukefråvær, og bidrege til litt redusert aktivitet.

#### 6.1.5.2 Overordna målsetjing for folkehelsearbeidet
Å utjamne sosial ulikskap og sikre best mogeleg helse for alle innbyggjarane.

#### 6.1.5.2 Folkehelsearbeidet

Folkehelsearbeidet skjer i samarbeid med andre aktørar, både innad i kommunesektoren og utanfor. Faktisk skjer 90% av forebyggande og helsefremjande arbeid utanfor helsetenesta (Wildavsky 1977). Slikt arbeid vert derfor ikkje oppsummert her, men samarbeidet vert nevnt.
Mykje av arbeidet under denne tenesta går derfor ut på å bevisstgjere alle sektorar, lag/organisasjonar og folk sjølve, si rolle og store påverknad på folkehelsa. Dessutan å setje i gang aktivitetar og tiltak, samt at folkehelseprinsippet er ivareteke i planverk og planlegging.

#### 6.1.5.3 Aktivitetar

Folkehelsekoordinator har saman med helsestasjonstenesta fortsett jamleg å opplyse befolkninga om tiltak for å oppnå best mogeleg helse. M.a. via Facebooksida «Folkehelse i Solund», kommunen si nettside, og Nytt frå Solund kommune. I form av handfaste tips m.a. etter sesong, aktuelle tema og markering av verdsdagar. Det er òg samarbeida direkte med einingar og organisasjonar, samt befolkninga. Desse får varslar og råd når ein veit smittsame sesongsjukdomar er på veg (t.d. omgangssjuka, influensa) m.m. Dessutan vidareformidling av aktuelle nyhende og aktuelt opplysningsmateriell til einingar og lag/organisasjonar

Større deler av året er brukt til planarbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, delplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, samt kulturplan. I arbeidet er det tenkt folkehelse i alt, i tråd med intensjonen bak utfasinga av ein eigen folkehelseplan.

Det vart og søkt og motteke folkehelsemidlar, som vart brukt til to prosjekt i oppvekst, og eitt ved Frivillegsentralen. M.a. eit livsstilskurs i serien Små grep – store helsegevinstar.
Folkehelsekoordinator var og medarrangør, som tidlegare, ved verdensdagen for psykisk helse, som i år hadde Cecilie Leganger som føredragshaldar.

Det vart arrangert ein premiert aktivitetskampanje for barn, unge og vaksne, med opplysningsartikkel i kommunen si avis Nytt frå Solund kommune.
I tillegg arrangerte vi i samarbeid kurs i kursserien Små grep – store helsegevinstar. Også denne gongen gratis for befolkninga, med tilskot frå fylkeskommunen sine folkehelsemidlar.
Ein tok og over redaksjon og produksjon av kommuneavisa Nytt frå Solund kommune, saman med Frivillegsentralen.

Folkehelserådet, der folkehelsekoordinator er leiar, har hatt møter kring ulike tema i løpet av året.

#### 6.1.5.4 Kvalitetssikring

Folkehelsearbeidet vert elles kontinuerleg og gradvis forbetra, og baserer seg der ein kan på den beste, tilgjengelege informasjon (bevisbasert), samt gode erfaringar i eigen og andre kommunar. Arbeidet med å gjere folkehelsearbeidet systematisk og dermed meir effektivt og kostnadseffektivt, fortset. Folkehelsearbeidet skal primært springe ut frå utfordringar og suksessar identifiserte i folkehelseoversikta i kommunen, og skal rullerast og reviderast jamleg.

#### 6.1.5.5 Samarbeid og møter

Det har vore fleire møter med andre einingar gjennom året. M.a. søknadutarbeiding om tilskot, med helsestasjon, prosjektleiar - NVP19 ifht. Teknologiutvikling, personalrådgjevar/BHT – Kurs i risikovurdering, Hyllestad kommune, bibioteksjef – ad gratisutstyr til planlagt utlånsentral, arbeidsgruppa (fag) samfunnsdelen av kommuneplanen, arbeidsgruppa kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, arbeidsgruppa kulturplan, tverrfagleg møte, OU-prosessen i Solund kommune, planleggingsmøte med adm., planleggingsmøter kurset Små grep – store helsegevinstar, planleggingsmøter Verdensdagen for psykisk helse, folkehelserådsmøter, samt planleggingsmøte med Frivillegsentralen, om oppretting av besøksteneste til dei som treng det, og aktivitetsven for demente (prosjekteigar Landsforeningen for folkehelsen). Det er og rapportert til fylkeskommunen.

#### 6.1.5.6 Kompetanseheving

Det er delteke på møter og seminar på strøyming:

- (Helseoversikt, utgjekk grunna dårlige høve for strøyming)
- Programfylke – Program for folkehelsearbeid
- Presentasjon av resultat av fylkeshelseundersøkinga – Fylkeskommunen
- Folkehelsekonferansen 2019 (2 dager)
- Frå visjon til reguleringsplan og stadutvikling – Plansamling - Fylkeskommunen

I tillegg mottek ein løpande Nyhetsbrev i folkehelsearbeid frå Helsedirektoratet med nyttig, aktuell info som varierer, e-abonnement Folkehelseinstituttet (FHI) i diverse dagsaktuelle tema innan smittsame sjukdomar, ferske forskingsresultat som peikar på ein trend etc. Ein søker og kontinuerleg kvalitetssikra informasjon frå pålitelege nettsider –samt tilskotsoversikt, og oppdaterer eige elektronisk oppslagsverk/ressursbank. M.a. med vegleiarar i planlegging og folkehelseoversikt, og særskilt forskning som viser kva tiltak som har best effekt.

#### 6.1.5.7 Økonomi

Av di folkehelsearbeidet utførast av og i samarbeid med andre aktørar, er det førebels kun lønsmidlar på tenesta, og bruken er innanfor ramma.

Folkehelsearbeidet er ofte svært lite synleg, men avkastar minst 16 kroner per krone investert i førebygging, og har dessutan svært stor innverknad på befolkninga sine liv.

### 6.1.6 Ansvar 150 - **Flyktningkoordinator**

Solund kommune har busett 30 flyktningar frå Syria frå november 2015 til oktober 2017.
Solund kommune vart ikkje oppmoda av IMDi om å busetje flyktningar i 2019.

Alle flyktningar som vert busett får innvilga 2 år med Introduksjonsprogram, og får i denne perioden introduksjonsstønad , som utgjer 2x Grunnbeløpet. Innhaldet i programmet er norsk- og samfunnsfagundervisning. Alle skal ha 550 timar norsk og 50 timar samfunnsfag. Vaksenopplæringa i Solund har ansvar for norskundervisninga. Flyktningtenesta har ansvar for samfunnsfagundervisninga. I tillegg til norskundervisning har deltakarane hatt språkpraksis på ulike arbeidsplassar.

I januar 2019 var det 7 personar i Introduksjonsprogrammet. Ein av desse hadde 5 månader utvida introduksjonstid for å fullføre vg2. I løpet av 2019 avslutta 6 personar introduksjonsprogrammet. Tre av desse er pr. dd i full jobb, to i  deltidsjobb og ein i vidaregåande opplæring. Ein person har fått utvida introduksjonsprogrammet med 1 år pga behov for vidare kvalifisering.
Alle busette flyktningar i Solund, bur i kommunale bustadar.
Av einingar i Solund kommune som har teke i mot introduksjonsdeltakarar i språkpraksis i 2019; er Solund barnehage, Solund barne- og ungdomsskule, Plan- og utvikling, Solundheimen og Gjenbruket. Av private bedrifter har Solundmat og Solund Verft bidrege med språkpraksisplassar og Norsk Kystkulturakademi har engasjert deltakarar i inntektsbringande sommarjobbar i året.

Introduksjonskurset er heilårleg, og skal vere eit tilbod om aktivitet 37,5 t/v, med 5 veker ferie. Norskundervisninga føl skuleruta, noko som medfører at det er fleire feriar og fridagar som må fyllast med innhald utanom undervisningstida. Flyktningtenesta har hatt ansvaret for aktiviteten til deltakarane i periodar utan norskundervisning. Innhaldet i introduksjonsprogrammet skal vere av ein slik kvalitet at deltakarane er best mogeleg kvalifisert til å ta del i det norske samfunnet og arbeidslivet etter gjennomført program.

Ved behov, kan kommunen vedta å forlenge introduksjonsprogrammet for enkeltdeltakarar. Kriteria for forlenginga er t.d at deltakarane ikkje er kvalifisert for arbeidslivet, er midt i ei grunnskule-, eller

vidaregåande utdanning (Introduksjonslova). Forlenging medfører at deltakarane får utbetalt introduksjonsstønad utover dei to åra han i utgangspunktet var innvilga, og får halde fram i norskundervisninga om det er behov for det.

Solund har eit svært godt resultat å vise til i høve kvalifisering og sysselsetting av flyktningar. Pr. 31.12.2019 er 100% av flyktningane som har fullført introduksjonsprogrammet i Solund i arbeid eller utdanning.

Frå 1. august 2019 vart Flyktningtenesta redusert til 40%, då behovet for tenesta vart mindre i takt med at deltakarar slutta i introduksjonsprogrammet og gjekk over i jobb.

**Økonomi:**

| 150 | | Utgifter | Inntekter | Sum |
|---|---|---|---|---|
| | Redusert introduksjonsstønad | 68 | | |
| | Reduserte kjøp av tenester / tilskot | 37 | | |
| | Reduksjon av budsjettert bruk av fond | | -105 | |
| | **Sum** | | | **0** |

Som det går fram av tabellen ovanfor, så vart det eit mindreforbruk ved tenesta i år 2019, som ved årsavslutninga vart saldert mot reguleringsfondet for flyktningar.

### 6.1.7 Ansvar 410 - Biblioteksjef

2019 har vore eit aktivt år med arbeid og prosjekter mm. Besøk og utlån er stabilt og høvesvis godt.

Biblioteksamarbeidet i HAFS hadde 2 samlingar i 2019, begge i Hyllestad. Samarbeidet dreier seg mest om arrangement som forfattarbesøk og liknande. Vi tek òg føre oss utfordringar, nyhende og erfaringsutvekslingar. Som regel deltar nokon i frå fylkesbiblioteket på desse møta òg. Biblioteksjefen har delteke på Fylkesbiblioteket sitt prosjekt Bibliotekleiarkurs, der vi hadde 3 samlingar.

Biblioteket har òg i år hatt sommarjobbarar og desse har fått nokre tilpassa oppgåver å gjere. T.d. å lage fine emneplakatar på skulebiblioteket og omorganisert litt, slik at det skal bli lettare for elevane å finne bøker i sin sjanger. Elles har dei hatt som oppgåve å betene publikum, gjere nye bøker låneklare og merking av bøker.

Biblioteket hadde òg i år Sommarles konkurranse med svært bra deltaking (beste i fylket i høve til folketal), som blei avslutta med «Klovnen Knut», som er alltid like populær.

I tillegg til Kloven Knut for barn hadde biblioteket to arrangement for vaksne, Klyngetunet i mars og Rikets Stillstand i september.

Ein har elles brukt noko tid på planlegginga av det nye biblioteket, og ein er vel no snart ferdig med planleggingsfasen. Ein vil jobbe for å få på plass eit magasinet til det nye biblioteket før nybygget er ferdig. Ein ser det som fordelaktig at det er på plass før nye skulen/biblioteket er ferdig. Først og fremst for å kunne flytte ut alt i frå det noverande biblioteket til det nye, og dermed få frigjort noverande lokale til anna bruk. Det er òg ein fordel å omsider få alt materialet samla i frå dag ein og ikkje rundt omkring slik det har vore dei siste 10 åra.

Det er ein rivande utvikling i biblioteksektoren og det skal godt gjerast å henge med, når mykje av tida går til rutinearbeid. Vil atter eingong nytte høvet å komme med ønskje om ein assistentstilling eller høgare stillingsprosent for biblioteksjefen.

## 6.1.8 Ansvar 420 - Leiar frivilligsentral

**Solund Frivilligsentral har m.a. som mål å:**

- Synleggjere Frivilligsentralen som ein viktig resurs og stimulere til frivillig arbeid
- Utvikle møteplassar
- Legge til rette for kulturtilbod
- Koordinere og informere i høve aktivitetar og arrangement
- Delta i integreringsarbeidet

Frå 2017 vart statstilskotet til Frivilligsentralane overført til det kommunale rammetilskotet. Tilskotet skulle deretter auka med prisveksten kvart år. Dei statlege retningslinjene falt bort, men årsmøtet vedtok at organiseringa av Solund Frivilligsentral skulle halde fram som før med eit eige styre.
I regi av Solund kommune har Frivilligsentralen vore ansvarleg for å administrere sørviskyssruter og ordninga med «den kulturelle spaserstokken». Sommaren 2019 drifta Gjenbruket turistinformasjonen. Frivilligsentralen har koordinert og informert om aktivitetar og arrangement i kommunen.

Saman med våre voluntørar, andre i organisasjonen, einskild personar, lag og organisasjonar har ein fått gjennomført kvalitative og gode aktivitetar og arrangement som til dømes:

- Aktiv på dagtid
- Verdensdagen for psykisk helse
- Internasjonal kafé
- TV-aksjonen
- Solunddagen

Frivilligsentralen har hatt særskilt fokus på å drifte Gjenbruket og utvikle møteplass der.
Solund Frivilligsentral har i 2019 hatt eit godt samarbeid med lag og organisasjonar, det offentlege, næringsliv og privatpersonar i Solund kommune.

Frå og med hausten 2019 vart den europeiske voluntørordninga flytta frå eit EU-program til eit anna. Norge er ikkje deltakar i det nye programmet og Volundtørtenesta måtte opphøyre frå same tidspunkt. Dette var eit tap ressursmessig for Frivillegsentralen og ikkje minst for det friviljuge lagsarbeidet. Det vert arbeidd aktivt frå sentralt hald for å få Noreg til å verte deltakar av det nye EU-programmet, slik at Solund då kan gjenoppretta si voluntørtenesta. Det er venta ei sentral avklaring i løpet av hausten 2020.

Det økonomiske avviket på kr. 24` og er samansett av fleire mindre faktorar.
Det vert elles vist til årsmeldinga frå Frivillegsentralen som Formannskapet som årsmøte skal vedta.

## 6.1.9 Ansvar 430 – Gjenbruket

Opningstider har vore tirsdag, torsdag og fredag kl. 11:00 til 16:00 og laurdag kl. 11:00 til 15:00

### 6.1.9.1 Organisering

Leiar av Frivilligsentralen har det overordna ansvaret for drifta av Gjenbruket.
Det er tilsett dagleg leiar i 30% stilling. Då voluntørprosjektet vart avslutta i år 2019, vart det behov for ein ordinær stillingsprosent, om opningstidene skulle halde fram. Reidun Vagstad vart tilsett i ei 20% mellombels stilling frå september og ut året. Helse- og omsorg har avtale om å nytta Gjenbruket som Dagsenter og yter deltids assistenthjelp. Flyktningtenesta nyttar Gjenbruket til språkpraksisplass.

### 6.1.9.2 Overordna mål

- Vise og aktivt påverka gjestar og kundar til å sjå verdien i gjenbruk / redesign og resirkulering
- Samarbeide med lag/organisasjonar/skule lokalt, for å utvikle ein møteplass og fremje integrering

#### 6.1.9.3 Aktivitet

##### 6.1.9.3.1 Møteplass/Kafe
Med den sentrale lokaliseringa Gjenbruket har, vert det lett for våre gjestar å stikke innom. Gjenbruket har mykje besøk og gjenvisittar av både lokale og tilreisande. Torsdagskafeen er særskilt populær og Pensjonistlaget er aktive miljøskaparar. Det vert servert vaflar/ kake / graut og ev. anna på laurdagane.

##### 6.1.9.3.2 Språkkafe / integrering
Solund er vorte eit fleirkulturelt samfunn. Språkkafeen på tirsdagar samlar ikkje berre personar som er knytt til flyktningtenesta, men også nordmenn og personar frå andre nasjonar.
Møteplassen, språkkafeen og torsdagslunsjen er så populær, at tiltaka flyt litt over i ein annan.

##### 6.1.9.3.3 Dagsenter
Det er etablert ein langsiktig avtale med helse- og omsorgsavdelinga i kommunen, som gjer at dei nyttar Gjenbruket som Dagsenter 2 dagar i veka.

##### 6.1.9.3.4 Gjenbruket / redesign
Heile tanken bak butikken handlar om å bruke , ikkje forbruke. Tinga får ny verdi i en ny samanheng, og mykje forsvinn fort frå hyllene. Både lokale og tilreisande er gode kundar. Det er viktig å vera oppdatert på kva som står i varehyllene, sidan marknaden er følsam for trendsvingingar.

##### 6.1.9.3.5 Samvirke med Turistinformasjonen
Turistinformasjonen er etter fleire års vellukka drift, no godt etablert og innbakt i Gjenbruket sine lokale. Voluntørane er faste medarbeidarar, men erfaringane viser at det er viktig å ha ein tilsett som har ein del lokalkunnskap for at denne tenesta skal fungere optimalt. Kundane opplever Turistinformasjonen som ein spanande plass med imøtekomande menneske.

##### 6.1.9.3.6 Arbeidsintegrering
Gjenbruket er også ein plass som vert nytta for arbeidstrening av nyleg innflytta personar frå andre land. Dette fungerer godt i kombinasjon med språkkafeen og torsdagslunsjen, for det er alltid einkvan som er hjelpsam med å oversetja frå den «vrange» nynorsken til alle typar utanlandsk.

##### 6.1.9.3.7 Sal av bøker, vidaresal av produkt frå private / offentlege / lag og organisasjonar
Det vert seld bøker frå både det lokale Sogelaget og Selja Forlag. Også andre produkt kan seljast gjennom Gjenbruket som t.d. arbeid som vert produsert på Flittige hender, Pukka te, eller andre eksterne kunstnarar sine produkt. Erfaringane gjer at Gjenbruket no i stor grad kjøper produkta som skal seljast, i staden for å basere salet på provisjon.

##### 6.1.9.3.8 Informasjonssenter / «venteskur»
Gjenbruket fungerer ikkje berre som ein turistinformasjon om sommaren, men også som ein informasjonssenter der folk orienterer seg om kva som skjer i bygda og kor tid, kor ein kan vende seg for ulike tenester, offentlege som private, og frettar gjerne nytt om vêret medan dei ventar på bussen.

##### 6.1.9.3.9 Møtelokale for lag og organisasjonar
Lag og organisasjonar kan leige møtelokale på Gjenbruket. Møtelokalet egnar seg best for dei meir uformelle settingane, slik drifta av Gjenbruket elles framstår til dagen.

**Utfordringar:**

- Det trengs ei god inntening for å kunna halde denne positive drifta i gang. Drifta er sårbar, men ei offentleg verksemd kan ikkje gå i konkurranse med eksisterande verksemder på mat- og utleigesida.
- Marknaden er avgrensa, men likevel ser det ut som om den er veksande i høve tilreisande til Solund.
- Gjennom Dagsenteret finansierer Helse- og omsorg ein god del av drifta. Det vert viktig at denne avtalen held fram.
- Det er praktiske utfordringar på gjestekapasitet, lagerkapasitet, kjøkenkapasitet, reinhald, o.a., samstundes som det intime lokale inviterer til nettopp denne type verksemd.

- Gjenbruket er svært kjærkomne og språkkafeen samlar på tvers av nasjonalitet og hudfarge. At det no er inntakstopp på flyktningar kan redusere mangfaldet og særpreget på verksemda.

Gjenbruket er vorten eit stort aktivum i bygda. Det er ein møteplass og ein stad som skaper stoltheit og identitet for bygda sine innbyggjarar, anten ein er fødd i Solund eller i eit framandt land.
Det er viktig at denne verksemda får naudsynte rammevilkår til å leve vidare i beste velgåande.

### 6.1.9.3.10 Økonomi

Det økonomiske avviket (-kr. 92`) er samansett, og er m.a. knytt til netto lønskostnader som aukar som følgje av at Voluntørtenesta opphøyrde, og at opningstidene skulle kunna halde fram
.

## 6.1.10 ØKONOMISK RESULTAT FOR ANSVAR 100 - 150, 410 - 430

| | R - 2019 | RB - 2019 | Avvik R vs. RB | | R - 2018 | Endr. 2019/2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ansvar 100 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -1 592 111 | -1 586 000 | 6 | 0,4 % | -1 515 125 | 77 | 5,1 % |
| Sum utgifter: | 13 092 281 | 13 436 000 | 344 | 2,6 % | 12 843 750 | -249 | -1,9 % |
| Netto driftsramme: | **11 500 170** | **11 850 000** | 350 | 3,0 % | **11 328 626** | -172 | -1,5 % |
| | | | | | | | |
| Ansvar 110 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -1 391 336 | -1 391 000 | 0 | 0,0 % | -1 144 571 | 247 | 21,6 % |
| Sum utgifter: | 4 025 223 | 3 966 000 | -59 | -1,5 % | 2 595 797 | -1 429 | -55,1 % |
| Netto driftsramme: | **2 633 888** | **2 575 000** | -59 | -2,3 % | **1 451 226** | -1 183 | -81,5 % |
| | | | | | | | |
| Ansvar 120 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -3 979 662 | -3 955 000 | 25 | 0,6 % | -2 304 381 | 1 675 | 72,7 % |
| Sum utgifter: | 4 079 662 | 4 055 000 | -25 | -0,6 % | 2 404 381 | -1 675 | -69,7 % |
| Netto driftsramme: | **100 000** | **100 000** | 0 | 0,0 % | **100 000** | 0 | 0,0 % |
| | | | | | | | |
| Ansvar 130 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -1 176 624 | -1 073 000 | 104 | 9,7 % | -1 123 610 | 53 | 4,7 % |
| Sum utgifter: | 999 342 | 848 000 | -151 | -17,8 % | 978 991 | -20 | -2,1 % |
| Netto driftsramme: | **-177 282** | **-225 000** | -48 | -21,2 % | **-144 620** | 33 | 22,6 % |
| | | | | | | | |
| Ansvar 140 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -16 124 | -11 000 | 5 | 46,6 % | -12 960 | 3 | 24,4 % |
| Sum utgifter: | 260 752 | 261 000 | 0 | 0,1 % | 249 498 | -11 | -4,5 % |
| Netto driftsramme: | **244 628** | **250 000** | 5 | 2,1 % | **236 538** | -8 | -3,4 % |
| | | | | | | | |
| Ansvar 150 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -59 694 | -60 000 | -0 | -0,5 % | -195 313 | -136 | -69,4 % |
| Sum utgifter: | 1 710 044 | 1 710 000 | -0 | 0,0 % | 2 895 313 | 1 185 | 40,9 % |
| Netto driftsramme: | **1 650 350** | **1 650 000** | -0 | 0,0 % | **2 700 000** | 1 050 | 38,9 % |
| | | | | | | | |
| Ansvar 410 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -111 342 | -108 000 | 3 | 3,1 % | -170 132 | -59 | -34,6 % |
| Sum utgifter: | 701 497 | 683 000 | -18 | -2,7 % | 736 098 | 35 | 4,7 % |
| Netto driftsramme: | **590 155** | **575 000** | -15 | -2,6 % | **565 966** | -24 | -4,3 % |
| | | | | | | | |
| Ansvar 420 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -454 218 | -456 000 | -2 | -0,4 % | -492 661 | -38 | -7,8 % |
| Sum utgifter: | 1 253 589 | 1 231 000 | -23 | -1,8 % | 1 156 115 | -97 | -8,4 % |
| Netto driftsramme: | **799 372** | **775 000** | -24 | -3,1 % | **663 454** | -136 | -20,5 % |
| | | | | | | | |
| Ansvar 430 | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -576 103 | -597 000 | -21 | -3,5 % | -562 586 | 14 | 2,4 % |
| Sum utgifter: | 518 360 | 447 000 | -71 | -16,0 % | 486 344 | -32 | -6,6 % |
| Netto driftsramme: | **-57 743** | **-150 000** | -92 | -61,5 % | **-76 242** | -18 | -24,3 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 100, 110, 120, 130, 140, 150, 410, 420 og 430** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -9 357 214 | -9 237 000 | 120 | 1,3 % | -7 521 340 | 1 836 | 24,4 % |
| Sum utgifter: | 26 640 750 | 26 637 000 | -4 | 0,0 % | 24 346 288 | -2 294 | -9,4 % |
| Netto driftsramme: | **17 283 536** | **17 400 000** | 116 | 0,7 % | **16 824 948** | -459 | -2,7 % |

Samla sett har desse ansvarsområda eit mindreforbruk på kr. 116` .
Avvika er kommentert ovanfor pr. ansvarsområde.

## 6.2 Ansvar 200, 210, 220 og 250 – Oppvekst og kulturskule

### 6.2.1 Ansvar 200 - Solund barnehage

*Solund  barnehage skal vere ein barnehage der barn, foreldre og tilsette har gode kvardagar. Barnehagen skal vere ein del av Solund kommune sitt mangfald!*

#### 6.2.1.1 Talmateriale:

| *Periode* | *Tal på brukarar* | *Tilsette årsverk* | *Tal Tilsette* | *Merknad* |
|---|---|---|---|---|
| **2019** | Vår  29 stk. | 10,40 | 13 | 50% stilling reinhald<br>100% stilling som tospråkleg assistent<br>100% styrar |
| | Haust 25 stk. | 11,40 | 14 | 50% stilling reinhald<br>100% styrar<br>100% stilling som tospråkleg assistent<br>100% stilling spesialpedagogisk tiltak<br>12 barn under tre år krev ei høgre bemanning. |
| Barnehagen har i tillegg tilsett skule- og barnehageansvarleg  i 15% stilling fram tom 1/8-19 | | | | |

#### 6.2.1.2 Organisering:
Solund barnehage vert drifta med tre avdelingar våren 2019, og to avdelingar hausten 2019. Solund kommune har full barnehagedekning og oppfyller rett til barnehageplass. Solund barnehage har to opptak i året; Hovudopptak 1.mars og suppleringsopptak 1.september.

#### 6.2.1.3 Personal:
Juni 2019 – 1 tilsett fullfører barnehagelærarutdanning.
Hausten 2019 vart det tilsett ei 100% stilling som assistent knytt til spesialpedagogisk tiltak, samt at det vart vedteke å fortsetje med tospråkleg assistent/fleirkulturell kompetanse ut 2019.
Solund barnehage mangler 60% stilling som pedagogisk leiar for å stette krav om topedagognorm.
Det har jamt over året vore stort sjukefråvær, både eigenmeldt og legemeldt.

#### 6.2.1.4 Overordna mål:
*Oppvekstvilkåra for barn og unge vert opplevd som gode.*
*Skule og barnehagetilbodet er blant dei beste i Sogn og Fjordane (jf. Kommuneplan – samfunnsdel)*

Barnehagen sitt arbeid er forankra i Rammeplan for barnehage, Barnehagelova og lokale planar (jf. årsplan for Solund barnehage 2018/2019 og 2019/2020).

I den daglege drifta i barnehagen kan ein forvente:
- daglege opplevingar av å lukkast
- ein trygg plass å vere
- at det vert lagt vekt på omsorg, leik og læring
- at uteliv og fysisk aktivitet vert prioritert
- at barna møter eit godt og heilskapleg oppvekstmiljø

Arbeidet i barnehagen vert planlagt og gjennomført med dette som utgangspunkt. Personalressursar og økonomiske rammer er medverkande faktorar på om dette lukkast.

#### 6.2.1.5 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:
Prioritert aktivitet har vore å utføre tilfredstillande tenester for brukarane (foreldre og barn) samt å arbeide for eit inspirerande arbeidsmiljø for både store og små i barnehagen. Dei siste åra har ein hatt eit aukande fokus på barns psykiske helse, sosial kompetanse samt eit inkluderande barnehagemiljø. Ved å satse på kompetaneheving/kursing i personalgruppa når ein stadig nye mål og personalgruppa får tilført kunnskap og kompetanse som er relevant for den tida vi er inne i. Implementering og iverksetjing av ny Rammeplan har vore hovudfokus.

Døme på aktivitet:

- **Eit aktivt språkmiljø;** Evne til god kommunikasjon må lærast tidleg og barnehagen har dette som satsingsområde. Barna skal ha utbytte av å kommunisere, bruke språket og verte bevisst eige og andre sitt kroppsspråk. I tillegg bruker ein Språkleiken Bravo i barnehagen. Eit sansestimulerande verktøy som er med på å utvikle barnet sine språkferdigheiter samt å stimulerer hjernen til å motta og sortere ny kunnskap. Ein kan vise til gode resultat på dette området. Tilbakemeldingar frå skulen går på at dei tydeleg ser at det vert arbeida godt med språk i barnehagen.
- **Framandspråklege barn; «**Lær meg norsk før skulestart» er vorte eit viktig satsingsområde dei siste åra og her ser ein gode resultat. Å integrere desse barna, samt å lære dei det norske talespråket er viktig – og særs viktig for det seinare utdanningsløpet. Å ha personar med ulike språk innom barnehagen i språkpraksis har vore eit godt tiltak i dette arbeidet. I 2019 har det vore tilsett ein tospråkleg assistent i Solund barnehage. Dette har vore eit godt tiltak inn i arbeidet, og det er svært ynskjeleg at denne stillinga kan verte permanent.
- **Kompetanseutvikling- /plan:** Det har ikkje lukkast å få på plass ny kompetanseplan i 2019.
- **Prosjektstilling oppvekst:** det vart hausten 2018 tilsett prosjektstilling i oppvekst med oppgåver både i barnehage og skule. I barnehagen har dette vore eit særs viktig bidrag inn i kvardagen, både for barn, foreldre og kollegaer. Saman med styrar har ein blant anna starta eit leikeprosjekt som skal gjennomførast og drivast barnehageåret 2018/2019. Prosjektstillinga er ein pådrivar i eit betre oppvekst og læringsmiljø for barna. Denne stillinga har og vore ein pådrivar til å utarbeide eit flott
- **Spesialpedagog:** det var tilsett spesialpedagog tom juni 2019. Det har ikkje lukkast oppvekst å tilsetje ny.
- **SMART oppveskt:** ein samla oppvekstsektor i Solund satset på SMART oppvekst. Eit siktemål i arbeidet med SMART er at alle barn og vaksne skal vere i eit oppvekstmiljø der dei får høve til å ta ut sitt potensiale, styrkar og ressursar. Ein tar i bruk eit styrkebasert perspektiv og deltakande metodar. Noko av det ein fokuserer på er; sosiale historiar, gode samtalar, trening av sosiale evner, og å få eit felles språk rundt karaktereigenskapar.
- **Kulturhagen:** det er starta eit samarbeid mellom Solund barnehage og kulturskulen. 1 dag i veka vert det gjennomført Trommesirkel med dei eldtse barna. Dette for å stimulere det musiske mennesket, samstundes som det er god trening på sosial kompetanse
- **Barnehagebestemor:** hausten 2019 fekk vi vår heilt eiga barnehagebestemor. Dette har vore særs positivt og eit ledd i arbeidet med samarbeid mellom generasjonar. Det vert arbeida for å få til eit samarbeid med Solundheimen. Begge einingar er positive så vi ynskjer å komme i gang med dette snarast.

### 6.2.1.6 Kommentarar til økonomi:

Det er meirforbruk på om lag kr. 79` ved dette rammeområde.
Årsaka til avviket er knytt til reduserte brukarbetalingar og er direkte knytt til retten til redusert foreldrebetaling / maks.pris for 3-5 åringane når inntekta til den/dei føresatte kjem under visse grenser.

Det er verd å merke seg at ein i driftsåret har måtta styrka ramma med bruk av fond 0,5 mill. for å koma i mål. Årsaka til dette er at behovet for tospråkleg assistent også har vore tilstades 2. halvår 2019, og er såleis vidareført ut barnehageåret 2019 / 2020. I tillegg var det behov for ressursar knytt til eit spesialpedagogisk tiltak frå og med hausten 2019, som er vidareført fram til og med utgangen av skuleåret 2020 / 2021. Det underliggjande avviket er såleis høgare enn ovanfor nemnt.

Det har over fleire år vore gjennomført sentrale reformar og pålegg (t.d. tidleg innsats, pedagogreform, redusert foreldrebetaling / gratis kjernetid 3-5 år knytt til inntektsnivå, m.m.), som kan vise seg å skape permanente auka driftsutgifter ved barnehagen. Kor vidt ramma må styrkast permanent, vonar administrasjonssjefen kan verta avklart gjennom OU-prosessen, der den samla organiseringa av *«nye Oppvekst og kultur»* vert eit tema. I denne prosessen vert nemleg alle steinar snudd, herunder spørsmål om korleis spesialpedagogiske, PPT, og andre oppveksttenester skal organiserast.

## 6.2.2 Ansvar 210 - Solund barne- og ungdomsskule

### 6.2.2.1 Talmateriale:

| *Kvartal / periode* | *Tal brukarar/ Elevar* | *Tilsette årsverk* | *Tal Tilsette* | *Merknad* |
|---|---|---|---|---|
| ***Vår 2019*** | 90 | Om lag 18 | 24 stk | Inkl. SFO 0,2 og reinhald 1,6 |
| ***Haust 2019*** | 86 | Omlag 20 | 28 stk | Inkl. SFO 0,50, reinhald 1,6 og vikar som er teke inn grunna langtidssjukemelding.<br>Årsverket er auka grunna særskilte behov i elevgruppa |

### 6.2.2.2 Organisering:
Solund barne- og ungdomsskule er organisert som 4-delt barnesteg og 2-delt ungdomssteg.

Skulefritidsordninga (SFO) gjev tilbod morgon og ettermiddag kvar dag samt heile onsdag. Våren 2019 var det få elevar som nyttar morgontilbodet, maks 2 elevar, men det var oftast morgonar der det ikkje kom elevar i det heile teke. Hausten 2019 har det jamt vore 1 elev om morgonen. Den hyppigaste bruken er etter skuletid og onsdagar. Etter skuletid er det 1 – 3 elevar. Onsdagar har det vore 6-8 elevar som nyttar tilbodet.

Tilbodet på leksehjelp er ein time pr veke for elevar frå 3.trinn. Det er flest elevar frå dei yngre trinna som nyttar leksehjelp. Dette tilbodet ser ut til å treffe best elevar som enten bur i gåavstand frå skulen, eller har føresette som har sin arbeidsstad slik at dei kan hente eleven på skulen etter arbeidstid. Det er grunn til å tru at leksehjepltilbodet kunne vore nytta av fleire ved anna organisering. Hausten 2019 vart det organisert arbeidsplantime for mellomtrinnet med fast tid på skuledagen. Dette kjem det positive tilbakemeldingar på frå lærarar og elevar.

### 6.2.2.3 Overordna mål:
Skulen driftar etter Opplæringslova og gjeldande læreplanar i dei ulike fag. Barnekonvensjonen er også eit viktig dokument i arbeidet.
I tillegg ligg det føre lokale vedtak, som kommuneplanen med samfunnsdel, kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og ulike føringar kring personalarbeid.

### 6.2.2.4 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:
Kva er ein «god skule»? Alle som har skulen som arbeidstad skal opplever ein trygg og god kvardag, utan krenkande adferd og mobbing. Skulen skal legge tilrette for utviklande læringsmiljø, med rom for individuelt tilpassa opplæring og fråvær av øydeleggande bråk og uro. Dei vaksne skal har eit godt arbeidsmiljø, med handlingsrom og høve til å gjere ein god jobb. Dette stiller krav til både skuleeigar og arbeidsgjevar. Men, også den einskilde som er del av skulekvardagen; elevar, føresette og tilsette, har eit individuelt ansvar for å lukkast.

Korleis arbeide for å nå nasjonalt krav om riktig kompetanse på ulike nivå
Personalressursane er den viktigaste ressursen for å oppnå «den gode skulen». Det er menneska som skaper det gode og trygge lærings- og arbeidsmiljøet. Dette er igjen samansett av mange faktorar, som m.a. kompetanse, personlege eigenskapar, rammevilkår, mot, vilje, høve til å ta handlingsrom ol.
I Solund har vi mange dyktige lærarar som har lang røynsle og som syter for kontinuitet og stabilitet. Dei siste åra har ein også rekruttert nyutdanna lærarar. Likevel har vi framleis fleire tilsette utan godkjent pedagogisk utdanning.

Å rekruttere tilfredsstillande kompetanse kan gjerast enten ved å tilsetje eller tilrettelegge for at tilsette tek ønskja utdanning. Skulen har kompetanseutviklingsplan som er utvikla på bakgrunn av kartlegging i personalgruppa og nasjonale kompetansekrav som vert gjeldande frå 2025. Tilsette vert oppmoda om å søkje på vidareutdaning og stipendordningar gjennom Utdanningsdirektoratet (UDIR). I tillegg til UDIR si stipendordning er det eigendel knytt til reise og opphald som arbeidsgjevar må betale.

6 lærarar søkte på vidareutdanning gjennom *Kompetanse for kvalitet* der Utdanningsdirektoratet (UDIR) har stipendordningar retta mot særskilte fag. Planen var at tilsette skulle ta til på studiet hausten 2019. Av søknadane vart 1 søknad godkjent med stipendordning. Grunngjevinga for at dei 5 andre søknadane ikkje vart godkjente var at kommunen er for liten og faga som det var søkt på ikkje var prioriterte fag i tråd med UDIR si tildeling av stipend.

Våren 2019 var det ein lærar som held på med grunnutdanning. Den tilsette har pause i utdanningsløpet skuleåret 2019 – 2020, men planlegg å fullføre utdanninga skuleåret 2020 – 2021.
Hausten 2019:
- Ein lærar byrja på studie med stipendordning frå UDIR.
- Ein lærar byrja på studie utan stipendordning frå UDIR. Skulen tek kostnaden.
- Ein lærar har permisjon skuleåret 2019 – 2020, som direkte konsekvens av å ikkje få godkjent studie gjennom stipendordninga.

<u>Rekruttere nytilsette:</u>
Kompetanseplanen viser kva fag som må prioriterast for å nå nasjonale krav om riktig kompetanse på riktig nivå. Arbeidsgjevar opplever stor vilje blant dei tilsette for å bidra til å nå måla, men det vert noko demotiverande å ikkje få tildelt stipendordning frå UDIR pga kommune-/skulestorleik, når behovet for kompetanse er til stades. Dette betyr i praksis at skuleeigar må ta kostnaden med kompetansehevinga om skulen skal nå nasjonale krav og mål.

I perioden august 2016 - des. 2019 har skulen rekruttert 6 lærarar med 0 - 2 år arbeidserfaring og 2 lærarar med min. 10 år arbeidserfaring. Dette er positivt! Av desse har 5 framleis tilsetjings-forhold ved skulen, der ein er i permisjon inneverande skuleår medan ein har permisjon i del av skuleåret. Opp i det positive er det ei utfordring at det ikkje er mogeleg å rekruttere lærarar med undervisnings-kompetanse på 1.- 4.trinn. Denne studentgruppa er eksklusiv då det nasjonalt er svært få studentar på grunnskulelærarstudiet 1.-7.trinn. For Solund kan dette verte ei stor utfordring om ganske få år.
I same perioden er skuleleiinga vorte «ny». Skuleleiinga tel 2 tilsette, med tilsaman 1,3 årsverk. Det tek tid og verte trygg på arbeidsoppgåver, men grunna mange dyktige medarbeidarar ved skulen har ting gått seg til og opplæringstilbodet til elevane har vore tilfredsstillande.
I same perioden, august 2016 – desember 2019, har 8 tilsette, med fast tilsetjingsforhold, slutta ved skulen. Når personalgruppa kvart skuleår tel kring 25 tilsette ser ein at det ikkje er uproblematisk at del av personalgruppa sluttar, er nytilsett eller er nyutdanna. Kontinuiteten i kvardagen bremsar litt opp når personalgruppa mistar dyktige medarbeidarar og nye skal verte kjent.

Elevtalet vart redusert med 4 elevar skuleåret 2019 – 2020, og vil halde fram med å gå ned kommande skuleår. Rekruttering vil likevel vere naudsynt fordi det er fleire tilsette som har redusert undervisning grunna alder og det er tilsette som har varsla at dei kjem til å vurdere og slutte i arbeidslivet.

#### 6.2.2.5 Framtidas skule
Kva behov er det til framtidas skule? Korleis skal opplæringa stette framtidas samfunnsbehov? Skulen er i endring med nye læreplanar som er under arbeid, ny teknologi som kjem i full fart inn i samfunnet, trendar og påverknader som viser seg gjennom haldningar og åtferd. Alt dette må skulen ta omsyn til og skulen må vurdere om det må gjerast endringar for å i møtekomme framtidas behov.

<u>Fagfornyinga</u>
Nye læreplanar skal verte teke i bruk frå august 2020. Skuleåra 2018/2019 og 2019/2020 har utviklingstida ved skulen vorte nytte til å setje seg inn i fagfornyinga. Først overordna del og så læreplanane. Dei nye læreplanane vart lagt ut av UDIR 19.11.2019 og våren 2020 er planlagt til gjere seg kjent med læreplanane og gjere dei til eit praktisk og levande verktøy for Solund-skulen.

Fagfornyinga har fokus på:
- at det eleven lærer er relevant og at eleven lærer seg å reflektere, er kritisk, utforskande og kreativ
- djubdelæring
- tverrfagleg samanheng

Tre tverrfaglige tema skal prioriterast:
- demokrati og medborgerskap
- bærekraftig utvikling
- folkehelse og livsmestring

Digital kompetanse:
Framtidas unge skal ha kompetanse og evne til å forstå eit stadig meir digitalisert samfunn. Skulen prøver i møtekomme dette ved
- å sikre kompetanse i personalgruppa
- å ha fokus på å nytte digitale verktøy som del av undervisninga
- å tilby programmering som valfag på ungdomskulen

Fleire tilsette har ikkje naudsynt kompetanse og tryggleik til å gjennomføre strekpunkta ovanfor. Hausten 2019 prioriterte skuleleiinga å nytte 40 % stilling til digital pedagog over 3 månader. Trass i at ressursen var for liten, vart resultatet ein konkret IKT-plan der kompetansemål vart synleggjort på kvart trinn og med hjelpeinstruks til korleis få dette til. Vidare vart det gjennomført nokre kompetansehevingstiltak i personalgruppa.
I tillegg starta ein tilsett på programmeringsstudiet. Å ha denne kompetansen i personalgruppa vil m.a. kunne løyse ut økonomiske midlar til utstyr frå UDIR.

Andre endringar som vil kome?
Vi ser at det kan vere nokre samfunnsendringar når det gjeld haldningar og adferd og kva vil framtidig bru internt i Solund kommune ha å seie for oppvekstmiljøet? Vil det vere behov for, eller høve til, anna organisering av skuledagen, kva SFO-tilbod skal verte gjeve, kva med leksehjelp, skuleskyss og rom for fritidsaktivitetar?
I arbeidet med fagfornyinga ser vi at det vil vere behov for fleksible undervisningslokalitetar, bruk av lokalsamfunnet og samarbeid med eksterne arbeidsgjevarar og vidaregåande skule for å gje eit variert, relevant og praktisk opplæringstilbod. Gjennom arbeidet med å utvikle oppvekstmiljøet vil det vere behov for samarbeid med eksterne partar. Noko av dette er også tema som verte teke opp gjennom *Organisasjons- og leiarutviklingsprosessen (OU)* som skulen deltek i. Noke vil truleg verte ivareteken ved bygging av nytt skulebygg. Skulen må vere førebudd til å takle både faglege og sosiale utfordringar og trendar.

#### 6.2.2.6 Skulemiljø:
Skulen er kome eit langt steg vidare i arbeidet med å få på plass system som skal førebygge, avdekke og følgje opp hendingar i skulemiljøet. Men, system aleine er ikkje nok. Personalet har ansvar kvar og ein med å gripe inn og ta tak om noko uønska skjer. Tryggleik og gode relasjonar mellom vaksne og elevar er viktig, både i førebyggingsarbeidet, men også når uønska hendingar skal følgjast opp.

Aktivitetar skulen har for å fremje positivt skulemiljø
- Elevundersøking kvar haust. Er anonym
- Gjennomføre UngData undersøking kvart 3.år
- Samtale mellom elev og kontaktlærar, tema er både fagleg og sosialt
- Gjennomføre klassetrivselundersøkingar på trinn-nivå
- Samarbeid med føresette, både på gruppenivå og individnivå
- Trivselsleiarar som organiserer aktivitetar i matfriminuttet.
- Er tema på ulike møtearena (foreldremøte, samtale, møter internt på skulen)
- Varmt fellesmåltid 1 gang pr 14.dag pr hovudtrinn. Vert tilbereda på skulekjøkkenet og servert i kantina på ungdomskulen.
- Møte med skulehelsetenesta
- Leiarane i oppvekstektoren har møte med tema
- Barneombodet hadde samling med elevar, føresette og tilsette februar med tema mobbing.
- Mars : Opplæring *SMART oppvekst* for tilsette.
- Endre Praksis gjennomførte opplæring «Nettvett» for føresette mai
- August: Tok i bruk *SMART oppvekst* som verktøy i utviklinga av sosial kompetanse på alle trinn.

- August: Fagdag for tilsette i verktøyet «*Psykologisk førstehjelp*». Eit samarbeid med Foreldrerådsutvalet (FAU) og skulehelsetenesta. Også tilbod til føresette.
- «Lær å mobbe» samling med elevar 7.-10.trinn og føresette september.
- Barnevakten samling med elevar på mellomtrinnet og foreldremøte oktober
- Sertifisering av 1 tilsett innan foreldrerettleiing.
- Politiet hadde «DELBART» med elevar på 7.-10.trinn og foreldremøte november .
- Sosial handlingsplan vart revidert hausten 2019 og vedteken i Skulemiljøutvalet 18.12.2019.

Elevrådet har hausten 2019 hatt mykje fokus på skulemiljøet, og har mellom anna vore aktive i arbeidet med å revidere og gjere *Sosial handlingsplan for Solund kommune* kjent for elevar, føresette og tilsette. Elevrådet er kjent med resultata av elevundersøkinga. Eit konkret tiltak er å få på plass kontor på ungdomskulen til helsesjukepleiaren. Vil vere på plass våren 2020.

Elevundersøkinga 2019 viser auka trivsel og motivasjon for læring. Elevane opplever å få naudsynt støtte og hjelp av lærar, medan heimen si deltaking i skulearbeidet viser noko redusert resultat. Det er ulik grad av opplevd arbeidsro i timane. Dessverre er det fleire som opplever nettmobbing, medan det er mindre mobbing som er knytt til tida på skulen. Ei anna tilbakemelding er at elevane ønskjer meir praktisk undervisning.

Skulen har delteke i TL-program sidan hausten 2016. Dette var i utgangspunktet eit 3 årig prosjekt som er vidareført. Trivselsleiarar (TL) organisere aktivitetar i matfriminuttet og det er elevar frå 5.-10.trinn som er TL-ar. Programmet kostar om lag kr 50 000,- pr år for å delta. Kostnaden inneber 2 kurs pr år for TL-ane, utgifter ved transport til kursstaden, kontaktperson nasjonalt og ein lokal TL-kontaktperson.

Samarbeidet med foreldre er formalisert gjennom møte i samarbeidsutval, skulemiljøutval og foreldreråd, og elles gjennom klassevise foreldremøte og konferansar.

#### 6.2.2.7 Arbeid med arbeidsmiljøet.

Det er fleire faktorar som påverkar arbeidsmiljøet.
*Leiinga* har ansvaret for dagleg drift, både fagleg, administrativt og opp mot personal. Ved skulen er det 1,3 årsverk knytt til leiing. Det er signaler om at dette er noko i underkant av det faktiske behovet ved skulen. Nye oppgåver kjem til, det vert stilt krav om å utvikle skulen mot ei framtid som ein ikkje sikkert veit kva inneber og samfunnsutviklinga krev at leiinga er tett på i skulekvardagen. Forskingsresultat på leiing viser at dei skulane som lukkast med sitt arbeid er dei skulane som har leiing som er *tett på.* Det er grunn til å tru at ein må sjå nærare på om det er oppgåver som kan løysast av andre enn leiinga slik det er organisert pr. dd., for eksempel av merkantil ressurs. Truleg vil dette vere del av OU-prossessen skulen deltek i.

*Kompetanse* er også viktig for arbeidsmiljøet. Skulen er liten og det å ha faglege nettverk er viktig for elevane si læring. Eit fagleg nettverk kan organiserast innafor i skulen, men det er også viktig at ein har nettverk ved andre skular. Nettverksarbeid krev økonomiske ressursar.
Kompetanseutviklingsplanen legg opp til minst to tilsette med ønskja kompetanse i kvart fag. Dette kan verte ei utfordring då utdanningssystemet ikkje imøtekjem små skular sine utfordringar med å kunne gje 100 % stilling innanfor lærar sine fag.

*Sjukefråvær*. Vikarmarknaden i Solund er liten og når vikarbehovet melder seg er det ikkje alltid mogeleg å løyse optimalt. Skulen har gjennom heile perioden hatt tilsette som har fråvær, både kortare og langtidssjukmelding. Etter drøftingar med tillitsvalde vart det avtalt å legge inn ekstraressursar i kvardagen, mot at kortare fråværsperiodar skulle verte dekka opp utan vikar. Mellom anna organisert med parallelle fag på hovudtrinn der faglærar skal samarbeide. Fagarbeidarar/assistentar er sett inn på nokre hovudtrinn. Tiltaka har gjeve positive resultat ved at det er kjente personar som tek over undervisninga ved fråvær. Men, det har også vore naudsynt å setje inn vikar, og ved bruk av allereie tilsette med 100 % stilling har det vore noko bruk av overtidstillegg.

#### 6.2.2.8 Samarbeid med lokalmiljø

Skulen ynskjer å nytte lokalmiljø og lokalt arbeidsliv som læringsarenaer. Gjennom utplassering og besøk på ulike arbeidsplassar får elevane kjennskap til moglegheiter i eigen kommune. I ungdomsskulen får dei også høve til å hospitere på vidaregåande skule for å få kjennskap til moglege yrkesval.
Skulen har gjort avtale med lokale arbeidsgjevarar ved å underteikne partnarskalsavtale, Solund kommune er ein av arbeidsgjevarane.

Fellesmåltida, som vert gjennomførte som del av skulemiljøutviklinga, er sponsa med laks frå Sulefisk. Laksemåltida har vore positivt motteken blant elevane.
Det er utfordrande å finne personalressursar internt som kan ha fokus på dette positive tiltaket. Tidlegare har volantørane vorte nytta, men hausten 2019 tok denne ordninga slutt. Pensjonistlaget vart kontakta rundt årskiftet 2018/2019 for å prøve få til eit samarbeid kring tillaginga av måltida, men av ulike årsaker lukkast vi ikkje med dette.

Det vert kjøpt undervisningsteneste frå Norsk Kystkulturakademi og privatpersonar ved behov. Eksempel her er valfaget «Natur, miljø og friluftsliv» på ungdomsskulen og opplæring knytt til historiske stader i kommunen, for eksempel Utvær.

Fast kvar haust er å «riste» elevane saman når dei tek til på ungdomskulen Dette er ein tradisjon tilbake til då det var fleire grendaskular i kommune og elevane skulle byrje på den same ungdomsskulen. No nyttar skulen høve til å halde liv i tradisjonen ved å besøkje ulike stader i kommunen. Hausten 2019 var Sognesjøhytta eit mål for både mellom- og ungdomstrinnet. Småskulen hadde turstien frå skytebana via Lia til Råke som mål.

#### 6.2.2.9 Tverrfagleg samarbeid

Skulen har samarbeid med skulehelsetenesta, barnevern og PPT. Dette har vist seg å vere svært viktig for å kunne gje hjelp til elevar som treng hjelp av ulikt slag. Utviklinga av dette samarbeidet er del av OU-prossessen.

Frå 01.08.2018 har skulen nytta del av prosjektstillinga i oppvekst. Erfaringane med stillinga er svært positiv. Den tilsette vert nytta til observasjon både inne i klasser og ute, samt deltek i arbeidet med å utvikle oppvekstmiljøet saman med personalgruppe elles. Stillinga har vore aktiv i arbeidet med implementeringa av SMART oppvekst. Gjennom 2019 er ulike planarbeid vorte sett i gang og delvis ferdigstilt. Tilbakemeldinga er at det er positiv med ein ekstraressurs/sosialpedagogisk miljøstilling i skulemiljøet.

I samarbeid med skulehelsetenesta er 1 tilsett ved skulen sertifisert ICDP-rettleiiar. Dette er eit foreldrerettleiingsprogram. Skulen ønskjer å systematiserer bruken av denne kompetansen og vonar foreldregruppa vil nytte den. I samband med sertifiseringa vart programmet gjennomført med føresette som var frivillege «testpersonar» Tilbakemeldinga på programmet er svært positivt.

#### 6.2.2.10 Prosjekt/ investeringsprosjekt:

*Forprosjekt Ny skule*
Det er sett ned ei arbeidsgruppa samansett av tilsette, elevar og prosjektleiing opp mot nye lokalitetar der spesialrom, klasserom til ungdomskulen og arbeidsrom for tilsette skal vere. Det er også planlagt bibliotek i same bygg. Målet er utforme ein skule som fangar opp i seg krava til ein open, moderne, og samhandlande skule, som ivaretek både kravet til eit godt læringsmiljø og eit stimulerande arbeidsmiljø for alle brukarar av skulen; - herunder dei funksjonar som skal bruke bygningen og lokalitetane på ettermiddag og kveldstid. Alt i tråd med mandatet som er gitt frå Kommunestyret

Prosjektmidlar «Skulen brukar lokalsamfunnet»
Desse midlane vart ikkje vidareført som prosjekt til 2019. Skulen har nytta eigne driftsmidlar for å dekke utgifter ved aktivitet der skulen nyttar lokalsamfunnet. I tråd med samfunnsplanen for Solund

kommune skal barn og unge verte kjent i eigen kommune. Det er behov for økonomi til transport og kjøp av undervisningstenester. Kulturformidlingsturane vert delvis dekka gjennom Den kulturelle skulesekken.
Det er mangfold i Solund-samfunnet og kompetansemål i for eksempel faget «Mat og helse» vert nådd ved å få hjelp frå innbyggjarar frå andre kulturar til å gje innblikk i deira mattradisjonar. Dette ved praktisk økt på skulekjøkkenet.

Samarbeid med kulturskulen
Dei siste åra har skulen utvikla samarbeid med kulturskulen, fortrinnsvis på leiarnivået. Men, det er på gang tankar om å kunne utvikle samarbeidet direkte med elevgruppa. Det har starta litt opp mot dei yngste, men vi vonar dette kan utvikle seg opp mot faste prosjekt i tråd med årshjulet.

#### 6.2.2.11 Kommentar til økonomi

Det er meirforbruk på om lag kr 111`ved dette rammeområde.
Årsaka til avviket, er i hovudsakleg naudsynt bruk av vikar. Undervisningspersonell har fått overtidsbetaling grunna 100 % stilling og det har vore behov for vikar ved reinhald.
Del av underskotet skuldast også for mykje budsjettert refusjon knytt til ein svangerskapspermisjon.

Det er verd å merke seg at ein i driftsåret har måtta styrka ramma med 0,5 mill. Det underliggjande avviket er såleis høgare enn ovanfor nemnt. Styrkinga av ramma er vidareført i tilkomande driftsår. Årsaka til dette er at det over fleire år har vore gjennomførtsentrale reformar og pålegg, som t.d. tidleg innsats og auka fastlønskostnadar som følgjer med nye kompetansekrav knytt til nytilsette. Alt dette har skapt jamt aukande driftsutgifter ved skulen; - utover den årlege prisveksten.

Administrasjonssjefen vonar at det gjennom OU-prosessen kan verta avdekka om det er mogleg å få gjort noko med den samla organiseringa i Oppvekst, som kan skape permanente reduserte utgifter i *«nye Oppvekst og kultur»*, utan at ein bryt lover og / eller at det går ut over elevane og kvaliteten i skulen.

## 6.2.3 Ansvar 220 – Skule- og barnehagefagleg ansvarleg

#### 6.2.3.1 Organisering:

Skule- og barnehagefagleg ansvarleg er skule- og barnehageeigar, med dei ansvarsområda som følgjer av barnehagelova og opplæringslova. Såleis har skule- og barnehagefagleg ansvarleg det overordna ansvaret for barnehage, skule og kulturskule i kommunen. Innanfor ansvarsområdet ligg også ansvaret for Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT), vaksenopplæring, skuleskyss og reinhald idrettsbygg. Prosjektstillinga knytt til oppvekstmiljøet i Solund ligg også under dette ansvarsområdet.
Solund deltek i regionssamarbeidet Hafs oppvekst og utdanning. Regionen samarbeider om felles satsingar innan barnehage og skule.

Skule- og barnehagefagleg ansvarleg er kommunen sin kontaktperson ut mot KS, fylkesmannen, fylkeskommunen og andre som vil kontakte kommunen på eit overordna nivå. I det interkommunale PPT-samarbeidet er skule- og barnehagefagleg ansvarleg kommunen sin representant i fagrådet. Gjennom 2019 har det faglege samarbeidet mellom barnehage, skule og kulturskule utvikla seg vidare. Einingane har faste møte der fokuset er å skape eit best mogleg oppvekstmiljø for barn og unge i Solund.

Fram til sommaren 2019 var det nytta 30% stillingsressurs til skule- og barnehagefagleg ansvarleg. Oppgåvene vart løyste i kombinasjon med stillinga som rektor. Kommunestyret gjorde i sak 022/19 vedtak om å auke stillingsressursen til 100%. Det vart gjort tilsetjing frå 01.08.19. Først vart oppgåvene løyst i kombinasjon med stillinga som undervisningsinspektør ved skulen, men frå 01.11.19 har stillingsressursen vore 100%.

#### 6.2.3.2 Overordna mål:
Legge til rette for at born, ungdom og vaksne får eit livslangt opplæringstilbod i tråd med barnehagelova og opplæringslova med forskrifter.

#### 6.2.3.3 Lokale mål:
Dei lokale måla er vedtekne i Kommuneplan for Solund 2008 – 2020, samfunnsdelen.
Måla er overordna med konkret målsetjing på innhald på tenestene som vert gjeve barn, ungdom og vaksne, samt som kommunen som arbeidsgjevar.

*Oppvekstvilkåra for barn og unge vert opplevd som gode. Skule- og barnehagetilbodet i Solund er blant det beste i Sogn og Fjordane.*

| | **Målberre mål** |
|---|---|
| 1 | *Kommunen har godkjente fagpersonar i alle pedagogiske stillingar og fagarbeidarar med god kompetanse.* |
| 2 | *Innanfor læringsutbytte i skulen skårar elevane i Solund blant dei beste i fylket* |
| 3 | *Barn i barnehagane og skulane opplever høg grad av trivsel.* |
| 4 | *Føresette til born i barnehagane  og skulane er nøgde med det tilbodet kommunen gjev.* |
| 5 | *Skulane og barnehagane er mellom dei beste til å bruke digitale verkty.* |
| 6 | *Det vert jamleg gjennomført skulevurderingar i samarbeid med HAFS.* |

*Kommunen har godkjente fagpersonar i alle pedagogiske stillingar og høg fagarbeidararkompetanse*:
Det er gledeleg at systematisk arbeid med kompetanseheving ved barnehagen har gjeve resultat, det er no 100 % fagarbeidardekning blant dei fast tilsette. Nye retningslinjer som gjeld pedagognorma, med å ha to pedagogar pr. avdeling, viser at barnehagen må tilsette fleire med pedagogisk utdanning. Det er ikkje rom for det innanfor dagens økonomiske ramme.

Å rekruttere riktig undervisningskompetanse i undervisningsstillingar ved grunnskulen er ei utfordring. Skulen har tilsette i undervisningsstillingar som ikkje har godkjent pedagogisk utdanning. Kompetanseplanen må vere framtidsretta og i tråd med gjeldande opplæringslov med forskrifter. Dei nye kompetanseforskriftene betyr at det vil verte dyrare å tilsette utdanna og kvalifisert personale. Denne kostanden må innarbeidast i framtidige budsjett.

*Innanfor læringsutbytte i skulen skårar elevane i Solund blant dei beste i fylket*
Grunnskulepoenga for 2019 ligg over gjennomsnittet både i Sogn og Fjordane og heile landet. Resultata på dei nasjonale prøvene er under landsgjennomsnittet. Skulen arbeider med å få på plass system for å følgje opp og setje inn tiltak for å betre resultata. Dette er ei utfordring fordi ein må ha tilgjengeleg ressursar, både menneskelege, økonomiske samt kompetanse.

*Barn i barnehagane og skulane opplever høg grad av trivsel*
Det er berre skulen som har systematisk undersøking på trivsel. Ung data vert gjennomført med ungdomsskuleelevar og elevundersøkinga vert gjennomført kvart år for elevar frå 5. til 10.trinn. Elevundersøkinga for 2019 viser at det er auka trivsel blant elevane ved skulen. Mobbetala er redusert, men nettmobbing aukar. Elevane gjev tilbakemelding på at det ikkje er særleg god arbeidsro i timane. Dette må arbeidast vidare med. Prosjektstilling oppvekst er eitt tiltak for å auke trivsel og redusere mobbing. Det vart gjort tilsetjing i stillinga frå august 01.08.2018. Stillinga er grundigare omtalt lenger nede. Ein viser også til Kvalitetsmelding for oppvekstsektoren som har grundig omtale av tiltak knytt til trivsel.

*Føresette til born i barnehagane  og skulane er nøgde med det tilbodet kommunen gjev*
Det er ikkje gjennomført brukarundersøking i 2019, korkje for skule eller barnehage.

*Skulane og barnehagane er mellom dei beste til å bruke digitale verkty.*
I framtidas barnehage og skule vil digitalisering stå sentralt. Barnehage og skule har ulik tilgang til digitale hjelpemiddel. For å nå målet må det gjerast investering i både utstyr og kompetanse. I

budsjettet for 2020 fekk barnehage og skule investeringsmidlar til digitalt utstyr, og det er allereie kjøpt inn ein del utstyr. Det var lyst ut ei kortsiktig prosjektstilling som digitalpedagog i skulen frå hausten av, og den som vart tilsett gjorde eit grundig arbeid med å få på plass ein IKT-plan for skulen.

*Det vert jamleg gjennomført skulevurderingar i samarbeid med HAFS*
Barnehagen hadde ekstern vurdering mars 2019 med temaet «Leikekloke vaksne som støtte i barna sin leik». Rapporten frå vurderinga finst her: https://www.hafs.no/files/2019/05/vurderingsrapport_solund.pdf
Ved skulen er det planlagt ekstern vurdering i 2021.

#### 6.2.3.4 Skildring av vanleg drift/aktivitet
Årleg vert det lagt fram ei kvalitetsmelding for oppvekstsektoren. For 2019 vedtok kommunestyret følgjande fokusområde for oppvekstsektoren:

- Mobbing/inkluderande oppvekstmiljø
- Psykisk helse
- Korleis det vert arbeida med kvalitet

Kvalitetsmeldinga for 2019 gjev ei utfyllande oversikt over korleis det har blitt arbeidd med desse fokusområda i 2019.

Oppvekstsektoren i Noreg står ovanfor store endringar dei neste åra. Ny rammeplan for barnehagar vart innført frå 2017, og nytt læreplanverk for skulen vert gjeldande frå hausten 2020. Skulen har i 2019 halde fram arbeidet med å førebu seg til å ta i bruk det nye læreplanverket, og vil halde fram med det i 2020. Rammeplanen og læreplanverket er bygd opp slik at dei skal bidra til større samanheng mellom barnehage og skule. Samanhengar og inkluderande oppvekstmiljø har vore satsingsområde i oppvekstsektoren gjennom 2019, og arbeidet vil halde fram i 2020.

Gjennom regionsamarbeidet i Hafs oppvekst og utdanning deltek Solund i felles satsingsområde innan barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring. I korte trekk har regionsamarbeidet felles fokus på kompetanseheving, utvikle kvalitetssystem (der ekstern vurdering er eit tiltak) og kommunen som eigar og tilsynsmynde.

Solund har delteke i den nasjonale satsinga *Inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule* saman med dei andre kommunane i regionsamarbeidet. Oppstart var i januar 2018. Gjennom året har vi delteke på nasjonale samlingar. Barnehagen, skulen, kulturskulen, spesped-stilling og prosjektstilling har jamne møte for å drifte arbeidet med inkluderande oppvekstmiljø i Solund. Denne gruppa hadde ansvar for planlegging og gjennomføring av fagdag for alle interesserte vaksne i februar 2019, der mobbeombodet i Sogn og Fjordane hadde det faglege innhaldet. Dagen hadde som mål å setje fokus på å styrke vaksenrolla i møte med barn og unge. Føresette, tilsette i oppvekst, skulehelsetenesta og aktivitetsleiarar i fritidsaktivitetar deltok.

I april 2019 vart det gjennomført fagdag for tilsette i HAFS med tema *Psykisk helse og livsmeistring* i grendahuset på Hardbakke. I november vart det gjennomført felles plandag for oppvekstsektoren i Solund med fokus på inkluderande oppvekstmiljø.

Opplæring er livslangt.
Den sentrale målsetjinga er at uavhengig av kvar ein bur, skal alle oppleve opplæringa som likeverdig og individuelt tilrettelagt. Dette føreset at det til ei kvar tid er naudsynt kompetanse tilgjengeleg.
I tråd med barnehage- og opplæringslova betyr dette variert pedagogisk kompetanse, enten tilsett ved den einskilde barnehage og skule eller at kompetanse er tilgjengeleg gjennom eksternt samarbeid. Oppvekst har samarbeid med fleire eksterne samarbeidspartar som t.d. PPT, barnevern, BUP, hjelpemiddelsentralen og Statped som tilbyr særskilt kompetanse. Oppvekstsektoren har jamleg møte med fleire av desse partane, enten på kommunenivået eller på einingsnivå. Møte på einingsnivå er opp mot konkrete saker. Solund kommune tek del i internkommunal avtale om PPT og barnevernstenesta og betalar eigendel for bruk av tenesta.

Kompetanse og rekruttering
Det er ei lokal målsetjing å ha riktig kompetanse ved einingane til ei kvar tid. Alle med fast tilsetjing i Solund barnehage er utdanna fagarbeider eller barnehagelærar/lærar. Det vert arbeidd med å få sett i gong oppdatering av kompetanseplanen Ved eininga er det blant anna behov for å få på plass fleirspråkleg/fleirkulturell kompetanse. I dag er det tilsett tospråkleg assistent. Denne bør vere fast og ha ønskja kompetanse. Barnehagen oppfyller ikkje pedagognorma slik situasjonen er i dag. Det er ikkje tilført pengar som gjer at ein kan oppfylle denne.

Frå 2024 vert det sett i verk strengare kompetansekrav til lærarar på barne- og ungdomsskulen. Det er difor viktig at lærarar i Solund får høve til å ta vidareutdanning. Gjennom satsinga «Kvalitet for kompetanse» i regi av Utdanningsdirektoratet kan lærarar i skulen få tilbod om vidareutdanning samstundes som dei er i arbeid. Våren 2019 søkte seks lærarar vidareutdanning gjennom denne satsinga. Dessverre fekk berre ein av dei tilbod om plass. Dette er uheldig, fordi det kan føre til at færre søkjer vidareutdanning.
Det er ei utfordring å få pedagogisk personell med ønskja kompetanse i grunnskuleopplæringa. Det gjeld særleg på dei yngste trinna. Dette er ei utfordring som heile Noreg står overfor. Ulike rekrutteringsstrategiar vert teke i bruk/ kan verte teke i bruk, slik som at kompetanseutviklingsplanen synleggjer ønskja vidareutdanning, at det vert lagt til rette for deltidsstillingar i kombinasjon med grunnutdanning og at skulen tek i mot studentar.

I løpet av dei neste åra står Solund kommune framføre stor utskifting av personell grunna avgang til pensjonisttilvære og at tilsette sluttar/har permisjon frå stillinga. Dette gjer at behovet for rekruttering av grunnleggande pedagogisk kompetanse må ha fokus. Barnehagelova og opplæringslova set krav til pedagogisk kompetanse. Å vere tilsett ved små einingar krev stor fleksibilitet i personalgruppa. T.d. kan ikkje tilsette i Solund-skulen forvente fulltidsstilling i tråd med eigen fagkompetanse, men må rekne med å undervise i fag der eigen kompetanse ikkje er tilfredstillande. Dette er ein av fleire faktorar som ikkje gjev Solund kommune fortrinn på arbeidsmarknaden i rekrutteringsarbeidet. Å rekruttere grunnleggande pedagogisk kompetanse (barnehagelærarar og lærarar) er ei utfordring.
Ein ser elles at det er utfordrande å få tilgang på vikarar med ønskja kompetanse. Det gjeld både i barnehage og skule.
I årsmeldingsperioden har det vore lagt til rette for at arbeidstakarar får gjennomføre utdanning, vidare- og etterutdanning. Innanfor oppvekstsektoren har det vore lagt til rette for følgjande utdanning:

- Barnehage
    - 1 deltidsstudie som barnehagelærar
- Skule
    - 1 lærarutdanning, grunnutdanning
    - 1 lærar med permisjon grunna masterutdanning
    - 1 lærar med vidareutdanning tilknytt satsinga «Kompetanse for kvalitet»

Norskopplæring for vaksne
Norskopplæring på dagtid har vore for deltakarar gjennom introduksjonsprogrammet. Etter kvart som fleire vart ferdige med introduksjonsprogrammet og byrja i arbeid, har det blitt færre elevar her, og dermed mindre behov for tilsette. Hausten 2019 var det berre to elevar att. Undervisningslokala i 2019 var i grendahuset. Det vart utfordrande å få på plass undervisningskompetanse frå hausten av. Dette må løysast i 2020. Det er svært positivt at alle som har vore elevar anten er i utdanning eller i arbeid.
Norskopplæring på kveldstid vart arrangert våren 2019, slik som ifjor. Grunna utfordringane med å få på plass undervisningskompetanse var det ikkje tilbod om norskopplæring på kveldstid hausten 2019.

PPT (Pedagogisk-Psykologisk Teneste)
PPT er ein lovpålagt teneste. Solund deltek i det interkommunale samarbeidet «Ytre Sogn og Sunnfjord PPT». Skule- og barnehagefagleg ansvarleg deltek i fagrådsmøte i samarbeidet. Både barnehage og skule nyttar tenester frå det interkommunale samarbeidet, noko som gjer at oppvekst har tilgang til ulik kompetanse. Barnehagen og skulen har ein fast kontaktperson. PP-tenestene vert kjøpt på grunnlag av barne- og elevtal ved barnehage og skule. Tidlegare var det knytt 0,3 årsverk til PPT med kontorstad i Solund. Denne stillinga vart vakant frå 01.08.16, og er no teken bort.

Idrettsbygget
Solund kommune har ansvaret for aktivitet i idrettsbygget på dagtid/i skuletida. Bygget vert nytta av både barnehage, skule og har også tilbod til vaksne, t.d. i regi av Aktiv på dagtid og fysioterapitenesta. I tillegg har Gulen kommune leigd bassenget for å halde symjeopplæring for sine elevar. Solund idrettslag har ansvar for aktivitet i bygget på ettermiddag/kveldstid. Det er generelt stor aktivitet i bygget, både på dagtid og på kveldstid.

Prosjektstilling miljøterapeut / miljøarbeidar:
01.08.2018 vart *prosjektstilling oppvekst* ei verkelegheit. Oppvekstsektoren fekk ei stilling som skulle vere med og ha fokus på oppvekstmiljøet i Solund i perioden 01.08.2019 – 31.07.2021.
Utlysingsteksten viste til følgjande

- Arbeidsoppgåvene er retta mot barn og unge ved barnehage, grunnskule og kulturskule.
- Stillinga skal fremje og styrke oppvekstmiljøet, og den som vert tilsett skal vere støttespelar og rettleiar for barn og unge i det å meistre kvardagslivet. Personlege eigenskaper vil vere eit viktig vurderingsgrunnlag ved tilsetjing. Vere ein ressurs inn i oppvekstmiljøet
- Vere del av tverrfaglege team og arbeidsgrupper
- Delta i førebyggande arbeid
- Delta i arbeidet med å analysere ulike kartleggingar
- Planlegge, gjennomføre og evaluere ulike tiltak og aktivitetar saman med andre aktørar innan oppvekst
- Vere ressursperson mellom frivillig arbeid og oppvekst

Den tilsette vart tidleg gjort kjent med kartleggingar og planar for oppvekstsektoren. Prosjektstillinga ligg under dette ansvarsområdet, men arbeidsoppgåvene er jamt fordelt på barnehage og skule. Prosjektstillinga deltek på ulike møtearena innan oppvekst og tek aktivt del i konkrete tiltak. Dette er tiltak som har vore retta mot både vaksengruppa og barn-/elevgruppa, men også på individnivå. Eit viktig satsingsområde i 2019 har vore arbeidet med Smart oppvekst, som er eit verktøy for å arbeide med og trene på sosial kompetanse. Dette vert nytta både i barnehage og skule. Av andre viktige oppgåver kan nemnast arbeidet med plan for overgang mellom barnehage og skule og trommesirkel saman med kulturskulen, både i førskulegruppa og på småskuletrinnet. Ein opplever at det er behov for ei slik «frittståande miljøstilling» som kan vere med og utvikle oppvekstmiljøet i Solund, og ein er difor svært glad for at kommunestyret har vedteke å gjere dette om til ei fast stilling.

#### 6.2.3.5 Økonomi

Ansvarsområ0det 220 viser eit meirforbruk på om lag 0,2 millionar.
Hovudårsaka til dette er auka kostnader med det interkommunale PPT-samarbeidet og auka lønsutgifter, mellom anna i samband med at stillinga som skule- og barnehagefagleg ansvarleg vart auka til 100%.

### 6.2.4 Ansvar 250 - Solund Kulturskule

#### 6.2.4.1 Hovudoppdraget til Solund Kulturskule

Samarbeidet med skuleverket knyter kulturskulens oppdrag samen med grunnskolens målsetting: ”Opplæringa sitt mål er å utvide barn, unges og vaksne sine evner til erkjenning og oppleving, til innleving, utfolding og deltaking.” Kulturskuleplanen er styrande for verksemda i kulturskulen.

#### 6.2.4.2 Aktivitet

Fast Kursaktivitet

- Piano 8 elevar
- Gopro filmklubb 4 elevar
- Kreativt verkstad 8 elevar
- Band 4 elevar

Nye aktivitetstilbod i 2019

- Kulturhagen. Eit samarbeid med barnehagen der vi har trommegruppe ein gong i veka 5-6 born
- Trommegruppe i barneskulen 1-2 klasse ein gang i veka 12 elevar
- Tromme-sirkel/tromme-improvisasjon med 8 deltakarar (barn og vaksne) ein gang i veka
- UKM lokalt (mars) - 5 deltakarar

Lyskunstfestival 2019(november)

Programmering , administrasjon og arrangement.
Gjennom samarbeid med skule, barnehage, Barnas Turlag, næringsliv, skulemusikken, Solund Kyrkje, Solund Ungdomslag, Solund Musikk og Teaterverkstad, Frivillig sentralen, private aktørar, m.fl., vart det ulike framføringar under Lyskunstfestivalen samt utstilling av skuleelevane sine arbeid, i Takle sine lokale og i uteområda .

- Konsert "Djupet " 110 deltakarar
- Lyktevandring Utstillinga fra Djupet 120 deltakarar
- Lys-show 140 deltakarar
- Trommesirkel 30 deltakarar

#### 6.2.4.3 Møtearenaer

Kulturskulerektor møter

- Administrasjon møte med barnehage og skulestyrar, administrasjon sjef, HTV, undervisinspektør møtast kvar 14 dag
- Den gode skuleeigar-strukturen
- Plandagar med skule og barnehage
- Kulturskulekonferansar, UKM, KS, kulturskulerådet
- UKM-kontakt: møte med ungdomar som er kulturkontaktar ca. kvar anna mnd

Eksterne samarbeid

- Solund Musikk og Teaterverkstad. Skipinga av laget og innmelding i Frilynt gjev mogelegheiter å søke midlar i Frifond som kan nyttast til teater og musikkrelatert verksemd.
  Det er UKM stimuleringsmidlar bidreg som bidreg til mykje av aktivitetane.
- Samarbeid i prosjekt «Eit musikkrom blir til» med barne og ungdomskulen.
- Nytt samarbeid med Barnehagen.

## 6.2.5 Oppvekst og kultur samla sett

| | R - 2019 | RB - 2019 | Avvik R vs. RB | | R - 2018 | Endr. 2019/2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ansvar 200** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -1 919 133 | -2 001 000 | -82 | -4,1 % | -1 987 779 | -69 | -3,5 % |
| Sum utgifter: | 7 248 052 | 7 251 000 | 3 | 0,0 % | 7 231 928 | -16 | -0,2 % |
| Netto driftsramme: | **5 328 919** | **5 250 000** | -79 | -1,5 % | **5 244 149** | -85 | -1,6 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 210** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -2 193 468 | -2 250 000 | -57 | -2,5 % | -1 765 521 | 428 | 24,2 % |
| Sum utgifter: | 15 204 552 | 15 150 000 | -55 | -0,4 % | 13 993 266 | -1 211 | -8,7 % |
| Netto driftsramme: | **13 011 084** | **12 900 000** | -111 | -0,9 % | **12 227 745** | -783 | -6,4 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 220** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -884 390 | -851 000 | 33 | 3,9 % | -1 372 003 | -488 | -35,5 % |
| Sum utgifter: | 3 405 518 | 3 176 000 | -230 | -7,2 % | 3 607 348 | 202 | 5,6 % |
| Netto driftsramme: | **2 521 128** | **2 325 000** | -196 | -8,4 % | **2 235 345** | -286 | -12,8 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 250** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -48 881 | -59 000 | -10 | -17,2 % | -54 656 | -6 | -10,6 % |
| Sum utgifter: | 677 413 | 709 000 | 32 | 4,5 % | 622 564 | -55 | -8,8 % |
| Netto driftsramme: | **628 532** | **650 000** | 21 | 3,3 % | **567 909** | -61 | -10,7 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 200, 210, 220 og 250** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -5 045 872 | -5 161 000 | -115 | -2,2 % | -5 179 960 | -134 | -2,6 % |
| Sum utgifter: | 26 535 535 | 26 286 000 | -250 | -0,9 % | 25 455 107 | -1 080 | -4,2 % |
| Netto driftsramme: | **21 489 663** | **21 125 000** | -365 | -1,7 % | **20 275 147** | -1 215 | -6,0 % |

Sektoren har eit meirforbruk i driftsåret på kr. 365`. Avvika er forklart under kvart rammeområde.

## 6.3 Ansvar 300 - NAV Solund

| *Periode* | *Tilsette - årsverk* | *Tilsette - tal* | *Merknad* |
|---|---|---|---|
| 2019 | 0,50 | 1 | NAV-leiar |
| 2019 | 0,50 | 1 | Midlertidig tilsett konsulent |

### 6.3.1. Organisering:
NAV Solund har einskapleg administrativ og fagleg leiing. Nav-leiar har det felles administrative og faglege ansvaret for alle delar av NAV Solund si verksemd. Leiaren har ansvars- og styringsliner til Solund kommune og Arbeids- og velferdsetaten, og føreheld seg til begge eigarane.

Den midlertidige ekstra stillingsressursen vart oppretta i 2018, og vidareført for 2019. Stillinga har i hovudsak vore knytt til arbeid innan flyktningeområdet.

### 6.3.2 Overordna mål:
Menneske i sosial naud får den hjelpa dei treng. Sosialtenesta vert involvert på eit så tidleg stadium at det gjev den einskilde eit godt grunnlag til å klare seg sjølv. Tenesta skal også jobbe førebyggjande.

### 6.3.3 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:
NAV Solund har ansvaret for Arbeids- og velferdsetaten sine tenester for innbyggjarane i Solund kommune som til ei kvar tid er lagt til NAV-kontor.

Dei kommunale tenestene som er implementert i NAV-kontoret, er knytt til «Tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV»:
- Opplysning, råd og rettleiing (forebyggingsperspektivet)
- Rett til individuell plan
- Midlertidig husvære
- Økonomisk sosialhjelp
- Økonomisk rådgjeving/gjeldsordning
- Kvalifiseringsprogrammet.

NAV Solund har i utgangspunktet to fast tilsette. Leiar og rådgjevar. Begge i 100% stilling, og begge er statleg tilsette. Dei utfører oppgåver både på statleg og kommunalt fullmaktsområde. Solund kommune dekkjer 50% av lønsutgiftene for nav-leiar og 25% av driftskostnadane ved kontoret.

Frå januar 2018 har kontoret hatt ekstra, midlertidig kommunal 50% stillingsressurs i kontoret. Den tilsette har gjennomført opplæringa «Ny i NAV» med tre samlingar lagt til Skei, og elles fått opplæring skulder til skulder, i dei mange datasystema vi nyttar i NAV. I 2019 har vedkommande teke grunnkurs i økonomisk rådgiving, blant anna for å kunne fokusere på å jobbe meir førebyggjande i høve økonomisk sosialhjelp.

Den ekstra stillingsressursen, er som tenkt, i hovudsak knytt opp til arbeid på flyktningområdet. Den tilsette jobbar både på kommunalt og statleg fullmaktsområde. Dette er nødvendig for å kunne yte ei heilskapleg teneste og ei arbeidsretta oppfølging av flyktningar som er ferdige i Introduksjonsprogrammet og skal ut i arbeid. Den tilsette må til dømes kunne iverksetje eit statleg arbeidsretta tiltak kring ein brukar, og handtere påfølgjande statlege livsopphaldsytingar retta mot denne gruppe brukarar. Fleire slike tiltak har vore gjennomført i 2019.

Etter at NAV Solund vart styrka med denne ekstra stillingsressursen, har ein hatt ressursar til å jobbe meir førebyggjande kring økonomisk sosialhjelp, i staden for «brannsløkking» hos personar og familiar i økonomisk uføre. Det å kunne bidra til at ein familie ikkje hamnar på fast økonomisk sosialhjelp, vil kunne spare kommunen for fleire hundre tusen i året.
Aktivt førebyggjande arbeid viser også att i sosialhjelpsbudsjettet:

**2017:** Kr. 361.000,- (Kostra-tal sosialhjelpsmottakarar: 10 søkjarar).
**2018:** Kr. 216.000,- (Kostra-tal sosialhjelpsmottakarar: 10 søkjarar).
**2019:** Kr. 181.000,- (Kostra-tal sosialhjelpsmottakarar: 14 søkjarar).

Samarbeidsavtalen mellom Flyktningtenesta i Solund og NAV, vart utarbeidd og underskriven i 2018. Eit viktig samarbeid som vi opplever både tett, godt og konstruktivt. Vidare har vi tverrfagleg samarbeid med Vaksenopplæringa i kommunen og med Rus- og psykisk helseteneste. Vi deltek også i det Regionale nettverket for god integrering i HAFS, samt HAFS Sosialfaglege nettverk. Samla sett er dette viktige element for å kunne tilby ei heilskapleg og fagleg god teneste.

Erfaring viser at ein i Solund har fått til eit tverrfagleg samarbeid rundt flyktningane som andre kommunar kanskje ikkje har lukkast med i like stor grad. Per 2019 er alle som er ferdig i introduksjonsprogrammet under utdanning, i fast eller midlertidig jobb. Ingen sjølvsagt ting, og noko ein kan vere stolt av.

Vidare er oppgåver som blant anna ligg til den ekstra stillingsressursen; Opplysning, råd- og rettleiing, økonomisk sosialhjelp, individuell plan, økonomisk rådgjeving/gjeld. Erfaringa vår er at etterspurnaden etter tenesta opplysning, råd- og rettleiing har vorte markant aukande utover i 2019.

Oppfølging av aktuelle brukarar i Kvalifiseringsprogrammet er og tenkt som arbeidsoppgåve for ekstraressursen. Vi har ikkje hatt deltakarar i programmet i 2019, men dette kan bli ein realitet i 2020.

Arbeidet knytt til flyktninggruppa er spennande, interessant og lærerikt, men er også utfordrande, omfattande og svært tidkrevjande, blant anna grunna språk- og kulturutfordringar. Mange av samtalane har også i 2019 vore gjennomført med tolk, men auka språkkompetanse, har redusert behovet for tolketeneste dette året.

Mykje tid er brukt på å etablere kontakt med næringslivet, både mot private og offentlege bedrifter, samt oppfølging av denne kontakten. Eit godt stykke arbeid har også vore lagt ned i å få oversikt over rettar og mogelegheiter for flyktninggruppa innan det offentlege utdanningssystemet, kontakt med karriererettleiar, samt få oversikt over private og offentlege kursinstansar og deira tilbod. Alt dette, eit nødvendig og viktig arbeid for å lykkast med god integrering og framtidige jobbmogelegheiter. Dette er arbeid som må utførast jamnleg, og er eit tidkrevjande, men viktig arbeid.

Den ekstra stillingsressursen har gjeve oss eit meir styrka og mindre sårbart NAV-kontor ved ulike typar fråvær, som sjukdom, ferie, møtedeltaking, kurs og liknande. Grunna NAV sine sikringskrav for dei tilsette, er ein pålagde å vere to tilsette tilstades på kontoret samstundes, for at vi kan halde ope for publikum, og når ein skal gjennomføre oppfølgingssamtalar med brukarane våre. Her har denne ressursen hatt stor positiv effekt med omsyn til både tilgjengelegheit og redusert tal dagar stengt kontor.

Det skal og nemnast at den ekstra stillingsressursen også har gjort det mogeleg for leirar å avvikle lovfesta ferie, avspasering og liknande utan å ha vakt på økonomisk sosialhjelp. Med reduserte statlege midlar, vil stillinga også vere eit viktig bidrag til å halde NAV-kontoret vårt i framtidig i drift.

Med bakgrunn i det ovanståande, er det vanskeleg å sjå føre seg korleis vi skal klare å drifte eit framtidig NAV-kontor i Solund utan denne stillingsressursen.

### 6.3.4 Økonomisk sosialhjelp

NAV Solund har motteke og handsama 27 søknadar om økonomisk sosialhjelp i 2019. Av søknadane er 11 knytt til krisehjelp, og 16 søknadar er knytt til dekning av livsopphaldsutgifter, som til dømes husleige, straum og tannbehandling, Til saman var det 14 personar som mottok økonomisk sosialhjelp i løpet av året. Ein auke på 4 i talet mottakarar av økonomisk sosialhjelp i høve til 2018. 43% av sosialhjelpsmottakarane har familie med mindreårige barn. Det er innvilga tre sosiallån i 2019, og 2 personar hadde sosialhjelp som einaste inntekt på det tidspunktet det vart søkte økonomisk

sosialhjelp. I hovudtyngda av sakene er det også gitt økonomisk råd- og rettleiing. I to av sakene har det vore gitt gjeldsrådgjeving.

### 6.3.5 Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet (KVP) er regjeringa sitt viktigaste verkemiddel i kampen mot fattigdom. Det er ei lovpålagd kommunal teneste. Målet med programmet er å bidra til at fleire kjem i arbeid og aktivitet ved hjelp av tettare og meir forpliktande bistand og oppfølging - også i tilfelle der vegen fram kan vere relativt lang og usikker.

I følgje §29 i Lov om sosiale tenester i NAV, rettar programmet seg mot personar i yrkesaktiv alder med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne som har ingen eller svært avgrensa ytingar til livsopphald. Det må i tillegg føreliggje eit behov for tett og koordinert bistand. Fyller ein person krava om rett til kvalifiseringsprogram, kan ein ikkje avslå søknaden grunna dårleg økonomi.

Det er eit mål at alle som fyller inngangsvilkåra for Kvalifiseringsprogrammet skal få tilbod om program. For å bidra til å nå dette målet er det frå 01.01.19. gjort endringar i Sosialtenestelova som skal gjere Kvalifiseringsprogrammet meir fleksibelt og tilgjengeleg, noko som også kan medverke til aktuelle kandidatar til eit slikt program hjå oss i 2020. Kvalifiseringsstønaden er to gangar grunnbeløpet i folketrygda, kr 199.716,-. Deltakarar under 25 år mottek 2/3 stønad.

Tilskotet til kvalifiseringsprogrammet er ein del av rammetilskotet til kommunen, og det låg ei forventning om at kommunen hadde 0,7 personar i programmet i 2019. Det har ikkje vore aktuelle søkjarar til kvalifiseringsprogrammet i 2019. Dette kan imidlertid fort bli ein realitet i 2020.

Elles har vi i 2019 delteke på Fylkesmannen sine samlingar for KVP. Der har vi blant anna vore med på erfaringsutveksling, og fått presentasjon og eksempel på gode og vellykka program kring ulike type brukarar. Verdifull kunnskap å ha med seg. På desse samlingane får vi også informasjon og gjennomgang av lovverk knytt til kvalifiseringsprogrammet.

### 6.3.6 ØKONOMISK RESULTAT:

| | R - 2019 | RB - 2019 | Avvik R vs. RB | | R - 2018 | Endr. 2019/2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ansvar 300** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -33 550 | -33 000 | 1 | 1,7 % | -8 637 | 25 | 288,4 % |
| *Sum mottekne avdrag sosiale lån: ** | -18 181 | -20 000 | -2 | -9,1 % | -14 615 | 4 | 24,4 % |
| Sum utgifter: | 1 039 290 | 1 032 000 | -7 | -0,7 % | 1 163 772 | 124 | 10,7 % |
| *Sum sosiale utlån: ** | 35 619 | 20 000 | -16 | -78,1 % | 10 615 | -25 | -235,6 % |
| Netto driftsramme: | **1 023 178** | **999 000** | -24 | -2,4 % | **1 151 135** | 128 | 11,1 % |

<u>Oppsummerte avvik:</u>

| **310** | | **Utgifter** | **Inntekter** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|
| | Auka kjøp av lækjartenester | -165 | | |
| | Reduserte kjøp av statlege lækjartenester | 36 | | |
| | Auka netto fysioterapitenester | -19 | | |
| | Reduserte kjøp av skjenkekontrolltenester | 23 | | |
| | **Sum** | | | **-125** |

Det er ytt sosialhjelp til ein innbyggjar i Solund, i ein periode i år 2019 som denne personen har opphalde seg i ein annan kommune. Dette var eit tilhøve som NAV Solund ikkje var orientert om før mottak av faktura for inndekning i februar 2020.
I tillegg har NAV – stat sendt eit større refusjonskrav på løn og andre driftsutgifter enn venta.

Inndekning skjer gjennom reduserte sosiale utbetaling frå NAV Solund og ved at Kvalifiseringsprogrammet ikkje er nytta.

## 6.4 Helse- og omsorg 310, 312, 315, 360, 370, 371, 372 og 373

## 6.4.1. Overordna mål:

Helse- og omsorgstenesta i Solund skal gje innbyggjarane eit trygt og fagleg godt tilbod, både når det gjeld førebygging, behandling og rehabilitering. Dette skal gjerast forsvarleg etter gjeldande lover og forskrifter, og innanfor dei økonomiske rammene vi har.
Vi skal ha ein god arbeidsplass der dei tilsette får utvikle seg og samarbeide om gode løysingar.

Solund kommune har ei sterk og robust helse- og omsorgsteneste i høve fag og personale som er rigga for å møte dei utfordringane som vi vil møte i åra som kjem. Vi har full sjukepleiedekning 24/7, og har i dag ingen ledige stillingar innan omsorgstenesta. Det styrker den medisinske beredskapen og trygger anna fagpersonell som arbeider i tenesta. Tenesta har vore i stand til å ta i mot pasientar på kort varsel, og vi har ikkje betalt for utskrivingsklare pasientar i 2019.

Helse- og omsorg har styrka tenesta betydeleg dei siste åra, med lækjar på plass i Solund 24/7, 365 dagar i året. Dette er med å sikre tryggleik for alle innbyggjarane i Solund, uansett vær og vind har vi lege til stade. Den akuttmedisinske beredskapen er absolutt noko ein kan leve godt med.

Fysioterapitenesta i Solund har hatt 100% kommunal fysioterapeut i hele 2019, noko som har vore ein suksess, viser til årsmeldinga frå fysioterapeuten som viser litt av aktivitetsnivået.
Ergoterapiavdelinga har absolutt funne sin plass i helse- og omsorgstenesta, og Solund har vore i forkant med å stette statlege krav til at alle kommunar skal ha ergoterapiteneste. Viser elles til ergoterapeuten sin årsrapport. Ergoterapauten har no fullført vidareutdanning innan velferdsteknologi.

I 2019 fekk vi tilsett kommunepsykolog i 100% stilling, noko som styrka fagkompetansen innan eininga ytterligare. Vi fekk tilkotsmidlar til å styrke rustenesta med sosionom og psykiatrisk sjukepleiar.

Eininga har hatt fleire vellykka prosjekt innan re- og habilitering, velferdsteknologi, kompetanseheving innan lindrande behandling, kreftomsorg, diabetes, kost- og ernæring, hygiene og sårbehandling. Sjukepleiarane har hatt fagleg oppdatering på Verdigheitssenteret i Bergen.
KAD seng har vore ein suksess, og pasientar som tidlegare måtte ha ein strabasiøs reise til sjukehus for observasjon kan få det i vår eiga KAD- seng. Det har vist seg vore eit riktig satsningområde.

Eit overordna prinsipp i helse- og omsorg er at dersom assistentar sluttar, blir dei erstatta med faglært personale, og dei assistentane som er i eininga får tilbod om å ta fagutdanning. Det styrker den einskilde arbeidstakar og eininga totalt.

Nokre tankar for 2020:

- Fortsette å styrke fagkompetansen i eininga.
- Telemedisin.
- Stabilisere og vedlikehalde kompetansen i tenesta.
- Fokus på trivsel og tilfredsheit både hjå pasientar og personalet.
- Planarbeid
- Vedlikehald på Solundheimen.

Planverket innan tenesta er ikkje tilfredstillande. Dette feltet må arbeidast med i 2020. Arbeidet er igangsett og ein må ha som mål at arbeidet er sluttført innan 2020

Helse- og omsorgstenesta i Solund skal gje innbyggjarane eit trygt og fagleg godt tilbod, både når det gjeld førebygging, behandling og rehabilitering. Dette skal gjerast forsvarleg etter gjeldande lover og forskrifter, og innanfor dei økonomiske rammene vi har.

## 6.4.2 Ansvar 310 - Lækjartenesta, Fysioterapitenesta, m.m.

### 6.4.2.1 Lækjartenesta

#### 6.4.2.1.1 Organisering
På lækjarkontoret har ein lækjar i 100 % (66,5+33,5), sjukepleiar i 60 % og hjelpepleiar / legesekretær i 60 %. I november 2019 vart ein tredje lækjarar tilsett ved kontoret. Denne lækjaren har vakt tredje kvar helg.

#### 6.4.2.1.2 Overordna mål
I Solund skal innbyggarane ha eit godt lækjartilbod.
Solund lækjarkontor har tilbod om time til alle listepasientar innan 1-2 veker og tek imot pasientar med behov for akutt hjelp fortløpande (lækjarvakt på dagtid).
Det er òg sett av tid kvar veke for tilsyn på Solundheimen og kommunikasjon med heimetenesta.

#### 6.4.2.1.3 Talmateriale
Ein gjennomgang viser at ein har i snitt ca 30 listepasientar pr veke (fordelt på om lag 5 virkedagar) i tillegg har ein eit snitt på 5-10 pasientar til lækjarvakt pr veke.

#### 6.4.2.1.4 Skildring av vanleg drift/ aktivitet
Dagleg drifta ved legekontoret går som normalt.
Ein kom delvis i mål med vikar for medarbeidarane sommaren 2019 og hadde derfor ein meir optimal teneste om hausten. Ny lækjar vart tilsett i november 2019. No delar lækjarane kontor og dette er ei god løysing for anna drift ved lækjarkontoret.
6. Sjukefråvær
Det er jamt stabilt personale ved legekontoret og lite sjukefråvær.

#### 6.4.2.1.5 Prosjekt/ investeringsprosjekt
Ein har fått gjennomført akuttmedisinsk opplæring på alt personale ved lækjarkontoret i september 2019.
Det var avsett midlar til innkjøp av nytt EKG apparat i 2019, men ein vel å venta med innkjøp, til ein veit sikkert kva løysing ein skal gå for med tanke på at det kan verta endring i EPJ- systemet (elektronisk pasientjournal) vårt.

#### 6.4.2.1.6 Mål for drift 2020
Det vil fortsatt vere viktig å ha fokus på elektronisk kommunikasjon ved legekontoret. Ein nærmar seg eit papirlaust system og dette krev opplæring i løysingar som ligg i systema vi nyttar og oppfølging av desse. Det skal og investerast i en del medisinsk møblement og utstyr for å ruste kontoret til betre service til innbyggarane.

### 6.4.2.1.2 Fysioterapitenesta

#### 6.4.2.1.2.1 Organisering:
100% fysioterapeutstilling, som er fagleiar for fysioterapi. Fysioterapeuten ligg direkte under helse- og omsorgsleiar. Frå 2019 er «Aktiv på dagtid» også under fysioterapitenesta.

#### 6.4.2.1.2.2 Overordna mål
Tenesta arbeider for å førebygge og behandle skader/sjukdommar/funksjonsutfordringar. Tenesta arbeider for at brukar skal utvikle/gjenvinne/vedlikehalde funksjonsnivå, gjennom å nytte eigne ressursar og bidra aktivt til å betre eiga helse.
Tenesta tilbyr i samarbeid med ergoterapitenesta rehabilitering/habilitering på korttids- og langtidsopphald på Solundheimen, samt i heimen. Rettleiing av brukar, personale eller pårørande.

Individuell funksjonsundersøking og –vurdering. Behandling og oppfølging basert på brukarens utfordringar og ynskjer. Individuell vurdering/oppfølging av personar i alle aldrar og ulike skader/funksjonsnivå.
Helsefremjande og –førebyggande gruppetrening for ulike brukargrupper.
Tenesta har eit tverrsektorelt og tverrprofesjonelt samarbeid i og utanfor kommunen.

#### 6.4.2.1.2.3 Aktiv på dagtid:

Aktiv på dagtid er eit treningstilbod for alle over 18 år som ynskjer å vere aktive og sosiale på dagtid. Treninga skal vere eit lågterskel tilbod, og kunne tilpassast den enkelte.
*Organisering:* Fysioterapeut er fagleiar for tilbodet. Aktiv på dagtid gjennomførast i samarbeid med Frivilligsentralen.
*Tal brukarar:* Aktiv på dagtid har hatt eit deltakartal på 10-15 stk. per trening.

#### 6.4.2.1.2.4 Småbarnstrening

*Organisering:* Småbarnstreninga er organisert under fysioterapitenesta, men gjennomførast i samarbeid med helsestasjonstenesta. Deltakarane betalar difor ikkje eigenandel for tilbodet.
*Tal brukarar:* Småbarnstreninga har hatt eit deltakartal på 2-3 stk. Midlertidig pause frå våren 2019 grunna mindre etterspørsel.

#### 6.4.2.1.2.5 Fallførebyggande gruppetrening

Gruppetreninga er eit førebyggande tilbod for alle heimebuande eldre i Solund kommune. Dette tilbodet er lagt opp på ein slik måte at brukarane kan nytte serviceskyssen, og famnar difor om alle innbyggarane i Solund kommune.
*Organisering:* Fysioterapeuten leiar og organiserer treninga.
*Tal brukarar:* Gjennomsnittleg ca. 10 deltakarar per trening, men opptil 17 ulike brukarar.

#### 6.4.2.1.2.6 Prosjekt rehabilitering/habilitering

Ergo- og fysioterapitenesta søkte og fekk tilskot for opptrapping av rehabilitering og habilitering. Ein har investert i noko utstyr for rehabilitering på Solundheimen, samt utarbeidd kommunal plan for habilitering- og rehabilitering. Rutinane vert kontinuerleg evaluert. Alle innbyggarar over 75 år utan helsetenester frå kommunen har fått tilbod om førebyggande heimebesøk.
*Organisering:* Prosjektet er eit samarbeid mellom ergo- og fysioterapitenesta.

#### 6.4.2.1.2.7 Kompetanseheving

- Vidareutdanning i rehabilitering
- Rehabiliteringskonferanse

#### 6.4.2.1.2.8 Mål for drifta i 2020

- Fortsetje arbeid med prosedyrar og å organisere tenesta på ein god måte
- Opprette samarbeid med andre helsetenester i kommunen
- Etablere individuelle og gruppebaserte fysioterapitilbod i kommunen

#### 6.4.2.1.2.9 Sjukefråvær

Det har vore lite sjukefråvær i tenesta i 2019.

#### 6.4.2.2.2 Økonomi for lækjar- og fysioterapitenesta m.m.

Meirforbruket på denne tenesta er på kr. 125`, noko som i all hovudsak er knytt til kjøp av tenester.
På dette område har det vore vanskeleg å budsjettere. Mykje har endra seg på få år som t.d. utviding av lækjarteneste til 24/7 365 dagar i veka og ny 100% fysioterapiteneste.
Men først og fremst har det vore umogleg å forutsjå kostnaden på transporten knytt til lækjarteneste.
I år 2019 fekk kommunen faktura frå Helse Førde for 2017 og 2018 à 0,3 mill., og ingen faktura for år 2019. Ein har difor avsett 0,3 mill. også for år 2019 i fall denne fakturaen vert ettersendt.

Fysio- og Ergoterapitenesta har skaffa til veges øyremerkte midlar til «Habilitering og rehabilitering». Unytta midlar er sett av på bunde fond. Øyremerkinga opphøyre frå og med år 2020.
Sjå elles avsnitt 6.11 for detaljane rundt avvika.

### 6.4.3 Ansvar 312 - Helsestasjon- og skulehelsetenesta

#### 6.4.3.1 Talmateriale

| Periode | Utvikling i tal på born/elevar 2019/2018/2017/2016/2015/2014/2013 | Årsverk | Tilsette – tal |
|---|---|---|---|
| 2018 | Nyfødde born: 3 / 5 / 8 / 4 / 6 / 2 / 5 | 70% t.o.m. 31/7** 100% f.o.m. 1/8 | 1 |
| | Born 0-6 år: 28 / 32 / 40 / 35 / 33 / 31 / 36 | | |
| | Born 7-16 år, 1-10.kl: 86 / 90 / 92 / 90 / 97 / 93 / 87 | | |
| | Ungdom 17-20 år: 39 / 31 / 42 / 35 / 28 / 38 / 25 | | |
| | Individuelle planar (IP)/ Ansvarsgruppe:<br>3 i 2019 / 4 i 2018 / 4 i 2017 / 3 i 2016<br>Helsesjukepleiar er koordinator i 3 IP. | | |

Tal barn som er registrert i WinMed 3 f.o.m 01.01 - 31.12.18 og ikkje skuleåret.

*** Grunna omorganisering i helse og omsorg, hadde helsesjukepleiar permisjon og var tilsett i eit vikariat i Hyllestad kommune fram til 01.08.19 i driftsåret som leiande helsesjukepleiar i 30% stilling.*

#### 6.4.3.2 Organisering:
01.01.19 vart tittelen endra frå helsesøster til helsesjukepleiar.
Lovpålagte tenester i helsestasjon-/skulehelsetenesta er helsesjukepleier, lege, fysioterapeut og jordmor. Når kjernekompetanen er på plass kan ein utvida med andre ressursar. Helsestasjon -/ skulelege har kontortid tredje kvar torsdag. Fysioterapeut har ikkje fast kontortid i helsestasjon-/ skulehelsetenesta.
Alle deltek i felles systemretta samarbeid for å kvalitetssikre tenesta, samt rådgjeving individuelt og i gruppe på ulike alderstrinn.
Overordna plan for Helsestasjons- og skulehelsetenesta er gjeldane for perioden 2012 – 2020.
Tenesta gjev tilbod til alle born i alderen 0 - 20 år og er delt opp i tenesteområde helsestasjon (0-5 år), skulehelseteneste (1-10 klasse), helsestasjon for ungdom (HSU) i tillegg til adm. oppgåve, sekretærfunksjon, reisevaksinering, og smittevern.
Helsesjukepleiar er også koordinator i Psykososialt kriseteam.

#### 6.4.3.3 Overordna mål:
*«Det vert arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte. I Solund er det lagt til rette for at alle innbyggjarane har høve til å bli stimulert til å ta vare på eige helse. Kommunen har samarbeid med nabokommunen om jordmorteneste». (Kommuneplanen for Solund 2008 – 2020, Samfunnsdelen).*

<u>Delmål:</u>
Mål for tenesta er å fremje fysisk og psykisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebyggje sjukdom og skade.

#### 6.4.3.4 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:
Solund Kommune fekk kr 480 000,- i tilskotsmidlar til å styrke og utvikle helsestasjon-/ skulehelsetenesta.

#### 6.4.3.5 Kriteria for tilskotsmidlane var :
Styrking av tenesta. Ein fekk tilskot til auka helsesjukepleiarstilling frå 0,7 til 1.0 årsverk.

- Kompetanseheving og utvikling.
  - Felles opplæring i psykologisk førstehjelp (PF) for alle foreldre og tilsette som arbeider med barn og unge.
  - Vi er 4 tilsette frå barnehage, skule/flyktningtenesta og helsestasjon/- skulehelsetenesta som tek kompetanseheving som foreldrerettleiarar i ICDP. Målet er sertifisering våren 2020.
- Digitale løysingar: SMS varsling og elektronisk overføring av journal. Vi er ein Helseoversikt-kommune via app'en Helseoversikt. Denne gir kvalitetssikra helseinformasjon til gravide og småbarnsforeldre.
- Systemretta samarbeid: Tverrfagleg samarbeid er systematisert med oppvekstsektoren.
- Fast trefftid «for skuleelevar»» er i lokala til helsestasjonen kvar måndag.
- Barselgrupper er nettverksskapande. Ein har kontinuitet i tilbod om trening frå fysioterapeut og småbarnstreff med helsespl og lege om ulike tema.
- Trafikksikring: Som tidlegare sponsar Sparebanken Sogn og Fjordane refleksvestar til alle fire åringar og vi har utleige av bilstolar og bilbelte for gravide.
- Smittevern: Årleg kampanje mot hovudlus x 2 kvart år. Oppdatering informasjon jf smittevern på Solund kommune sine nettsider. Revideringa av Tuberkuloseplan er starta. Tilbod til alle kvinner født i 1991 og seinare om gratis humant papillomavirus HPV vaksine.

#### 6.4.3.6 Kompetanseheving og systemsamarbeid:
Delteke på møte med BUP via videokonferanse.
Regionsamling/møte for helsesjukepleiarar i HAFS, Gulen og Høyanger.
Helsesjukepleierkongress. Tema: "*Det var en gang en barndom- tål å lytte, tør å se, våg å handle"*.
Kompetanseheving frå RVTS med tema vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt.

#### 6.4.3.7 Eventuelle prosjekt/ investeringsprosjekt:
Tilskotsmidlar frå helsedirektoratet.
Inntekt jfr. vaksinering av HPV til unge jenter.
Inntekt på reisvaksinering vert ført på legekontoret.

Gjennomføring av Verdensdagen for psykisk helse er også i år eit samarbeid på tvers av etatar. Årets Tema »Gje tid». Foredrag av Cecilie Leganger.

#### 6.4.3.8 Bidrag til kommunens oversikt over helsetilstand:
Tenesta registrerar i Kostra.
Det vert gjennomført målretta helse us. på ulike klassetrinn.
Ein har faste arbeidsmøter internt med fysioterapeut og helsestasjonslege og systemmøte med oppvekstsektoren, samt deltaking i folkehelserådet.

#### 6.4.3.9 Utfordringar:
- Solund Kommune tilbyr ikkje heimebesøk av jordmor i løpet av dei 3 fyrste døgna etter heimreisa. jfr. nasjonale faglege retningslinjer for barselomsorga.
- Stillingsfunksjonen til lovpålagte tenester i helsestasjon-/skulehelsetenesta beskriver ikkje oppgåver og kor mykje av stillingane som skal nyttast i helsestasjon- /skulehelsetenesta.
- *Der kommunen har psykolog tilsett skal helsestasjon, skulehelsetenesta og HSU samarbeide med denne*. Her manglar vi skriftlege rutiner på korleis dette samarbeidet skal vere.
- Skulehelsetenesta manglar framles lokale i skulen, men vi er i dialog med skulen om dette.
- Grunna manglande rettleiing har u.t mista sertifiseringa som rettleiar i PMTO (parent mangement training Orego).

**Økonomi:**
Det er balanse mellom utgifter og inntekter ved denne tenesta.

## 6.4.4 Ansvar 313 – Psykolog, Psykisk helseteneste, rusomsorg m.m.

| Periode | Teneste | Årsverk | Tilsette | Antall brukarar/ klientar | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|
| Aug. 2019 - des. 2019 | Kommunepsykologtenesta | 100 % | 1 | Omlag 20 | Familiar og par reknast her som ein klient. |
| | Psykisk helseteam - rus- og psykiatritenesta | 200% | 2 | 10-17 | Heimetenesta / heimesjukepleien gir tilbod til denne gruppa helg og kveld |

### 6.4.4.1 Psykologtenesta

#### 6.4.4.1.1 Overordna mål:
Kommuneplanen for Solund 2008 – 2020, Samfunnsdelen, pkt. 3.11 Helse og omsorg:

- Det vert arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte.
- I Solund er det lagt til rette for at alle innbyggjarane har høve til å bli stimulert til å ta vare på eige helse.

Arbeidsområde har vore forankra i overordna plan for tenesta, samt retningslinjer og lovverk. Mål for tenesta: Solund Kommune skal sikre at innbyggjarane med  psykisk liding og/eller rusavhengighet med behov for langvarige og samansette tenester får eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod.

#### 6.4.4.1.2 Organisering:
Kommunepsykologtenesta blei vedteken oppretta i mai 2019
Psykologen tilrådde stillinga 1. august 2019, og

#### 6.4.4.1.3 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:
Kommunepsykologen er ein del av kommunen si førebyggande og behandlande helseteneste og er organisert direkte under helse- og omsorgsleiar.  Målet for kommunepsykologen er å tilby tidleg hjelp for å unngå at vanskane blir større. Den primære arbeidsoppgåva til kommunepsykologen er å gi samtalar og oppfølging til barn, ungdom, familiar og vaksne med psykiske helseplager eller ved mistanke om dette.

Tenesta rettar seg mot vaksne, barn og unge med psykiske vanskar, som har behov for kortvarig psykisk helsehjelp. Tilbodet omfattar individuell samtaleterapi, familiesamtalar og foreldrerettleiing.

Kommunepsykologen tilviser vidare dersom det vert avdekte behov for utgreiing eller spesialisert behandling. Kommunepsykologen tilbyr òg rettleiing til foreldre og pårørande, samt anna helsepersonell i kommunen.

Psykologen samarbeider med andre når det er aktuelt, det kan vere fastlege, helsesjukepleiarar, PPT, BUP, DPS, Barnevernstenesta, skule, barnehage eller andre.

Teneste vert gitt etter tilvising frå fastlækjar.

Psykologen er òg del av kommunen sitt psykososiale kriseteam.

#### 6.4.4.1.4. Kompetanseheving:
Psykologen får rettleiing frå psykologspesialist og er i spesialisering gjennom Norsk Psykologforening.
Kurs: Tverrfaglig samarbeid barn og ungdom - Taushetsplikt/opplysningsplikt 2019.
Kurs: Nasjonal nettverkssamling for psykologer i kommunene 2019.

#### 6.4.4.1.5 Sjukefråvær:
Ingen sjukefråvær i tenesta.

#### 6.4.4.1.6 Mål for drifta i 2020:

- Behov for auka samarbeid mellom einingane med fokus på ei målretta og heilskapleg oppfølging og behandling for den enkelte brukar.
- Ein etterlyser tydelegere samarbeidsavtaler og retningslinjer for samarbeid mellom kommunepsykologtenesta, helsestasjon og skulehelsetenesta, heimetenesta samt lækjarkontor.
- Gjennom auka samarbeid mellom tenestane tilby eit meir tilgjengelige tilbod til barn og ungdom i kommunen.

### 6.4.4.2 Psykisk helseteam, rusomsorg- og psykiatritenesta:

#### 6.4.4.2.1 Organisering

Psykiatrisk sjukepleiar var del av teamet frå august 2019 - januar 2020, hans stillingsprosent i teamet blei ikkje avklart.
Sosionom inngår i teamet med 50% stilling. Sosionom er også forløpskoordinator for pakkeforløp og ruskoordinator i kommunen. Sosionomen sin arbeidstid er måndag, tysdag og annan kvar onsdag.
Ny kommunal plan for rus- og psykiatritenesta er under arbeid. Førre plan galdt perioden 2017-2020.

#### 6.4.4.2.2 Skildring av vanleg drift/ aktivitet:

Psykisk helseteam tilbyr oppfølging, koordinering av tenestetilbod, støttesamtalar, råd og rettleiing, samt aktivisering og ev. hjelp til å få opphald på behandlingsinstitusjonar. Psykisk helseteam jobbar ute, jobbar tverrfagleg, herunder også kontakt med andre instansar.

Alle brukarar med behov for sammensatte tenestar får tilbod om Individuell Plan (IP). Om dei takkar ja til dette, vert det utnemnd ein personleg koordinator som koordinerer alle tenestene rundt brukar. Her følgjer og ansvarsgruppe med jamlege møter. Deltakarar i ansvarsgruppa vert bestemt etter brukarane sine behov. Ved andre samansette behov kan psykisk helseteam hjelpe å søkje på andre tilbod i helse- og omsorgstenesta i Solund Kommune.

Psykisk helseteam har jobba med kartlegging av behovet for tenester frå psykisk helseteam i kommunen.

Målgruppe for psykisk helseteam er brukarar med ruslidingar, moderate og alvorlige psykiske lidingar som følges opp av kommunal helseteneste, oftast i samarbeid med spesialisthelseteneste.

Ein har eit samarbeid med tannhelsetenesta, då personar etter kontakt med psykisk helseteam over 3 mnd. har rett på gratis tannhelseteneste.
Tenester vert gitt etter tilvising og samarbeid med fastlege i kommunen.

#### 6.4.4.2.3 Kompetanseheving:

Samling for kommunetilsette innan psykisk helsevern Sunnfjord og Ytre Sogn
Ansatte i "Psykisk helseteam" får veiledning frå psykolog i kommunen.

#### 6.4.4.2.4 Sjukefråvær:

Ingen sjukefråvær i tenesta.

#### 6.4.4.2.5 Mål for drifta i 2020:

Budsjett som dekker minste drift, tilsvarande brukt i 2019.

- Fortsetje kompetanseheving i psykisk helseteam.
- Ev. nye brukarar skal få det tilbodet dei treng
- Rus- og psykiatriplan skal reviderast i 2020, slik at den vert dekkande for Solund Kommune (også for skjenkeløyve i kommunen).
- Behov for økt samarbeid mellom einingane med fokus på ei målretta og heilskapleg oppfølging og behandling for den enkelte brukar.

Ein etterlyser samarbeidsavtaler og retningslinjer for samarbeid mellom psykisk helseteam og andre tenestar til høve NAV, fastlegekontor, habiliteringstenesta og frivilligheita.

#### 6.4.4.3 Økonomi for psykolug, rusomsorg og psykiatritenesta

Rekneskapen syner at det er mindreinntekter på om lag 0,15 mill. Dette skuldast at det forventa fastlønstilskot frå staten til drift av psykologtenesta, aldri vart tildelt. Om dette blir slik også neste år, vil kommunen berre få 10% av si psykologteneste finansiert av staten og då gjennom rammetilskotet. Her må ein arbeide mot sentrale mynde for å betra finansieringsordninga for denne tenesta.

### 6.4.5 Ansvar 314 - Rusomsorg

Skildringa av tenesta inngår under meldinga for ansvar 313.
Tenesta vert utført av det nyoppretta psykisk helseteam.

Rusomsorga vil, i og med opprettinga av psykisk helseteam, verta naturleg å slå saman med ansvar 314 Psykolog, psykisk helseteneste, rusomsorg. Organiseringa av budsjettet for komande år, vil ein koma attende til i samband med rullering av økonomiplanen til våren.

### 6.4.6 Ansvar 370 / 372 - Heimehjelp (370), og heimesjukepleie (370, 372)

#### 6.4.6.1 Talmateriale

| *Kvartal/periode* | *Tilsette – tal* | *Tal på brukarar* | *Merknad* |
|---|---|---|---|
| ***2019*** | 12 | 10 | Tilsyn 2 til 4 gonger per dag |
| | | 21 | Tilsyn 1 til 5 gonger i veka |
| | | 4 | Tilsyn ved behov eller for eksempel 1 til 3 tilsyn pr. veke |

#### 6.4.6.2 Organisering

Tenesta gjev hjelp til brukarar rundt om i kommunen og i omsorgsbustader. Brukarar i Ytre Solund får heimeteneste inntil 1 gonger pr. dag, noko som har vore svært godt motteke. Etter samanslåinga av tenesta fekk ein betre fordeling av ressursane. Med sjukepleiar på vakt 24/7 og avdelingssjukepleiarar til stades fem dagar pr. veke har ein auka kompetansen i tenesta betrakteleg.
Heimetenesta samarbeider med legen når det gjeld båtskyss og tenester til brukarar på øyane. Tenester til psykisk utviklingshemma (PU) i kommunen er organisert under heimetenesta.

#### 6.4.6.3 Overordna mål

*Det blir arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte. Menneske i sosial naud skal får den hjelpa dei treng* (Kommuneplan – Samfunnsdel, 2008-2020).
Bidra til at bebuarane på Solundheimen og innbyggarane i Solund får eit tilbod om ein verdig kvardag.
At kjøkentenesta tilbyr heimelaga mat og legg vekt på at brukarane skal ha eit mattilbod og ei god matoppleving.

#### 6.4.6.4 Sjukefråvær

Ein har også dette året har nokre langtidssjukmeldingar, og i nokon grad eigenmeldt sjukefråvær. Dei langtidssjukemelde gjev svært store utslag på statistikken.
Gjennomsnittleg sjukefråvær er på 7,8 %. Dette er ein låg fråværsprosent.

#### 6.4.6.5 Økonomi:

I 2018 var det et etterslep med timelister frå heimehjelp, dette har ikkje vore tilfelle i 2019.

## 6.4.7 Ansvar 370, 371 - Helse- og omsorgsteneste, institusjon/ Solundheimen

### 6.4.7.1 Pasientbelegg

| *Kvartal/periode* | *Tal pasientar* |
|---|---|
| 1. tertial | 89,65% |
| 2. tertial | 83,47% |
| 3. tertial | 77,81% |
| Gjennomsnitt 2019 | 83,65% |

### 6.4.7.2 Overordna mål
*Helse- og omsorgseininga er drifta etter LEON-prinsippet. Menneske som er hjelpetrengande vil få tilbod om plass på Solundheimen dersom naudsynt* (Kommuneplan – Samfunnsdel, 2008-2020).

### 6.4.7.3 Organisering.
Felles institusjonsteneste/heimeteneste. Personalet har ansvar for både inneliggande pasientar og heimebuande. Blir leia av avdelingssjukepleiar og ass. avdelingssjukepleiar. Tenesta ligg under helse- og omsorgsleiar.

### 6.4.7.4 Skildring av vanleg drift/ aktivitet
Solund gjev gode tenester og har ikkje fått klager på tenestene vi yter, personalet og leiarar strekk seg langt for å finne gode løysingar til ei kvar tid, og har mykje fokus på å hjelpe kvarandre.
Vi ser at vi får auke i åra som kjem i høve kreft, demens, hjarte og kar, kols og hjerneslag. Dette er sjukdomar som vil krevje mykje av helsevesenet i åra som kjem. Noko vi har tatt til etterretning og sendt personale på kurs.

### 6.4.7.5 Prosjekt/ investeringsprosjekt for 2019
- Innkjøp av nye nattbord
- Innkjøp vaskeklutar og handklær
- Innkjøp av nytt arbeidstøy
- Nye kjøkkenbenker på A og C
- Kjøkkentraller til avdelingsskjøkken
- Nye stoler og sofa til avdeling A – Gåvefond
- Studie – Tverrfaglig vidareutdanning i rehabilitering
- Prosjekt – velferdsteknologi
- Ny bekkenspyler
- Innkjøp av nye luftmadrasser
- 3 lenestoler til korttidspasienter
- Ryddet i avdeling for gammelt utstyr/møbler, og hatt vekk-kjøring av søppel.
- Palliativ omsorg – kurs for 3 ansatt
- Det er etablert faste samarbeidspunkt kvar veke mellom fysioterapeut og ergoterapeut
- Prosjekt endring av måltider ved Solundheimen
- Ny turnus i september 2019 – turnus blir stadig fornyet pga endringer i personal.
- Kreftkontakt har fått kurs i palliasjon, og har faste dager pr. veke, knytt til denne oppgåva
- Demenskontakt har fått faste dagar. Demensteam er på plass i samarbeid med sjukepleiar og ergoterapeut.

### 6.4.7.6 Økonomi:
Året 2019 har vi hatt 10 dødsfall ved Solundheimen. Dette førte til vesentlige ekstrakostnader på lønn, på grunn av auka bemanning ved døyende pasienter, saman men ein vesentleg reduksjon i brukarbetalingane. Det har også vore ein del ekstra oppdrag for sjukepleiar i heimetenesta, grunna alvorleg sjukdom. Dette har også gitt utslag i auka bruk av ambulansebåt og ferjekostnader.
Fordi Solund kommune har KAD seng, må det alltid være sjukepleiar tilstades. I periodar har vi hatt mangel på sjukepleiarar, noko som resulterer i overtid og skuving av vakter.

## 6.4.8 Ansvar 370 – Ergoterapitenesta og Solund Dagsenter

### 6.4.8.1 Organisering:
Ergoterapeut i 100% stilling, som er fagleiar for ergoterapitenesta og Solund Dagsenter.

### 6.4.8.2 Overordna mål
*Det vert arbeidd med å fremje innbyggjarane si totale helse og førebyggje sjukdom, skade og lyte. I Solund er det lagt til rette for at alle innbyggjarane har høve til å bli stimulert til å ta vare på eige helse. (Kommunedelplanen for Solund 2008 – 2020, Samfunnsdelen).*

Delmål
Personar som har- eller står i fare for å få vanskar med å meistre eigen kvardag og ADL, som skyldast skade, sjukdom eller andre årsaker, skal kunne kontakte ergoterapeut i kommunen. Vurdering vil bli gjort av ergoterapeut i høve aktivitet og fysiske omgjevnader, funksjonsvurdering/kartlegging og trening i ADL. Vurdering, tilpassing og oppfølging av tekniske hjelpemidlar. Bustadrådgjeving, rettleiing, informasjon og undervisning. Tenesta arbeider for at brukar skal kunne vera sjølvstendig i eigen kvardag, samt meistre daglege gjeremål. Tenesta har eit tverrsektorelt og tverrprofesjonelt samarbeid i, og utanfor kommunen.

### 6.4.8.3 Solund Dagsenter:
Dagtilbodet har ulike aktivitetar, tilpassa den einskilde. Det skal være ein sosial arena for menneske som sit åleine og som har ynskje og behov for ein sosial samlingsplass. Det er moglegheit for trening, kjøp av middag og bistand på andre måtar. Dette tilbodet er lagt opp på ein slik måte at det skal nå alle innbyggarane i Solund kommune, brukarar kan nytte seg av serviceskyssen.
*Organisering:*
Ergoterapeuten er leiar for Solund Dagsenter, og har ein helsefagarbeidar i 40% stilling som medarbeidar. Helsefagarbeidar i 20% stilling overført frå psykisk helse.
*Tal brukarar:* Dagtilbodet har i 2019 hatt eit brukartal på ca. 15 stk. pr. veke.

### 6.4.8.4 Ergoterapitenesta:
Tenesta tilbyr hjelp, råd og rettleiing, og har vore aktiv på svært mange område i driftsåret, som ved:

- Rehabilitering/habilitering er til for brukarar som treng hjelp på både korttidsopphald og i heimen.
- Tilrettelegging av aktivitet og fysiske omgjevnader
- Funksjonsvurdering/kartlegging og trening i ADL.
- Vurdering, tilpassing og oppfølging av tekniske hjelpemidlar.
- Bustadrådgjeving ilag med kommunalt bustadteam.
- Rettleiing, informasjon og undervisning.
- Førebyggande heimebesøk saman med fysioterapeut.
- Velferdsteknologi.
- Tenesta arbeider for at brukar skal verte sjølvstendig i eigen kvardag, samt meistre daglege gjeremål.

Tenesta har eit tverrsektorelt og tverrprofesjonelt samarbeid i- og utanfor kommunen.
Dagtilbodet held ope 3 dagar i veka.

### 6.4.8.5 Kompetanseheving
- Høgskulen på Vestlandet, vidareutdanning innan Teknologi i Helse- og omsorg
- Høgskulen på Vestlandet, vidareutdanning innan Rehabilitering
- Workshop i Kognitiv Rehabilitering v/Haukeland
- Velferdsteknolgiens ABC
- Konferanse; Teknologi i helse og omsorg 2019
- Rehabiliteringskonferansen 2019

#### 6.4.8.6 Mål for drifta i 2020

- Innarbeid rutinar med bustadgruppa i kommunen.
- Fortsette førebyggande heimebesøk.
- Fortsette arbeidet med å få på plass prosedyrar og organisere tenesta på ein god måte.
- Fortsette med å rekruttere brukarar til dagsenteret.
- Implementere velferdsteknologi som en del av den kommunale helse- og omsorgstenesta saman med prosjektgruppa NVP.

#### 6.4.8.7 Sjukefråvær

Det er lågt sjukefråvær i tenesta.

#### 6.4.8.8. Økonomi

Desse tenesteområda er i balanse. Det skal det også vera, i og med at tenesta også er finansiert med øyremerkte tilskot i ein opptrappingsfase av tenesta i kommune-Noreg.
Det er viktig at Solund kommune gjer seg uavhengig av det øyremerkte tilskotet innan tilskotet vert lagt over på rammetilskot (frå og med år 2020).

### 6.4.9 Ansvar 370, 373 - Vaskeri (370), reinhald (370) og kjøkken (373)

#### 6.4.9.1 Organisering

Kjøkkensjefen har driftsansvar og personalansvar for kjøkentenesta, vaskeri og reinhald.

#### 6.4.9.2 Overordna mål

*Driftsavdelinga bidrar til at bebuarane på Solundheimen og innbyggjarane i Solund får et tilbod om ein verdig kvardag. Kjøkkentenesta tilbyr heimelaga mat og legg vekt på at brukarane skal ha eit mattilbod der ei god matopplevingstår sentralt i arbeide.*

#### 6.4.9.3 Skildring av vanleg drift/ aktivitet

Kjøkenet leverer stadig fleire middagar til brukarar utanfor Solundheimen. Dette kan skuldast at det er større aktivitet på dagtilbodet. Brukarane ynskjer ofte middag når dei har aktivtetar på Hardbakke.

I september 2018 vart måltidsstrukturen lagt om, til å stetta tilrådingane Helsedirektoratet omkring fullverdige måltid. I dag får pasientane, frukost, middag, nons og kvelds. Omlegginga har vore godt motteke av alle.
Tenesta har i dag 4 kokkar tilsett i tenesta i ulik stillingsprosent. Det gjer at tenesta er meir robust.

#### 6.4.9.4 Prosjekt/ investeringsprosjekt

Etter lengre tids avvik ved vaskeriet kring rein/urein sone, vart utbetringar og oppgraderingar gjort i år 2019. Ein har no ei god og tenleg løysing og avviket er lukka.
Også Ny rulle og vaskemaskin er kjøpt inn i år 2019, men leveransen er vorten utsett grunna Korona-situasjonen i verda.

#### 6.4.9.5 Økonomi

I driftsåret har ein både fått meirinntekter på matsal og det har mindreutgifter på innkjøp av mat / utstyr. Tilsaman eit mindreforbruk på ansvar 373 på kr.67` .
Budsjettet for lønskostnader for vaskeri og og kjøken er i balanse, etter interne budsjettjusteringar.
Det har samstundes vore litt meirforbruk på løn (kr. 24`), og dette er knytt til overtidsbruk.

## 6.4.10 Ansvar 380 - HAFS interkommunale barnevernsteneste, Solund

| Eining/Teneste | Leiar (Tittel) | Tal Årsverk | Tal tilsette |
|---|---|---|---|
| HAFS barnevernsteneste | Barnevernsleiar | 1 | 1 |
| | Barnevernskonsulent | 7,5 | 7 |
| **Sum** | | **8,5** | **8** |

### 6.4.10.1 Årsverk stillingsplan

Tenesta har 6 stillingar for sakshandsaming, inkludert leiar. I tillegg kjem 2,5 stillingar for arbeid med tiltak i heimen. Av desse er 0,5 tiltaksstilling i Askvoll og 0,5 tiltaksstilling i Fjaler. 2,3 stillingar av dei samla 8,5 stillingane er lønnsmidlar frå Fylkesmannen. Det blir brukt til både tiltak og sakshandsaming.

Vi har fagutdanna i alle stillingane, både på bachelor- og masternivå. Dei tilsette har i tillegg kompetanse og sertifisering innan ulike kartlegging- og rettleiingsmodellar. Etter ei lang tid med underbemanning, vart vi omtrent fulltallige i august 2019, og har no kun 0,5 stilling vakant. Desse midlane nyttar vi no til merkantilstilling. Vi har fokus på å bygge kompetanse hjå oss, då mange av dei som har slutta hadde metodevertky som vi no ikkje har. Dette er til dømes PMTO og Marte Meo. Vi har innleia dialog med ulike kompetansemiljø for å undersøkje moglegheiter for å få opplæring i dette. I 2018 vart det også bestemt å auke lønstillegg til dei som er tilsett hjå oss, både som rekrutteringsverkty og for å behalde tilsette i stillingane sine.

Vi har sidan januar 2018 stilt med 10 vaktveker i barnevernsvakt-samarbeidet vi er gått inn i. Leiar og nestleiar har delt på vaktbelastinga, i tillegg til sine fulle stillingar. Vakta er ei veke i strekk, og vert kompensert med 1/6 godtgjersle, samt eventuell overtid.
Det har ikkje vore utrykkingar frå akuttvakta i Solund kommune i 2019.

### 6.4.10.2 Status pr. 26.03.20:

Pr no har barnevernstenesta 75 born i hjelpetiltak, herav 6 born i ettervern. Det er 11 born under omsorg, både frivillig plassering og tvangsplasseringar.
I 2019 mottok barnevernstenesta totalt 91 bekymringsmeldingar. Av desse vart det opna undersøking i 71 saker. Mange av dei nye sakene omhandla vald og overgrep – totalt 20 meldingar i 2019.

*NB! Solund kommune er beden om å ta kontakt om ein ynskjer spesifikke tal for Solund.*
*Av omsyn til mogleg identifisering vert det ikkje skrive tal barn i tiltak i denne årsmeldinga.*

*Mål for tenesta er å sikre rett hjelp til rett tid.* Dette krev tett samarbeid med instansar kring familiane og tett oppfylging av born og foreldre. Vi reiser mykje ut til familiane og møter dei på sine trygge arenaer.

### 6.4.10.3 Kostradata

Klikk her for å sjekke ut Kostra-tala for barnevernstenesta i Solund kommune. Her kan de sjølv legge inn nye årstal og kommunar for eigne samanlikningar.

Ut frå kostratala for 2019 ligg Solund kommune nokolunde på line med samanliknbare kommune med tanke på meldingar og undersøkingar. Vi driv eit rimelegare barnevern, og dette handlar mykje om at vi speler på eigen kompetanse internt i tenesta og i kommunen.

### 6.4.10.4 Viktige hendingar 2019

- Barnevernstenesta har lukkast med rekruttering og vart i 2019 omtrent fulltallige
- Barnevernstenesta arbeider meir med alvorlege saker, mange av desse i samråd med politi og rettsvesen. Dette er særs ressurskrevjande saker. Denne utviklinga har vi sett over dei siste par åra, og det ser til å vere trenden framover også. Denne utviklinga har vi kjennskap til at dei fleste kommunane i fylket også opplever.

- Barnevernstenesta har framleis ein del saker i samband med busetting av flyktningar. Desse sakene er krevjande for kommunane, og krev mykje ressursar av mange.
- På grunn av ein betra bemanningssituasjon har barneverntenesta teke opp att det førebyggande tverrfaglege samarbeidet med andre instansar i kommunane. Dette opplevast særs positivt og givande.
- Det har vore oppretta dialogmøte mellom fylkesmannembeta i Noreg og barneverntenestene. HAFS hadde sitt møte i mars 2019 saman med rådmenn og ordførarar frå HAFS. Vurderinga gjort der er at barneverntenesta leverer forsvarlege tenester, og at det er viktig å halde ein dialog med administrasjon og folkevalde. Dette er ein prosess barneverntenesta er positiv til.
- Barneverntenesta har delteke i ei felles kompetansesatsing i fylket, «læringsnettverk» saman med andre barneverntenester og fylkesmannen. Barneverntenesta skal delta i vidare kompetanse- og kvalitetsutvikling i 2020 i regi av fylkesmannen og Bufdir.

Samla sett er vurderinga at vi har levert forsvarlege tenester til brukarane våre i HAFS-kommunane i året som gjekk, sjølv med til tider vanskelege prioriteringar. Vi har hatt fokus på korleis ivareta både oppgåvene våre, samarbeid med andre instansar og våre tilsette.
Barnevernet vil framleis fokusere på å vidare levere gode tenester og handsame oppgåvene våre forsvarleg og innan gjeldande regelverk.

#### 6.4.10.5 Utfordringar framover:

- I 2022 trer barnevernreforma i kraft. Denne seier noko om at kommunane vil få eit auka finansieringsansvar for barneverntiltak og fosterheimar. Kommunane og barneverntenesta må saman rigge seg for desse endringane framover.
- Ha kapasitet til å auke kompetanse i form av utdanningar og kurs.

#### 6.4.10.6 Økonomi

| 380 | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Auka kostnad interkommunal barnevernsteneste | -116 | | |
| | Reduserte kostnader barnevernstiltak utanfor heimen | 18 | | |
| | **Sum** | | | **-98** |

Meirforbruket skuldast i all hovudsak at kostnadane til den interkommunale drifta har vore større enn det som kom med i endeleg budsjett. Det har vore dialog mellom barneverntenesta og Solund kommune om dette. Kostnadane med barneverntenesta er no oppe på eit normalnivå, då vi har vore fulltallige på kontoret i driftsåret. Vidare er det eit kravd refusjon etter oppdaterte kostnadsfordelingsnøklar mellom kommunane. Fordelingsnøkkel er tal barn i kommunen pr. år.

### 6.4.11 Økonomisk resultat for helse-, pleie-, og omsorg 310 - 380

Det er innleiingsvis verd å merke seg at veksten i nettokostnadane for heile HOMS-sektoren frå år 2018 til år 2019 er på 0,9%. Det er godt under både prisveksten for kommunale sektor (3,0%) og om ein samanlikna med dei andre tunge sektorane i kommunen elles.
Dette skuldast at år 2018 var eit svært kostnadskrevjande år for HOMS-sektoren, med høgt belegg og store omstillingsprosessar i sving.

Likeins er det verd å merke seg at avviket mellom rekneskap og budsjett er på 5,3%. Det betyr at ein er nøydd å vurdere om budsjettrammene er høge nok til den drifta som trengs. Rapporten frå drifta ved ansvar 370, tyder på at også år 2019 har vore særdeles krevjande, sjølv om tal brukarar har vore lågt.

I samband med siste tertialrapportering nr. 2 som vart utarbeidd i medio september 2019, vart det signalisert ei von om balanse, men at det ville verta vanskeleg å koma i mål innafor tildelte rammer for helse-, pleie- og omsorg. M.a. vart det signalisert at brukarbetalingane såg ut til å svikte monaleg og at

meirkostnadane på vikarløn var vesentlege, av fleire godt grunngjeve årsaker.
Tiltak for å sjå om ein kunne klare å oppnå balanse er gjort, men effektane ser ein ikkje før i år 2020.

| | R - 2019 | RB - 2019 | Avvik R vs. RB | | R - 2018 | Endr. 2019/2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ansvar 310** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -2 118 262 | -2 119 000 | -1 | 0,0 % | -1 733 066 | 385 | 22,2 % |
| Sum ordinære utgifter: | 6 494 249 | 6 370 000 | -124 | -2,0 % | 6 583 885 | 90 | 1,4 % |
| Netto driftsramme: | **4 375 987** | **4 251 000** | -125 | -2,9 % | **4 850 819** | 475 | 9,8 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 312** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -522 765 | -523 000 | -0 | 0,0 % | -45 543 | 477 | 1047,9 % |
| Sum ordinære utgifter: | 1 122 152 | 1 123 000 | 1 | 0,1 % | 690 615 | -432 | -62,5 % |
| Netto driftsramme: | **599 387** | **600 000** | 1 | 0,1 % | **645 072** | 46 | 7,1 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 313** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -709 415 | -695 000 | 14 | 2,1 % | -519 214 | 190 | 36,6 % |
| Sum ordinære utgifter: | 1 217 827 | 1 220 000 | 2 | 0,2 % | 994 214 | -224 | -22,5 % |
| Netto driftsramme: | **508 412** | **525 000** | 17 | 3,2 % | **475 000** | -33 | -7,0 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 314** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -1 122 318 | -1 122 000 | 0 | 0,0 % | -558 379 | 564 | 101,0 % |
| Sum ordinære utgifter: | 1 122 318 | 1 122 000 | -0 | 0,0 % | 658 379 | -464 | -70,5 % |
| Netto driftsramme: | **0** | **0** | 0 | #DIV/0! | **100 000** | 100 | 100,0 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 315 - Tidl. Psykologteneste** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | | | | | -775 000 | | |
| Sum ordinære utgifter: | | | | | 900 000 | | |
| Netto driftsramme: | | | | | **125 000** | | |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 370** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -7 313 231 | -7 709 000 | -396 | -5,1 % | -6 901 069 | 412 | 6,0 % |
| Sum ordinære utgifter: | 25 359 432 | 24 684 000 | -675 | -2,7 % | 24 247 199 | -1 112 | -4,6 % |
| Netto driftsramme: | **18 046 201** | **16 975 000** | -1 071 | -6,3 % | **17 346 130** | -700 | -4,0 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 371** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -163 117 | -163 000 | 0 | 0,1 % | -237 883 | -75 | -31,4 % |
| Sum ordinære utgifter: | 665 545 | 563 000 | -103 | -18,2 % | 749 390 | 84 | 11,2 % |
| Netto driftsramme: | **502 428** | **400 000** | -102 | -25,6 % | **511 507** | 9 | 1,8 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 372** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -29 794 | -30 000 | -0 | -0,7 % | -13 806 | 16 | 115,8 % |
| Sum ordinære utgifter: | 255 052 | 280 000 | 25 | 8,9 % | 194 554 | -60 | -31,1 % |
| Netto driftsramme: | **225 258** | **250 000** | 25 | 9,9 % | **180 748** | -45 | -24,6 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 373** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -211 672 | -176 000 | 36 | 20,3 % | -205 844 | 6 | 2,8 % |
| Sum ordinære utgifter: | 569 199 | 601 000 | 32 | 5,3 % | 594 027 | 25 | 4,2 % |
| Netto driftsramme: | **357 527** | **425 000** | 67 | 15,9 % | **388 183** | 31 | 7,9 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 380** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -734 | -1 000 | -0 | -26,6 % | -13 296 | -13 | -94,5 % |
| Sum ordinære utgifter: | 873 874 | 776 000 | -98 | -12,6 % | 766 623 | -107 | -14,0 % |
| Netto driftsramme: | **873 141** | **775 000** | -98 | -12,7 % | **753 326** | -120 | -15,9 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 310, 312, 313, 314, 370, 371, 372, 373, 380** | | | | | | | |
| Sum ordinære inntekter: | -12 191 307 | -12 538 000 | -347 | -2,8 % | -10 228 098 | 1 963 | 19,2 % |
| Sum ordinære utgifter: | 37 679 648 | 36 739 000 | -941 | -2,6 % | 35 478 883 | -2 201 | -6,2 % |
| Netto driftsramme: | **25 488 341** | **24 201 000** | -1 287 | -5,3 % | **25 250 785** | -238 | -0,9 % |

Det endelege resultatet syner at det har oppstått eit større avvik (1,287 mill.) for denne sektoren pr. 31/12 2019. Mestedelen av dette avviket er knytt til institusjonsdrifta. Og det syner seg at brukarbetalingane utgjer 0,4 mill. av dette avviket, noko som var meir enn signalisert. Dette fordi gjennomsnittsbelegget ved institusjonen har vore på eit svært lågt nivå.
Dei uvanleg mange dødsfalla i ein periode i år 2019, er hovudårsaka til dette.

Rekneskapen syner at det er eit meirforbruk på 0,6 mill. (om lag 80% stilling) i høve netto budsjettert løn ved institusjonen, herunder er auken i vikar- og overtidsbruk vesentleg. Dette skriv seg mykje frå ekstraarbeid / bemanning rundt dei mange terminalfasane som har vore. I tillegg har ein i det siste halvåret måtta drifta ein turnus der ein har måtta ivareta fleire tunge brukarbehov utafor institusjonen enn forventa.

Til sist vert det nemnt at avviket ved ansvar 310 skuldast at kommunen fekk krav frå Helse Førde om å etterbetale for lækjartransport år 2017 og 2018 (til saman 0,6 mill.). Denne budsjettposten har stått unytta i 3 år, og vart nemnt i tertialrapporten som ein mogleg salderingspost om det oppstod eit avvik ved årsslutt. Ny avtale om lækjartransport er under utarbeiding gjeldande frå og med år 2019, og vonleg vert denne ikkje like kostbar for kommunen som tidlegare år. 0,3 mill. er avsett til å kunna betale år 2019 når ein faktura kjem i framtida.

## 6.5 Ansvar 600, 610, 620 og 630 - Plan og Utvikling

### 6.5.1 Organisering og overordna mål

#### 6.5.1.1 Organisering:
Eining med einingsleiar direkte underlagt administrasjonssjefen. Eininga har ansvar for plansaker, byggje- og delingssaker, landbruk, kart- og oppmåling, vatn, avlaup, renovasjon, feiing- og førebyggjande brannvern, beredskap og kommunale bygg, vegar og anlegg.

#### 6.5.1.2 Overordna mål:
Overordna mål går fram av kommuneplanen for Solund 2008 – 2020 Samfunnsdelen. Vedteken i Solund kommunestyre 20.04.2010.
Det har vore stor aktivitet i 2019 og ein har hatt god måloppnåing.

### 6.5.2 Ansvar 600 – Brann- og beredskap, sjølvkosttenester, m.m.

#### 6.5.2.1 Beredskap
For brann- og beredskap er det utferda eiga årsmelding etter mal frå direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, som er sendt elektronisk. Det vert vist til denne.

Det er produsert god beredskap innafor den økonomiske ramma ein har hatt.
Solund brannvern er godt i gang med å lukka avvik i høve til krava til kompetanse i dimensjoneringsforskrifta. Nye personell gjennomfører nettbasert kurs og ein er i gang med internopplæring for desse. Personell med lengre erfaring i brannvernet har fullført grunnkurs og kurs som utrykkingsleirarar. Dette gjer oss betre rusta til å handtera hendingar innanfor gjeldande krav.

Solund kommune hadde ein husbrann på Hardbakke i 2019. Dette vart løyst på ein tilfredsstillande måte. Det vart ingen skadde og ein stogga brannen i det hust den starta. Brannen sette fokus på vassforsyning til brannslokking i kommunesenteret. Ein registrerte at høgdebassenget vart ei begrensing sjølv ved ein husbrann utan spreiing.
I år 2019 hadde ein elles aktivitet og utrykkingar som i eit normalår.

#### 6.5.2.2 Akutt ureining:
Det har ikkje vore større hendingar med akutt ureinig i 2019. Solund kommune er med i IUA Bergen Region og har delteke på kurs, øvingar og opplæring.
Kystverket sin innsatsstyrke er no tilknytt depotet på Mongstad. Solund kommune er arbeidsgjevar for 10 personell i innsatsstyrken og tilsynsmann.

Innan førebyggjande brannvern har ein som tidlegare år prioritert opplæring og motivasjon i skule og barnehage i tillegg til lovpålagte tilsyn. Dette viktige arbeidet syner att med relativt lite tal brannar. Vi har svært godt samarbeid med barnehage, skule og lag/organisasjonar for å gje kunnskap og driva haldningsskapande arbeid.

Solund brannvern har hatt postalt tilsyn frå arbeidstilsynet. Det vart arbeidd med tiltak for å lukka avvika innan fristen 01.01.2020. Tiltaka var m.a. å skilje urein og rein sone, ventilasjon og nye maskiner for vask og tørk av arbeidstøy. For å drive etter krava er det gjort organisatoriske endringar med strenge krav til arbeidsrutiner.

#### 6.5.2.3 Kart, oppmåling og geodata:

| *År* | *Journalførte rekvisisjonar oppmålingsforretning* | *Ferdighandsama saker* |
|---|---|---|
| ***2019*** | 8 | 5 |
| ***2018*** | 10 | 8 |
| ***2017*** | 10 | 8 |
| ***2016*** | 19 | 18 |
| ***2015*** | 13 | 13 |
| ***2014*** | 9 | 7 |
| ***2013*** | 19 | 18 |
| ***2012*** | 17 | 13 |

Det er stor utvikling innan området for det geografiske informasjonssystemet og oppdaterte digitale kart er ein viktig del av samfunnsutviklinga. Det vart føreteke ny fotografering i delar av kommunen i 2019. Kartgrunnlaget vert levert i 2020.

#### 6.5.2.4 Feiing

I driftsåret har ein utvida feiartenesta til også å gjelde fritidsbustader. Dette er i tråd med nye lovpålegg gjeldande frå og med år 2018.

#### 6.5.2.5 Vatn og Avløyp

Ein har i driftsåret tilsett ein ressurs som har starta opp planlegging og iverksetting av planane for fornying og utvikling / utbygging av det kommunale VA-nettet.

#### 6.5.2.6 Økonomi

Det er mange avvik ved dette ansvarsområde, som samla sett gjev eit mindreforbruk på 0,15 mill. Det vert vist til ei samla oversikt over økonomiske avvik under kap. 6.5.

### 6.5.3 Ansvar 610 – Byggesak, plan, landbruk

#### 6.5.3.1 Landbruk:

| **Produksjonstilskot i landbruket** | | | **Regionale miljømidlar (RMP)** | | **SMIL - midlar** | | **Dyretal pr. 31/7** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | Tal søkjarar | Utbetalt (mill. kr) | Tal søkjarar | Utbetalt (mill.kr ) | Tal søkjar | Innvilga (mill i kr) | Mjølke-kyr | Sau over 1år |
| 2019 | 33 | 4,9 | 14 | 0,28 | 9 | 0,30 | 35 | 2257 |
| 2018 | 30 | 4,8 | 11 | 0,19 | 9 | 0,23 | 38 | 2282 |
| 2017 | 32 | 4,8 | 15 | 0,30 | 3 | 0,16 | 38 | 1992 |
| 2016 | 31 | 4,6 | 13 | 0,30 | 4 | 0,16 | 41 | 2094 |
| 2015 | 25 | 4,4 | 13 | 0,33 | 16 | 0,34 | 31 | 1962 |
| 2014 | 25 | 4,0 | 15 | 0,64 | 13 | 0,28 | 21 | 1902 |
| 2013 | 22 | 4,3 | 22 | 0,55 | 14 | 0,28 | 23 | 2303 |
| 2012 | 25 | 3,8 | 24 | 0,61 | 12 | 0,33 | 17 | 2195 |
| 2011 | 24 | 3,5 | 26 | 0,66 | 17 | 0,46 | 19 | 2489 |
| 2010 | 23 | 2,7 | 24 | 0,65 | 20 | 0,34 | 17 | 2195 |

Tabellen over viser tal søknader som er handsama og gjort vedtak på av kommunen tilhøyrande ulike tilskotsordningane i landbruket. For alle tilskotsordningane gjeld tal søkarar for det aktuelle året. Utbetalingane for produksjonstilskotet omfatta tidlegare søknaden i august året før og januar i det gjeldande året. Frå og med 2017 gjeld utbetalingane for søknadsåret, same som for RMP- midlane. For å kunna søka om produksjonstilskot, regionale miljømidlar (RMP) og SMIL-midlar, må det vere registrert føretak som har vanleg jordbruksdrift på garden. SMIL-midlar kan også dei som leiger vekk areal til dei som driv jordbruk, søka på.
I tillegg vart det handsama nokre få søknadar på utsiktsrydding og på tilskot til drenering.

Solund kommune samarbeider med Hyllestad og Fjaler om veterinærtenesta.
Det spesielle med landbruket i Solund er omfanget av den tradisjonelle villsaudrifta med gamalnorsk sau og sviing av kystlyngheia for å ha gode vinterbeite til sauene. Men også den teknologiske utviklinga og det moderne husdyrhaldet er kome til Solund med lausdriftsfjøs og robotmjølking.

Solund kommune kjøper landbruksfagleg kompetanse.
Landbruksforvaltninga i kommunen overtek stadig fleire tilskotsordningar som Fylkesmannen tidlegare hadde hand om. SMIL, tilskot til drenering, tilskot til sjukdomsavløysing, tilskot til tiltak i skogbruket og organisert beitebruk er tilskotsordningar som er overført til kommunane frå Fylkesmannen dei siste åra.

### 6.5.3.2 Planarbeid

| | *2012* | *2013* | *2014* | *2015* | *2016* | *2017* | *2018* | *2019* |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ***Godkjende reguleringsplanar*** | 7 | 4 | 2 | 0 | 1 | 7 | 1 | 0 |

Ny reguleringsplan under arbeid (oppstartmøte er gjennomført):

- Detaljreguleringsplan for sentrumsnære bustader Hardbakke del av gnr 26 bnr. 63 Hardbakke

Det vart elles arbeidd med ajourhald av planregister og avslutting/dokumentasjon av tidlegare planer.

### 6.5.3.3 Bygge- og delingssaker:

| | **2012** | **2013** | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** | **2019** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Antall saker | 61 | 76 | 58 | 76 | 62 | 60 | 57 | 58 |
| Heilårsbustader | 1 | 0 | 1 | 0 | 4 | 5 | 2 | 0 |
| Fritidsbustader | 2 | 3 | 4 | 2 | 2 | 1 | 1 | 0 |
| Andre* | 32 | 52 | 20 | 53 | 33 | 32 | 18 | 43 |
| Deling | 14 | 7 | 9 | 5 | 4 | 7 | 16 | 2 |
| Dispensasjonar | 12 | 14 | 24 | 16 | 19 | 15 | 20 | 13 |

* *Garasjar, anneks, uthus, naust m.m.*

Samla aktivitet innan byggje- og delingssaker er om lag som i eit normalår. Det er ikkje gjort vedtak om bygging av bustadhus eller fritidshus i 2019, men det er motteke søknad om fritidshus i meldingsåret.

### 6.5.3.4 Økonomi

Det er eit større økonomiske avvik på nær 0,6 mill. ved dette ansvarsområde. Dette skuldast i all hovudsak sviktande gebyrinntekter knytt til kommunen sitt planarbeid.
Det vert vist til ei samla oversikt over økonomiske avvik under kap. 6.5.

### 6.5.4 Ansvar 620 – Bygg og anlegg

Det har vore noko endring i bemanning innan vedlikehald. M.a. er det tilsett ein fagleiar med ansvar for drift. Det er gjort mykje arbeid med å lukke avvik innan m.a. el-sikkerheit og internkontroll/HMS

Nye bygg og anlegg er kome til i den kommunale eigedomsportefølgjen dei siste åra. Det er viktig at det vert innarbeidd gode vedlikehaldsprogram og tilstrekkeleg med vedlikehaldsmidlar for å drifta desse anlegga.
Dei rivningsklare omsorgsbustader nord for Solundheimen, er i driftsåret endeleg fjerna.

Vedlikehaldsplanen for kommunale bygg og anlegg har vore og vil verta ein viktig arbeidsreidskap frametter. Planen vart revidert i 2019 og vil verta rullert årleg frametter, slik at alle bygg og anlegg til ei kvar tid kjem med i planen.

Eininga har styrt aktiviteten godt innanfor vedtekne mål og er i økonomiske balanse ved årsslutt.
Det er verd å merke seg nokre interne avvik mellom dei ulike utgiftsartane, som ein må ta høgd for i neste driftsår. Det vert vist til den samla oversikta over økonomiske avvik under kap. 6.5.

### 6.5.5 Ansvar 630 – Driftsutgifter vaktmeistrar

På dette ansvarsområde finst det nokre budsjettmidlar avsett, slik at vaktmeistrane skal kunna halde drift i sine utekontor.

### 6.5.6 ØKONOMISK RESULTAT for ansvar 600, 610,620 og 630:

#### 6.5.6.1 Kommentarar til vesentlege avvik:

| 600 | | Utgifter | Inntekter | Sum |
|---|---|---|---|---|
| | Auka kostnad int.komm. førebyggande brannvern | -22 | | |
| | Auke interkommunalt brannvesen | -135 | | |
| | Auka nettoløn brannvesen | -234 | | |
| | Reduserte kostnader opplæring brannvesen | 85 | | |
| | Budsjettert refusjon frå staten er ikkje utbetalt - brannvesen | | -150 | |
| | Auka vedlikehaldskostnader brannvesen | -36 | | |
| | Auka refusjon oljeverndepot | | 195 | |
| | Vakanse eigedomsforvaltning | 240 | | |
| | Auka netto driftsutgifter kart- og oppmåling | -48 | | |
| | Nye inntekter feiarvesen - heile kommunen | | 117 | |
| | Auka kjøp av tenester feiarvesen | -45 | | |
| | Vakanse vassforsyning | 70 | | |
| | Reduksjon andre driftsutgifter vassforsyning | 40 | | |
| | Serviceavtalar vassforsyning | 57 | | |
| | Avsetnad til sjølvkostfond vassforsyning | -153 | | |
| | Vakanse avløyp | 88 | | |
| | Reduksjon andre driftsutgifter avløyp | 19 | | |
| | Bruk av sjølvkostfond avløyp | | 31 | |
| | Unytta løyving - tømming av slamavskiljarar | 35 | | |
| | **Sum** | | | **154** |

- I år 2018 og 2019 har brannvesenet vore i aksjon på 2 store utrykningar som begge kravde vesentleg med ekstra ressursar og midlar, både under aksjonane og i ettertid.
  Den budsjetterte refusjonen for storbrannen i lyngheia på Ytre Sula, vart inntektsført i år 2018, slik at budsjetterte inntekter i år 2019 kjem som eit avvik.
  Husbrannen på Hardbakke kravde mykje ekstra ressursar i år 2019.

- Auka refusjonar for drift og vedlikehald av oljeverndepotet er med å dekke opp ein del av avviket
- Det er også køyrt med reduserte bemanning ved avdelinga, m.a. for å prøva dekka inn mindreinntekter ved planarbeidet ved ansvar 610.
- Alle sjølvkostordningar (feiing, kart- og oppmåling, Vatn og Avløyp) er handsama etter forskriftene og justert mot reguleringsfond, eller mot eigne memoriakonti der oppsamla underskot er ført tidlegare år.

| 610 | | Utgifter | Inntekter | Sum |
|---|---|---|---|---|
| | Auka netto løn planarbeid | -25 | | |
| | Reduksjon inntekter planarbeid | | -650 | |
| | Auka netto driftsutgifter byggesak | -45 | | |
| | Reduksjon inntekter gebyr byggesak | | -94 | |
| | Vakanse løn landbruksforvaltning | 128 | | |
| | Avsetnad øyremerkt tilskot landbruk - motteke år 2018 | -25 | | |
| | Redusert kostnad veterinærvakt | 17 | | |
| | Reduserte driftskostnader Hardbakke hamn | 74 | | |
| | Etterfakturerte inntekter hamner | 63 | | |
| | **Sum** | | | **-557** |

- Det har ikkje vore skrive ut plangebyr på reguleringssaker i år 2019. Det har vore halde oppstartsmøte, men det har ikkje vore reguleringsplanar som har løyst ut gebyr i 2019.
  Desse inntektene var budsjettert med inntekter på år 2018-nivå.

| 620 | | Utgifter | Inntekter | Sum |
|---|---|---|---|---|
| | Auka kostnader forsikring | -71 | | |
| | Auka inntekter internsal mot investering | | 25 | |
| | Auka netto lønskostnader | -120 | | |
| | Reduserte straumkostnader | 97 | | |
| | Auka kommunale avgifter | -100 | | |
| | Reduserte vedlikehaldskostnader | 150 | | |
| | **Sum** | | | **-19** |

- Reduserte straumkostnader kom som følgje av fusjonen mellom BKK og Sunnfjord Energi Holding
- Auke forsikringskostnader ved dette ansvarsområde, må sjåast i samanheng med reduserte kostnader på andre ansvarsområde, saman med for lågt budsjett. Samla forsikringskostnader har gått ned frå året før.
- Kommunale avgigter har også vorte redusert frå året før, men har vore for lågt budsjettert.
- For låg budsjettering kan sjåast i samanheng med for høgt budsjett på vedlikehaldskostnader.

| | R - 2019 | RB - 2019 | Awik R vs. RB | | R - 2018 | Endr. 2019/2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Ansvar 600** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -3 562 660 | -3 365 000 | 198 | 5,9 % | -2 890 837 | 672 | 23,2 % |
| Sum utgifter: | 5 383 873 | 5 340 000 | -44 | -0,8 % | 4 900 449 | -483 | -9,9 % |
| Netto driftsramme: | **1 821 213** | **1 975 000** | 154 | 7,8 % | **2 009 613** | 188 | 9,4 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 610** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -768 805 | -1 451 000 | -682 | -47,0 % | -1 227 837 | -459 | -37,4 % |
| Sum utgifter: | 2 175 583 | 2 301 000 | 125 | 5,5 % | 1 951 232 | -224 | -11,5 % |
| Netto driftsramme: | **1 406 778** | **850 000** | -557 | -65,5 % | **723 395** | -683 | -94,5 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 620** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -2 226 635 | -2 200 000 | 27 | 1,2 % | -2 165 049 | 62 | 2,8 % |
| Sum utgifter: | 7 296 602 | 7 250 000 | -47 | -0,6 % | 6 807 635 | -489 | -7,2 % |
| Netto driftsramme: | **5 069 967** | **5 050 000** | -20 | -0,4 % | **4 642 586** | -427 | -9,2 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 630** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -8 893 | -8 000 | 1 | 11,2 % | -6 900 | 2 | 28,9 % |
| Sum utgifter: | 44 467 | 58 000 | 14 | 23,3 % | 42 899 | -2 | -3,7 % |
| Netto driftsramme: | **35 573** | **50 000** | 14 | 28,9 % | **35 999** | 0 | 1,2 % |
| | | | | | | | |
| **Ansvar 600, 610, 620, 630** | | | | | | | |
| Sum inntekter: | -6 566 994 | -7 024 000 | -457 | -6,5 % | -6 290 622 | 276 | 4,4 % |
| Sum utgifter: | 14 900 524 | 14 949 000 | 48 | 0,3 % | 13 702 216 | -1 198 | -8,7 % |
| Netto driftsramme: | **8 333 531** | **7 925 000** | -409 | -5,2 % | **7 411 593** | -922 | -12,4 % |

## 6.5.7 Plan- og utvikling si involvering i investeringar

I budsjettåret 2019 har ein hatt fylgjande større investeringsprosjekt under arbeid ved eininga:

- Bustadfelt Klubben, vert ferdigstilt 2020.
- Murfasade, Enøk m.m. Solundheimen. Held fram i 2020.
- Trafikktryggingstiltak, årleg ferdigstilling (aksjon skuleveg).
- Sikring av kommunale kaier. Montert anodar på kaier med stålkonstruksjon. Ulike reparasjonar er utført/under arbeid.
- Adresseprosjekt under arbeid. Dei fleste eigedomar har fått vegadresse. Venter på avgjerd hos Kartverket i namnesaker for tildeling av veg-/områdeadresser for resten.
- Fast dekke på del av veg til Tangenes.
- Tilbodsinnbyding ny mannskapsbil gjennomført. Ny bil vert levert i 2021.
- Postalt tilsyn brannvern. Avvik vart lukka i 2020, og det er gjor fysiske og organisatoriske tiltak.
- Vedlikehaldsplanen kommunale bygg og anlegg.
- Oppgradering Hardbakke Vassverk og UV-anlegg, under arbeid.
- Møteplassar Eide og Trovåg med fast dekk.
- Fast dekke parkeringsplass Kolgrov.
- Veganlegget Eide- Kvernhusvika- Kråkenes

## 6.6 Utvikling i samla driftsutgifter vs. driftsinntekter (ikkje prisjustert):




Dette diagrammet synleggjer på ein god måte korleis svingingane i inntektene frå det statlege havbruksfondet har påverka driftsresultata dei siste åra. Dersom signala frå regjeringa vert som i vinter, så skal Solund få sjå ei liknande søyle som for år 2018, kvart 2. år frametter.

Det vert vist til kap. 4.2, der det vert gjort greie for også andre ekstraordinære tilhøva som gjer at samanlikningar mellom driftsåra ikkje berre er rett fram å gjera.

Det er viktig at kommunen held driftsutgiftsnivået nede, sidan ein no skal gjere store investeringar som vil krevje vesentlege dekningsbidrag for aukande finanskostnader i framtida. Også det faktum at integreringstilskotet vert fasa heilt ut, gjer det endå viktigare å drive nøkternt i åra som kjem.

## 6.7 Endringar i avsette fondsmidlar (både drift og investering):

Det vert vist til eigne noter (nr. 12-14) og kap. 4.4.8, for detaljar omkring endringar i netto avsetnadar. Som det går fram av diagrammet under, så er samla fondsreserver auka monaleg også dette året. Noko av veksten skuldast auken i midlar avsett til disposisjonsfonda. Men mestedelen av auken skriv seg frå eit eingongstilskot som BKK utbetalte kommunane i samband med fusjonen mellom Sunnfjord Energi og BKK. Netto utbetalt tilskot, stort 4,047 mill., er avsatt på ubunde investeringsfond.




Sjølv om saldoen på det ubunde investeringsfondet er på vel 15 mill, så er det viktig å vera merksam på at desse midlane stort sett er disponert, som t.d. 10 mill. til finansiering av Ny skule m/bibliotek. Dei midlane kommunen har på ubunde investeringsfond som ikkje er disponert, er knytt til fondet «Veg til Tangenes» som er refusjonane frå Fylkeskommunen etter forskotteringa av midlar til å bygge vegen. Den gongen vart det vedteke eit «lån»frå fondet «Stakaldefossen».

Det er også verd å merke seg at det er vedteke vesentleg bruk av disposisjonsfondet, som først vert effektuert komande år, t.d. 10,0 mill. til realisering av Ny skule m/bibliotek.

Som ein artig kuriositet kan det nemnast at på bunde investeringsfond står det kr. 14.492,15, øyremerkt Bru over Ytre Steinsund. Summen skriv seg frå då eit Fiskarkvinnelag i Ytre Sula vart oppløyst og desse samla vart einige om at no må det snart byggast bru over sundet.
Det er på tide å starte planlegginga av korleis desse pengane skal brukast til sitt rette føremål, om ikkje meir enn for desse framsynte kvinnene si skuld

At samla fondsmidlar aukar er positivt både for kommunen sin likviditet og for kommunen sin økonomiske handlerom for framtida. Med signal om ytterlegare auksjonar av konsesjonar i Havbruksnæringa i år 2020 etter same lest som i år 2018, ser framtida lys ut for kommunen .

# 7 LÅNEGJELD

### 7.1. Utvikling i lånegjeld

Netto lånegjeld er om lag 122,6 mill. og har gått opp med omlag 11,3 mill. frå året før.
Auken skuldast i stor grad låneopptaket til investeringar i omsorgsbustader.
I utgangspunktet skal finanskostnadane knytt til investeringar i omsorgsbustader vera sjølvfinansierande, ved at det skal løpa nye husleigeinntekter i framtida. Desse inntektene kjem ikkje før i år 2020.




Låneopptak som er gjort på prosjekt som enno ikkje er starta opp, vert ståande som «unytta lånemidlar» og bidreg til at kommunen har ein god likviditetsreserve.
Note 16 til årsrekneskapen viser at det står om lag 14,3 mill. i unytta lånemidlar pr. 31/12 2019. Dette skuldast forseinka oppstart / ferdigstilling av ein rekke prosjekt. Dei største reservane finn ein på UV-anlegg vassverk (0,50 mill.), Bustadfelt Ytrøygrend (0,5 mill.), Idrettshus (0,6 mill.), Sjønesvegen (0,87 mill.), Veg Kvernhusvika-Kråkenes (2,55 mill.), Vaktmeisterløysing (0,65 mill.), Mannskapsbil / brannbil (2,4 mill.), Vedlikehaldsplan 2018 /2019 (1,38 mill.+0,78 mill.), tiltak etter tilsyn brannvern (0,63 mill.), samt mange andre mindre heile eller delvis unytta løyvingar.

Lånegjelda er naturleg nok høg, men økonomiplanen dokumenterer at det let seg gjere å handtere dei framtidige finansutgiftene. Sjå også tabellane i neste avsnitt.

## 7.2 Lånegjeld pr. innbyggjar ( i 1.000 kr.)

| | 31/12 2015 | 31.12.2016 | 31/12 2017 | 31/12 2018 | 31/12 2019 | Endring siste år |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Formidlingslån | 4 095 | 4 726 | 4 858 | 5 043 | 5 190 | **147** |
| Eigne lån | 62 407 | 83 662 | 104 692 | 111 339 | 122 630 | **11 291** |
| Brutto lånegjeld | 66 502 | 88 388 | 109 550 | 116 382 | 127 820 | **11 438** |
| | | | | | | |
| Innbyggjarar | 785 | 794 | 807 | 820 | 802 | **-18** |
| Netto lånegjeld pr. innbyggjar | 79 | 105 | 130 | 136 | 153 | **17** |

Netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka med om lag kr. 17.000 frå førre år.
Det er også mogleg å gjere samanlikningar med andre gjennom statistikkar på www.kostra.no , men KOSTRA brukar innbyggjartalet pr. 1/1 året før. I tillegg held dei utanom unytta lånemidlar.

Under følgjer ei samanlikning av Solund kommune sitt gjeldsnivå vs. alle kommunar i landet og samanlikna med dei kommunar som er utvalgt i SSB til å vera nokolunde samanliknberre (KOSTRA-gruppe nr. 6):




*Det er noko feil i SSB sin statistikkbank og år 2018 er openberr feil for Solund kommune sin del.*

Sjølv om lånegjelda er høg pr. innbyggjar, så skil ikkje Solund seg så mykje ut frå resten av kommune-Noreg med tanke på kva den langsiktige gjelda utgjer, sjølv etter det store investeringsløftet i nye omsorgsbustader.
Det vil kommunen derimot gjere når låneopptaket for Ny skule inkl. bibliotek vert gjort.
Men dette er kjent for både lokale og regionale mynde; - at når ei slik stor investering skjer, for ein så liten kommune, vil ingen økonomiske måleparametre vera innafor normalen.
Men det er likevel viktig at ein etter dei store investeringsløfta som vert gjort i åra som kjem, set tæring etter næring i den kommunale drifta.

# 8 FOLKETALSUTVIKLING




Som det går fram av figuren ovanfor, skjedde det ein gledeleg oppgang i folketalet i perioden 1/1-16 til 31/12 2018. Folketalet auka frå 785 til 820 personar (+35 stk.).
Dernest vart folketalet redusert med -4 personar i 1. halvår 2019, som er det teljetidspunktet som gjev utgangspunktet for utmåling av rammetilskotet for året etter.
Den gjennomsnittlege veksten dei 3 siste åra vart uansett så stor at det har utløyst eit ekstra veksttilskot til Solund kommune, med fordeling i inntektssystemet for år 2020.

Diverre har folketalet vorte redusert det siste halvåret med heile -14 personar.
Denne utviklinga må ein prøve å få snudd fram mot 30/6 2020, som er neste teljetidspunkt som gjev økonomiske konsekvensar for driftsåret 2021. Skatteinntektene har hatt ein svært god vekst i 2. halvår, så om denne utviklinga held fram, vil dette kunna koma til å kompensere for eit mogleg tap i rammetilskot.

Det er folketeljinga pr. 1/7 som gjev grunnlag for kommunane sitt innbyggjartilskot og utgiftsutjamning i inntektssystemet. Og då er det ikkje berre korleis folketalet, men også folkesamansetnaden som påverkar inntektene.
Tabellen under syner folketeljingane dei siste 5 åra; - og ein kan her studere endringar i både folketalet og korleis folkesamansetnaden har utvikla seg frå 1/7 2015 til 1/7 2019.

| Utvikling i folketal og folkesamansetnad | 01.07.2015 | 01.07.2016 | 01.07.2017 | 01.07.2018 | 01.07.2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggere ialt | **785** | **787** | **807** | **807** | **816** |
| Innbyggere 0-1 år (fra 2013), tidligere 0-2 år | 8 | 9 | 11 | 13 | 12 |
| Innbyggere 2-5 år (fra 2013), tidligere 3-5 år | 21 | 24 | 24 | 22 | 26 |
| Innbyggere 6-15 år | 90 | 92 | 90 | 94 | 88 |
| Innbyggere 16-22 år | 62 | 57 | 61 | 61 | 61 |
| Innbyggere 23-66 år | 425 | 433 | 441 | 435 | 441 |
| Innbyggere 67-79 år | 126 | 120 | 122 | 127 | 133 |
| Innbyggere 80-89 år | 46 | 44 | 47 | 46 | 43 |
| Innbyggere 90 år og over | 7 | 8 | 11 | 9 | 12 |
| Innvandrere 6-15 år ekskl Skandinavia | 7 | 9 | 12 | 16 | 15 |
| Flyktninger uten integreringstilskudd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Dødlighetskriteriet | 5 | 5 | 7 | 6 | 5 |
| Barn 0-15 med enslige forsørgere | 13 | 13 | 13 | 13 | 12 |
| Lavinntektskriteriet | 13 | 17 | 19 | 24 | 40 |
| Uføre 18-49 år | 6 | 6 | 6 | 7 | 7 |
| Aleneboende 30 - 66 år | | 55 | 56 | 53 | 59 |
| Psykisk utviklingshemmede 16 år | 2 | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Ikke-gifte 67 år og over | 79 | 83 | 84 | 88 | 85 |
| Andel barn 1 år uten kontantstøtte | 1 | 3 | 4 | 4 | 7 |
| Innbyggere med høyere utdanning | 113 | 117 | 127 | 131 | 142 |
| | 01.01.2016 | 01.01.2017 | 01.01.2018 | 01.01.2019 | 01.01.2020 |
| Folketall per 1.1 | **785** | **794** | **807** | **820** | **802** |
| Endring | **-15** | **9** | **13** | **13** | **-18** |
| Vekst fra året før | **-1,9 %** | **1,1 %** | **1,6 %** | **1,6 %** | **-2,2 %** |

Frå teljetidspunktet 1/7 ser ein at det har aukar med småbarn ei siste 5 åra. Men det har også vore ein mindre nedgang i tal skuleborn. Den yrkesaktive gruppa i samfunnet veks. Dette har mykje å seie for både arbeidsressursar og for produksjon av nye innbyggjarar.
Ikkje overraskande så har det også vorte fleire av dei som anten står på terskelen til pensjonisttilværet, eller nett har kome der.
Til sist er det verd å merke seg at det har vorte ein markant auke mellom dei aller eldste i samfunnet.

Om ein ser på kva som skjedde i 2. halvår 2019 av endringar (jf. kvartalsvise endringar på www.ssb.no for ytterlegare detaljar), så syner tabellane der at det har vore eit fødselsunderskot på -6 personar (fødslar fråtrekt dødsfall), og negativ netto tilflytting til kommunen på -8 personar.

Administrasjonssjefen kryssar fingrane for at nedgangen i folketalet i år 2019, vert av ein kortvarig art.
Vi ynskjer ikkje oppleve 700-talet igjen.
At folketalet steig med 2 personar i siste kvartal 2019, frå 800 til 802, kan tyde på at det kan vera tilfelle.

# 9. SJUKEFRÅVÆR

## 9.1 Utvikling i lækjarmeldt sjukefråvær.




Solund-samfunnet er lite og gjennomsiktig og desse grafane er påverka av einskild-personar sine skjebnar. Og einskilde sjukemeldingar, uavhengig av årsak, kan påverke grafen vesentleg. Difor vert ikkje desse grafane nærare analysert.

Som dette diagrammet syner, så svingar utviklinga voldsomt, frå eit år å vera best i kommuneklassen til eit anna der ein er verst. Ein kan likevel få eit visst inntrykk av utviklinga om ein ser på ein 5-årsperiode samla sett.  Det vert gjort merksam på at siste kvartal 2019 ikkje ferdig registrert for samanlikningar i statistikkbanken enno.

Solund kommune sine tal er klar. Ved inngangen til år 2019, låg kommunen tett på landsgjennomsnittet i lækjarmeldt sjukefråvær. I år 2019 så ser ein at dei storesvingingane slår til med full styrke; - frå verst til best i kommuneklassen:.

1. kvartal: 10,0 %  2. kvartal: 6,0%  3. kvartal: 4,5%  4. kvartal: 7,7%

Målet er å ha eit lågast mogleg sjukefråvær. Det vert arbeidd for å nå dette målet ved alle avdelingane.

## 9.2 Utvikling i refusjonsinntekter:



Som det går fram av tabellen ovanfor, så har Solund hatt eit samla fallande refusjonsnivå sidan år 2016. Samanlikna med fjoråret, så er det reduserte svangerskapsrefusjonar som er årsaka til dette. Sjukerefusjonane er rimeleg stabile samanlikna med året før.
Sjå tidlegare avsnitt 4.3 og 4.10 om korleis denne utviklinga har slått ut på samla driftsutgifter- og inntekter i kommunen.

# 10 Likestilling

Solund er eit geografisk område med eit folkeferd som i årtusener har makta å klore seg fast i på i eit konglomeratrike av 1.700 øyer, holmar og skjær, så langt vest i havet som ein kan koma i landet. Det barka folkeferdet lot seg fasinere av dei mektige naturkreftene, og dei lærte seg å utnytte dei rike naturressursane som både havet og det særeigne kystlandskapet gjev. Sakte men sikkert tok bygdene, kulturen og kulturlandskapet form. Og i 1864 vart Utvær kommune skipa; - Peter Ulrik Egedius, handelsmannen på Steinsundholmen, med fiskebåt og sildenøter til kai, vart denne kommunen sin første ordførar. Og gjennom heile denne historiske tida, må det ha vore nokre sterke kvinner som har spelt ei viktig rolle, elles hadde utviklinga stoppa fullstendig opp etter at Grønehellar-guten vart gravlagt i Ytre Sula for om lag 6.000 år sidan.

Anna Sofie Herland vart landskjend, då ho i 1955, midt i husmortiåret, vart vald til ordførar i Solund. Den sterke kvinna viste veg, og vart eit symbol for alle dei sterke kvinnene i Solund som sytte for at både gard, grunn og alt samfunnsmaskineriet var velfungerande medan mennene drog til sjøs for å skaffe sild, kval, makrell eller anna innkome frå innan- og utanriksfart elles.
Det offentlege Solund skulle heretter ikkje berre vera styrt av sterke menn som lensmann, prest og fut.

Fram til nytt Kommunestyre tok form i oktober 2018 var kommunestyret samansett av 9 kvinner og 6 menn. Formannskapet bestod då av 3 kvinner og 2 menn.
Ordføraren var kvinne. Varaordføraren er mann.
Kommunen var såleis styrt av fleire kvinner enn menn.
Det nye Kommunestyret består no av 6 kvinner og 9 menn og Formannskapet 2 kvinner og 3 menn.
Altså er kjønnsfordelinga snudd på hovudet frå førre periode.
Men ordføraren er fortsatt kvinne.

Kommuneleiinga har, etter den organisasjonsstruktur som er skissert i kap. 3.1.1 , 4 kvinnelege einingsleiarar og 1 mann. Det er stor overvekt av menn på Plan- og utvikling, medan menn er meir sjeldan å observere i pleie-, omsorg-, barnehage-, skule- og kulturavdelinga. Administrasjonssjefen og Stabsleiaren (ass. adm.sjef), er menn. I staben elles, er det 3 menn og 7 kvinner.
Samla er det langt fleire kvinner enn menn tilsett, men den administrative toppleiinga er menn.

# 11 INVESTERINGAR:

Det vert vist til rekneskapsskjema 2A og 2B når det gjeld oversyn over årets investeringar med finansiering; - herunder kostnader og resultat pr. prosjekt. Det vert også vist til note 16 for oversikt over finansieringa av lånemidlar og kva som er overført av unytta lånemidlar til neste driftsår.
I note 12 og i eit eige vedlegg til årsrekneskapen følgjer det spesifikasjon over fondsreservar knytt til investeringar, og bruken av desse. Herunder bruk av disposisjonsfondet om dette har skjedd.

I samband med siste revisjonen av budsjett 2019, og i budsjettsaka for år 2020, vart alle gamle og nye løyvingar gjennomgått. Det vert difor vist til gjeldande budsjett- og økonomiplan for ytterlegare informasjon om prosjektkostnad og tilhøyrande finansiering.

## 11.1 Prosjekt som kvalifiserer til sluttrekneskapar

I Kommunestyre den 26.3 2015 vart det vedteke ei beløpsgrense på 0,75 mill. for framlegging av særskilde sluttrekneskapar for handsaming i Kommunestyre.
I tillegg kan Kommunestyre be om å få framlagt særskilde rekneskapar, når dette vert kravt.
Det vart tatt ei grundig gjennomgang på kva prosjekt som kvalifiserte til sluttrekneskapar ved førre årsavslutning.
Det er 1 prosjekt som er ferdigstilt, og som kvalifiserer for særskilt handsaming i Kommunestyret etter dei nye retningslinene. Dette gjeld:

### 11.1.1 Prosjektet Kunstgrasbane / Klatrepark 2815 / 2859 / 2924 / 2925 / 2779

Prosjektet inneheld 5 ulike delprosjekt. Dei 5 delprosjekta er:

- Oppgradering til kunstgras m/lys
- Friidrett sprint, kunststoff m/lys
- Fast dekke mellom fotball og sprint
- Fridrett kast og hopp
- Klatrepark m/lys

Den siste delen av dette totalprosjektet; - «Klatrepark», vart først sluttført vinteren 2018 / 2019 og tippemidlar vart ikkje utbetalt før hausten 2019 for fleire av prosjektdelane. Difor vart ikkje sluttrekneskap utarbeidd i år 2019.
Ein svært lang, krevjande, men svært så vellukka prosess er såleis kome til endes.

Prosjekt «Idrettshus» som er heilt i startgropa, må sjåast i samanheng med prosjekt Kunstgrasbane / Klatrepark, sidan avslutningskostnadane her var samanfallande med oppstartskostnader for Idrettshus-prosjektet. Prosjektet Idrettshus vert handsama i eigen sluttrapport, når prosjektet er ferdigstilt.

Som det går fram av årsmeldinga for år 2018, så vart desse 5 delprosjekta avslutta med eit samla meirforbruk på kr. 243` som vart saldert mot andre unytta løyvingar i år 2019.
Det kom til om lag kr. 21` i utgifter på desse prosjekta i år 2019. Desse utgiftene vert mellombels saldert på same måten som i år 2018.

*Samla meirforbruk vert på kr. 21` i år 2020.*
*Sluttrekneskap vil verta avlevert til revisjonen i løpet av våren 2020.*

## 11.2 Prosjekt som er avslutta med avvik

Investeringsrekneskapen er avslutta i balanse, slik forskriftene føreskriv, ved saldering mot unytta lånemidlar. Det er mange prosjekt som er avslutta i år 2019; - naturleg nok dei fleste i ubalanse.

Det største avviket er knytt til det store prosjektet «Nye Omsorgsbustader». Det vert vist til eige avsnitt som skildrar dette prosjektet nærare. Dei andre avvika på prosjekt, er lista opp i tabellen under:

| Prosjektnamn: | Regnskap | Kommentar: |
|---|---|---|
| Klatrepark (2015) | -15 000 | Sluttoppgjer - meirkostnad gummidekke mellom Idrettspark og Klatrepark |
| Kunstgras Idrettsbane (2015-2018) | -5 443 | Sluttoppgjer - meirkostnad ferdigstilling lysanlegg |
| Rehabilitering skule (2015) | -12 484 | Sluttoppgjer - meirkostnad røyropplegg nytt toalett |
| Utstyr kulturskule (2015) | -668 | Avslutta |
| Hardbakke hamn- sikringsarbeid (2015) | -27 108 | Avslutta - meirkostnad intern ressursinnsats |
| Asfaltering/oppmerking parkering Kolgrov (201 | 2 000 | Avslutta |
| Veg Skarnagel (2016) | -54 338 | Tilbakeført inntekt tidl. år for intern ressursinnsats - iht. avtale |
| Grunnkjøp sentrum (2017) | -9 115 | Avslutta - meirkostnad sakskostnad jordskiftedom |
| Skilje reint / skitten vaskeri Solundheimen (201 | 2 034 | Avslutta |
| Digital fornying - forenkle, forbetre, fornye (20 | 5 727 | Avslutta - Ny løyving i år 2020 |
| Inventar og utstyr helse- og omsorg (2018) | 14 144 | Avslutta - Ny løyving i år 2020 |
| Oppgradering kommunale kaiar (2018) | 7 830 | Avslutta - Ny løyving i år 2020 |
| Trafikktryggingstiltak (2018 og 2019) | -51 288 | Avslutta - redusert fylkeskommunalt tilskot for samla prosjekt |
| Helikopterlandingsplass - mellombels (2018) | -3 410 | Avslutta |
| Uteområde / inv. og utstyr barnehage (2019) | 11 876 | Avslutta - Ny løyving i år 2020 |
| Brannsyn (2019) | -4 885 | Avslutta - Ny løyving i år 2020 |
| Møteplassar veg Trovåg og Eide (2019) | -28 450 | Avslutta - meirkostnad samla sett i høve løyvd sum |
| Tursti Sognesjøhytta (2019) | -3 129 | Avslutta - Ny løyving i år 2020 |
| KLP | 22 890 | Årviss løyving - mindreutgift, budsjettert med buffer |
| Formidlings-/startlån | 17 576 | Årviss løyving - budsjettert med buffer |
| Mellombels bruk av unytta lånemidlar | -131 241 | Inndekning vert foreslått i år 2020 |

Som det går fram av tabellen ovanfor, så er samla netto avviket kr. 131` . Særleg 3 prosjekt skaper dette avviket:

- Tilskotet frå Fylkeskommunen til alle Trafikktryggingstiltaka dei 2 siste åra, vart mindre enn forventa. Kravet til kommunal eigendel vart auka frå 25% til 50% i perioden.
- Avtalen mellom kommunen og dei privat, for bygging av veg til Skarnagel, inneheldt ein klausul som gjorde at Solund kommune ikkje kunne påføre prosjektet kostnader for intern ressursinnsats. Dette var ikkje administrasjonen merksam på, då prosjektet vart avslutta med førebelse fordelingar ved årsavslutninga i år 2018. Den interne ressursinnsats på prosjektet måtte difor førast tilbake i det endelege fordelingsoppgjeret og medførte ein redusert refusjonsinntekt i prosjektet på kr. 54`.
- Meirkostnaden i prosjekt «Møteplassar veg Trovåg og Eide» kom seint i prosjektet, og var ikkje til å unngå.

<u>Om inndekning:</u>
Solund kommune har vel 14,3 mill. i unytta lånereservar. I denne reserven så ligg det mange løyvingar som ikkje er påbegynt eller berre er på planleggingsstadiet (sjå tabell under avsnitt 9.4).
Samla avvik på kr. 131` i ovanfor nemnde tabell, er saman med avviket på prosjekt «Nye Omsorgsbustader» mellombels dekka av unytta lånemidlar.
Framlegg til permanent inndekning, vil koma i samband med rullering av økonomiplanen i juni.

## 11.3 Prosjekt som er avslutta i balanse

| Prosjekt | Prosjektnamn | Kommentar |
|---|---|---|
| 2786 | Forprosjekt ny skule (2015) | Avslutta - er inkludert i, og held fram som ein del av hovuprosjektet |
| 2830 | Rehabilitering 2 kommunale adm.bygg (2016) | Avslutta - held fram med finansiering gjennom vedlikehaldsplan |
| 2881 | Rehabilitering murfasade Solundheimen (2017) | Avslutta - meirforbruk saldert mot vedlikehaldsplan |
| 2922 | Investeringstilskot Solund Sokneråd (2018) | Avslutta - ny løyving i år 2020 |
| 2923 | Dagsturhytte (2018) | Avslutta - ny løyving i år 2020 |
| 2927 | Repos Fysioterapilokale (2018) | Avslutta i balanse |
| 2930 | Oppgradering slåddetraktor (2018) | Avslutta i balanse |
| 2932 | Oppgradering FØYS / digital fornying (2019) | Avslutta i balanse |
| 2947 | Inventar og utstyr helse- og omsorg (2019) | Avslutta i balanse |
| 2972 | Fusjon BKK / Sunnfjord Energi AS - eingongstilskot | Netto tilskot - vedtatt saldert mot nytt "Utviklingsfond investering" |
| 7020 | Kjøp av aksjer Sunnlab | Vedtatt inndekning ved bruk av generelt disposisjonsfond |
| 7040 | Næringslån | Utlån vs. mottatte avdrag - årviss saldering moy øyremerkt fond "Næringslån" |

Nokre av prosjekta er salder ved bruk av intern ressursinnsats, så langt midlane rakk.

## 11.4 Prosjekt som ikkje er avslutta.

| Pnr. | Prosjekt | | Kommentar | |
|---|---|---|---|---|
| 2933 | Digitalisering / velferdsteknologi (2019) | 50 795 | Under fullføring | |
| 2934 | VISMA Flyt - barnehage (2019) | 163 212 | Under fullføring | |
| 2926 | VISMA FLYT - skule (2018) | 151 941 | Under fullføring | |
| 2874 | Kabling datanettverk skule (2017) | 95 319 | Under fullføring | |
| 2935 | Nytt TV-mottakssystem helse- og omsorg (2019) | 100 000 | Under fullføring | |
| 2828 | Profilering- og planmateriell (2016) | 56 941 | Er å rekne som ei tilleggsløyving | |
| 2937 | Skilting kommunale bygg (2019) | 100 000 | Under arbeid | |
| 2936 | Arbeidsmiljøtiltak (2019) | 61 682 | Under fullføring | |
| 2954 | Geovekst (2019) | 71 217 | Under fullføring | |
| 2842 | Adresseprosjekt (2016) | 251 509 | Under fullføring | |
| 2967 | Nytt kommunenr. (2019) | 95 050 | Under fullføring | |
| 2906 | Inventar / utstyr og garderobar barnehage (2018) | 42 326 | Under arbeid | |
| 2943 | Inventar og utstyr skule (2019) | 267 127 | Under arbeid, jf. Ny skule | |
| 2909 | Nettverk, ringesystem helse- og omsorg (2018) | 115 758 | Under fullføring | |
| 2946 | Nytt datarom Solundheimen (2019) | 100 000 | Under arbeid | |
| 2948 | Medisinsk utstyr lækjarkontor (2019) | 50 000 | Under fullføring | |
| 2968 | Ny rulle og tørketrommel vaskeri (2018) | 200 000 | Under fullføring | |
| 2949 | Utstyr fysioterapi (2019) | 78 241 | Under fullføring | |
| 2950 | Drivhus Dagsenter (2019) | 30 000 | Under planlegging | |
| 2951 | Uteområde / arbeidslokale Dagsenter (2019) | 50 000 | Ferdig planlagt | |
| 2910 | Naudlysanlegg Solundheimen (2018) | 150 000 | Under planlegging | |
| 2911 | Oppgradering varmeanlegg Solundheimen (2018) | 195 000 | Ikkje starta opp | |
| 2090 | Utvikling Solund Prestegard | 61 079 | Detaljplanar føreligg ikkje | Ubunde investeringsfond (100%) |
| 2869 | Strategisk handlingsplan "unike bukvalitetar" (2017) | 100 000 | Er å rekne som ei tilleggsløyving | |
| 2870 | Strategisk handlingsplan ""kajakksatsing" (2017) | 100 000 | Er å rekne som ei tilleggsløyving | |
| 2871 | Strategisk handlingsplan "innovasjonshus" (2017) | 100 000 | Er å rekne som ei tilleggsløyving | |
| 2902 | Draumeplassen (2018) | 431 640 | Under planlegging | Herav inv.fond kr. 45` |
| 2809 | Ekspressbåtstopp Hardbakke (2015) | 100 000 | Under arbeid, jf. reguleringsplan | |
| 2711 | Gangveg Hardbakke sentrum | 76 410 | Under arbeid | |
| 2940 | Hamneområde | -101 305 | Forskottert bruk av løyving 2020 | |
| 2793 | Sponevika næringsareal (2015) | 250 000 | Er å rekne som ei tilleggsløyving | |
| 2882 | Utvikling næringsareal (2017) | 150 000 | Er å rekne som ei tilleggsløyving | |
| 2952 | Kjøp kai Lundøy (2019) | 190 000 | Under avklaring | |
| 2953 | Kjøp kai Hersvik (2019) | 90 000 | Under avklaring | |
| 2803 | Kjøp grunn / parkeringsplass Kolgrov (2015) | 21 485 | Under fullføring | |
| 2801 | Oppgradering Hardbakke Vassverk (2015) | 222 897 | Under planlegging | |
| 2846 | Oppgradering UV-anlegg alle vassverk (2016) | 500 000 | Under planlegging | |
| 2918 | ENØK (2018) | 266 626 | Under planlegging | |
| 2969 | Klimatiltak - El-stasjoner bil | 762 742 | Under fullføring | Herav tilskot ENOVA 0,4 mill. |
| 2915 | Mannskapsbil / brannbil (2018) | 2 400 000 | Bestilt - Under arbeid av leverandør | |
| 2916 | Utskifting bil (2018) | 200 000 | Under fullføring | |
| 2917 | Tiltak pålegg tilsyn brannvern (2018) | 631 140 | Under fullføring | |
| 2894 | Vaktmeisterkontor / sentral / verkstad (2018) | 646 955 | Under arbeid | |
| 2891 | Veg / kai Sjøneset - inkl. reg.plan (2017) | 874 899 | Under arbeid | |
| 2892 | Vegutbetring Hardbakke - Pollen (2018) | 333 000 | Ikkje starta opp | |
| 2893 | Veg Kvernhusvika - Kråkenes (2018) | 10 003 500 | Under arbeid | Tilskot 4,7 mill./fond 2,75 mill. |
| 2958 | Veglys - utskifting kvikksølvlampar (2019) | 274 918 | Under fullføring | |
| 2959 | Oppgradering kommunale vegar (2019) | 485 888 | Under fullføring (Dalesund-Tangenes) | |
| 2964 | Riksveg 606 - planlegging tunnellar m.m. (2019) | 50 000 | Oppstart avhengig av Fylkeskommen | |
| 2816 | Rassikring Kverhella (2015) | 74 000 | Ikkje starta opp | |
| 2769 | Bru over Ytre Steinsund | 14 592 | Gåve frå Fiskarkvinnelaget i Ytre Sula | Bunde investeringsfond (100%) |
| 2913 | Vedlikehaldsplan, investeringsdel (2018) | 1 382 529 | Under arbeid | |
| 2955 | Vedlikehaldsplan investeringsdel (2019) | 779 298 | Under arbeid | |
| 2782 | Forprosjekt nytt kommunehus (2015) | 32 036 | Ikkje oppstarta. Jf. OU-prosess | |
| 2941 | Ventilasjon 2 kommunale adm.bygg (2019) | 300 000 | Under fullføring | |
| 2945 | Utbetring Straumen skulehus (2019) | 82 559 | Under fullføring | |
| 2963 | Kaihus Krahella - opprusting (2019) | 137 099 | Under planlegging | |
| 2764 | Bustadfelt Ytrøygrend (2014) | 500 000 | Ikkje krav om tomtesal før oppstart | |
| 2813 | Nytt bustadfelt Hardbakke (2015) | 419 682 | Treng ei høgare løyving for oppstart | |
| 2856 | Bustadfelt Klubben (2016) | 75 947 | Under fullføring | |
| 2965 | Bustader i Klubben - salsprospekt (2019) | 50 000 | Under arbeid | |
| 2840 | Nye omsorgsbustader (2016) | -2 400 000 | Forskottert løyving i år 2020 | |
| 2944 | Ny skule inkl. bibliotek | 8 495 619 | Førebuing til detaljprosjektering | 1,505 mill. av 10 mill. i fond nytta |
| 2860 | Nytt Idrettshus (2016) | 7 819 732 | Klar for detaljprosjektering | Tilskot 6,3 mill. (+1,88 mill. 2020) |
| 2939 | Arbeidsbåt Skjergardsteneste (2019) | 250 000 | Under arbeid | |
| 2970 | Universel utforming rutebåtkaiar | 2 000 000 | Oppstart avhengig av Fylkeskommen | Føreset 100% tilskot |
| 9999 | Unytta lånemidlar | -131 241 | Inndekning netto samla avvik avslutta prosjekt | |
| 9999 | Unytta lånemidlar | -1 337 286 | Inndekning ekstra avvik Nye omsorgsbustader | |
| | **Sum unytta løyvingar** | **40 242 558** | | |

I sak om budsjettjusteringar for 1. tertial 2020, vil det verta gjort framlegg om å overføra restløyvingane på desse prosjekta til år 2020, for så å arbeide vidare med investeringsplanen samla, i samband med rullering av budsjett- og økonomiplan 2021-2024.

Tabell som syner korleis dei unytta løyvingane er fordelt på finansieringssida i budsjettet:

| **Sum unytta løyvingar** | **40 242 558** | **Kommentar** |
|---|---|---|
| Unytta lånemidlar | -14 336 268 | Herav 1,47 mill. mellombels lån |
| Unytta fondsmidlar | -11 366 290 | |
| Unytta tilskot | -13 400 000 | |
| Unytta tomtesal | -1 140 000 | |
| **Balanse** | - | |

### 11.4.1 Kommentarar til 3 einskildprosjekt:

#### 11.4.1.1 Nye omsorgsbustader

Frå første planlegging i år 2013 og fram til og med i dag, har det vore ei lang og til dels kronglete reise for å nå målet om å få etablert nye omsorgsbustader i Solund.
Uavhengig av prosessen og det økonomiske aspektet, så framstår dei nye omsorgsbustadane som moderne, energieffektive og tenlege for sitt bruk. I skrivande stund vert omsorgsbustadane godkjent for innflytting. Det er berre å gratulere kvarandre og Solund med eit flott produkt.
Det er utarbeidd ein rapport som m.a. seier noko om både prosessen og sluttproduktet. Det vert vist til denne, for ytterlegare detaljar.

Når det gjeld økonomien i prosjektet, så har det oppstått eit vesentleg negativt avvik. Signalet om at det ville koma 2,4 mill. i avvik, kom i juni 2019, og signalet var at avviket m.a. skuldast eit svært stort avvik på masseberekningane frå prosjekterande instans. Likeins var rivingskostnadane kraftig underestimert i høve endeleg faktura.
Dette tilhøvet vart løfta fram for politisk nivå, og det vart løyvd 2,4 ekstra i gjennom budsjettprosessen for år 2020, basert på førebelse anslag frå leverandøren.

Samstundes vart sett i verk grundige undersøkjingar med krav om dokumentasjon på kva som var både årsakene til avviket, og kva som ville verta det endelege sluttresultat økonomisk.
Og i desember kom det eit signal frå hovudentreprenøren om at avviket kunne koma til å lande på nær 5,0 mill. (eit avvik på heile 18%), og avviket er i all hovudsak knytt til 1 post i rekneskapen; - mengdeberekningar. Dette vert frå Solund kommune si side sett på som så graverande avvik, at det ikkje vert akseptert, før ein har fått undersøkt det juridiske aspektet knytt til det å underestimere eit tilbod der oppdragsgjevar er forhindra frå å kunna avdekka om dette er feil.
Solund kommune var til alt overmål framsynt nok til å å gjennomført boniteringar i grunnen på førehand og det er utarbeidd ein omfattande rapport som prosjektøren har hatt høve til å bruke som grunnlag for å lage tilbodsgrunnlaget.

*Avviket pr. 31/12 2019 er på 1,337 mill., etter at ein har nytta den tilleggsløyvinga på 2,4 mill.*

#### 11.4.1.2 Ny skule m/bibliotek

I løpet av år 2019 har ein kome langt i forprosjektet. Det er lagt eit godt grunnlag for detaljprosjekteringa og prisinga som ligg føre.

Solund kommune har hatt som overordna mål for prosjektet å skape ein framtidsretta skule.
Den nye ungdomsskulen vert dimensjonert for 50 elevar, og 15-20 tilsette. Spesialromma skal nyttast av alle trinn, ikkje berre ungdomstrinna. Det vert lagt opp til felles arbeidsrom og andre personalareal, uavhengig av om ein arbeider på barne- eller ungdomsskulen.
Skulen og biblioteket vil verta ein attraktiv arbeidsplass i kommunen.

Biblioteket sine funksjoner vert planlagt slik at det kan utvidat til også å vera ei Kulturstove som held ope store delar av dagen, også på kvelden. Det har vore eit ynskje at biblioteket skal vera bygget si kjerne, godt synleg frå hamna.

Det er planlagt at eksisterande ungdomsskule skal vera i drift i byggeperioden, der det vert sikra at skulen si ordinære drift kan halde fram, medan det er byggeaktivitet på tomta. Det er også planlagt at utearealet skal ferdigstillast, etter at den gamle ungdomsskulen er riven.
Ein tek sikte på å starta byggjearbeida tidleg hausten 2020 med ferdiggjering mot årskiftet 2021/22

Det er så langt ikkje grunnlag for å justere det økonomiske estimatet som ein har lagt til grunn i budsjettet.
Ny skule er berekna til å koste ca 50 mill, der det er pårekna at bibliotekdelen vil utløyse noko tilskot. Forprosjektet har pr. 31/12 kosta om lag 1,5 mill. Kostnaden skal vera inkludert i det totale prosjektbudsjettet.

#### 11.4.1.3 Hurtigladestasjon

Solund Kommune søkte Enova om tilskot til hurtigladestasjon i Solund. Det var budsjettert med 0,4 mill. i tilskot, men det vart berre innvilga 0,2 mill. sommaren 2019.
BKK AS er så engasjert til å etablere 2 hurtigladarar ved Næringsbygget på Hardbakke og desse vil erstatta eksisterande ladestasjon, som er likevel er utgått på dato.
Ein ventar at ladestasjonen skal vere operativ frå sommaren 2020.
Totale brutto prosjektkostnader vil verte om lag 1,0 mill. Solund kommune har løyvd 0,6 mill. i eigenfinansiering.

*Utan ytterlegare støtte / tilskot, må løyvinga aukast i år 2020, om prosjektet skal vera fullfinansiert.*

## 11.5 Kostnader ført i 2019, der det er vedteke løyving i år 2020.

### 11.5.1 Ny skule

Det har pr. 31/12 2019 påløpt om lag 1.456 mill. i kostnader knytt til forprosjektarbeidet med Ny skule. Kostnadane er tatt med i det samla kostnadsoverslaget for prosjektet (48,5 mill.) og fondsmidlane er difor forskottert brukt i år 2019 med 1,456 mill.
Prosjektet har god framdrift og i skrivande stund vert detaljprosjektet utarbeidd for utlysing på Doffin i juni. Når detalprosjektet og tilbod er mottat, vil eiga sak verta fram for Kommunestyret for godkjenning av eit hovudprosjekt med finansieringsløysing.

### 11.5.2 Omsorgsbustader:

Som nemnt i eige avsnitt, er det nytta 2,4 mill. av ekstraløyvinga for år 2020, til å løysa det som var førebels signal om avvik hausten 2019.

### 11.5.3 Hamneområdet:

Det er nytta 0,1 mill. av budsjettert finansieringa på tomtesal i år 2020 for å løysa samla finansiering(inga i år 2020. Det vart ikkje selt tomtar i år 2019. Tvert om vart det kjøpt ein tilbake i driftsåret.

## 11.6 Oppsummert investeringar

Det har vore eit aktivt år på investeringsfronten.
Mange mindre prosjekt er gjennomført og desse skaper mykje positivt for omgjevnadane sine.
Mange store og positive prosjekt for innbyggjarane og næringslivet er i sving samstundes.
Omsorgsbustadane, Ny skule, Veg til Kvernhusvika, Nytt Idrettshus. Kommunen får nye aktive investeringsår og lagar grunnlaget for både bulyst og ei god samfunns- og næringsutvikling.

# 12.0 AVSLUTNING

Driftsåret 2019 har vore eit krevjande arbeidsår, men samstundes eit svært positivt driftsår. Krevjande; - mest fordi ein hatt ein tøff ressurssituasjon, meir enn at oppgåvene er for store og vanskelege. Positivt; - fordi det rår ein stå-på-vilje og optimisme i organisasjon og samfunn, rundt det å skape utvikling, og få byggja eit godt samfunn til å leve i for alle innbyggjarar.

Det er gledeleg å kunna presentera eit positivt økonomisk årsresultat til Kommunestyret.
Jovisst kom Solund ekstra godt ut, med nær 7,0 mill. i nye klingande millionar i kassa. Heldig, vil nokon seie, men også velfortent, fordi næringslivet og kommunen gjennom årtier har lagt grunnlaget for at så kunne skje. Ikkje berre havbruk, men også fiskeri, verftsindustrien, reiseliv, m.fl. har hatt gode kår i år 2019, med ditto høg aktivitet. Saman har dette skapt verdiar og gitt ein vesentleg auke i skatteinntektene til kommunen.

Folketalsveksten i perioden 2015-2018 gav også ein flott inntektsvekst, og då snakkar vi ikkje berre om hell, men også dyktigheit. Det har vore laga gode strategi- og handlingsplanar i kommunen. Næringslivet og innbyggjarane sjølv har skapt ein positiv folketalsutvikling.
Ein nedtur må det seiast å vera at folketalet falt siste halvåret. Om ikkje vi får det til å snu før 1/7 2020, så vil dette gje kommunen eit mindre økonomisk handlerom i år 2021 enn tidlegare år. Solund kommune får likevel tildel «veksttilskot» gjennom inntektssystemet for år 2020 og inntekter frå det statlege havbruksfondet har ein fått signal om skal vedvare.

Den kommunale organisasjonen har også bretta opp ermene. Ein står midt oppi ein omfattande organisasjons- og leiarutviklingsprosess som tek sikte på å forme organisasjonen og tenestetilbodet til slik innbyggjarar og næringslivet faktisk etterspør tenestene. Det skjer altså ikkje berre store endringar i kommunesektoren generelt, men også i vår kommune særskilt. Resultatet av dette, vil ein merke i komande år.

Administrasjonssjefen vil til sist takke både dei tilsette og politisk nivå for eit solid og godt stykke utført arbeid, og for det gode samarbeidsklimaet som har vore i året som har gått.

Hardbakke 31/3 2020
Kjell Mongstad
økonomisjef

# Solund kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | K1-210 |
| **ArkivsakID:** | 20/339 |
| **JournalpostID:** | 20/1303 |
| **Sakshandsamar:** | Kjell Mongstad |
| **Dato:** | 16.05.2020 |

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 045/20 | FORMANNSKAP | 28.05.2020 |
| | KOMMUNESTYRE | |

## Tertialrapport 1.tertial 2020

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Tertialrapport nr. 1 for Solund kommune år 2020 vert teke til vitende.

**Vedlegg i saka:**

| | |
|---|---|
| 21.05.2020 | Vedlegg til sak om Tertialrapport nr 1 år 2020 - endeleg |
| 21.05.2020 | Tabelloppsett til økonomiplan 2021-2024 med budsjett 2020 til tertial nr 1 - endeleg |
| 21.05.2020 | Oversikt over lånegjeld renter og avdrag |
| 21.05.2020 | Fylkesmannen i Vestland - revNB20 |

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**
Kommunelova m/rekneskapsforskrifter
Sak om Budsjett 2019 / Økonomiplan 2021-2023
Sak om årsrekneskap og årsmelding for år 2019
Sak om budsjettendringar tertial nr. 1 år 2020
KS sin prognosemodell
Oversikt over lån, avdrag og renter

**Kva saka gjeld:**
Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal vise noko om status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett. Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått.

Det vert vist til vedlagte tertialrapport for vidare kommentarar om drift og investering

**Saksutgreiing:**
Sett i høve til kommunen sitt eige budsjettvedtak for år 2020 (i tråd med framlegg til statsbudsjett i okt-19), så har den sentrale skatteprognosen for Solund først vorte redusert som følgje av oppdatert folketal pr. 1/1 2020. Men dei lokale

skatteinntektene er samstundes særdeles gode, og vil kompensere for mykje av nedgangen.
Dernest er den samla sentrale skatteprognosen ytterlegare redusert gjennom RNB, og dette skuldast openbart Korona-effekten.

Gjennom samla famlegg til RNB vert desse sentrale reduksjonane tatt omsyn til, saman med dei 3 Korona-krisepakkane som kom i mars og april. RNB tek sikte på å kompensere tapet for kommunesektoren samla sett.
Kommunane er ulikt skrudd saman og Koronaen har ramma blindt.
Solund kjem godt ut av det, sidan våre næringslivsmotorar ikkje har vorte så hardt ramma til no.

Tertialrapporten går nærare inn på årsakssamanhengar til auka inntekter og utgifter, og tilrår korleis meirinntektene kan disponerast.
Likeins peikar rapporten på korleis ein kan løyse dei ekstra utfordringane som er komen til i drifta, slik at det kan verta rekneskapsmessig balanse ved årsslutt.
Endringane er samla og lista opp i rapporten, og detaljane er å finne I tabelloppsettet som følgjer.

Tabelloppsettet inneheld også ein fullstendig oversikt over alle vedtekne investeringar. Dei investeringsprosjekt som har restløyvingar frå tidlegare år, er samla og lista opp i rapporten . Desse vert tilrådd overført til driftsåret 2020 i eiga sak om budsjettendringar 2020 tertial nr. 1, og vert ein del av arbeidsgrunnlaget ved utarbeiding av økonomiplan 2021-2024.
Likeins er nye investeringsbehov, eller endringar av eksisterande, lista opp i ein eigen tabell i rapporten og presentert i same sak.

Det vert vist til vedlagte tertialrapport for vidare kommentarar om drift og investering.

**Vurdering:**
Fokus på utvikling held fram, og må framleis halda fram.
Innsatsen har vore stor i heile den kommunale organisasjonen for å gje innbyggjarane det beste tenestetilbodet som vel mogleg med dei avgrensa økonomiske føresetnadane ein har.
Dette vil ein forsøka halde fast ved å gjere også for framtida.

Korona-situsjonen sette den kommunale organisasjonen og alt tenestetilbodet I ein unntakstilstand. Rapportane frå den daglege drifta syner at det har vore gjort ein strålande innsats med å tilrettelegga for at både dei tilsette, brukarane, innbyggjarane generelt, såvel som foreinings- og næringsliv skal koma gjennom denne krisa utan for ståre mein.

Den 25. Mai vil folketeljinga pr. 1. Kvartal verta kjent. Om Solund kommune klarar å oppretthalde folketalet og kanskje auke det I høve dagens nivå, så ville det vera ein gode. Set er folketalet pr. 1/7 2020 som set standarden på dei frie inntektene for neste år.

Utfrå tertialrapporten som ligg føre, så burde det vera mogleg å fortsatt levere eit godt tenestetilbod og samstundes koma i balanse ved årsslutt med dei rammevilkåra som ligg føre ved denne budsjettrevisjonen.

*Konklusjon:*
Tertialrapport nr. 1 for Solund kommune år 2020 vert teke til vitende.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

# TERTIALRAPPORT NR. 1 ÅR 2020



**Fiskeriflåten fornyar seg stadig og bidreg til stor skattevekst** **Foto: Fiskeribladet**

# SOLUND KOMMUNE

**Vedlegg til sak om tertialrapport nr. 1 år 2020**

# INNHALD:


**Innleiing** 3

**Oppsummert om innhalet i Revidert Najonalbudsjett og Kommuneproposisjonen** 3

**Endringar i dei økonomiske rammevilkåra – frie inntekter** 5

**Endringar i andre overordna inntekter** 8

**Endring i netto finansutgifter (utbyte, renter og avdrag)** 10

**Avsetnader og bruk av avsetnader** 11

**Til fordeling drift** 13

**Om Solund kommune sine mål og måloppnåingar** 13

**Kommentarar til den daglege drifta** 14

| | | |
|---|---|---|
| Ansvar 100, 110, 120, 130, 140, 150, 410, 420 og 430 | - Administrasjon, stabs- og støttefunksjonar m.m. | 14 |
| Ansvar 200 | - Solund barnehage | 18 |
| Ansvar 210 | - Solund barne- og ungdomsskule | 19 |
| Ansvar 220 | - Felles barnehage og skule | 20 |
| Ansvar 250 | - Solund kulturskule | 22 |
| Ansvar 300 | - NAV Solund | 23 |
| Ansvar 310, 312, 313, 314, 370, 371, 372., 373 og 380 | - Helse- og omsorg | 23 |
| Ansvar 600, 610, 620 og 630 | - Plan- og utvikling | 30 |
| Ansvar 700 | - Solund Sokneråd | 32 |
| Ansvar 750 | - Andre særskilde utgifter og inntekter | 32 |
| Ansvar 799 | - Pensjon og premieavvik | 32 |
| Ansvar 800, 801, 802, 803, 805 | - Tilleggsløyvingar | 33 |

**Utvikling i sjukefråvær** 33

**Oppsummerte behov for budsjettendringar for drifta etter 1. tertial** 34

**Investeringar** 35

**Avslutning** 40

## Innleiing:

Framlegg til revidert nasjonalbudsjett (RNB) / kommuneproposisjon vart presentert medio mai d.å., og gjev naudsynte signal og framlegg som kan påverka kommunen sine rammevilkår for inneverande og komande driftsår.
Denne rapporten tek føre seg endringane i år 2020, og gjev føringar for rulleringa av økonomiplanen Endringar som vert presentert i Kommuneproposisjonen, vert kommentert i sak om Økonomiplan 2021-2024.

Tabelloppsettet som følgjer saka, syner endringar for både inneverande år og komande år.

Kommunane er dynamiske organisasjonar. Det vil difor oppstå avvik på tildelte rammer i eit driftsår; - positive som negative. Administrasjonssjefen har gjennomgått drifta etter 1. tertial med fokus på å finna dei avvik som kan forrykka den økonomsike balansen ved årsslutt.
Tertialrapporten tek berre tak i avvik som vert rekna som vesentlege, og som ikkje er så rett fram å løysa internt innafor dei einskilde rammeområda i kommunen.

Saman med denne saka, vert det lagt fram ei eiga sak om budsjettendringar etter 1. tertial. Ved å justere budsjettet får ein eit mest mogleg realistisk budsjett å styra etter, resten av driftsåret.
Det vert elles vist til sak om Kommunerekneskap og Årsmelding 2019 som har vore med å danna grunnlaget for budsjettert drift i år 2020.

## Oppsummert om innhaldet i Revidert Nasjonalbudsjett og Kommuneproposisjonen.

Dokumenta er omfattande og innhaldsrike og innhalder både utfordringar og moglegheiter.

Utfordringar:
- Norsk (og sjølvsagt verdsøkonomien endå meir) er skakkøyrt for tida i og med Koronaen, og det vil ta tid å reparere dette.
- Det vert styrt mot eit trongare handlingsrom (oljeinntektene avtek) for kommunesektoren.
- Styringsrenta til Norges Bank er p.t. = 0 . Det er vel eit sikkert teikn på at også den norske økonomi er i krise
- Småkommunar vert ikkje levna særleg sjanse til overleving på sikt, om dei held fram i det same sporet som regjeringa meiner dei aller fleste småkommunar går i.
- Vidare kommunesamanslåingar vert trekt opp som løysinga, for dei som ikkje tek grep. Interkommunalisering vert ikkje sett på som noka godt alternativ for å løysa utfordringane som står føre.
- Dokumenta skildrar ein metode for å overleve som kommune i framtida; - liten som stor. Det er at kommunen set fokus på omstilling og effektivisering, gjennom m.a. innovasjon og digitalisering.

Moglegheiter:
- På kort sikt vert kommunesektoren stimulert for å halde liv i AS Noreg; - herunder Solund. Og mest truleg kjem Solund i mål i år 2020 med dei økonomisk rammevilkåra som er gitt

- Dei siste åra har det vore tatt grep lokalt, og nye grep vert tatt som er heilt i tråd med kva som er regjeringa sine uttrykte mål og metode for å kunna overleve og levere som kommune:

  *«Målet er at norske kommuner fortsatt skal være bærekraftige kommuner med lokalt handlingsrom, som både skal levere gode og likeverdige tjenester, legge til rette for næringsutvikling og samfunnsutvikling, være en lokaldemokratisk arena med reell beslutningsmyndighet og ikke minst ha tilstrekkelig evne til å håndtere klimaforandringer og kriser. Forvaltningsstrukturen må legge til rette for dette.*
  *Gjennomgangen viser at det flere steder i landet er det en kommunestruktur som ikke er framtidsrettet og som ikke lenger legger til rette for generalistkommuner med utviklingskraft.»*

- Havbruksfondet har gitt oss eit ekstra økonomisk handlerom.
  Det er no foreslått at inntektene frå dette fondet skal gjerast føreseielege, ved innføring av ei fast produksjonsavgift i Havbruksnæringa. Dette er tråd med korleis Solund kommune har tenkt og budsjettert. KS arbeider i tillegg for at havbrukskommunane skal koma noko betre ut økonomisk, enn det som er framlagt i RNB og kommøkprp.
- Solund kommune har ikkje låst noko av sin låneportefølgje mot kostbare fastrentebindingar.
- Solund er i dag etter måten rimeleg godt rusta ressurs- og kompetansemessig på alle kommunale tenesteområde. Kommunen er sjølvsagt såbar, men gjennom den pågåande OU-prosessen vil ein saman forsøka å finna løysingar som forhindrar at RNB sine worst case spådomar vert sanne for småkommunane.

<u>Det er kome nokre viktige styringssignal i framlegg til kommøkprp-en som t.d.:</u>

- I framtida må det føreligga ein lokal «Leve heile livet» plan (Meld.St. 15) om det skal verta tildelt særleg med øyremerkte midlar innan pleie- og omsorgssektoren.
- Meld St. 6 – «Tett på – tidleg innsats…» er nemnt svært mange stader i dokumentet og under ulike kapittel. Dette signaliserer behov for tverrsektoriell tenking.
- For Helse- og omsorg er det verd å merke seg avsnitta om både Rus/psykiatri, Demensplan 2025 og Omsorg 2020.
- For plan og utvikling er det vert å merke seg at innan 2025 skal «eByggesak» vera fulldigitalisert.
- Mellom alle linene, så kan ein lese at kommunen må fulldigitalisere alle dei tenester som er mogleg å digitalisere. Digitaliseringsdepartementet skal arbeide for at det vert bygd ein kultur for Innovasjon i kommunane.
  Her får administrasjonen / stab / støtte eit særskilt ansvar for å gå foran og vise veg.

Det vert ivist til både RNB 2020 og Kommuneproposisjonen 2021 og Fylkesmannen si oppsummering om desse dokumenta, samt sak om Økonomiplan 2021-2024 for meir detaljar.

## Solund kommune legg til rette for å nå både regjeringa og kommunestyret sine mål

Solund kommune har midt oppi regjeringa sin omstillings- og digitaliseringsiver, ei oppgåve og rolle i det å sikre eit varmt samfunn, der behovet for nærleik mellom kommunen og brukarar / innbyggjarane / næringslivet vert ivaretatt. Politisk nivå i Solund har signalisert at dette trur dei best kan gjerast ved at Solund kommune fortsatt skal vera ein sjølvstendig kommune.

Solund kommune køyrer no ein involverande og innovativ OU-prosess som skal sikre fullverdige tenester for innbyggjarane våre. I den prosessen grip ein fat i både regjeringa sine mest sentrale

fokusområde og Kommunestyret sine behov og føringar.
M.a. så vil ein forsøka å kople saman Stortingsmeldingane 15 «*Leve heile livet*» og 6 «*Tett på – tidleg innsats*» i t.d. ei eiga Solundmelding 21 – «Tett på heile livet». Det vil vera kommunal innovasjon så det rekker.
Politisk nivå har nyleg vedteke at administrasjonen skal innarbeide ein samfunns- og næringsutviklingsfunksjon i kommunen. Dette er også i tråd med kva regjeringa uttrykker som både medel og mål for ei kommunal drift som skal ha overlevings- og berekraft.

I løpet av år 2020 / 2021 vil administrasjonssjefen prøva å landa ein ny organisasjonsmodell som sikrar at Solund kan vera ein eigen kommune i framtida med eit fullverdig og framtidsretta tenestetilbod for innbyggjarane våre, i tråd med både regjeringa og kommunestyret sine mål.

Dette arbeidet vil kreve si kvinne og sin mann og økonomiske prioriteringar. Skal ein lukkast krev det både samhandling internt og ikkje minst ei god samskaping saman med innbyggjarane våre.

## Endringar i økonomiske rammevilkår år 2020 – frie inntekter

Basiselementa i rammetilskotet står fast, basert på folketeljinga pr. 1/7 2019 (816 stk.).
Regjeringa har lagt fram fleire krisepakkar i høve KORONA-situasjonen som tilsvarar 6,5 mrd. for kommunesektoren for perioden mars-juni. Desse pakkene fordeler seg slik:

1. 0,4 mrd. i ekstra skjønsmidlar (Solund = 0,2 mill.)
2. 3,75 mrd. i ekstra innbyggjartilskot (Solund = 0,83 mill.)
3. 1,0 mrd. i kompensasjon for inntektsbortfall i barnehage / SFO (Solund = 0,143 mill.)
4. 1,4 mrd. i kompensasjon til Fylkeskommunane

I RNB bygger regjeringa sine utrekningar på kommunesektoren sitt inndekningsbehov slik:

1. Skatteinntektene vert redusert med 5,3 mrd.
2. Brukarbetalingar vert redusert med 5,5 mrd.
3. Meirutgifter særleg knytt til helse- og omsorgssektoren med 3,6 mrd.
4. Redusert deflator (frå 3,1% til 1,4%) med effekt -9,1 mrd.

Dette gir eit inndekningsbehov for kommunesektoren 5,3 mrd.*

* Det vert gjort merksam på at det er eit større avvik mellom regjeringa og KS sine utrekningar på inndekningsbehov. M.a. fordi KS reknar den nye deflatoren til 2,0%, medan regjeringa nytta 1,4%.

Regjeringa meiner inndekningsbehovet vert løyst slik:

1. 2,100 mrd. Krisepakkene . (Solund 1,143 mill.)
2. 2.200 mrd. Redusert arbeidsgjevaravgift med 4,0% for 3. termin (Solund 0,489 mill.)
3. 0,557 mrd. Tilleggsbevilgningar (utbet. etter søknad)
    a. 150,0 mill. - tiltak mot sårbare barn og unge
    b. 75,0 mill. – auka tilgjenge i helsestasjon- og skulehelsetenesta
    c. 75,0 mill. – avlastningstiltak og aktivitetstiltak for barn og unge
    d. 223,3 mill. – rekruttering til- og stabilitet i fastlækjarordninga
    e. 33,3 mill. – auka basistilskot tll fastlækjarar med færre enn 500 listeinnbyggjarar

    Avdelingsleiarane må sjølv søke om øyremerkte midlar der dette er mogleg.
4. 0,463 mrd.Utsatt overføring av skatteinnkreving (Solund 0,193 mill.)
    Tilsvarande kostnad løper i organisasjonen uavhengig av Korona

Etter at reduserte skatteinntekter er trekt frå, vert samla Korona-kompensasjon om lag 1,1 mill.

**Samla endring i frie inntekter for Solund kommune gjennom RNB 2020:**

Samla netto endringar i frie inntekter som kjem via RNB 2020, er på +0,9 mill.

| Budsjettskjema 1A | RB - 20 |
|---|---|
| | |
| RNB - Koronaepidemi - ekstra statleg skjøn | -200 |
| RNB - Koronaepidemien - Krisepakke 3 | -830 |
| RNB - Koronaepidemi - komp. inntektsbortfall | -143 |
| | |
| RNB - Utsatt overføring av skatteoppkreving | -193 |
| RNB - Auke eksklusiv Koronaepidemi | -96 |
| | |
| **Sum rammetilskot** | **-1 462** |
| | |
| RNB - Endring Inntektsutjamning | 17 |
| RNB - Endring skatt | 556 |
| RNB - Justering avrunding | -11 |
| | |
| **Sum skatt og inntektsutjamning** | **562** |
| | |
| **Sum rammetilskot, skatt, inntektsutjamning** | **-900** |

Av tabellen under ser ein at Solund kommune får ein vekst på kr. 96` som definitivt ikkje er knytt til Korona. I tillegg til denne Korona-skattereduksjonen, kjem også reduksjonen i den statlege prognosen på skatteinntekter som følgje av folketalsnedgangen siste halvår 2019. Sjå avsnittet om skatt under. Av denne nettosummen er 0,611 mill. direkte knytt til Korona-epidemien. I tillegg kjem redusert arbeidsgjevaravgift 3. termin på om lag 0,489 mill.

Samla kompensasjon, stort 1,1 mill. vert lagt inn som ei tilleggsløyving på ansvar 805, der Korona-relaterte utgifter vert ført.

**Solund kommune sine skatteinntekter**

Med oppdatert folketal pr. 1/1 2020 (802 stk.), så vart dei statlege prognosane for skatt (fråtrekt inntektsutjamning), nedjustert med 0,5 mill. i høve prognosen samanlikna med framlegg til Statsbudsjett (okt-19).
Ny folketeljing pr. 1. kvartal 2020 vert først offentleggjort den 25. mai. Denne teljinga, og nye skatteprognosar som følgje av den, er naturleg nok ikkje fanga opp i denne tertialrapporten.

Den nye skatteprognosen i RNB er utrekna utfrå følgjande kriterium:
A) folketeljing pr 1/1
B) den generelle trenden i skatteinngangen i Noreg dette året
C) dei forventa negative effektane av Korona-krisa

Prognosen tek ikkje omsyn til den einskilde kommune sin faktiske skatteinngang hittil i år.
For Solund sitt vedkomande er skatteinngangen svært god i 1. kvartal, og langt høgare enn på same tid året før. Dette gjev ein vesentleg høgare skatteinngang, enn det den statlege prognosen legg opp til.

## Skatteinngang januar - april 2020

| | Kommnr. | Kommunenamn | 1000 kr | kr pr innb | % landsgjsn. |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 4629 | Modalen | 19 136 | 49 320 | 519,8 % |
| 2 | 4619 | Eidfjord | 34 476 | 38 053 | 401,1 % |
| 3 | 4641 | Aurland | 47 575 | 26 713 | 281,6 % |
| 4 | 4620 | Ulvik | 17 672 | 16 363 | 172,5 % |
| 5 | 4634 | Masfjorden | 25 609 | 15 144 | 159,6 % |
| 6 | 4642 | Lærdal | 31 800 | 14 958 | 157,7 % |
| 7 | 4625 | Austevoll | 74 451 | 14 219 | 149,9 % |
| 8 | 4644 | Luster | 73 512 | 14 208 | 149,8 % |
| 9 | 4643 | Årdal | 69 558 | 13 395 | 141,2 % |
| 10 | 4639 | Vik | 33 298 | 12 637 | 133,2 % |
| 11 | 4618 | Ullensvang | 133 789 | 12 110 | 127,6 % |
| 12 | 4648 | Bremanger | 43 334 | 11 941 | 125,9 % |
| 13 | 4638 | Høyanger | 47 873 | 11 673 | 123,0 % |
| 14 | 4628 | Vaksdal | 45 279 | 11 385 | 120,0 % |
| 15 | 4632 | Austrheim | 29 592 | 10 311 | 108,7 % |
| 16 | 4617 | Kvinnherad | 132 657 | 10 149 | 107,0 % |
| 17 | 4601 | Bergen | 2 808 636 | 9 892 | 104,3 % |
| 18 | 4636 | Solund | 7 817 | 9 747 | 102,7 % |
| 19 | 4623 | Samnanger | 24 036 | 9 672 | 101,9 % |
| 20 | 4602 | Kinn | 165 654 | 9 627 | 101,5 % |
| 21 | 4635 | Gulen | 21 969 | 9 564 | 100,8 % |
| 22 | 4633 | Fedje | 5 226 | 9 536 | 100,5 % |
| 23 | 4637 | Hyllestad | 12 440 | 9 367 | 98,7 % |
| 24 | 4614 | Stord | 172 500 | 9 196 | 96,9 % |
| 25 | 4622 | Kvam | 77 411 | 9 153 | 96,5 % |
| 26 | 4616 | Tysnes | 25 945 | 9 043 | 95,3 % |
| 27 | 4621 | Voss | 140 134 | 8 903 | 93,8 % |
| 28 | 4613 | Bømlo | 104 552 | 8 744 | 92,2 % |
| 29 | 4647 | Sunnfjord | 192 500 | 8 738 | 92,1 % |
| 30 | 4640 | Sogndal | 103 132 | 8 705 | 91,8 % |
| 31 | 4626 | Øygarden | 332 362 | 8 674 | 91,4 % |
| 32 | 4624 | Bjørnafjorden | 215 910 | 8 668 | 91,4 % |
| 33 | 4615 | Fitjar | 27 617 | 8 660 | 91,3 % |
| 34 | 4611 | Etne | 34 037 | 8 379 | 88,3 % |
| 35 | 4631 | Alver | 242 499 | 8 298 | 87,5 % |
| 36 | 4650 | Gloppen | 48 475 | 8 281 | 87,3 % |
| 37 | 4645 | Askvoll | 24 848 | 8 252 | 87,0 % |
| 38 | 4627 | Askøy | 237 232 | 8 027 | 84,6 % |
| 39 | 4651 | Stryn | 55 072 | 7 724 | 81,4 % |
| 40 | 4649 | Stad | 72 843 | 7 703 | 81,2 % |
| 41 | 4630 | Osterøy | 61 192 | 7 556 | 79,6 % |
| 42 | 4612 | Sveio | 42 710 | 7 407 | 78,1 % |
| 43 | 4646 | Fjaler | 20 242 | 7 224 | 76,1 % |

| | Kommnr. | Kommunenamn | Endr. % frå 2019 | |
|---|---|---|---|---|
| | | | 1000 kr | kr pr innb |
| 1 | 4633 | Fedje | 17,8 % | 20,8 % |
| 2 | 5438 | Lebesby | 17,3 % | 20,7 % |
| 3 | 1828 | Nesna | 14,4 % | 16,5 % |
| 4 | 5056 | Hitra | 12,5 % | 11,8 % |
| 5 | 4212 | Vegårshei | 11,6 % | 11,4 % |
| 6 | 4636 | Solund | 11,4 % | 13,9 % |

## Skatteinntekter pr. april 2020

| | Kommune | | 1000 kr | kr pr innb | % av landsgj. |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 1252 | Modalen | 18 577 | 48 887 | 517,4 % |
| 2 | 1232 | Eidfjord | 34 174 | 37 720 | 399,2 % |
| 3 | 1421 | Aurland | 46 396 | 26 302 | 278,4 % |
| 4 | 1233 | Ulvik | 17 503 | 16 014 | 169,5 % |
| 5 | 1422 | Lærdal | 31 674 | 14 725 | 155,9 % |
| 6 | 1266 | Masfjorden | 24 980 | 14 600 | 154,5 % |
| 7 | 1244 | Austevoll | 75 774 | 14 538 | 153,9 % |
| 8 | 1228 | Odda | 95 958 | 14 227 | 150,6 % |
| 9 | 1426 | Luster | 73 027 | 14 057 | 148,8 % |
| 10 | 1424 | Årdal | 69 215 | 13 196 | 139,7 % |
| 11 | 1417 | Vik | 32 257 | 12 072 | 127,8 % |
| 12 | 1416 | Høyanger | 48 103 | 11 758 | 124,4 % |
| 13 | 1438 | Bremanger | 43 050 | 11 619 | 123,0 % |
| 14 | 1251 | Vaksdal | 44 743 | 11 061 | 117,1 % |
| 15 | 1227 | Jondal | 11 524 | 10 602 | 112,2 % |
| 16 | 1201 | Bergen | 2 775 737 | 9 871 | 104,5 % |
| 17 | 1411 | Gulen | 22 900 | 9 862 | 104,4 % |
| 18 | 1224 | Kvinnherad | 128 239 | 9 762 | 103,3 % |
| 19 | 1223 | Tysnes | 27 763 | 9 755 | 103,2 % |
| 20 | 1264 | Austrheim | 27 670 | 9 584 | 101,4 % |
| 21 | 1242 | Samnanger | 23 443 | 9 510 | 100,7 % |
| 22 | 1401 | Flora | 110 322 | 9 308 | 98,5 % |
| 23 | 1432 | Førde | 118 606 | 9 059 | 95,9 % |
| 24 | 1241 | Fusa | 34 960 | 9 055 | 95,8 % |
| 25 | 1235 | Voss | 131 240 | 8 985 | 95,1 % |
| 26 | 1419 | Leikanger | 20 877 | 8 956 | 94,8 % |
| 27 | 1418 | Balestrand | 11 448 | 8 951 | 94,7 % |
| 28 | 1231 | Ullensvang | 29 668 | 8 936 | 94,6 % |
| 29 | 1238 | Kvam | 74 774 | 8 858 | 93,8 % |
| 30 | 1431 | Jølster | 26 913 | 8 833 | 93,5 % |
| 31 | 1246 | Fjell | 229 601 | 8 775 | 92,9 % |
| 32 | 1413 | Hyllestad | 11 980 | 8 770 | 92,8 % |
| 33 | 1439 | Vågsøy | 51 423 | 8 614 | 91,2 % |
| 34 | 1221 | Stord | 160 910 | 8 605 | 91,1 % |
| 35 | 1243 | Os | 178 082 | 8 560 | 90,6 % |
| 36 | 1412 | Solund | 7 018 | 8 559 | 90,6 % |
| 37 | 1222 | Fitjar | 27 342 | 8 542 | 90,4 % |
| 38 | 1420 | Sogndal | 69 685 | 8 508 | 90,0 % |
| 39 | 1263 | Lindås | 134 503 | 8 506 | 90,0 % |
| 40 | 1211 | Etne | 34 446 | 8 449 | 89,4 % |
| 41 | 1219 | Bømlo | 99 930 | 8 355 | 88,4 % |
| 42 | 1441 | Selje | 22 419 | 8 161 | 86,4 % |
| 43 | 1445 | Gloppen | 47 055 | 8 063 | 85,3 % |
| 44 | 1247 | Askøy | 233 882 | 7 989 | 84,6 % |
| 45 | 1245 | Sund | 56 124 | 7 947 | 84,1 % |
| 46 | 1428 | Askvoll | 24 019 | 7 906 | 83,7 % |
| 47 | 1265 | Fedje | 4 438 | 7 897 | 83,6 % |
| 48 | 1234 | Granvin | 7 346 | 7 840 | 83,0 % |
| 49 | 1256 | Meland | 63 827 | 7 796 | 82,5 % |
| 50 | 1433 | Naustdal | 21 361 | 7 648 | 80,9 % |
| 51 | 1259 | Øygarden | 37 106 | 7 590 | 80,3 % |
| 52 | 1449 | Stryn | 54 281 | 7 574 | 80,2 % |
| 53 | 1216 | Sveio | 43 043 | 7 524 | 79,6 % |
| 54 | 1443 | Eid | 45 944 | 7 469 | 79,1 % |
| 55 | 1444 | Hornindal | 8 601 | 7 466 | 79,0 % |
| 56 | 1253 | Osterøy | 60 183 | 7 412 | 78,4 % |
| 57 | 1430 | Gaular | 22 402 | 7 401 | 78,3 % |
| 58 | 1429 | Fjaler | 20 471 | 7 390 | 78,2 % |
| 59 | 1260 | Radøy | 37 242 | 7 315 | 77,4 % |

Solund har gjort eit byks på statitistikken samanlikna med landsgjennomsnittet pr. april i fjor, så vel som med andre kommunar i år. Å skilte med sjette største vekst i landet dette året, gir grunn til glede.

Med bakgrunn i dette, er det grunnlag for å legge inn ei forventning om ekstra lokal vekst i netto skatteinngang (=skatt justert for redusert inntektsutjamning) på minst 0,2 mill.

*Tabell som viser faktiske endringar i frie inntekter sidan budsjettvedtaket i desember:*

| Budsjettskjema 1A | R - 19 | OB - 20 | RB1 - 20 |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Innbyggjartilskot | -19 941 000 | -20 468 | |
| Utgiftsutjamning | -18 895 000 | -20 678 | |
| Overgangsordningar (INGAR) | 43 000 | 44 | |
| Særskilte fordelingar | -527 000 | -723 | |
| Distriktstilskot Sør Norge | -5 698 000 | -5 875 | |
| Ekstra veksttilskot | | -32 | |
| Fylkesmannen sitt skjønstilskot | -1 500 000 | -1 500 | |
| Justeringar tidl. SB- og nytt RNB vedtak | 39 000 | | |
| RNB - Auke eksklusiv Koronaepidemi | | | -96 |
| RNB - Koronaepidemi - ekstra statleg skjøn | | | -200 |
| RNB - Koronaepidemien - Krisepakke 3 | | | -830 |
| RNB - Koronaepidemi - komp. Inntektsbortfall | | | -143 |
| RNB - Utsatt overføring av skatteoppkreving | | | -193 |
| | | | |
| **Sum rammetilskot** | -46 479 000 | -49 232 | -1 462 |
| | | | |
| Inntektsutjamning | -740 249 | -1 041 | |
| Endring oppdatert folketal | | | 189 |
| RNB - Koronaepidemi | | | 17 |
| Skatt på inntekt og formue | -24 412 880 | -24 087 | |
| Endring oppdatert folketal | | | 269 |
| RNB - Koronaepidemi | | | 556 |
| Ekstra lokal skatteinngang | | | -200 |
| Salderingspost - tusenavrunding | | -40 | |
| Endring oppdatert folketal | | | 42 |
| RNB - Koronaepidemi | | | -11 |
| | | | |
| **Sum skatt og inntektsutjamning** | -25 153 129 | -25 168 | 862 |
| | | | |
| **Sum rammetilskot, skatt, inntektsutjamning** | -71632 129 | -74 400 | -600 |

Av veksten i frie inntekter på 0,6 mill., ligg auka lokal skattevekst på 0,2 mill. innbakt. Og held ein utanom reduksjonen i skatteinntekter som følgje av oppdatert folketal med 0,5 mill., så gjev regjeringa sin RNB isolert sett ein samla fri inntektsvekst til Solund på 0,9 mill., slik som vist i tidlegare tabell.

# Endringar i andre overordna inntekter

| Budsjettskjema 1A | R - 19 | OB - 20 | RB1 - 20 |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Grunnskulereform 1997 | | | |
| Rentekompensasjon Sokneråd | -13 534 | -20 | |
| Rentekompensasjon skulebygg | -36 528 | -35 | |
| Rente- og avdragskomp. Solundheimen | -493 199 | -495 | |
| Nedjustering marknadsrentenivå | | | 100 |
| | | | |
| Bustadtilskot | -300 000 | | |
| | | | |
| **Sum andre generelle statstilskot** | -843 261 | -550 | 100 |

Som følgje av den markante nedgangen i styringsrenta i Norges bank, vil naturleg nok rentekompensasjonstilskota verta redusert. Førebels er reduksjonen stipulert til om lag 0,1 mill. Avdragskompensasjonen knytt til investeringar ved Solundheimen vert ikkje endra.

Bustadtilskot vart innbakt i rammetilskotet for år 2020 og dermed i ansvarsområde 310.

| Budsjettskjema 1A | R - 19 | OB - 20 | RB1 - 20 |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Flyktningtilskot (jf. avsetnad) | -3 277 000 | -1 725 | |

Det er ikkje kome signal som tyder på at nivået på flyktningtilskotet vil verta endra i år 2020. Det er heller ingen signal som tyder på at Solund kommune vert tildelt nye kvoter med flyktningar som skal busetjast i år 2020.

| Budsjettskjema 1A | R - 19 | OB - 20 | RB1 - 20 |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Eigedomsskatt | -1730 123 | -1 800 | |
| Nedjustert i tråd med statleg vedtak | | | 400 |

Ved handsaminga av Statsbudsjettet for år 2020, vart det vedteke å innføre ein obligatorisk minimums reduksjonsfaktor på 30% på skattegrunnlaga for alle bustads- og fritidseigedomar i landet som har utskrive eigedomsskatt. Frå før hadde Solund kommune nytta 20% frådrag, men berre på bustader. Denne endringa utgjer eit inntektsbortfall på heile 0,4 mill. for Solund kommune i år 2020.

| Budsjettskjema 1A | R - 19 | OB - 20 | RB1 - 20 |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Jamne inntekter Havbruksfond | -6 986 714 | -3 000 | |
| Auke som følgje av ny produksjonsavgift 40 øre | | | |
| Inntekter frå auksjonar (minimumsanslag) | | | -4 875 |

Regjeringa har i RNB forslått ei ny fordeling av inntekter frå årets auksjonar på laksekonsesjonar. Havbrukskommunane (herunder fylkeskommunar) vert tildelt 2,0 mrd., fordelt med 1 mrd. på år 2020 og 2021, frå det statlege Havbruksfondet. Dette er vesentleg mindre enn tidlegare signalisert frå årets auksjonar, men likevel langt meir enn det Solund kommune har budsjettert med.

Regjeringa har i tillegg foreslått å innføre ei produksjonsavgift for næringa, men først gjeldande frå og med år 2021, med inntektsverknad for kommunane frå og med år 2022. Det vert vist til økonomiplan 2021-2024 for meir detaljar omkring dette.

Med bakgrunn i den store fordelingsendringa av inntektene frå auksjonssal, som no er forslått, der staten sin andel er foreslått auka frå 20% til 75%, har NFKK og Sjømat Norge levert følgjande felles høringsuttalelse til revidert nasjonalbudsjett:

*Havbrukskommunene og fylkeskommunene, som et minimum, skal tilføres 60 % av vederlaget fra tildelingsrunden i 2020. Utbetalingen fordeles likt mellom 2020 og 2021 og utbetales via Havbruksfondet med basis i den etablerte fordelingsnøkkel. 40 % av salgs- og auksjonsinntekter fra kapasitetsjusteringen i 2020 tilfaller derav staten.*
*Av salgs- og auksjonsinntekter fra økt kapasitet og nye tillatelser fra og med 2022 kan det aksepteres en ytterligere justering i forhold til fordeling og da slik at 50 % tilfaller staten og 50 % tilfaller havbrukskommuner og -fylkeskommuner etter fordelingsnøkkelen i Havbruksfondet.*

Det vert spanande å sjå om det vert fleirtal for ei slik endring. I så fall vil det verte grunnlag for vesentleg høgare inntekter til Solund kommune, både for inneverande år og komande år.

## Endring i netto finansutgifter (utbyte, renter og avdrag)

| Budsjettskjema 1A | R - 19 | OB - 20 | RB1 - 20 |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Renteinntekter | -969 006 | -925 | |
| Nedjustert til marknadsrente | | | 300 |
| Utbyte Sunnfjord Energi / BKK | -1081408 | -750 | |
| Auka utbyte BKK | | | -750 |
| Utbyte SF Holding (sum utbyte 62,5 mill. -75 mill. i 2018) | | -900 | |
| Redusert utbyte SFE Holding | | | 450 |
| Renteutgfter m.m. (ans.100 41,49 og ans 150 40) | 2 417 173 | 3 432 | |
| Justering renteutgifter | | | -850 |
| Avdrag på lån | 5 968 250 | 6 657 | |
| Justering avdragsutgifter | | | |
| Salderingspost - tusenavrunding | | -15 | |
| | | | |
| Netto finansutgifter/inntekter | 6 335 009 | 7 500 | -850 |

Som følgje av at signalrenta i Norges bank er sett ned til 0%, kan det gjerast vesentlege tilpassingar i både forventa renteinntekter- og utgifter, så vel som i forventa utbyte frå kraftselskapa som Solund kommune eig aksjar i.

*Renteinntekter:*
Solund kommune har vesentlege likviditetsreservar på bok (jf. unytta lånemidlar og unytta fondsreservar). Men etter at signalrenta vart sett ned til 0%, vil det ikkje verta så mykje avkastning på desse midlane resten av året.

*Renteinntektsnivået vert tilrådd justert ned med min. 0,3 mill.*

*Utbyte:*
Kraftselskapa har hadde eit godt overskot i år 2019.
BKK har allereie vedteke eit utbyte som gjev 1,5 mill. i utbyte til Solund kommune. Det vil seie ei dobling +0,75 mill. i høve kva som var budsjettert.

SF Holding utbetalte eit svært stort utbyte i år 2019, som i ettertid er opplyst også å innehalda eit forskot på utbetaling av utbyte i år 2020.
Det ligg no an til at ekstra utbyte utbetalt i fjor, skal avreknast på årets utbyte, men trekket skal fordelast over 2 år. Vedtak er ikkje fatta enno, men administrasjonssjefen tilrår å nedustere forventningane om utbyte til det halve av tidlegare nivå, for år 2020 og år 2021.Dette betyr ein nedgang i høve budsjett på -0,45 mill. kvart år.

*Samla endring i utbyte frå kraftselskapa, vert tilrådd oppjustert med 0,3 mill.*

*Renteutgifter:*
Frå og med 1. juni d.å. er rentevilkåra på Solund kommune sine lån i Kommunalbanken følgjande:

- Grøn rente på lån til Nye omsorgsbustader (17,2 mill.) og etter kvart Ny skule m/bibliotek (28,5 mill.) = 0,902%
- Ordinær rente på alle andre lån (107 mill.) = 1,002%

Solund kommune har budsjettert med eit gjennomsnittleg renteutgiftsnivå på 2,4% for år 2020. Kvar 10-dels justering gjev ein årseffekt på om lag 0,143 mill.
Ny gjennomsnittsrente for resten av året vert kan ved denne tertialjusteringa justerast ned med vel 1,4% frå og med 1. juni. Ved å legge inn ein reduksjon på 1,2% frå og med 1. juli, vert innparinga i renteutgiftene større enn 0,85 mill.

*Administrasjonssjefen tilrår å redusere renteutgiftene med 0,85 mill. ved denne tertialjusteringa.*

## Avsetnader / bruk av avsetnader:

For å kunna henge med i svingane på kva kommunestyret har til disposisjon på sine fondskonti, så følgjer her status på dei kommunale disposisjonsfonda, samanhalde med dei vedtak som er fatta for bruk av fonda frametter, samt framlegg til endringar ved denne tertialjusteringa og for heile økonomiplanperioden. Det vert vist til Økonomiplan 2021-2024 for ytterlegare kommentarar til tabellen for planåra 2021-2024.

**Status og utvikling i frie fondsmidlar**

| 2.56 - Disposisjonsfond | | 31/12 2019 | Endring 2020 | Endring 2021 | Endring 2022 | Endring 2023 | Endring 2024 | Saldo 31/12-24 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 8200 | **Generelt disposisjonsfond** | **483 283** | Saldering mot fond 8202 når det ikkje lenger er behov for å splitte fonda | | | | | **483 283** |
| 8202 | **Inntekter frå statleg Havbruksfond** | **-17 382 334** | | | | | | |
| | Vedtekne årlege avsetnader | | -3 000 000 | -3 000 000 | -3 000 000 | -3 000 000 | -3 000 000 | |
| | Framlegg til auka avsetnader | Worst case | -4 875 000 | -4 875 000 | -4 500 000 | -1 000 000 | -4 500 000 | |
| | *Vedtatt bruk i investering:* | | | | | | | |
| | Finansiering ny skule | | 8 495 619 | | | | | |
| | Finansiering Kvernhusvika / asfaltering | | 2 750 000 | | 1 850 000 | | | |
| | Finansiering andre investeringar | | 300 000 | | | | | |
| | *Vedtatt bruk i drift:* | | | | | | | |
| | Klima- og miljøplan (ansvar 110) | | 250 000 | | | | | |
| | Eigendelar mobil (ansvar 800) | | 300 000 | | | | | |
| | Marine grunnkart (ansvar 800) | | 200 000 | 200 000 | | | | |
| | Nettdekning heile kommunen (ansvar 800) | | 1 700 000 | | | | | |
| | Samfunns- og næringsutvikling Korona (ansvar 805) | | 1 000 000 | | | | | |
| | Bruk i drift generelt | | 3 900 000 | 3 000 000 | 3 900 000 | 3 000 000 | 3 000 000 | |
| | *Framlegg til endringar:* | | | | | | | |
| | Inndekning bortfall skjønsmidlar | | | 900 000 | 900 000 | 900 000 | 900 000 | |
| | Auka generell bruk i drift | | | 100 000 | 450 000 | 1 100 000 | 600 000 | |
| | Samfunns og næringsutvikling | | 300 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | |
| | Finansiering fiber Hagefjorden | | 800 000 | | | | | **-7 336 715** |
| 8201 | **Utviklingsfond drift** | **-6 000 000** | | | | | | **-6 000 000** |
| 8228 | **Veg til Tangenes/Leirvika** | **-600 000** | -200 000 | -200 000 | -200 000 | -200 000 | -200 000 | **-1 600 000** |
| 8233 | **Bonitering i sjø Valen** | **-50 000** | 50 000 | | | | | **0** |
| 8234 | **UNESCO Global Geopark** | **-100 000** | 100 000 | | | | | **0** |
| 8235 | **Heilårsbasert reiseliv** | **-100 000** | 100 000 | | | | | **0** |
| 8226 | **Intergreringstilskot flyktningar** | **365 637** | Saldering mot 150/200/900 ved avslutning av program | | | | | **365 637** |
| **Netto bruk av avsetnader pr. år** | | | 12 170 619 | -2 875 000 | 400 000 | 1 800 000 | -2 200 000 | |
| **Saldo i frie fondsreservar** | | **-23 383 413** | -11 212 794 | -14 087 794 | -13 687 794 | -11 887 794 | -14 087 794 | **-14 087 794** |

Tabellen syner at Solund kommune hadde ein fondsreserve på 23,3 mill. ved årsskiftet, og at det vil vera igjen 11,2 mill. i reservar pr. 31/12 2020, om RNB vert vedteke slik som foreslått, tilrådingane frå administrasjonssjefen vert vedtekne og rekneskapen vert avslutta i balanse for drifta.

Til sist viser tabellen at det pr. 31/12 2024 vil vera om lag 14,1 mill. i fondsreservar i kommunen, etter at Nye omsorgsbustader og Ny skule m/bibliotek er realisert (gitt at rammene for Ny skule vert i tråd med førebels avsatt ramme).

Det er også verd å merke seg at det i dette oppsettet er nytta «worst case scenario» for kva som vert forventa av inntekter frå det statlege Havbruksfondet.

I denne tabellen kan ein sjå at administrasjonssjefen legg opp til å innarbeide ein samfunns- og næringsutviklingsfunksjon, med ein oppstart hausten 2020. Det kan vera ei løysing å knyta bruken av Utviklingsfondet til same løyving. Ei slik satsing kan også generere meirinntekter i form av t.d. øyremerkte tilskot.

*Tabell som syner alle vedtekne og nye framlegg til fondstransasjonar for år 2020:*

| Budsjettskjema 1A | R - 19 | OB - 20 | RB1 - 20 |
|---|---|---|---|
| Avsetnad til disposisjonsfond | 14 533 935 | | |
| Avsetnad inntekter frå Havbruksfond | | 3 000 | |
| Justert avsetnad inntekter Havbruksfond | | | 4 875 |
| Avsetnad refusjon Veg Dalesund - Tangenes | | 200 | |
| Avsetnad bundne fond | 1262 550 | | |
| Bruk av disposisjonsfond | -12 954 775 | | |
| Til Klima- og miljøplan (ansvar 110) | | -250 | |
| Til Eigendelar mobil (ansvar 800) | | -300 | |
| Til Marine grunnkart (ansvar 800) | | -200 | |
| Til Nettdekning resten av kommunen (ansvar 800) | | | -1 700 |
| Til inndekning KORONA (ansvar 805) | | | -1 000 |
| Til Fiberprosjekt Hagefjorden (ansvar 800) | | | -800 |
| Bruk til samfunns- og næringsutvikling (800) | | | -300 |
| Til generell drift | | -3 900 | |
| Bruk av bundne avsetnader | -1421813 | | |
| Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk | -517 037 | | |
| **Netto avsetnader** | 902 859 | -1 450 | 1 075 |
| Til Eigenkapitalinnskot KLP | 330 000 | 330 | |
| Netto avdrag på utlån | 120 000 | 120 | |
| **Sum overført til investering** | 450 000 | 450 | 0 |

Prinsippet som er følgt andsynes rekneskapsføringar mot inntekter frå Havbruksfondet, er at alle inntekter for året først vert avsatt på disposisjonsfond. Dernest vert bruken av disposisjonsfondet synlegggjort.
Summen av opphavleg og revidert budsjett syner kva kommunen anten tilfører eller hentar ut frå drift. I år 2020 vert det netto henta ut 0,375 mill. frå disposisjonsfonda, slik at alle gode tiltak kan gjennomførast. Det er verd å merke seg at det vert gjort e.o. tiltak for 4,55 mill. over driftsbudsjettet i år 2020, om alle forslaga som er lista opp i tabellen vert gjennomført.

## Til fordeling drift:

| Budsjettskjema 1A | R - 19 | OB - 20 | RB1 - 20 |
|---|---|---|---|
| | | | |
| FORDELING TIL DRIFT | -76 781 360 | -74 975 | -4 750 |

Som det går fram av tabellen, så vert 4,75 mill. tilført drifta etter at budsjettet vart vedteke i haust, så sant tilrådinga for budsjettendringar vert vedteke.
Av denne summen er dei største auka driftspostane knytt til eigne Kstyre-vedtak til *«Nettdekning andre stader i kommunen»* med 1,7 mill. og *«Koronatiltak mot næringslivet»* med 1,0 mill.

I tillegg kjem no nye framlegg som *«Fiberprosjekt Hagefjorden»* med 0,8 mill. og oppstart av satsinga på *«Samfunns- og næringsutvikling»* med 0,3 mill.
Summen dekker også reduserte *brukarbetalingar ved institusjonen* med 0,4 mill., *opphøyr av refusjonsinntekta* knytt til vegen som vart bygd til Sandvik for 20 år sidan, med 0,3 mill. og auka løyving til *kommuneplanarbeidet* med 0,1 mill., for å nemne dei største.

Elles er det slik at administrasjonssjefen vonar at redusert deflator (1,275 mill.) dekker opp kostnader med interne Koronatiltaka som er ført på ansvar 805 internt (budsjettert med 1,1 mill.).
Dette må ein koma attende til ved 2. tertialjustering.

## Om Solund kommune sine mål og måloppnåingar

Solund kommune står no med innspurten i ein omfattande kommuneplanprosess og den kommunale organisasjonen står midt i ein sjelsettande Organisasjons- og leiarutviklingsprosess.
Begge desse prosessane har som mål å rigge kommunen og tenestetilbodet på ein slik måte at kommunen kan halde fram som eigen kommune og at innbyggjarar, næringsliv, private lag- og organisasjonar får levert fullverdige og framtidsretta tenester i all overskodeleg framtid.

Målet for kommunen er det same for regjeringa, slik som sitert i tidlegare kapittel, sjølv om det ikkje vert signalisert så store forventningar derifrå på at småkommunar kan lukkast med dette.

I det vidare vil det vera viktig for Solund kommune å lukkast med både kommuneplan- og OU-prosessen. For å overleve som eigen kommune skisserer regjeringa ein veg å gå, som krev mykje frå dei kommunalt tilsette. Det handlar om:

- Omstillingsvilje og gjennomføringsevne
- Å bygge kultur for innovasjon og dermed stadig vera i takt med tida og i møte med framtida
- Effektivisering; - og då i stor grad gjennom digitalisering og samhandling på tvers av sektorar
- Sikre nærleik til innbyggjarane og eit velfungerande lokaldemokrati
- Bruke samskaping med innbyggjarar og næringsliv som metode, for å bygge framtidas kommune

Svært mykje av dette er skildra i den nye samfunnsplanen. Og gjennom dei 2 vedtekne milepælsrapportar for OU-prosessen så langt, kan ein lese at den intern organisasjonen er på god veg mot å skape ein kommune som i større grad kan levere på regjeringa og kommunestyre sine mål.

Ut frå innhaldet i tertialrapportane frå den daglege drifta, så meiner Administrasjonssjefen at drifta i Solund kommune stort sett er i tråd med dei mål og rammer som vart gjeve gjennom budsjettvedtaket.

Det vert vist til desse rapportane for ytterlegare detaljar om drifta i 1. tertial.

Det er som vanleg ein og del etterslep i høve investeringsplanen. Men dei største og viktigaste prosjekta vert det jobba aktivt med utfrå dei ressursar ein har tlgjengeleg.
Og det å kunna sette inn tilstrekkeleg med ressursar for å nå måla, er ei stadig tilbakevendande utfordring; - både for drift og investering.

Det vert vist til avsnitt om investeringar omkring måloppnåinga for dei ulike prosjekta kommunestyret har vedteke for dette driftsåret (og for tidlegare år).

## Kommentarar til den daglege drifta

I det vidare følgjer tertialrapportane frå dei driftsansvarlege. Dei største økonomiske avvika vert kommentert av administrasjonssfen. Det er berre vesentlege avik som vert kommentert.
Går drifta som normalt, vert det ikkje rapportert noko.

Regjeringa har lagt til grunn at den gjennomsnittlege pris- og lønsveksten (deflatoren) vert redusert med heile 1,7% (frå 3,1% til 1,4%) for kommunesektoren, som følgje av Korona-situasjonen.
KS forventar meiner reduksjonen er urealistisk, m.a. fordi lønsglidinga aleine er på 1,5%, og forventar at reduksjonen vert på om lag 1,1%.
I framlegg til budsjettjusteringar, køyrer administrasjonssjefen ei forsiktig linje, og legg til grunn ein reduksjon som ligg midt mellom regjeringa og KS sine prognosar.

Framlegget til kommunen sitt reviderte budsjett er likevel stramt, men inneheld det forskriftsmessiget kravet om at budsjettet skal vera både fullstendig, realistisk og i balanse.
Det er all grunn til å tru at både innbyggjarar og brukarar, også etter denne revisjonen, vil nyte godt av eit svært godt tenestetilbod i Solund kommune.

Det gjeld eit forskriftsmessig krav til å endre den kommunale økonomiplanen, når det vert vedteke endringar i driftsåret som påverkar seinare planår. Dette er eit svært godt og sunt prinsipp.
Det vedlagde tabelloppsett viser alle endringar som er foreslått og samanhengane mellom sak om budsjettendringar 1. tertial år 2020 og sak om økonomiplan 2021-2024.

## Ansvar 100, 110, 120, 130, 140, 150, 410, 420 og 430

Administrasjon, Politikk, Fellesutgifter, Samferdsle, Bustad, Overordna plan/næring/miljø/kultur/idrett, Fjordane Friluftsråd, Folkehelse- og Flyktningkoordinator, Bibliotek, Frivillegsentral, Voluntørteneste, Gjenbruket, m.m.

Det har vore eit høgt aktivitetsnivå ved dette programområde dette tertialet. Den pågåande OU-prosessen er ei av årsakene til dette. Det vert vist til milepælsrapportane om dette.
Ein er kome så langt i prosessen, der ein snart kan presentere ei skisse til korleis leiings- og organisasjonsstrukturen kan verte for Solund kommune. Denne strukturen vil sikre at administrasjonssjefen kan levere på best mogleg måte alle dei overordna mål politisk nivå har sett.
Lause trådar skal samlast og modellen skal sikre at kommunen kan gjere det dei har beste føresetnader for å kunna få til; - samhandling på tvers.

Midt i dette arbeidet, skal både dagleg drift handterast og samstundes Korona-krisa løysast.

Mykje tid har gått med til beredskapsarbeidet; - stipulert til om lag 80% av det samla administrative arbeidet. Særleg har det vore krevjande å handtere personalarbeidet, midt i ein unntakstilstand.
Det har også vore krevjande, men også lærerikt, å ikkje kunna ha fysiske møter og handtere alle møter og saker digitalt. Dette har såleis vore ein forsmak på korleis verda i stor grad vil fortone seg i åra som kjem. Ved utgangen av tertialet ser det ut som ein har fått kontroll på Korona-situasjonen, sjølv om det fortsatt vert drifta på unntaks vis og med høge skuldre i mange delar av organisasjonen.

## Ansvar 100 – politikk, administrasjon, overordna personalarbeid, fellesutgifter, m.m.:

Ved dette ansvarsområde vert det drifta i tråd med førsetnadane. Det går mot ein vakanse på personalavdelinga og ein arbeider med korleis organisere dette arbeide på den mest tenlege måten i framtida. Organiseringa av både personal-, økonomi- og sørviskontor vert sett på i denne samanheng. Saman med naturlege avgangar, skaper dette eit økonomisk handlerom ved ansvarsområde.

Når det gjeld spørsmål om ekstra IKT-ressurs, så vert dette sett i samanheng med ein søknad om skjønsmidlar som er sendt Fylkesmannen, for å auka den digitale komeptansen generlt. I dag har stabssjefen denne kompetansen.

Den barnehage- og skulefaglege stillinga er no kome i gjenge, og ein ser at dette er ein ressurs som vil ha positiv verknad på både overordna leiing, så vel som for Oppvekst- og kultursektoren generelt.

*Under gjevne føresetnader, er det grunnlag for å redusere rammeområde 100 med 0,3 mill.*

## Ansvar 110 – Overordna Plan, miljø og næring:

**Planarbeid**
Samfunnsdelen er planlagt skal handsamast i kommunestyret så snart det er føremålstenleg.
Arealdelen er planlagt skal leggast ut på høyring i juni. I kontrakten med Norconsult er det lagt opp til at ein skal sjå på små område for akvakultur, men no ynskjer kommunen å sjå på store område. Dette fører til ein anna arbeidsmetodikk, meir arbeid og ei ekstrautgift på om lag 100.000 kr. Dette er allereie innarbeida i budsjettet. Med bakgrunn i at kontrakten med Norconsult berre går fram til 1. høyring, og det er behov for rådgjeving også etter høyringa er det behov for tilføring av økonomiske midlar til arbeidet med kommuneplanen til hausten. Mengda innspel som kjem inn i høyringa styrer kor mykje rådgjeving det er behov frå eksternt hald.
Det har ikkje vore arbeida med andre planar.

**Næringsutvikling**
Arbeidet fortset som vanleg når ein ser bort frå tiltaka som vart sett i verk i samband med Korona.

**Kultur og friluftsliv**
Solund kommune sende inn 5 søknader i tråd med Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020 – 2023. Ein får svar på desse i juni.
Solund kommune har fått tildelt midlar til Friluftslivets ferdselsårar, som er ei vidareføring av Kartlegging av verdfulle friluftslivsområde.
Arbeidet med uteområdet ved Sognesjøhytta er i ferd med bli ferdigstilt, og det har vore arbeida godt med innvendig oppgradering av Ytre Solund Fleirbrukshus, trass Korona.

**Viltforvaltning**
Solund kommune har søkt om midlar til å utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald, som kan vere nyttig i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Ein vonar å få ferdigstilt forvaltningsplan for

grågås snarast, dette arbeidet vert gjennomført av ein ekstern rådgjevar. Finansieringa av forvaltningsplan for grågås vert henta frå fond som berre kan nyttast til vilttiltak.

**Korona**
Det har vore brukt ein del tid på arbeid med mellom anna sakshandsaming og arbeid opp mot næringslivet i samband med Korona. Dette har gjort at ein ikkje har fått jobba så mykje som planlagt med andre saker denne våren.

**Økonomi**
Bortsett frå arbeidet med kommuneplan, så er det ingenting som tyder på at ikkje ansvar 110 skal gå i balanse.

*Det vert tilrådd å styrke rammeområdet med 0,1 mill. til auka kostnader med kommuneplanarbeidet.*

## Ansvar 120 – Fjordane Friluftsråd

**Status drift og økonomi**
Fjordane Friluftsråd har god likviditet for vår aktivitet.
Den 07.05 vart det avgjort at Stad kommune blir tatt opp som medlem ☺
Fjordane Friluftsråd har tilsett 2 nye medarbeidarar:
Ein prosjektkoordinator i 80% stilling frå 06.05.20 og ein stilling med arbeidsområde som båtførar, strandryddemedarbeidar og driftar av friluftsskular frå 01.06.2020.

**Prosjektmidlar 2020**

| **Løyvde midlar** | **2020** | **2021** |
|---|---|---|
| Fylkeskommunen tilskot friluftsaktivitet friluftsskulane | 245.000 | |
| Tildeling Friluftsrådenes Landsforbund - friluftsskular | 120.000 | |
| Fylkeskommunen (Sogn og Fj.) inv. i Skjærgårdtjenestebåt | 400.000 | |
| Vestland Fylkeskommune inv. i Skjærgårdstenestebåt | 200.000 | |
| Spelemidlar, søknad om matte til rullestol strand, Askvoll | ? 50.000 | |
| Miljødirektoratet Marin forsøpling | 2 600 000 | 500 000 |
| **Sum begge kolonner** | 4 115 000 | |

Driftstilskota frå dagens kommunar er ca kr. 550.000 + kr. 400.000 frå fylkeskommunen, som tilsaman utgjer kr. 950.000 . Når Stad no går inn med nesten 10.000 innbyggjarar får Friluftsrådet nesten kr. 175.000 i auka tilskot. Då er samla inntekter på 5,2 mill., men av siste utbetaling frå Miljødirektoratet på 3,1 mill., skal 0,5 mill. førast mot 2020.
I tillegg får Friluftsrådet kr. 200.000 frå Friluftrådenes Landsforbund til drift.
Det er søkt om 0,5 mill. frå Handelens Miljøfond. Med tilslag på den søknaden, vert det tilsett ein ekstra strandryddar (svar på søknad kjem 10. juni.)

**Utfordringar**
Det er ei utfordring å bruke pengane rett og halde styr på prosjektrekneskap og rapportering.
I tillegg blir det noko meir reiseaktivitet og det man verte aktuelt å kjøpe tenester frå nye kommunar som deltek i ulik prosjektaktivitet.
Det er ein stor vekst i omsetning og arbeidsoppgåver, i og med nye medlemskommunar. Det vil med veksten også verta større forventningar til breidde i arbeidet, og gjerne til oppstart av fleire prosjekt.

*Det vert forventa balanse ved dette rammeområde ved årsslutt.*

## Ansvar 130 – Bustader, samferdsle, m.m.

Omsorgsbustadane er ferdigstilte og første leigetakar er på plass. Det føreligg fleire førspurnader / søknader om leige.
Både på grunn av forseinkingar i arbeidet med å ferdigstille og at Korona-krisa slo inn, gjorde at utleige ikkje vart mogleg før frå mai månad.
Dette medfører ein større svikt i husleigeinntektene (stipulert til kr. 340`), sidan planen var å leige ut einingane frå nyttårsskiftet.

I tillegg har ein måtta avsett husvære til avlastningsføremål knytt til Korona-epidemien. Her var det forsiktig budsjettert i utgangspunktet og noka styrking av budsjettet er såleis ikkje naudsynt på dette området.

Det er ikkje kome til avklaringar omkring refusjonar og kostnadsdeling for reinhald av venterom på Krakhella.

Næringslivet har ytra ynskje om å få til eit samarbeid om å utvikle ein felles informasjonsportal for ledige husvære i Solund. Det vert tilrådd å legge inn ein auka kostnad på (kr. 60`) til føremålet.

*Administrasjonssjefen tilråd å styrke ramma med 0,4 mill. Avviket skuldast også Korona-epidemien.*

## Ansvar 140 - Folkehelsearbeid

Det er kun lønspost på tenesta folkehelse, og bruken er innfor ramma.

Ein del av arbeidstida i mars og april er brukt til å avhjelpe Helse og omsorg på ulikt vis.
Det kan tenkjast at det vil tilkome ulike behov i befolkninga som fylgje av korona, men tiltak retta mot desse vil antakeleg ikkje vere direkte på denne tenesta i budsjett og rekneskap.
Eige innspel frå Folkehelserådet kjem separat.

OU-prosessen vil ta føre seg spørsmålet om korleis folkehelsearbeidet skal organiserast i framtida.

*Det vert forventa balanse ved dette rammeområde ved årsslutt.*

## Ansvar 150 - Flyktningarbeid

Integreringsarbeidet ved ansvar 150 er avslutta og flyktningkoordinatoren er byrja i ny stilling i kommunen. NAV Solund har overtatt ansvaret for å følgja opp denne brukargruppa.
Det vert fortsatt utbetalt ein mindre forskuve introduksjonsstønad over dette rammeområde.
Det er også løyd midlar for å kunna føra flyktningrelaterte utgifter som fortsatt måtte koma til i kommunen. NAV disponerer desse midlane.

*Det vert forventa balanse ved dette rammeområde ved årsslutt.*

## Ansvar 410 – Bibliotek

Biblioteket vert drifta etter budsjett og det er ikkje forventa avvik i driftsåret.

Leiaren på biblioteket har vore aktiv med i planprosessen for å få på plass eit moderne og mest mogleg tenleg blbliotek for skulen og innbyggjarane i framtida.
OU-prosessen vil ta føre seg spørsmålet om korleis bibliotektenesta skal organiserast når ein ny skule og nytt bibliotek tek form.

*Det vert forventa balanse ved dette rammeområde ved årsslutt.*

### Ansvar 420 / 430 – Frivilligsentral, Voluntørtenesta og Gjenbruket

**Korona-tida**
Mange av dei faste aktivitetane/arrangementa Frivilligsentralen er involvert i har vorte stengd/avlyst, men det har oppstått ny behov.

Frivilligsentralen har bringa varer til personar som var i karantene og andre som ikkje hadde høve å komme seg på butikk grunna reiserestriksjonar. Det var til saman ca. 10 familiar som nytta tilbodet. Då Solundheimen vart nedstengt flytta ein arbeidsstova Flittige Hender til Gjenbruket. Gjenbruket vart stengt, men hadde ope for brukarar med vedtak og nokre få andre. Dette meina ein var eit svært viktig tiltak for bl.a. å førebygge einsemd i denne perioden det meste var stengt ned.

**Volontørtenesta:**
I 2020 har Solund ikkje delteke i volontørprosjektet, Det europeiske solidaritetskorpset. Dette fordi Norge valde å ikkje signere ny avtale med EU i høve dette prosjektet. Det nasjonale kontoret Aktiv ungdom, har jobba for at Norge skal ta del i prosjektet att frå 2021. I april sendte Aktiv Ungdom ut denne pressemeldinga:

*«Norge, Liechtenstein og Island har sendt en første, uforpliktende tilbakemelding til EU om hvilke europeiske program vi ønsker å delta i for perioden 2021 til 2027. I denne foreløpige oversikten er ikke Det europeiske solidaritetskorpset med. Det ser dermed mørkt ut for vår deltakelse som programland i solidaritetskorpset i den kommende 7-årsperioden».*

**Gjenbruket**
Volontørane har vore ein viktig resurs for Gjenbruket. Dersom Gjenbruket skal oppretthalde dagens opningstider og aktivitetar må det meir resursar til.
Gjenbruket har motteke eit tilskot frå Gjensidigestiftinga for å lage ein aktivitetskrok. Målet med den er at personar som ynskjer det kan komme å strikke, veve, sy, snekre mm. Ha ein aktiv kvardag. Det vorte kjøpt in diverse utstyr, men på grunn av Korona-viruset ha ein ikkje komme i gang enno, men vonar det let seg gjere til hausten.
Gjenbruket er vorte ein viktig møtestad for mange innbyggjarar.

*Det vert forventa balanse ved dette rammeområde ved årsslutt.*

## Ansvar 200
### Solund barnehage

**Status:**
Solund barnehage har i tertialet fått auka barnetalet frå 27 til 29, dette har ført til at vi har auka frå 2 til 3 avdelingar att. Det er og køyrt hovudopptak og tildelt plass til 5 nye barn med oppstart hausten 2020. Ut frå dette starter nytt barenhageår 12/8-20 med 30 barn.

Personalmessig har to tilsette søkt om, og fått innvilga, permisjon frå stillingane sine. Det vart lyst ut ledig stilling som pedagogisk leiar, og vi lykkast med tilsetjing. Ny pedagog var på plass 5/4-20.
Ut over dette er personalsituasjonen tilfredstillande på noverande tidspunkt.
Det har vore gjennomført 1 møte i Samarbeidsutvalet i tertialet.

Eininga arbeider for å gå i balanse ved årsslutt, om ein lukkast med dette er det tidleg å seie endå. Det er ein del usikre faktorar knytt til koronasituasjonen og tiltaka barnehagen er pålagt å drifte ut frå. Dersom barnehagen gjennom sommaren skal drifte med dei strenge smitteverntiltak som i dag gjeld, vil det verte ein ekstra kostnad for Solund kommune.
Det er tidlegare varsla til SU at det ikkje er midlar til ferievikarar eller nedvask. Solund barnehage treng å få tilført midlar til dette. Grunna koronasituasjonen er det framleis ikkje teke ut ferie i 2020, ut frå det vil det vere eit behov for ein del vikarar ut over hausten også.

**Koronasituasjonen**
Solund barnehage vart stengt 12/3-20 som ein del av nasjonale tiltak knytt mot koronapandemien. Det har tross stenging vore slik:

- Tilsette vart sett på heimekontor. Det er blitt arbeida godt og ein vil på sikt sjå dette igjen i den daglege drifta. Det har vore utfordrande med heimekontor, heimebarnehage og heimeskule samstundes, ein har ut frå forutsetningane kome seg igjennom dette på ein god måte
- Solund barnehage har hatt opent for 7 barn med foreldre i samfunnskritiske funksjonar. Det har vore ein del organisering knytt til dette, men tilbakemeldingane på tilbodet har vore positivt
- 20/4 opna barnehagen igjen for alle barn, med strenge smittevernstiltak. Barna er delt inn i 7/8 kohortar. Kvar kohort skal ha sine faste tilsette, og det er ikkje mogeleg å gjere endringar i kohortar i løpet av ei vanleg veke, først etter helg. Organisering av dette både ute og inne er krevjande. For å kunne halde opent for alle barn har ein sett seg nøgd til å redusere opningstida. Barna kan vere i barnehagen inn til 8 timar kvar dag. Det er mulig det på sikt vert redusert meir.
- Barnehagen er pålagt å drifte som vanleg etter gjeldande lov og avtaleverk. Slik det er organisert no er det ikkje mogeleg å ta ut plantid, dette gjev oss ein del utfordringar
- For å ha nok plass til alle kohortane har vi 2 kohortar som er ute heile dagen. Det er sett opp lavvo som er basen for desse gruppene. For å kunne auke opningstida noko for desse gruppene har ein teke i bruk vestibylen på idrettsbygget som levering og hentepunkt.

**Kommentar frå administrasjonssjefen**
*Når det gjeld behov for auka løyving til ferievikar m.m., vil administrasjonssjefen sjå situasjonen litt an, m.a. kva faktisk tal brukarar til hausten vert og kor mykje ekstra ferievikarar det vert snakk om, før det vert tilrådd ei styrking av ramma. Jf. også kommentaren knytt til ansvarsområdet 220 .*

# Ansvar 210
**Solund barne- og ungdomsskule**

**Status**
Frå 01.08.2020 er det tilsett to utdanna lærarar og ein som skal ta til med utdanning for å få undervisningskompetanse som lærar. Om det ikkje kjem større endringar fram mot 01.08 har skulen tilfredstillande lærarsituasjon, men det vil truleg vere behov for tilsetjing av fagarbeidarar/assistentar. Sjølv om skulen har nok tilsette, har ikkje skulen tilfredstillande undervisningskompetanse i alle fag på alle trinn. Særleg er det mangel på lærarar med *undervisningskompetanse på 1.- 4.trinn*. Vidare er det vanskeleg å rekruttere til *tysk*, som er det 2.framandspråket skulen gjev tilbod om. Også kompetanse i praktisk estetiske fag som *musikk og kunst og handverk* er vanskeleg å rekruttere til.

I år var det svært få søknader ved utlysingane skulen hadde. Loggen viser at det hadde vore mange inne og sett på utlysingsteksten, men som ikkje har valt å søkje på stillingane. Dette bekymrar. I tida framover vil det vere behov for å rekruttere. Dette fordi:

Ein del av personalgruppe er over 55 år:

- aldersgruppa har lovheimla reduksjon i stillinga som er knytt til undervisning
- det er å forvente at fleire sluttar i arbeidsforholdet innan 10 år

Permisjonar med grunngjeving i:

- vidareutdanning i tråd med staten sine kompetansemål
- reduksjon i stilling
- utprøving av anna stilling

**Korona**
Den 12.05 var alle elevane tilbake på skulen. To månader med heimeundervisning har gjeve ulike erfaringar.

- Dei første vekene krevde svært mykje arbeidsinnsats og krefter. Det var mykje som skulle kome på plass.
- Skulen hadde ein tilsett i personalgruppa som kunne gje den første naudsynte opplæringa til både elevar og lærarar. Dette var svært verdifult! Vidare var denne tilgjengeleg for rettleiing og tips gjennom heile heimeundervisningsperioden.
- Elevar, lærarar (og heilt sikkert nokre føresette) fekk bratt læringskurve i bruken av TEAMS som digitalt verktøy i heimeundervisninga. Dette viser at «vi klarer om vi må».
- Digital heimeundervisning fungerte svært positivt for fleire elevar, medan andre har opplevd denne situasjonen som svært tung.
- Videomøter fungerer. Skulen gjennomførte fleire av dei faste møtepunkta i personalgruppa på denne måten og med det kunne oppretthalde kontakten med kvarandre, dele erfaringar og informasjon samt samkøyre tenesta.
- Svært gode tilbakemeldingar på å gjennomføre konferansesamtale digitalt. Begge føresette hadde høve til å delta og det sparer tid å sleppe reise til ein fysisk møtestad.
- Vi ønskjer å vidareutvikle oss med å legge tilrette for å kunne prøve ut undervisning «live» frå klasserommet der eleven, som for eksempel er i karantene, kan følgje undervisninga frå eiga stove.

**Økonomi**
*Første teritalperiode viser at skulen driftar innanfor budsjettramma. Om det ikkje oppstår uforutsette hendingar er det grunn til å tru at budsjettet vil vere i balanse ved årslutt.*

# Ansvar 220

**Felles barnehage, skule, kulturskule m.m.**
Ansvarsområdet har overordna ansvar for barnehage, skule, PPT, kulturskule, vaksenopplæring knytt til introduksjonsprogrammet, norskopplæring for vaksne, skuleskyss og reinhald idrettsbygg.

**Administrasjon**
Stillinga som skule- og barnehagefagleg ansvarleg ligg til dette området. Stillinga har det overordna faglege ansvaret for oppvekstsektoren og er både skuleeigar, barnehageeigar og barnehagemyndigheit. Dette er det første heile driftsåret med skule- og barnehagefagleg ansvarleg i 100% stilling.
Området ser førebels ut til å gå i balanse.

**Vaksenopplæring**
For tida er det to elevar på vaksenopplæringa på dagtid. Det har vore knytt to stillingar til dette, begge på om lag 50%. Den eine av desse har vore vakant sidan byrjinga av april. Førebels er det såleis noko mindreforbruk knytt til løn på området. Det vil vere behov for å fylle den vakante stillinga ut året.

Grunna få elevar har vaksenopplæringa flytta frå grendahuset til kyrkjetunet. Dette gjev lågare utgifter til leige av lokale enn i 2019. Ein har ikkje lukkast med å få i gang norskopplæring på kveldstid for vaksne første tertial. Tilbodet er etterspurt, så ein arbeider for å få ei løysing til hausten. Det ligg lønsmidlar til dette i budsjettet, men ein har også budsjettert med inntekter frå deltakarane.

Området ser førebels ut til å gå i balanse, men dette er avhengig av at ein får tilskota til vaksenopplæringa frå staten, som ein har budsjettert med.

**Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)**
Oppvekstsektoren deltek i det interkommunale samarbeidet Ytre Sogn og Sunnfjord PPT. Gjennom dette får ein tilgang til ulik kompetanse frå PPT. Området ser ut til å gå i balanse.

**Reinhald idrettsbygget**
Stillinga som reinhaldar i idrettsbygget vart vakant frå 1.april. Ein er i gang med tilsetjingsprosess. Førebels ser området ut til å få eit mindreforbruk.

**Skuleskyss**
Til dette området ligg skuleskyss for grunnskuleelevane i kommunen.
Grunna mindre skuleskyss i mars og april ligg det an til eit mindreforbruk her.

**Prosjektstilling oppvekst – inkluderande oppvekstmiljø**
Arbeidet med inkluderande oppvekstmiljø heldt fram, og er eit viktig satsingsområde for oppvekstsektoren. Tilbakemeldingane frå både barnehage, kulturskule og skule er at det er svært positivt med og stort behov for ei stilling som kan ha særskilt fokus på eit sosialt inkluderande miljø. Stillinga bidrar med praktisk og konkrete oppgåver både i barnehage, skulen og kulturskulen. Frå 20.april har stillinga vore omdisponert til barnehagen, grunna ekstra behov for personell der. Denne situasjonen vil truleg vare fram til sommaren.
Området ser førebels ut til å gå i balanse.

**Særskilt om korona-situasjonen**
Utbrotet av korona har medført ein del mindreforbruk på ansvarsområdet. Stillingar har stått vakante over lenger tid enn dei elles ville gjort. Det gjeld både på vaksenopplæringa, som har vore stengt sidan 13.mars og reinhald i idrettsbygget. Idrettsbygget har også vore stengt sidan 13.mars og det har såleis ikkje vore behov for reinhald her. Ein har også mindre utgifter til skuleskyss enn normalt, fordi skulen har vore stengt frå 13.mars og ikkje opna att før 27.april for 1.-4.klasse og 12.mai for 5.-10.klasse. Såleis har ein i realiteten nesten to månader mindre skuleskyss. Prosjektstillinga for oppvekst har vore omdisponert til barnehagen sidan 20.april for å dekke opp behov for ekstra personell der. Dette er ein direkte konsekvens av at koronasituasjonen og smittevernrettleiaren for barnehagar, som gjer at det krev meir personale enn vanleg for å oppretthalde drifta i barnehagen.

Samla sett for heile ansvarsområdet har ein truleg eit mindreforbruk på om lag kr 100 000. Dersom prosjektstillinga for oppvekst skal betalast av barnehagen fram til sommaren vert mindreforbruket på om lag 110 000 til.

**Kommentar frå administrasjonssjefen**
*Ein avventar med budsjettendring her, til ein ser korleis det vert med tilskotet for vaksenopplæringa. Jf. også rapporten som tyder på at ansvar 200 kanskje treng meir midlar til vikar.*

# Ansvar 250
**Solund kulturskule**

Oppdrag
Samarbeidet med skuleverket knyter kulturskulens oppdrag samen med grunnskolens målsetting: *«Opplæringa sitt mål er å utvide barn, unges og vaksne sine evner til erkjenning og oppleving, til innleving, utfolding og deltaking».*
Kulturskuleplanen er styrande for verksemda i kulturskulen.

Status
Kulturskulen er i ein positiv utvikling og aktivitet og deltakarnivået aukar.

Aktivitetar
Faste Kursaktivitetar

- Piano: 8 elevar
- Gopro filmklubb 4 elevar
- UKM unge arrangørar 12 elevar
- Kreativt verkstad 8 elevar
- Trommegruppe barnehage 6 born
- Trommegruppe 1.-2. klasse 12 born
- Open trommesirkel 6-8 deltakarar i ulik alder
- Band 4-6 deltakarar

Møtearenaer
Kulturskulerektor møter :

- Administrasjon møte med barnehage og skulestyrar, administrasjon sjef, HTV, undervisinspektør møtast kvar 14 dag
- Den gode skuleeigar-strukturen
- Plandagar med skule og barnehage
- Kulturskulekonferansar, UKM, KS, kulturskulerådet
- UKM-kontakt: møte med ungdomar som er kulturkontaktar ca. kvar anna mnd

Eksterne samarbeid
Kulturskulen og barnehagen samarbeider frå hausten 2019 om ein trommesirkel for skule og førskuleborna, eit opplegg som både skal skape musikalsk glede og betre sosial kompetanse. Skipinga av Solund Musikk og Teaterverkstad og innmelding i Frilynt gjev mogelegheiter å søke midlar i Frifond som kan nyttast til teater og musikkrelatert verksemd.
UKM stimuleringsmidlar bidreg til mykje av aktivitetane.

Korona nedstenginga
Kulturskulen har i denne perioden gjeve tilbod til elevar via nett. Dette har fungert godt for pianoelevar, litt varierande for visuelle kunstfag. Trommegrupper og Band har ikkje vore aktive. UKM vart også avlyst.
Pr dags dato går Piano undervisninga som normalt, men trommegruppene har ikkje kome på plass. Lokala som Kulturskulen held sine kurs i, er ikkje tilpassa eller store nok, i høve dei smittevernreglar som no gjeld undervisning i skulen.
Det betyr at alle timar som ikkje er gjennomført, vert refundert time for time. Faktura vert betalt etter avrekning / refusjon er klar. Inntektene vert litt mindre enn budsjettert.

Det er eit behov for å styrka undervisning på både film og musikk. Dette tilbodet vil verta gitt i samarbeid med ressursar ved skulen.

*Det vert tilrådd å styrke rammeområdet med kr. 75` til oppstart av eit utvida film- og musikktilbod. Heilårsverknaden er kr. 175` og auka løyving vert tilrådd i sak om økonomiplan 2021-2024.*

# Ansvar 300

**NAV Solund**

Så langt går drifta som planlagt, og vil gå i økonomisk balanse ved årsslutt, om ikkje noko uforutsett skulle skje.  Men når det er sagt, er det i desse koronatider vanskeleg å sei om vi vil få ein auke i sosialhjelpsutgiftene. Det vi veit er at det er om lag 30 personar i Solund som er permitterte etter 09.03.20., grunna koronapandemien. I tillegg har vi 12 personar som er ordinære arbeidssøkjarar, registrerte før pandemien 09.03.20. Dette er historisk høge tal for Solund. Korleis det å leve på reduserte dagpengeytingar frå NAV over tid vil slå ut, er eit ope spørsmål, men ein kan ikkje sjå bort frå at det kan medføre ein reell auka etterspurnad etter dei kommunale tenestene; økonomisk sosialhjelp, råd- og rettleiing, samt økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving.

Solund kommune er i desse dagar kopla på DIGISOS - Digitalisering av sosiale tenester. Dette betyr at innbyggjarane i Solund no kan søkje økonomisk sosialhjelp digitalt. Den nye løysinga gjer at du kan søkje heimanfrå heile døgnet på pc, mobil eller nettbrett. For å søkje sosialhjelp digitalt, må du logge deg inn på «Ditt NAV» på nav.no med BankID eller andre sikre løysingar som Bypass eller Comfides. DIGISOS vil bidra til digitalisering i kommunen som kan gi erfaring for vidare digitalisering av andre kommunale tenester. I samband med DIGISOS har det vore naudsynt å kjøpe ein scanner, kostnad ca. kr 7.800.  Dette er ikkje teke høgde for på budsjettet på ansvar 300. Det same gjeld også kostnad knytt til montering av eit kommunalt datapunkt for scanneren. Beløp er her ukjent.

Grunna koronapandemien har NAV-kontoret vore stengt, og dei tilsette har vore pålagt å jobbe heimekontor frå 13.03.20 og inntil vidare. Det vert i desse dagar utarbeidd ein rettleiar for korleis ein skal opne opp att NAV-kontora. Oppfølging av brukarane våre, har så langt i hovudsak skjedd via telefon, og i dialog via NAV sine digitale løysingar. Framover no vil også bruk av videomøte i oppfølgingsarbeidet med brukarane og bedriftene våre bli nytta. Så langt har det ikkje vore registrert nokon merkbar auke i tal søknadar om økonomisk sosialhjelp grunna koronapandemien. Dette kan sjølvsagt endre seg, dersom nokon vert langvarig permittert og må gå på reduserte dagpengeytingar frå NAV.

**Kommentar frå administrasjonssjefen**
*Det vert vist til ansvarsområde 150, der det er løyvd midlar som NAV Solund delvis kan disponere. Det vert såleis ikkje tilrådd å auka rammeområde 300 ved denne korsvegen.*

# Ansvar 310, 312, 313, 314, 370, 371, 372, 373, 380

**Helse- og omsorg -** Lækjarteneste, helsestasjon- og skulehelseteneste, fysioterapi, psykiatri, rusomsorg, Dagsenter / PU-teneste, institusjons- og heimebaserte pleie- og omsorgstenester, kjøken, vaskeri, interkommunalt barnevern, m.m.

Alle desse ansvarsområde har same overordna leiarskap og alle desse ansvarsområda vert vurdert samla når det kjem til økonomisk status.

## 310 - Lækjartenesta

Det har vore ein del utskiftingar i lækjartenesta det siste tertialet. Dette har m.a. medført at driftskostnadane på vår kommune si teneste no vil kome opp på nivå med andre omliggande kommunar sitt kostnadsnivå.
Fagleg sett har tenesta heile tida lagt på øvste nivå. Men innbyggjarane får no ei større sikkerheit for å få levert fullverdige tenester heile året 24/7 .
Denne tenesta må styrkast økonomisk på permanent basis, truleg med ein årskostnad på om lag 0,6 mill., der 0,3 mill. må løysast i år 2020. Inndekning vert forsøkt funne andre stader i drifta.

Transportkostnaden forlækjartenesta for år 2019 ff. er enno ikkje kjent, men det var signalisert ein reduksjon i høve 2018-nivå. Her kan det verte ei innsparing.

Det vert no starta eit arbeid med å få på plass ei bedriftshelseteneste i Solund, som skal vera eit tilbod retta mot næringslivet. Dette kan også gjela verksemder i andre kommunar. Denne bedriftshelsetenesta vil då kunna levere både lækjar-, fysio- ergoterapiteneste til dei som ynskjer å kjøpe denne tenesta lokalt i Solund.

## 310 - Fysioterapi

Grunna redusert drift i samband med koronarestriksjonar, har det blitt mindre eigenandelar frå pasientar og refusjonar frå Helfo. I tillegg har dette redusert brukarbetalingar på Prosjekt *«Aktiv på dagtid»*. Vidare vil fysioterapitenesta vere «stengt» i ferie- og permisjonsavvikling fram til ny vikar startar i august. I tillegg kan ein forvente noko reduserte inntekter i oppstartsfase for ny fysioterapeut. Samla sett må ein rekne med noko reduserte inntekter på fysioterapitenesta i år 2020.

### 312 - Helsestasjontenesta / skulehelsetenesta:

**Status:**
Helsestasjon-/skulehelsetenesta har fått tilskot på kr 350 000,- frå helsedirektoratet til styrking og utvikling av tenesta i 2020.

**Smittevern:**
Tuberkuloseplan (TB) for Solund Kommune er revidert.
Handlingplan for psykososial kriseteam - er under revidering.

**Avvik:**
Covid-19 viruset og andre årsakar førte til stenging og redusert drift i tenesta.
Helsesjukepleiar har vore tilgjengeleg pr tlf. i denne perioden.
Det er uheldig at helsestasjon og skulehelsetenesta deler venterom med legekontoret av smittevernomsyn. Denne utfordringa bør ein sjå om ein kan finna nokre tenlege løysingar på.
Det er balanse i budsjettet.

### 313 / 314- Psykologteneste, psykiatri og rusomsog

**Korona**
Generelt sett er psykologtenesta og rus/psykiatri no for det meste normalisert igjen.
Drifta var redusert i perioden smittevernreglane sett strenge restriksjonar. Digitale møter vart gjennomført. Frå og med 27. april vart det igjen gjennomført fysiske møter, då retningslinene for smittevern igjen gav opning for 1-1 møter.

Ruskonsulenten har fortsatt ikkje fysiske møter med sine klienter på sitt kontor, men deler mellombels kontor med psykologen, etter oppmodingar frå leiinga av helse- og omsorg.

**Den jamne drifta**
Den primære arbeidsoppgåva til kommunepsykologen har vore å gje samtaler og oppfølging til vaksne, born / ungdom og familiar med psykiske helseplager eller ved mistanke om dette. Et mål har vore å gje eit tilbud før vanskane veks seg store og før ein evt. må kople på spesialisthelsetenesta, dette som eit førbyggande tiltak. Tilbodet har i utgangspunktet retta seg mot dei med behov for kortvarig psykisk helsehjelp, frå avklaringssamtalar for å vurdere behov, til behandlingsløp på 5-20 timer. Ved behov er klientar henvist til spesialisthelsetenesta og fått tilbod om rettleiing til foreldre og pårørande.

Det har vore lagt opp til at rus/psykiatri følgjer opp dei med behov for meir langvarige tenester i form av meir miljøretta tiltak og støttesamtalar, samt samarbeid med t.d. NAV, heimetenesta og lækjartenesta. Det er her ikkje snakk om mange brukarar, men det er eit klårt behov for at dei det gjeld skal få systematisk og heilskapleg oppfølging vidare.

Hoveddelen av klientar hos psykologtenesta er no avslutta, det vil si dei har fått tilbod om å ta kontakt på ny ved evt. seinere behov, der det kan vera naudsynt med vidare oppfølging i form av for t.d. vekentlege samtalar.

Det har aldri vore noko venteliste for behandling og inntrykket via lækjarkontoret, som dei fleste henvisningane kjem frå, er at det ikkje er mange som ventar på behandling. Dei som «venta på psykologen» før psykologen kom til Solund, er følgt opp, og det er avgrensa med nye henvisningar. Difor vert det tilrådd å bruke den frigjorte tida til å arbeide meir systemisk, i tillegg til det kliniske arbeidet. Sjølv om nye henvisingar stadig vil koma frå fastlækjaren, og sjølv om det alltid er eit gode med samarbeid og somatisk undersøkjing i forkant, kan det vera verd å vurdere om klientar skal kunna få høve til å ta direkte kontakt med psykologen i Solund.
Dette vil skape eit «lavterskel»-tilbod for psykologtenesta i kommunen vår.

**Barn og unge:**
For at psykologtenesta i større grad skal kunne koma i kontakt med born og unge, kan være klokt med eit meir formalisert samarbeid med m.a. Helsestasjon og skulehelsetenesta. Denne tenesta er meir systematisk i kontakt med barnefamiliar og ungdom og kan sette desse i kontakt med psykologtenesta. Gjennom eit slikt samarbeid vil psykolog få høve til å tilby meir strukturert rettleiing om det er behov og ønskje om det.

Det vil også vera klokt å skape eit tydelegare samarbeid mellom andre tenester og psykologtenesta / rus-psykiatritenesta. T.d. faste møter med lækjarkontor, helsestasjon, skulehelsetenesta, og evt. heimesjukepleie for rus / psykiatri. Her er det fleire tenester som arbeider med dei same brukarane og så lenge ein har fått samtykke til det, så vil auka samarbeid vera nyttig. Her kjem også IP (individuell plan) inn i bildet.

Det er heilt klårt at det vil vera positivt å dele stillinga til psykologen i 50% fokus mot vaksne og 50% mot born og unge frametter.

**Refleksjonar rundt psykologstillinga i framtida**
Ein måte å løyse framtidas psykologteneste er å til eit meir (inter)kommunalt samarbeid. Om det hadde vore tilsett t.d. 2 psykologa der ein arbeider med born/unge og ein arbeider med vaksne, og som dekker fleire kommunar, så sikrar dette eit fagleg fellesskap som er viktig for arbeidet og som gjer

arbeidsfordelinga tydeleg. Dette er sjølvsagt ein anna diskusjon, og krev ei politisk avgjersle og er i samsvar med korleis fleire andre kommuner har organisert denne tenesta.

Videobaserte løysingar kan også vera ein ide for framtida, t.d. som eit supplement til tenesta. Dette for dei som bur særleg avsidesliggande til, eller som ikkje har høve til å reisa til Hardbakke grunna vêr / båt etc., då dette av og til har vore eit problem. Ein kan då enkelt kjøpa ei videoløysing som allereie vert støtta av journalprogrammet til psykologen.

Noverande tilsette innan desse tenestene, sluttar denne forsommaren. Nye er tilsett frå og med 1. august 2020.

I det vidare er det tankar om at dei nytilsette innan psykolog / psykiatri / rus skal vera med på å bygge opp ein frisklivssentral i Solund. Dette etableringsarbeidet er eit arbeid som det er knytt øyremerkte midlar til.

**Om økonomi**
Ved denne tenesta er det lagt opp til ei forventning om at det skal tildelast eit fastlønstilskot.
Dette syner seg neppe å vera realistisk å få tildelt.
Det vert forventa at auka øyremerkt tilskot til rusomsorga og vakanse i desse tenestene, vil vera med på å dekke opp årets manglande inntekter.

## 370 - Ergoterapi og dagsenter for eldre:

Grunna Covid-19 situasjon er det noko redusert inntekter og utgifter knytt til denne tenesta, sidan tenestetilbodet vart mellombels omorganisert.
Ergoterapitenesta er i dag tilnærma normal igjen. Ved Dagsentertenesta er det fortsatt nokre restriksjonar knytt til besøksforbudet som gjeld. Dei tilsette ved Dagsenteret tilbyr å gå turar utendørs for dei som ønskjer det og har vedtak knytt til tilbodet.

Ei arbeidsgruppe har utarbeidd ein plan for korleis ein kan gjere uteområdet og inngangspartiet til kapellet imøtekomande og tiltalande. Denne planen kan no iverksetjast. Behovet for det fysiske Aktivitetshuset / Dagsenteret / Møteplassen, er ikkje løyst innafor den økonomiske ramma som var tildelt. Det kan verta aktuelt å søkje om eigne utlyste *«innovative aktivitetsmidlar»* til dette føremålet, med søknadsfrist 1.oktober. Det må då setjast ned ei tverrsektoriell arbeidsgruppe for å utgreie ei prosjektsatsing her.

I kommuneproposisjonen er det lagt opp til at det skal gjennomførast eit kommunalt løft under temaet *«Demensplan 2025»*. Dette forstrekar behovet for å få på plass eit fysisk Aktivitets-/ Dagsenter på plankartet. Inntil vidare vert planleggingsmidlane i investeringsbudsjettet nytta til føremålet.

Det vert forventa økonomisk balanse ved denne tenesta.

## 370 - Solundheimen

**Økonomisk status**
Lønskostnader for fastløn er utanfor ramma. Desse ligg på 52,29 % for institusjonen, og 56,46 % på heimetenesta. Koronasituasjonen gjer det vanskeleg å vurdere kva utgifter som er ekstraordinære og kva som ikkje er det.

Det vert brukt ein del ressursar på følgje til sjukehus for pasientar som skal til kontroll, og særleg i ein periode i januar og februar var det mykje slik reising.

Dette vart roligare på grunn av Corona situasjonen, men mange timar er utsett, og det vil bli ei opphoping av pasientreisar når situasjonen er normalisert.
Det manglar ein del vikarer, særlig når 2 helsefagarbeidere også er sjukemeld grunna svangerskap, og dermed vil gå ut i permisjon.
Samla bruk av overtid er 107 000 kr. Dette vert sett på som ein konsekvens av mangel på sjukepleiarar. Og dei fleste sjukepleiarane har fulle stillinger, og det utløyser ekstravakter og overtid.

**Innkjøp som er gjort**

- Arbeidstøy, både inne og ute.
- 3 stk puloskymeter
- 1 automatisk BT apparat
- 2 termometer
- Sko for Kohort avdeling (kan ikkje bruke same sko på tvers, pga smitte og reingjering av sko)
- Søppelspann
- Smittevernstralle
- Innreiing Corona rom i omsorgsbustad
- Manuelle BT apparat
- Stetoskop 3 stk
- Okygenkonsetrator
- Pariapparat
- Store mengder desinfeksjons midlar
- Generelt smittevernsutstyr
- Fått sydd smittefrakkar
- Beredskap ulik medisin.

**Fråvær**

Fra januar – april har det vore høgt sjukefråvær. Gjennomsnitt for desse månadane er 13,4 %. Med 5 tilsette med svangerskapsrelatert sjukefråvær, er dette ei utfordring. Det blir auka belastning på gjenverande personell, og ofte på personell utan helsefagleg bakgrunn som er i team med sjukepleiar.

| Månad | Totalt |
|---|---|
| Januar | 6,4 |
| Februar | 14,2 |
| Mars | 20,9 |
| April | 12,2 |
| **Gjennomsnitt 4 siste mnd.** | **13,4%** |

**Pasientbelegg**

Med utgangspunkt i 19 pasientrom:

| Januar | ØHD | Februar | ØHD | Mars | ØHD | April | ØHD | Gj.snitt | ØHD |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 78% | 9,6% | 87,1% | 2,3% | 84,1 | 0 | 73,6 % | 0 | 80,7 % | 2,97 % |

Vi har hatt redusert pasientbelegg frå starten på 2020. Dette speilar dei mange dødsfalla i år 2019. Frå starten av mars har vi skrive ut pasientar grunna Corona beredskap, og ikkje hatt pasientar på ØHD (KAD). Dette kan også ha samanheng med mindre kontakt med lækjarkontor, og at pasientar blir sendt direkte til sjukehus.

Det er no 5 ledige rom ved institusjonen. Eit pasientrom er mellombels gjort om til vaktrom ved behov for opning av Kohort. Eit anna pasientrom er mellombels gjort om til besøksrom, då avdelinga er stengt for besøkande. Dersom Kohort vert oppretta, vil avdeling C bli stengt, og berre ha Corona pasientar. Dette vil også utløyse nye vakttider, med 12,5 timers vakter, og til ein heilt anna kostnad. Dette fordi personal som arbeider med Corona pasientar, ikke skal gå til andre friske. Det er såleis behov for turnusar.
Ein vil så langt som mogleg prøve å halde desse romma ledig for, å ha beredskapen klar. Dette kan vare ut 2020, og difor vil brukarbetalingar bli redusert som følgje av det. I tillegg må ressursinnsatsen ved heimetenesta kanskje aukast opp.

Det er brukt mykje pengar på innkjøp og oppjustering av utstyr, for å klargjere for Corona pasientar. Prisar på utstyr som t.d. hanskar, har dobla seg sidan januar. Dette blir ført på Corona budsjett.
Pasientsammensetninga på avdeling A (dementavdelinga) er krevjande, med fleire som vandrar, og som tidvis er utagerande. Dette krev ekstra ressursar på den avdelinga.
Grunna nedstening av besøk, vert det også kravt meir personell i høve til psykisk støtte for bebuarane.

Det har vore eit høgt inntak av ekstravakter. Dette grunna 5 tilsette med svangerskapsrelatert sjukemelding. Det er ei langtids sjukemelding på ein sjukepleiar. Av svangerskapsrelaterte fråvær, er 2 sjukepleiarstillingar. Dette fører til mykje forskuvning av vakter for andre sjukepleiarar, og det utløyser overtid/forskuvningstillegg. Dette må sjåast i samanheng med redusert grunnbemanning.

**Tiltak for å oppnå balanse ved årsslutt**

- 16. mars la vi inn ny turnus, der drifta er redusert med 2 årsverk. Årsverknaden vil verte ein reduksjon på mellom 1,0-1,25 mill. Denne effekten er endå ikkje synleg.
- Vi tek ikkje inn vikar ved alle fråvær, men må gjere dette på sårbare vakter, som seinvakt, nattevakt og helg.
- Det er tilsett 2 nye sjukepleiarar, som går inn i turnusen for dei som er i svangerskapspermisjonar. Dette forhindrar overtid / forskuvningskostnader, som kunne ha halde fram til sommaren 2021.
- Det er planar om korrigering av turnus etter sommaren, for å sjå på innsparinger der. Dette vil då gjelde dei mest sårbare vaktene for sjukepleiarane. Det er ein del hull i turnus når det gjeld helgene. Dei som arbeider ofte i helgene, har også eit auke i helgetillegg, i høve til dei som arbeider kvar 3. helg. Dette vil også bli forsøkt korrigert i ny turnus til hausten.
- Bemanninga vil verta svært redusert i sommer, så sant pasientbelegget ikkje må aukast. Ved Corona utbrudd er personell informert om at ferie kan bli trekt tilbake.
- Oppstart av multidose, med levering av ferdige pakningar medisinar til pasientar i heimetenesta. Dette vert starta opp i juni 2020. Dette vil redusere tidsbruk på medisinrom for sjukepleiar. Ein antar at det vert frigjort tidsbruk på 10 timer pr. veke for sjukepleiar, som då kan brukast i avdelinga. Dette vil ein også innføre ved Solundheimen.
  Dette tiltaket gjer at ein kan frigje sjukepleiar til anna arbeid, og ikkje heile tida leige inn ekstrapersonell ved fråvær. Dette vil gje ein mindre auka kostnad i oppstarten, men vil kunne spare inn 0,5 årsverk på sikt.
- Det vil også i høve til velferdsteknologi bli fokus på utbetra medikamenthandtering i heimen. Dette vil i sin tur redusere tal besøk hjå pasientar i heimetenesta.
  Kostnader på dette vil koma, men då har dette med vårt bruk av personale å gjere.

Det er vakante stillinger, og det vil bli fleire som følgje av personell som går av med pensjon. Dette er utfordrande og vi har ikkje løysing på dette no, med tanke på alle permisjonar som løper.

Det er ønskjeleg at personell skal gå kvar tredje helg. Alternativet er at politikarane avgjer at dei må gå kvar 2. helg. Det kan fort skape ein del uro og kanskje påverka arbeidsmiljøet i negativ retning, noko som ville vera uheldig, då det er veldig godt arbeidsmiljø ved tenesta no, trass i mykje Corona stress. Utan annan kvar helg, vil situasjonen fortsette med overtid på helg. Eller ein kan klare å få inn folk til helgevakter. Det finst ressursar i kommunen, som kanskje kan omdisponerast?

**Om heimetenesta**
Heimetenesta har tre besøk per uke i Ytre Sula. Vi har hatt redusert besøk på kveld, for å minske kontakt med brukarane i Corona tider. Pga redusert bemanning på kveld, der vi har ei kort seinvakt som ikkje er bemanna, må heimetenesta arbeide mykje av vaktane inne på kveld. Dette er også ein fare ved ein evt Corona situasjon. Arbeidstøy vert skifta mellom tidspunkta for inne- og ute arbeid, og det er kjøpt inn meir arbeidstøy til både inne- og utebruk. Det har også medført meirarbeid for vaskeri, som har måtta auka opp sin ressursinnsats noko.
Vi har også ein pasient som må ha sårstell, og må difor nytte både båt og dyrt sårutstyr. Kreftsjukepleiar har følgt opp pasientar 1 gang pr. veke. Evt meir ved behov.

Det er elles brukt mykje ressursar på kurs i handtering av nytt faktureringssystem for brukarbetalingar som frå år 2020 skal verta automatisert. Innsparing skjer ved redusert bruk av personell i administrasjonen, som tidlegare har måtta arbeidd mykje med manuelle rutinar og utrekningar.

### 370 - Kjøken-, vaskeri- og reinhaldstenesta:
Den daglege drifta går som normalt, men det har naturligvis vore nokre utfordringer når det gjeld koronasituasjonen. Det er gjort dei førebuingane som må til, om vi skulle få smitte på Solundheimen.

Det er nytta ein del ekstra arbeidstid både på vaskeri og reinhald, til dømes er det no reinhald
7 dager i veka.

Ny rulle og tørketrommel på vaskeriet er kjøpt inn, men ikkje montert, p.g.a. det ligg i avtalen at selger skal montere, og det er blitt utsatt p.g.a korona.

### 380 - HAFS interkommunale barnevernteneste - Solund
Det er ikkje motteke tertialrapport frå denne tenesta.

Det vert venta økonomisk balanse ved årsslutt, sidan denne tenesta vart styrka gjennom budsjetthandsaminga og det kan ligge an til at lokale tiltak vert redusert,

### Oppsummert ansvar 310-380 helse- og omsorg

Einingane har oppsummert godt kva rørsle det har vore i helse- og omsorg sidan nyttår, og eg vil derfor gje eit overordna blikk på tenesta frå helse- og omsorgsleiar.

- Institusjonstenesta har har eit stort fråfall av pasientar, og vi har derfor lagt om turnus og kutta 2 årsverk. Det å kutte årsverk som er vanskeleg å rekruttere til er sjølvsagt ikkje uproblematisk, då pasientmengda kan endre seg raskt og ein står i mangel på kvalifisert personale. Det utløyser overtid og press på fast personale. Men, samtidig må ein også dimensjonere personale etter pasientmengde. Vi har sett i den seinare tid, at vi får fleire krevjande pasientar innan demensomsorga, som krev tettare oppfylging av personale.

• Solund si omsorgsteneste har vore utfordra på mange hald når det gjeld Korona pandemien, men har handtert det på ein svært tilfredstillande måte, og samarbeidet mellom einingane har absolutt vist at det er ei sterk og omsorgsfull haldning til dei ulike tenestene. Ein har funne gode løysingar i fellesskap og støtta kvarandre.

• Legetenesta har vore utfordra på fleire områder, ei sterk lagånd, der alle har stått på i denne vanskelege situasjonen. Vi har ein lege som har sagt opp stillinga si, men vore svært heldig med erstattar. Solund kommune vil ha lege tilstade 24/7, heile året.

• Det er alltid kjekt at ynskje nye verdens borgarar velkommen og helse- og omsorg vil i løpet av 2020 ha seks svangerskapspermisjonar. Det er sjølvsagt gledeleg, og vi er trygg på at vi har fått gode vikarar, innan fysioterapi, sjukepleiarar og fagarbeidarar.

• Vi har også fått tilsett ny psykolog, noko vi er svært glade for. Det blir også oppstart av eit prosjekt psykisk helse og rus, eit viktig fagfelt som vi har fått tilskot frå Fylkesmannen.

• Psykologtenesta vil sjå litt annleis ut frå hausten, der ny psykolog vil ha 50% av stillinga si retta mot barn og unge, og 50% inn mot den vaksne befolkning. Det har blitt gjort ei god jobb med å kartlegge behov og vi har derfor kunne dimensjonere tenesta utifrå Solund sitt behov.

• Når det gjeld ungdom har vi fortsatt ein veg å gå, vi må sette inn ressursar for å møte ungdomen sine behov, desse ressursane har vi frå august månad.

**Administrasjonssjefen sine kommentarar til økonomien**

Lækjarteneste må styrkast med 0,3 mill. Dekning vert funne ved reduksjon ved ansvar 100.
Likeins er det klårt at brukarbetalingane vil svikte med om lag 0,4 mill.
Psykologtenesta er i utgangspunktet undefinansiert, men vakanse og auka øyremerkt tilskot kan gje ei innsparingseffekt som tilsvarar inntektssvikten.

Det er elles usikkert om pleie- og omsorg klarer å styre mot økonomisk balanse ved årsslutt.
Frå før veit ein at rammene er knappe og ein veit at effektane av tiltaka som er sett inn for å redusere driftsnivået, ikkje får heilårsverknad.

Kor mykje av driftsutgiftene som skuldast Korona- og dermed vert dekka av Korona-løyvinga, vil også ha noko å seie for det endelege økonomiske sluttresultatet.
Administrasjonssjefen vil følgje økonomien tett dei neste månadane, for å sjå om tiltaka gir ynskjeleg effekt.

# Ansvar 600, 610, 620 og 630 - Plan- og utvikling

Kart- og oppmåling, beredskap mot brann og ulukker, oljevern, Feiarvesen, VA-tenester, Byggesak og plan etter Plan- og bygningslova, landbruk, Småbåthamn, forvaltning av kommunale bygningar, vegar / veglys, kaiar, eigedomar, fylkeskommunale vegar, vedlikehald og vaktmeisterteneste, m.m.

I eining for plan og utvikling har vi gjennomgått rekneskapstala pr. 12.05.2020. Vi har hatt god måloppnåing trass i ein utfordrande situasjon med omfattande smitteverntiltak. M.a. heimekontor og møte via nettet har gjeve oss nye måtar å arbeide på, som kan ha gjort oss meir effektive.

**Kap. 600 Tekniske tenester**
Kap. 600 er forventa å gå i balanse.

- Teneste 33900 Beredskap mot brannar og andre ulykker. Det har vore redusert aktivitet i ein periode grunna smitteverntiltak, noko som må kompenserast med høgare aktivitet 2. og 3. tertial.

**Kap. 610 Plan, byggjesak og landbruk**
Kap 610 er samla forventa å få manglande inntekt, og vil få vanskar med å gå i balanse.

- Teneste 30100 – Plansak. Her svingar gebyrinntekta etter kor mange planar som er til handsaming og kor langt dei er komne i prosessen. For 2020 har ein eit større avvik grunna manglande gebyrinntekt.
- Teneste 30200 – Byggjesak. Her er inntekta budsjettert for høgt, men det er og forventa balanse då utgiftene så langt er lågare enn budsjettert.
- Teneste 32900 – Landbruk. Her er inngått avtale med privat føretak. Tenesta er forventa å gå med eit overskot sjølv om det er noko lønskostadar som skal fordelast på denne tenesta. Dette gjeld løn for leiing og det som er utført av ansvarleg for kart og oppmåling, m.a. med AR5-basen og konsesjonsfritak.

**Kap. 620 Bygg og anlegg**
Kap 620 er samla forventa å gå i balanse.

- Det er tilsett fagarbeidar i fast stilling med hovudansvarsområde veg.
- Det har vore høg aktivitet i 1. tertial, sjølv om OU-prosessen har tatt ein del tid og ein har hatt mykje ekstra  i samband med smitteverntiltak.

**Kap. 630 Vaktmeister**
Kap 630 er forventa å gå i balanse.

*Det vil vera usikkert om desse rammeområda vil klare å oppnå balanse ved årsslutt, grunna fråver av planinntekter som er budsjettert med 0,7 mill.*

**Større investeringsprosjekt er under arbeid ved Plan og Utvikling:**

- **Veg Eide – Kvernhusvika - Kråkenes** vart oppstarta 1. halvår 2019. Anlegget skal vere klart til å ta i bruk nov. 2020. Ferdig med fast dekke våren 2021, under føresetnad av at Solund kommune nyttar seg av opsjon.
- **Mellombels helikopterlandingsplass**. Arbeidet fullført i 2019, men ein del dokumentasjon og internkontroll står att.
- **Oppgradering/fast dekke kommunale vegar**. Det vert henta inn tilbod for utføring 2. og 3. tertial 2020.
- **Trafikktryggleik.** Tiltak for 2019  er utført. Det er søkt om tilskot 2020, men ein har ikkje fått tilbakemelding frå Vestland fylkeskommune.
- **Vedlikehaldsplan.** Tiltak  kommunale bygg og anlegg under arbeid.
- **Utskifting kvikksølvlamper** (HQL-lamper) er under arbeid.
- **Utskifting UV-Hardbakke**. UV-anlegg og trykksil samt oppgradering styring er utført. Står att dokumentasjon og ein del mindre tiltak med oppfylging.
- **Oppgradering av kaiar** er under arbeid.
- **Tilsyn arbeidsmiljø/brannrøyk** er gjennomført men ein del mindre tiltak og dokumentasjon er under arbeid.
- **Bustadfelt Klubben** under arbeid. Kontraktarbeidet ligg, som tidlegare orientert om, etter fristen.  Er forventa ferdig i juni 2020.
- **Ventilasjonsanlegg 2. høgd i kommunehuset og i 2 høgd i tidl. bankbygg** er utført.

- **Reparasjon dekke idrettshall** utført. Står att mindre tiltak m.a. merking.
- **Varmtvassrøyr/golvfliser idrettsbygg** er under planlegging og vert utført 2. tertial.
- **Enøk,** oppgradering/ombygging fyringsanlegg Solundheimen til biodrivstoff under arbeid.
- **Rassikring Dumba – Engevik** ikkje oppstarta.
- **Kjøp av tomt brannstasjon Hjønnevåg**. Fullført med skøyte på eigedomen.
- **Ny mannskapsbil Hardbakke brannstasjon**. Under arbeid. Kontrakt inngått 2019. Noko utfordringar grunna pandemi kan føre til seinka levering, som i kontrakt er mars 2021
- **Adresseprosjektet** venter framleis på endeleg avklaring hos Kartverket for å kunne fullførast.

## Ansvar 700 - Løyvingar til Solund Sokneråd

Drift og investering for Solund sokn ser ut til å vere innanfor rammene, og ser ut til å halde seg innanfor rammene ved årsslutt.
Drifta verkar å vere innanfor ramma, slik den er kontrollert til og med m.a. mai løn 2020. Kun løn på adm. er forbruket litt over ramma hittil. Det er vanskeleg å få eit fullgodt inntrykk, då nokre utgifter er betalt ut året (forsikringar o.l.) og nokon tenester får tilskota på slutten av året, samt utestående innbetalingar.

Kyrkjetunet har førebels mindre inntekter, enn budsjettert, relatert til stenging pga. smittevernstiltak i høve covid-19-pandemien, og ein reknar med ein større inntektsvikt her. Det er nyleg søkt om tilskot til naudsynt innvendig oppgradering av Kyrkjetunet.
Investering
Det er p.t. ikkje påbegynt tiltak på investering, som ligg i bestilling.

*Det vert forventa balanse ved årsslutt ved dette rammeområde*

## Ansvar 750 - Andre særskilde utgifter og inntekter

Fylkeskommunen sin refusjon knytt til bygging av veg til Sandvik som i si tid erstatta ei fylkeskommunal finansiert skulerute, opphøyrde 31/12 2019.
Avtalen om kompensasjon galdt for 20 år.

*Dette ansvarsområde vil få ei mindreinntekt frå Fylkeskommunen på om lag 0,3 mill. ved årsslutt.*

## Ansvar 799 - Pensjonsoppgjer og premieavvik

Nivået på pensjonstrekket er slik at det er meint å klare å dekke opp årets pensjonskostader / premieavvik, det amortiserte premieavviket samt den signaliserte veksten i pensjonskostnader. Alt dette vert ved årsavslutninga ført på ansvar 799. Overskytande eller for lite trekte midlar inntekts- eller utgiftsført mot same ansvarsområde.

Gjennom framlegging av RNB, har regjeringa rekna med at årets pensjonskostnader for kommunesektoren ville verta om lag som tidlegare signalisert. Det vil seie ein utgift som gir grunnlag for å redusere nettoløyvinga med 0,1 mill.
Det rår stor usikkerheit rundt årets premieavvik og pensjonskostnader grunna både Korona-epidemien og dei omfattande endringane som vart gjort i det nasjonale pensjonssystemet.

Gjennom kommuneproposisjonen er det signalisert ein ytterlegare redusert kostnad i år 2021 og administrasjonssjefen foreslår ein forsiktig nedjustering i år 2020.
Ved 2. tertialrapportering er prognosane meir trygge enn i dag.

*Det er von om at dette ansvarsområde vil verta avslutta med 0,1 mill. i mindreforbruk ved årsslutt*

# ANSVAR 800 - 805 Tilleggsløyvingar

**Ansvar 800 – Til kommunestyret sin disposisjon**
Det vert tilrådd at Kommunestyret får tilført ytterlegare 1,1 mill. for å kunna få gjennomført 2 tiltak:

- Oppstart Fiberprojekt Hagefjorden. Etter lang tids søknadsprosess, planlegging og venting er prosjektet klart for oppstart. Dette krev min. 0,8 mill. i kommunal eigendel. NB! Dette føreset at utbyggjar tek 0,3 mill. av kutbyggingsostnadane, slik som avtalt på søknadstidspunktet.
- Iverksetje politisk vedtak om å få på plass ei eiga satsing på samfunns- og næringsutvikling, med oppstart i oktober 2020. Det er trong for om lag 0,3 mill. for å kunna starte opp dette året

Desse løyvingane vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.
Løyvingane elles vert nytta i tråd med budsjettet.

**ANSVAR 801 - til formannskapet sin disposisjon**
Det vert ikkje tilrådd endringar ved dette ansvarsområde.
Løyvingane vert forventa nytta i tråd med budsjettet.

**ANSVAR 802 - til ordføraren sin disposisjon**
Det vert ikkje tilrådd endringar ved dette ansvarsområde.
Løyvingane elles vert forventa nytta i tråd med budsjettet.

**ANSVAR 803 - til administrasjonssjefen sin disposisjon**
Det vert ikkje tilrådd endringar ved dette ansvarsområde.
Løyvingane elles vert forventa nytta i tråd med budsjettet.

**ANSVAR 805 – Korona-tiltak**
Det vert tilrådd å legge in ei ny løyving på 1,1 mill. som skal dekke interne kostnader knytt til Korona-tiltak. Fortrinnsvis er det utgifter innan helse- og omsorg det handlar om å få dekka inn.

Frå før har kommunestyret vedteke ei løyving på 1,0 mill. som fortrinnsvis skal nyttast til næringsføremål og som formannskapet har fått delegert mynde til å disponere.

Det er svært usikkert på noverande tidspunkt å seie noko om kor vidt løyvingane er tilstrekkelege.

## Utvikling i Sjukefråvær

NAV utarbeider statistikkar for lækjarmeldt sjukefråvær pr. kvartal, men desse er i skrivande stund ikkje tilgjengeleg pr. kommune. Det vert vist til den tekstlege delen for det einskilde ansvarsområde, for ev. nærare informasjon om sjukefråvær pr. eining.
Det vert elles vist til tabellen i årsrekneskapen for utviklinga i sjukefråvær t.o.m. 1/1 2020.

# Oppsummerte behov for budsjettendringar for drifta etter 1. tertial

| Tabell 3: Framlegg til budsjettjusteringar - Drift | | |
|---|---|---|
| | | RB - 20 |
| 900 | Auka rammetilskot ekskl. Koronavirus | -96 |
| 900 | Auka rammetilskot utsatt overføring av skatteinnkreving til stat | -193 |
| 900 | Auka rammetilskot - Koronatiltak | -1 173 |
| 900 | Redusert netto skatteprognose - oppdaterte folketal | 500 |
| 900 | Redusert netto skatteprognose - Koronakrise | 562 |
| 900 | Auke i lokale skatteinntekter | -200 |
| 900 | Redusert rentekompensasjonstilskot | 100 |
| 900 | Reduserte renteinntekter | 300 |
| 900 | Auka utbyte | -300 |
| 900 | Reduserte renteutgifter | -850 |
| 900 | Redusert eigedomsskatt etter statleg vedteken reduksjonsfaktor | 400 |
| 900 | Auka inntekter frå statleg Havbruksfond | -4 875 |
| 900 | Avsetnad til disposisjonsfond | 4 875 |
| 900 | Bruk av disposisjonsfond Fiberprosjekt Hagefjorden | -800 |
| 900 | Bruka av disposisjonsfond Samfunns- og næringsutvikling | -300 |
| 900 | Bruk av overført løying - UNESCO Global Geopark i HAFS | |
| | **Auke fordeling til drift** | -2 050 |
| | **Som er fordelt slik:** | |
| 310 | Auka kostnader lækjarteneste | 300 |
| 100 | Effektivisering administrativ ressursbruk | -300 |
| 110 | Auka løying kommuneplanarbeid | 100 |
| 130 | Nedjusterte leigeinntekter omsorgsbustader | 340 |
| 130 | Felles informasjonsportal ledige husvære | 60 |
| 250 | Utvida tilsbod Kulturskule (musikk og film) | 75 |
| 370 | Reduserte brukarbetalingar institusjon | 400 |
| 700 | Redusert vidareformidling av rentekompensasjon til Bustadstiftinga | -50 |
| 700 | Redusert fylkeskommunal refusjon for veg til Sandvik | 300 |
| 799 | Reduserte pensjonskostnader | -100 |
| 800 | Auke til kommunestyret sin disposisjon - fiberprosjekt Hagefjorden | 800 |
| 800 | Auke til kommunestyret sin disposisjon - samfunns- og næringsutvikling | 300 |
| 805 | Avsatt tilleggsløying til interne Korona-kostnader | 1 100 |
| 100 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -175 |
| 110 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 120 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 150 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 200 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -100 |
| 210 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -225 |
| 220 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 250 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 300 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 310 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -75 |
| 312 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 313 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 370 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -300 |
| 410 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 420 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 600 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -50 |
| 610 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 620 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -75 |
| | **Fordelt i drift** | 2 050 |
| | Differanse | 0 |

Sjå elles sak om budsjettendringar tertial nr. 1 år 2020 .

# Investeringar

Det er gjort ein grundig gjennomgang ved fleire vende, både politisk og administrativt, for å finna ut om gjeldande investeringsplan er realistisk og gjennomførleg.
Det vil alltid verta behov som utgår og nye vil koma til. Likeins vil det alltid skje tidsskuvningar på prosjektoppstart; - mest ut i tid, men også nokre prosjekt treng ei forsering på tid.
Dei løyvingar som vart lagt inn i opphavleg budsjett, var då å rekne som rimeleg oppdaterte og kvalitetssikra.

Det vedlagde tabelloppsettet gjev eit totaloversyn over alle årets- og tidlegare års vedtekne prosjekt i Solund kommune som framleis ikkje er sluttført. Restløyvingar på alle tidlegare års vedtekne prosjekt som ikkje er sluttført, vert tilrådd overført til år 2020.
I tabelloppsettet er all desse løyvingane koda med fargar for å skilje på korleis dei er finansiert. Dette for å unngå at løyvingar vert strokne, utan at det gjev resultateffekt i det heile.

*Fargekodane er:*

| |
|---|
| Lånemidlar |
| Tilskot |
| Fondsmidlar |
| Sal av eigedom |

Det vert vist til budsjettjusteringssak tertial 1 år 2020 for eit samandrag av dei dei foreslåtte overførte løyvingane; - herunder overførte løyvingar.
Det vert også vist til årsrekneskapen, der alle tidlegare vedtekne prosjekt har fått ei lita omtale. Dette kan gje eit godt grunnlag for å vurdera om ein vil gjera endringar i overførte løyvingar i den påfølgjande budsjettjusteringssaka.

Målet er å få justert årets investeringsbudsjettet, utan å måtta vedta ei auka låneramma for år 2020. Framlegget til budsjettendringar legg opp til dette.

**Overførte løyvingar frå tidlegare år:**
I årsmeldinga er alle investeringsprosjekt lista opp, som ikkje vart ferdigstilt og som det står oppført der kva som står att på løyvingar frå år 2019 og tidlegare år. Her følgjer sitat frå kap. 11.4 i årsmeldinga:

> *I sak om budsjettjusteringar for 1. tertial 2020, vil det verta gjort framlegg om å overføra restløyvingane på desse prosjekta til år 2020, for så å arbeide vidare med investeringsplanen samla, i samband med rullering av budsjett- og økonomiplan 2021-2024.*

I budsjettendringssaka tabell nr. 1, finn ein denne tabellen som framlegg frå administrasjonssjefen til overføring av unytta løyvingane. Dette er ei rein saldooverføring, slik at det får inga resultateffekt på kommunen sin investeringsrekneskap.
Om politisk nivå ynskjer å gjere endringar, så vert det tilrådd å gjere dette i samband med handsaming av tabell 2, der ein gjer endringar i årets inveseringsbudsjett; - etter at ein har samla alle løyvingane frå år 2019 til ein samla investeringsplan for perioden 2020-2024.

**Om endra status på ulike investeringsprosjekt i år 2020:**
Det vert også her vist til den fullstendige tabellen frå årsmeldinga for 2019. Ein har ikkje fått høve til å gjennomføra så mykje meir enn det som er nemnt der. Men her følgjer nokre oppdaterte kommentarar:

- **Socio- NAV programvare** er kjøpt inn
- **Sognesjøhytta** er ferdigstilt
- **Skjergardstenesta** - det går mot innkjøp av ein mindree båt enn først planlagt
- **Ny rulle og tørketrommel** er innkjøpt, men er ikkje montert av ekstern montør, grunna Korona
- **Inngangsparti ved kapell /uteområde** er ferdig planlagt
- **Kaiområde på Lundøy og Hersvik** - eigarskapen held fram som før
- **Omsorgsbustadane** er ferdigstilt og første leigetakar er på plass. Sjå eige avsnitt under.
- **Ladestasjon for el-bilar på Hardbakke** er så godt som klar for etablering. Sjå eige avsnitt under.
- **Veg Eide – Kvernhusvika - Kråkenes** vart oppstarta 1. halvår 2019. Anlegget skal vere klart til å ta i bruk nov. 2020. Ferdig med fast dekke våren 2021, under føresetnad av at Solund kommune nyttar seg av opsjon.
- **Mellombels helikopterlandingsplass**. Arbeidet fullført i 2019, men ein del dokumentasjon og internkontroll står att.
- **Oppgradering/fast dekke kommunale vegar**. Det vert henta inn tilbod for utføring 2. og 3. tertial 2020.
- **Trafikktryggleik.** Tiltak for 2019 er utført. Det er søkt om tilskot 2020, men ein har ikkje fått tilbakemelding frå Vestland fylkeskommune.
- **Vedlikehaldsplan.** Tiltak kommunale bygg og anlegg under arbeid.
- **Utskifting kvikksølvlamper** (HQL-lamper) er under arbeid.
- **Utskifting UV-Hardbakke**. UV-anlegg og trykksil samt oppgradering styring er utført. Står att dokumentasjon og ein del mindre tiltak med oppfylging.
- **Oppgradering av kaiar** er under arbeid.
- **Tilsyn arbeidsmiljø/brannrøyk** er gjennomført men ein del mindre tiltak og dokumentasjon er under arbeid.
- **Bustadfelt Klubben** under arbeid. Kontraktarbeidet ligg, som tidlegare orientert om, etter fristen. Er forventa ferdig i juni 2020.
- **Ventilasjonsanlegg 2. høgd i kommunehuset og i 2 høgd i tidl. bankbygg** er utført.
- **Reparasjon dekke idrettshall** utført. Står att mindre tiltak m.a. merking.
- **Varmtvassrøyr/golvfliser idrettsbygg** er under planlegging og vert utført 2. tertial.
- **Enøk,** oppgradering/ombygging fyringsanlegg Solundheimen til biodrivstoff under arbeid.
- **Rassikring Dumba – Engevik** ikkje oppstarta.
- **Kjøp av tomt brannstasjon Hjønnevåg**. Fullført med skøyte på eigedomen.
- **Ny mannskapsbil Hardbakke brannstasjon**. Under arbeid. Kontrakt inngått 2019. Noko utfordringar grunna pandemi kan føre til seinka levering, som i kontrakt er mars 2021
- **Adresseprosjektet** venter framleis på endeleg avklaring hos Kartverket for å kunne fullførast.

**Framlegg til nye justeringar på investeringsbudsjettet:**
I tabellen under er administrasjonssjefen sine framlegg til endringar i årets investeringsbudsjett samla, etter at dei overførte løyvingane har falt på plass.

Som det går fram av tabellen så er det ikkje foreslått nye prosjekt og satsingar, men det skjer ei tilpassing av løyvingar på einskilde prosjekta der det har kome endringar til anten på finansieringsbehovet eller på finansieringa.
I denne tabellen er også den mellombelse bruken av unytta lånemidlar knytt til meirforbruket i år 2019, rydda opp i.

Alle endringsframlegg er i balanse, og det vert ikkje lagt opp til at låneopptaket skal aukast opp. Dersom nye framlegg kjem til, så er det viktig å påsjå at desse ikkje medfører auka låneopptak.

| | Tabell 2: Framlegg til nye budsjettjusteringar - Investering | |
|---|---|---|
| 9999 | Tilbakeføring bruk av unytta lånemidlar - meirforbruk 2019 - generelt | 131 241 |
| 2936 | Arbeidsmiljøtiltak | -131 241 |
| 9999 | Tilbakeføring bruk av unytta lånemidlar - meirforbruk 2019 - Omsorgsbustader | 1 337 286 |
| 2840 | Omsorgsbustader | -1 337 286 |
| | | |
| 2840 | Omsorgsbustader (restløyving for totalt 5,0 mill. ekstra i masseberekningar) | 2 600 000 |
| 2944 | Ny skule m/bibliotek (flytta til år 2021 - forskuve oppstart) | -2 600 000 |
| | | |
| 2923 | Ferdigstilling Sognesjøhytta lån | 100 000 |
| 2938 | Idretts- og Friluftsplan lån | -100 000 |
| 2923 | Ferdigstilling Sognesjøhytta -auka løyving tippemidlar | 67 000 |
| 2938 | Tippemidlar | -67 000 |
| | | |
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar - auka løyving finansiert med lån | 90 000 |
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar -redusert løyving finansiert med tilskot | 100 000 |
| 2953 | Avslutta prosjekt kai Hersvik - nedjustert løyving | -90 000 |
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar - redusert privat tilskot | -100 000 |
| | | |
| 2921 | Trafikktryggingstiltak - auka låneopptak som følgje av mindre FK tilskot | 125 000 |
| 2921 | TrafikkNedjustert løyving finansiert med tilskot | -125 000 |
| 2917 | Nedjustert løyving - Oppfølging tilsyn brannvern | -125 000 |
| 2921 | Trafikktryggingstiltak - redusert tilskot | 125 000 |
| | | |
| 2915 | Mannskapsbil / brannbil - oppjustert lånekostnad iht. kontraktsum | 500 000 |
| 2915 | Nedjustert løyving - Nye klima- og miljøtiltak | -300 000 |
| 2915 | Nedjustert løyving - Oppfølging tilsyn brannvern | -200 000 |
| | | |
| 2860 | Nytt Idrettshus - oppjustert kostnad finansiert med tilskot | 400 000 |
| 2860 | Auka tippemidlar | -1 800 000 |
| 2860 | Reduserte private tilskot | 1 400 000 |
| | | |
| Nytt | Nye bustader sentrum finansiert med fond | 4 000 000 |
| Nytt | Bruk av utviklingsfond investering | -4 000 000 |
| | | |
| | **Balanse** | **0** |

## Nærare forklaring til endringsframlegga:

### Om inndekning generelt meirforbruk 2019

| | | |
|---|---|---|
| 9999 | Tilbakeføring bruk av unytta lånemidlar - meirforbruk 2019 - generelt | 131 241 |
| 2936 | Arbeidsmiljøtiltak | -131 241 |

Det vart i sak om årsrekneskap foreslått å mellombels dekke meirforbruket i år 2019, frå unytta lånemidlar. I denne saka vert desse mellombelse transaksjonane rydda opp i.
Det generelle avviket vert tilrådd dekka av årets unytta løyving til Arbeidsmiljøtiltak.

### Om inndekning meirforbruk 2019 og 2020 Nye Omsorgsbustader

| | | |
|---|---|---|
| 9999 | Tilbakeføring bruk av unytta lånemidlar - meirforbruk 2019 - Omsorgsbustader | 1 337 286 |
| 2840 | Omsorgsbustader | -1 337 286 |
| | | |
| 2840 | Omsorgsbustader (restløyving for totalt 5,0 mill. ekstra i masseberekningar) | 2 600 000 |
| 2944 | Ny skule m/bibliotek (flytta til år 2021 - forskuve oppstart) | -2 600 000 |

Meirforbruket knytt til prosjekt Omsorgsbustader vert tilrådd dekka ved at sjølve løyvinga til prosjektet vert auka opp til den summen som hausten 2019 var signalisert som det endelege avviket på masseberekningane i prosjektet; - det vil seie +5,0 mill. Av denne summen vart det på same tid løyvd ei delvis inndekning på 2,4 mill. Det skal då vera rom for siste finish med uteområdet i prosjektet. Administrasjonssjefen ynskjer å få avklart om det er juridisk grunnlag for å krevje erstatning frå den / dei av leverandørane som har vore ansvarlege for det store avviket, før sluttstrek vert satt for prosjektet og sluttrekneskap vert utarbeidd.
For ytterlegare detlajar og forklaringar til avviket, vert det vist til årsmeldinga for år 2019 og til sluttrekneskapen som truleg vert lagt fram for handsaming i Kommunestyret til hausten.

**Ferdigstilling Sognesjøhytta**

| | | |
|---|---|---|
| 2923 | Ferdigstilling Sognesjøhytta lån | 100 000 |
| 2938 | Idretts- og Friluftsplan lån | -100 000 |
| 2923 | Ferdigstilling Sognesjøhytta -auka løyving tippemidlar | 67 000 |
| 2938 | Tippemidlar | -67 000 |

I samband med at avslutninga av prosjekt Sognesjøhytta, vart det frå leverandøren tilrådd å gjere tette rommet mellom hytte og terreng. For å sikre ei best mogleg tilgjengeleg, trygg og estetisk løysing, vart det hausten 2019 avgjort å prioritere i Idretts- og friluftsplanen å ferdigstille Sohgnesjøhytta med ein ordentleg og brei platting rundt hytta. Denne vart kostnadsrekna til om lag 0,17 mill. Det vart søkt om- og det vart tildelt Tippemidlar til ferdigstillingsarbeidet.
Løyvinga vert no flytta frå Idretts- og Friluftsplan til sin rettmessige plass og omgjort til bruttoløyving.

**Ladestasjon for el-bil**

| | | |
|---|---|---|
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar - auka løyving finansiert med lån | 90 000 |
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar -redusert løyving finansiert med tilskot | 100 000 |
| 2953 | Avslutta prosjekt kai Hersvik - nedjustert løyving | -90 000 |
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar - redusert privat tilskot | -100 000 |

Det vart berre tildelt 0,2 mill. i tilskot frå ENOVA. Samstundes har Sunnfjord Energi kravt 0,5 mill. anleggsbidrag for å etablere ein ny trafo for føremålet. BKK har ikkje løyvd midlar så langt, sjølv om det er desse som vil få inntektene frå stasjonen. I tillegg er det kravt full byggesakshandsaming for denne mellombelse installasjonen, sjløv om dette er uvanleg praksis i andre kommunar. Dette er kostnadsrekna til om lag kr. 50`.

Totalt sett ville løyvinga ha vore tilstrekkeleg om ENOVA / BKK hadde løyvd tilsaman 0,4 mill. Men her foreslår administrasjonssjefen å dempe forventninga om tilskot frå BKK til 0,1 mill. og foreslår å omgjere tapt tilskot til låneopptak, med inndekning i eit investeringsprosjekt som ikkje vert gjennomført. Ein vil framleis forsøke å skaffe meir tilskot enn budsjettert.

**Trafikktryggingstiltak**

| | | |
|---|---|---|
| 2921 | Trafikktryggingstiltak - auka låneopptak som følgje av mindre FK tilskot | 125 000 |
| 2921 | TrafikkNedjustert løyving finansiert med tilskot | -125 000 |
| 2917 | Nedjustert løyving - Oppfølging tilsyn brannvern | -125 000 |
| 2921 | Trafikktryggingstiltak - redusert tilskot | 125 000 |

Som for år 2019, så er Trafikktryggingstiltaka budsjettert med 75% tilskot frå Fylkeskommunen.

Tilskotsdelen er redusert til 50% frå og med år 2019, og det er trong for å auka opp den lånefinansierte delen av den årvisse løyvinga i år 2020, slik ein har måtta gjere det for år 2019.
Inndekning skjer ved nedjustering av andre unytta løyvingar.

**Mannskapsbil / brannbil**

| | | |
|---|---|---|
| 2915 | Mannskapsbil / brannbil - oppjustert lånekostnad iht. kontraktsum | 500 000 |
| 2020 | Nedjustert løyving - Nye klima- og miljøtiltak | -300 000 |
| 2917 | Nedjustert løyving - Oppfølging tilsyn brannvern | -200 000 |

Endeleg kontraktsum er på 2,9 mill., mot busjettert 2,4 mill. Alt naudsynt utstyr skal no vera inkludert. Leveransen skjer i årsskiftet 2020 / 2021. Det rår usikkerheit omkring valutakursen på leveringstidspunktet. Det kan verte behov for ytterlegare 0,1 mill. for å få dekke opp ein eventuell valutadifferanse.
Inndekning skjer ved nedjustering av unytta løyvingar.

**Nytt Idrettshus**

| | | |
|---|---|---|
| 2860 | Nytt Idrettshus - oppjustert kostnad finansiert med tilskot | 400 000 |
| 2860 | Auka tippemidlar | -1 800 000 |
| 2860 | Reduserte private tilskot | 1 400 000 |

Som signalisert i orienteringa til formannskapet hausten 2019, så vert det tildelt ein langt større sum i tippemidlar enn opphavleg budsjettert. Dette gjev grunnlag for både å oppjustere kostnadsoverslaget til 2020-prisar og til å nedjustere behovet for private tilskotsmidlar.
Totalkostnaden ekskl. mva. og dugnadinnsats er no på om lag 10,1 mill.
Formannskapet gav klarsignal til å starte detaljprosjektering og dette arbeidet er starta opp.
Arbeidet med å få på plass infrastrukturen på VA, fiber, m.m. må også koma på plass.

Solund IL har vore aktiv med å prøve skaffe den siste private finansieringsdelen på plass. For både Solund og for Solund IL (som er 50 år i år), er det viktig å få dette bygget på plass. Både ein plass å søke ly, eit lager, garderobe, sanitær, herunder tilgang til toalett utandørs, og eit tenleg og moderne trimrom, har lenge vorte etterspurt.

**Bustadutvikling i sentrum**

| | | |
|---|---|---|
| Nytt | Nye bustader sentrum finansiert med fond | 4 000 000 |
| Nytt | Bruk av utviklingsfond investering | -4 000 000 |

Det er mangel på bustader i- og rundt sentrum for utleige. Og når det no er så mange unge som går ut i svangerskapspermisjonar og vikarar skal på plass, og det i tillegg er Korona-bustader som ikkje kan takast i bruk, så vert behovet ekstra synleg. Det første vonar vi vert ei stadig tilbakevennande årsak.
I tillegg er det på gang ynskje om vesentleg satsing på Havbruk i vår kommune.
Det vert viktig for Solund å sikre at vidare utvikling ikkje stoppar opp fordi det manglar bustader.
Administrasjonssjefen tilrår å bruke Utviklingsfondet på investering til å få fart på eigedomsutviklinga; - anten ved å gå i gang sjølv, utfordre bustadstiftinga eller at andre private vert oppmoda til å køyre utbyggingsprosjekt.

**Prosjekt Ny skule m/bibliotek**
Detaljprosjektering og arbeidet med å lage eit konkurransegrunnlag pågår for fullt.
Det har vore reist spørsmål om ein skulle satse på solcelletak og kva dette ev. gjev av meirkostnader.

Dette er så langt berekna til å gje ein meirkostnad på 0,6-0,7 mill. Det vert forventa at eit konkurransegrunnlag kan leggast ut på DOFFIN i juni.

## Avslutning

Denne rapprten ber preg av KORONA.
Svært mange av avvika har ein relasjon til at samfunnet har vore nedstengt i ein god del av tertialet. Men samla sett ber rapporten etter 1. tertial preg av at det skal vera mogleg å oppnå balanse med både tiltak og økonomi ved årsslutt.

Det har skjedd og skjer svært mykje som er positivt med tanke på kommunen si framtid. Samfunnsdelen til kommuneplanen er komen på plass. Arealdelen er starta opp og skal ferdigstillast i haust.

Til tross for Korona har vi halt framdrift i OU-prosessen. Ein vil snart kunna presentere ein ny organisasjonsstruktur for kommunen. Opppvekst- og kultur har arbeidd i ein spanande prosess som skal sikre ei heilskapleg tenkning rundt og samarbeid på tvers.
Skrekkscenariet om at kommunen ikkje skal klare å skaffe kvalifisert personell, særleg til helse- og omsorgssektoren har ikkje slått til. Tvert om kjem det kvalifiserte personell som til og med slår seg til fast i kommunen. Og endå betre; - fagpersonellet ser ut til å sjølv å sikra ein god ettervekst, som kanskje ikkje vil falle så langt frå stammen ☺

Skatteinntektene til kommunen foreløpig ikkje blitt særleg påverke av Korona-situasjonen, og næringslivet skaper stadig verdiar til samfunnet.
Det er påtrykk på kommunen frå næringslivet for å få fortgang på tilretteleggingsarbeidet som sikrar vidare grunnlag for vekst.
Det er også etablert ein god dialog mellom kommunen og næringslivet og politisk signal har gitt klarsignal til å innarbeid ein samfunns- og næringsutviklingsfunksjon.

Det ser ut til å verte gode og føreseielege inntekter frå det statlege Havbruksfondet i framntida, både for denne hausten, men også for heile planperioden.
At Solund kommune kan ha vel 14 mill. på bok etter å både ha realisert Nye omsorgsbustader og ein Ny skule m/bibliotek, var det vel ingen som ville turt å spå for nokre år sidan.

Fylkeskommunen har stadfesta at planlegginga av Bru over Ytre Steinsund pågår for fullt. Planlegging av ekspressbåtstopp på Hardbakke er også under arbeid av eksterne, og det er ytt eit fylkeskomunalt verdiskapingstilskot som kan nyttast til m.a. å utgreie konsekvensar av ei slik satsing.

Alt dette gjev eit svært godt grunnlag for vekst i samfunns- og næringslivet. Og Solund kommune scorar høgt på bustadattraktiviteten, og netteopp dette er viktig for å kunna klare å rekruttere og behalde ny arbeidskraft og at denne arbeidskrafta vel å busetje seg i kommunen.

Utfordringane står i kø, både med tanke på sårbarheit, kompetanse og av andre grunnar som er trekt fram i kommuneproporisjonen. Men desse skal vi arbeide aktivt for å løyse SAMAN !

Hardbakke 21. mai 2020
km

# Tabelloppsett til Økonomiplan 2021-2024 med Budsjett 2020

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Balanse** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | |
| | | | | | | | | | |
| | **Budsjettskjema 1A** | **R - 19** | **OB - 20** | **RB1 - 20** | **ØP-21** | **ØP-22** | **ØP-23** | **ØP-24** | **Kommentarar** |
| | | | | | | | | | |
| | Innbyggjartilskot | -19 941 000 | -20 468 | | -20 436 | -20 428 | -20 419 | -20 840 | |
| | Endring Kommøkprp. | | | | -300 | -430 | -430 | | |
| | Utgiftsutjamning | -18 895 000 | -20 678 | | -20 664 | -20 660 | -20 656 | -20 478 | |
| | Endring Kommøkprp. | | | | 109 | 174 | 174 | | |
| | Overgangsordningar (INGAR) | 43 000 | 44 | | | | | | |
| | Særskilte fordelingar | -527 000 | -723 | | -296 | -296 | -296 | -121 | Uttrekk Frivilligsentral frå og med 2021 |
| | Endring Kommøkprp. | | | | -339 | 175 | 175 | | 2021 - Utsatt uttrekk Frivilligsentral |
| | Distriktstilskot Sør Norge | -5 698 000 | -5 875 | | -5 875 | -5 875 | -5 875 | -5 875 | |
| **18000** | Ekstra veksttilskot | | -32 | | | | | | |
| | Fylkesmannen sitt skjønstilskot | -1 500 000 | -1 500 | | -2 400 | -2 400 | -2 400 | -1 500 | |
| | Endring FM sine skjønsmidlar | | | | 900 | 900 | 900 | | Usannsynleg at skjønsmidlane aukar igjen |
| | Justeringar tidl. SB- og nytt RNB vedtak | 39 000 | | | | | | | |
| | RNB - Auke eksklusiv Koronaepidemi | | | -96 | | | | | |
| | RNB - Koronaepidemi - ekstra statleg skjøn | | | -200 | | | | | |
| | RNB - Koronaepidemien - Krisepakke 3 | | | -830 | | | | | |
| | RNB - Koronaepidemi - komp. Inntektsbortfall | | | -143 | | | | | |
| | RNB - Utsatt overføring av skatteoppkreving | | | -193 | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| | **Sum rammetilskot** | -46 479 000 | -49 232 | -1 462 | -49 301 | -48 840 | -48 827 | -48 814 | |
| | | | | | | | | | |
| **18000** | Inntektsutjamning | -740 249 | -1 041 | | -1 041 | -1 041 | -1 041 | -1 143 | Folketal 1/7-19 = 816 |
| | Endring oppdatert folketal | | | 189 | 189 | 189 | 189 | | Folketal 1/1 2020 |
| | RNB - Koronaepidemi | | | 17 | 8 | 8 | 8 | | |
| **18700** | Skatt på inntekt og formue | -24 412 880 | -24 087 | | -24 087 | -24 087 | -24 087 | -23 522 | Folketal 1/7-19 = 816 |
| | Endring oppdatert folketal | | | 269 | 269 | 269 | 269 | | Folketal 1/1 2020 |
| | RNB - Koronaepidemi | | | 556 | 296 | 296 | 296 | | |
| | Ekstra lokal skatteinngang | | | -200 | -500 | -500 | -500 | -500 | Vekst i frie inntekter - vekst i samfunnet |
| | Salderingspost - tusenavrunding | | -40 | | -1 | -13 | -26 | -21 | |
| | Endring oppdatert folketal | | | 42 | 42 | 42 | 42 | | Folketal 1/1 2020 |
| | RNB - Koronaepidemi | | | -11 | -74 | -23 | -23 | | |
| | | | | | | | | | |
| | **Sum skatt og inntektsutjamning** | -25 153 129 | -25 168 | 862 | -24 899 | -24 860 | -24 873 | -25 186 | |
| | | | | | | | | | |
| **18101** | Prosjektskjøn / e.o. skjønsmidlar (FM) | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| | **Sum rammetilskot, skatt, inntektsutjamning** | -71 632 129 | -74 400 | -600 | -74 200 | -73 700 | -73 700 | -74 000 | |
| | | | | | | | | | |
| | **Budsjettskjema 1A** | **R - 19** | **OB - 20** | **RB1 - 20** | **ØP-21** | **ØP-22** | **ØP-23** | **ØP-24** | **Kommentarar** |
| | | | | | | | | | |
| | Grunnskulereform 1997 | | | | | | | | |
| | Rentekompensasjon Sokneråd | -13 534 | -20 | | -30 | -30 | -30 | -10 | |
| **18101** | Rentekompensasjon skulebygg | -36 528 | -35 | | -40 | -40 | -40 | -15 | |
| | Rente- og avdragskomp. Solundheimen | -493 199 | -495 | | -505 | -505 | -505 | -450 | |
| | Nedjustering marknadsrentenivå | | | 100 | 100 | 100 | 100 | | |
| | | | | | | | | | |

# Tabelloppsett til Økonomiplan 2021-2024 med Budsjett 2020

| | Balanse | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Budsjettskjema 1A** | **R - 19** | **OB - 20** | **RB1 - 20** | **ØP-21** | **ØP-22** | **ØP-23** | **ØP-24** | **Kommentarar** |
| | Bustadtilskot | -300 000 | | | | | | | |
| | **Sum andre generelle statstilskot** | -843 261 | -550 | 100 | -475 | -475 | -475 | -475 | |
| 18600 | Flyktningtilskot (jf. avsetnad) | -3 277 000 | -1 725 | | -875 | | | | |
| 18750 | Eigedomsskatt | -1 730 123 | -1 800 | | -1 800 | -1 800 | -1 800 | -1 400 | |
| | Nedjustert i tråd med statleg vedtak | | | 400 | 400 | 400 | 400 | | |
| 18400 | Jamne inntekter Havbruksfond | -6 986 714 | -3 000 | | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -4 000 | |
| | Mottekne avdrag på utlån | | -230 000 | 0 | -230 000 | -280 000 | -280 000 | -280 000 | |
| | | | | | | | | | |
| | Sum finansiering | 0 | -41 908 000 | -44 484 558 | -22 795 000 | -8 395 000 | -6 570 000 | -6 570 000 | |
| | | | | | | | | | |
| | Låneopptak til vidare utlån | | -500 000 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| | | | | | | | | | |
| | Ny sum finansiering | 0 | -42 408 000 | -44 484 558 | -22 795 000 | -8 395 000 | -6 570 000 | -6 570 000 | |
| | | | | | | | | | |
| | **Balanse** | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |

# Oversikt over lån, renter, avdrag

| 802 | Nye Låneopptak | Opphavleg låneopptak | Avdrag Bet.plan | Restgjeld 31.12.2019 | 2020 Renter | 2020 Avdrag | Restgjeld 31.12.2020 | 2021 Renter | 2021 Avdrag | Restgjeld 31.12.2021 | 2022 Renter | 2022 Avdrag | Restgjeld 31.12.2022 | 2023 Renter | 2023 Avdrag | Restgjeld 31.12.2023 | 2024 Renter | 2024 Avdrag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 25 | | 1,20 % | | | 1,40 % | | | 1,60 % | | | 1,60 % | | | 1,60 % | |
| Lån eigne føremål | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| KB - 6614 | KB 20031038 | -11 938 500 | -477 540 | -7 163 250 | -85 959 | -477 540 | -6 685 710 | -93 600 | -477 540 | -6 208 170 | -99 331 | -477 540 | -5 730 630 | -91 690 | -477 540 | -5 253 090 | -84 049 | -477 540 |
| KB - 6616 | KB 20050599 | -4 450 000 | -178 000 | -1 958 000 | -23 496 | -178 000 | -1 780 000 | -24 920 | -178 000 | -1 602 000 | -25 632 | -178 000 | -1 424 000 | -22 784 | -178 000 | -1 246 000 | -19 936 | -178 000 |
| KB - 6617 | KB 20050600 | -16 007 000 | -640 280 | -7 043 200 | -84 518 | -640 280 | -6 402 920 | -89 641 | -640 280 | -5 762 640 | -92 202 | -640 280 | -5 122 360 | -81 958 | -640 280 | -4 482 080 | -71 713 | -640 280 |
| KB - 6618 | KB 20050601 | -7 629 500 | -305 180 | -3 356 950 | -40 283 | -305 180 | -3 051 770 | -42 725 | -305 180 | -2 746 590 | -43 945 | -305 180 | -2 441 410 | -39 063 | -305 180 | -2 136 230 | -34 180 | -305 180 |
| KB - 6620 | KB 20060663 | -4 611 000 | -184 440 | -3 135 480 | -37 626 | -184 440 | -2 951 040 | -41 315 | -184 440 | -2 766 600 | -44 266 | -184 440 | -2 582 160 | -41 315 | -184 440 | -2 397 720 | -38 364 | -184 440 |
| KB - 6619 | KB 20060664 | -1 700 000 | -68 000 | -816 000 | -9 792 | -68 000 | -748 000 | -10 472 | -68 000 | -680 000 | -10 880 | -68 000 | -612 000 | -9 792 | -68 000 | -544 000 | -8 704 | -68 000 |
| KB - 6621 | KB 20070564 | -4 800 000 | -192 000 | -2 496 000 | -29 952 | -192 000 | -2 304 000 | -32 256 | -192 000 | -2 112 000 | -33 792 | -192 000 | -1 920 000 | -30 720 | -192 000 | -1 728 000 | -27 648 | -192 000 |
| KB - 6622 | KB 20080193 | -1 000 000 | -40 000 | -540 000 | -6 480 | -40 000 | -500 000 | -7 000 | -40 000 | -460 000 | -7 360 | -40 000 | -420 000 | -6 720 | -40 000 | -380 000 | -6 080 | -40 000 |
| KB - 6624 | KB 20080715 | -5 687 500 | -227 500 | -2 047 500 | -24 570 | -227 500 | -1 820 000 | -25 480 | -227 500 | -1 592 500 | -25 480 | -227 500 | -1 365 000 | -21 840 | -227 500 | -1 137 500 | -18 200 | -227 500 |
| HB - 6103 | HB 13556014 | -1 882 000 | -75 280 | -1 129 870 | -13 558 | -75 280 | -1 054 590 | -14 764 | -75 280 | -979 310 | -15 669 | -75 280 | -904 030 | -14 464 | -75 280 | -828 750 | -13 260 | -75 280 |
| KB - 6623 | KB 20090891 | -2 657 000 | -106 280 | -1 594 200 | -19 130 | -106 280 | -1 487 920 | -20 831 | -106 280 | -1 381 640 | -22 106 | -106 280 | -1 275 360 | -20 406 | -106 280 | -1 169 080 | -18 705 | -106 280 |
| KB - 6625 | KB 20101014 | -2 000 000 | -80 000 | -480 000 | -5 760 | -80 000 | -400 000 | -5 600 | -80 000 | -320 000 | -5 120 | -80 000 | -240 000 | -3 840 | -80 000 | -160 000 | -2 560 | -80 000 |
| KB - 6626 | KB 20110900 | -1 017 000 | -40 680 | -691 560 | -8 299 | -40 680 | -650 880 | -9 112 | -40 680 | -610 200 | -9 763 | -40 680 | -569 520 | -9 112 | -40 680 | -528 840 | -8 461 | -40 680 |
| KB - 6627 | KB 20130680 | -7 145 000 | -285 800 | -5 430 200 | -65 162 | -285 800 | -5 144 400 | -72 022 | -285 800 | -4 858 600 | -77 738 | -285 800 | -4 572 800 | -73 165 | -285 800 | -4 287 000 | -68 592 | -285 800 |
| KB - 6628 | KB 20140753 | -5 488 000 | -219 520 | -4 390 400 | -52 685 | -219 520 | -4 170 880 | -58 392 | -219 520 | -3 951 360 | -63 222 | -219 520 | -3 731 840 | -59 709 | -219 520 | -3 512 320 | -56 197 | -219 520 |
| KB - 6629 | KB 20150450 | -9 083 150 | -363 326 | -7 629 858 | -91 558 | -363 326 | -7 266 532 | -101 731 | -363 326 | -6 903 206 | -110 451 | -363 326 | -6 539 880 | -104 638 | -363 326 | -6 176 554 | -98 825 | -363 326 |
| KB - 6630 | KB 20160383 | -24 663 500 | -986 540 | -21 703 880 | -260 447 | -986 540 | -20 717 340 | -290 043 | -986 540 | -19 730 800 | -315 693 | -986 540 | -18 744 260 | -299 908 | -986 540 | -17 757 720 | -284 124 | -986 540 |
| KB - 6631 | KB 20170468 | -25 425 000 | -1 017 000 | -23 391 000 | -280 692 | -1 017 000 | -22 374 000 | -313 236 | -1 017 000 | -21 357 000 | -341 712 | -1 017 000 | -20 340 000 | -325 440 | -1 017 000 | -19 323 000 | -309 168 | -1 017 000 |
| KB - 6632 | KB 20180438 | -12 059 782 | -482 391 | -11 577 391 | -138 929 | -482 391 | -11 094 999 | -155 330 | -482 391 | -10 612 608 | -169 802 | -482 391 | -10 130 217 | -162 083 | -482 391 | -9 647 826 | -154 365 | -482 391 |
| KB - 6633 | KB 20190598 | -17 185 492 | -687 420 | -17 185 492 | -206 226 | -687 420 | -16 498 072 | -230 973 | -687 420 | -15 810 653 | -252 970 | -687 420 | -15 123 233 | -241 972 | -687 420 | -14 435 813 | -230 973 | -687 420 |
| 2020 | -14 413 000 | | -576 520 | -14 413 000 | -86 478 | - | -14 413 000 | -201 782 | -576 520 | -13 836 480 | -221 384 | -576 520 | -13 259 960 | -212 159 | -576 520 | -12 683 440 | -202 935 | -576 520 |
| Ny skule | -15 000 000 | 25 | -600 000 | -15 000 000 | -90 000 | - | -15 000 000 | -210 000 | -600 000 | -14 400 000 | -230 400 | -600 000 | -13 800 000 | -220 800 | -600 000 | -13 200 000 | -211 200 | -600 000 |
| 2021 | -7 225 000 | | -289 000 | | | | -7 225 000 | -50 575 | - | -7 225 000 | -115 600 | -289 000 | -6 936 000 | -110 976 | -289 000 | -6 647 000 | -106 352 | -289 000 |
| Ny skule | -13 500 000 | 25 | -540 000 | | | | -13 500 000 | -94 500 | - | -13 500 000 | -216 000 | -540 000 | -12 960 000 | -207 360 | -540 000 | -12 420 000 | -198 720 | -540 000 |
| 2022 | -4 425 000 | | -177 000 | | | | | | | -4 425 000 | -35 400 | - | -4 425 000 | -70 800 | -177 000 | -4 248 000 | -67 968 | -177 000 |
| 2023 | -4 450 000 | | -178 000 | | | | | | | | | | -4 450 000 | -35 600 | - | -4 450 000 | -71 200 | -178 000 |
| 2024 | -4 450 000 | | -178 000 | | | | | | | | | | | | | -4 450 000 | -35 600 | - |
| TOTAL EIGNE LÅN | | | | -153 173 231 | -1 661 601 | -6 657 177 | -167 241 054 | -2 196 300 | -7 833 697 | -163 832 357 | -2 585 918 | -8 662 697 | -159 619 660 | -2 518 315 | -8 839 697 | -155 229 963 | -2 448 079 | -9 017 697 |
| Formidlingslån | | | | -190 989 | | | -208 530 | | | -204 280 | | | -199 027 | | | -193 554 | | |
| HB - 6105 | HB 135600071 | -2 500 000 | -166 727 | -1 833 269 | -21 999 | -166 727 | -1 666 542 | -23 332 | -166 727 | -1 499 815 | -23 997 | -166 727 | -1 333 088 | -21 329 | -166 727 | -1 166 361 | -18 662 | -166 727 |
| HB - 6106 | HB 135640597 | -1 000 000 | -50 000 | -850 000 | -10 200 | -50 000 | -800 000 | -11 200 | -50 000 | -750 000 | -12 000 | -50 000 | -700 000 | -11 200 | -50 000 | -650 000 | -10 400 | -50 000 |
| HB - 6108 | HB 135649887 | -500 000 | -25 000 | -437 500 | -5 250 | -25 000 | -412 500 | -5 775 | -25 000 | -387 500 | -6 200 | -25 000 | -362 500 | -5 800 | -25 000 | -337 500 | -5 400 | -25 000 |
| HB - 6109 | HB 135659597 | -500 000 | -25 000 | -475 000 | -5 700 | -25 000 | -450 000 | -6 300 | -25 000 | -425 000 | -6 800 | -25 000 | -400 000 | -6 400 | -25 000 | -375 000 | -6 000 | -25 000 |
| HB - 6110 | HB 135840361 | -500 000 | -25 000 | -487 500 | -5 850 | -25 000 | -462 500 | -6 475 | -25 000 | -437 500 | -7 000 | -25 000 | -412 500 | -6 600 | -25 000 | -387 500 | -6 200 | -25 000 |
| 2020 | -500 000 | | -25 000 | -500 000 | -6 000 | -25 000 | -475 000 | -6 650 | -25 000 | -450 000 | -7 200 | -25 000 | -425 000 | -6 800 | -25 000 | -400 000 | -6 400 | -25 000 |
| 2021 | -500 000 | | -25 000 | | | | -500 000 | -7 000 | -25 000 | -475 000 | -7 600 | -25 000 | -450 000 | -7 200 | -25 000 | -425 000 | -6 800 | -25 000 |
| 2022 | -500 000 | | -25 000 | | | | | | | -500 000 | -8 000 | -25 000 | -475 000 | -7 600 | -25 000 | -450 000 | -7 200 | -25 000 |
| 2023 | -500 000 | | -25 000 | | | | | | | | | | -500 000 | -8 000 | -25 000 | -475 000 | -7 600 | -25 000 |
| 2024 | -500 000 | | -25 000 | | | | | | | | | | | | | -500 000 | -8 000 | -25 000 |
| TOTAL FORMIDLINGSLÅN | | | | -4 774 258 | -54 999 | -316 727 | -4 975 072 | -66 732 | -341 727 | -5 129 095 | -78 797 | -366 727 | -5 257 115 | -80 929 | -391 727 | -5 359 915 | -82 662 | -416 727 |
| Til økonomiplan - drift | | | | | -1 716 600 | -6 657 177 | | -2 263 031 | -7 833 697 | | -2 664 715 | -8 662 697 | | -2 599 244 | -8 839 697 | | -2 530 741 | -9 017 697 |
| Til økonomiplan - investering | | | | | | -316 727 | | | -341 727 | | | -366 727 | | | -391 727 | | | -416 727 |

Fylkesmannen i Vestland

| Vår dato: | Vår ref: |
|---|---|
| 18.05.2020 | 2020/8222 |
| Dykkar dato: | Dykkar ref: |

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

# Revidert nasjonalbudsjett 2020 og kommuneopplegget for 2021

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2020 og kommuneopplegget for 2021, jf. Prop. 105 S.

Dei økonomiske konsekvensane for kommunesektoren av virusutbrotet er omfattande. Det er framleis uvisst kor store verknadene vil bli. Regjeringa si vurdering er at dei økonomiske konsekvensane av allereie vedtekne løyvingar og framlegg til nye løyvingar er viktige tiltak for å redusere den økonomiske uvissa i kommunane. Regjeringa vil følgje nøye med på utviklinga i kommunesektoren og vil kome attende til Stortinget med nye tiltak dersom det er behov for det.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

## Endringar i det økonomiske opplegget for 2020

Pris- og kostnadsvekst
Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane var i statsbudsjettet 3,1 prosent. Denne er justert ned til 1,4 prosent i revidert nasjonalbudsjett :

| | statsbudsjettet | revidert NB |
|---|---|---|
| lønsvekst | 3,6 prosent | 1,5 prosent |
| prisvekst varer og tenester | 2,2 prosent | 1,2 prosent |
| samla prisvekst | 3,1 prosent | 1,4 prosent |

Kostnadsveksten (løns- og prisvekst) er redusert frå 3,1 prosent til 1,4 prosent. Dette inneber ei pårekna innsparing for kommunane med 7,7 mrd. kroner i 2020.

Skatteinntekter

E-postadresse: fmvlpost@fylkesmannen.no Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2 6863 Leikanger
Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger Statens hus, Kaigaten 9, Bergen Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00 www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665

I revidert nasjonalbudsjett er pårekna skatteinntekter for kommunane justerte ned med om lag kr 4,0 mrd. Pårekna skatteendring i prosent for kommunane i år, samanlikna med innkomen skatt i 2019, blir med dette justert frå pluss 1,3 prosent til minus 1,1 prosent.

Økonomiske konsekvensar - pårekna overslag for 2020
I tillegg til venta reduksjon i skatteinntektene for kommunane i år, er det rekna med at kommunane vil få meirutgifter (kr 3,5 mrd.) og redusert brukarbetaling (kr 2,5 mrd.) i år som følgje av virusutbrotet. Dette gir i utgangspunktet eit samla økonomisk tap i år for kommunane på om lag kr 10 mrd.:

| | |
|---|---|
| - Reduksjon skatteinntekter, | kr 4,0 mrd. |
| - Meirutgifter, | kr 3,5 mrd. |
| - Redusert brukarbetaling, | kr 2,5 mrd. |
| | kr 10,0 mrd. |

Meirutgiftene omfattar kostnader til auka kapasitet og smittevernutstyr i helse- og omsorgs-tenesta og mellombels endring i sosialtenesta.

Det er lagt til grunn at det økonomiske tapet i år for ein stor del vil bli utlikna gjennom inn-sparing som følgje av lågare løns- og prisvekst (pårekna til kr 7,7 mrd.). I tillegg kjem dei tiltaka som allereie er vedteke.

Desse er:

| | |
|---|---|
| - Auka ramme for skjønstilskot, | kr 0,4 mrd. |
| - Generell styrking gjennom auka rammetilskot, | kr 3,75 mrd. |
| - Auka rammetilskot for bortfall av foreldrebetaling i barnehage og SFO, | kr 1,0 mrd. |
| | kr 5,15 mrd. |

Stortinget har vedteke ein auke av eigenkapitalen i Kommunalbanken med kr 750 mill. Mange kommunar har hatt problem med å refinansiere lån som følgje av uro i kapitalmarknaden. Kapitalauken legg til rette for at Kommunalbanken kan refinansiere kommunal gjeld som forfell fram mot sommaren.

Det er i revidert nasjonalbudsjett framlegg om ein reduksjon i arbeidsgjevaravgifta i to månader, slik Stortinget har oppmoda regjeringa om. For kommunane utgjer dette ei innsparing på om lag kr 2,0 mrd. Nedsettinga av arbeidsgjevaravgifta er for 3. termin i år, og med fire prosentpoeng.

Andre framlegg til auka løyvingar i revidert nasjonalbudsjett
I revidert nasjonalbudsjett blir det gjort andre framlegg om kompensasjon for kommunane:

***a)Tiltaksplan for sårbare barn og unge med kr 400 mill.***
Av dette har kr 368,5 mill. samanheng med koronasituasjonen i kommune. Det består av :

1.Auke rammetilskotet med kr 150 mill. knytt til tiltak retta mot sårbare barn og unge. Halvdelen av dette vil vere grunngitt med auka tilgjengelegheit i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Den andre halvdelen av denne auken i rammetilskotet vil vere grunngitt med avlastnings- og aktivitetstiltak for barn og unge med store behov. Det blir lagt opp til særskilt fordeling.

2.Øyremerkt tilskot kr 53 mill. til ferie og fritidsaktivitetar (BFD sitt budsjett).

3.Øyremerkt tilskot kr 4 mill. til alarmtelefon for barn og unge (BFD sitt budsjett)
4.Øyremerkt tilskot kr 170 mill. (KD sitt budsjett) for å leggje til rette for at elevar kan ta igjen tapt progresjon på skulen i samband med virusutbrotet og å hindre fråfall i skulen. Denne løyvinga blir fordelt mellom kommunane (kr 126 mill.), fylkeskommunane (kr 35,5 mill.) og frittståande skular (kr 8,5 mill.).

***b)Digitalisering i skulen med kr 140 mill.***
Det er framlegg om å auke løyvinga til digital undervisning i kommunar med kr 80 mill. Auken i løyvinga blir gitt til tiltak i kommunar som har utfordringar med overgangen til digital undervisning i samband med virusutbrotet. Tiltaket er mellombels og knytt til virusutbrotet.

Det er dessutan framlegg om å auke løyvinga til innkjøp av digitale læremiddel med kr 60 mill. Som følgje av virusutbrotet har det i mange kommunar vore nødvendig å ta i bruk fleire digitale læremiddel. Tilskotet er mellombels og knytt til virusutbrotet.

***c)Tilskot til fastlegar***
For å sikre rekruttering og stabilitet i fastlegeordninga er det framlegg om å endre innrettinga på basistilskotet. Endringa blir innført med verknad frå 1.mai 2020. Det er framlegg om at kommunane blir kompensert gjennom auka rammetilskot på kr 233,3 mill. i 2020 (heilårsverknad kr 350 mill.).

I tillegg til å styrke basistilskotet er det framlegg om å innføre eit grunntilskot frå 1. mai 2020. Det er framlegg om at kommunane blir kompensert gjennom auka rammetilskot på kr 33,3 mill. i 2020 (heilårsverknad kr 50 mill.).

Det er framlegg om å auke øyremerkt tilskot (kapittel 762) med kr 80 mill. for å kompensere kommunane for meirutgifter til dekning av inntektstap for fastlegar som handterer Covid-19. Dette vil vere i samband med at legar under legearbeid er blitt smitta av koronaviruset og difor må ut av jobb og i karantene.

***d)Tilskot til smitteverntiltak med kr 50 mill.***
Det er framlegg om å auke øyremerkt tilskot (kapittel 765) med kr 50 mill. til kommunane knytt til arbeid med særleg utsette grupper under virusutbrotet. Dette omfattar personar i rusmiljøet, ROP-pasientar og heimlause. Menneske som er rusavhengige og utan fast bustad er særleg utsette for smitte og sjukdom.

Av sum kompensasjon vist til for punkta a til d er kr 0,6 mrd. det som kan knytast direkte til koronasituasjonen i kommunane. Kompensasjon i rammetilskotet for auke i tilskot fastlegar (innretning basistilskot og nytt grunntilskot ) frå 1. mai i år er difor ikkje rekna med i dette beløpet.

Arbeidsgruppe mellom staten og KS
Det er oppretta ei arbeidsgruppe mellom staten og kommunesektoren (KS) for å kartleggje dei økonomiske konsekvensane som virusutbrotet har hatt for kommunesektoren. Gruppa skal leggje fram sin endelege rapport innan 1. april 2021, eventuelt med ein eller fleire delrapportar undervegs. Arbeidsgruppa skal gå gjennom kva for utgifter og inntekter som blir påverka av virusutbrotet, og gi eit overslag på kor mykje dei ulike utgiftene og inntektene utgjer.

**Private og ideelle aktørar**

Den samla kompensasjonen til kommunesektoren gjer at kommunane kan kompensere også private og ideelle aktørar for ekstrakostnader dei har hatt grunna virusutbrotet. Det er kommunen sjølv som fastset storleiken på kompensasjon, men det blir lagt til grunn at kommunane ikkje skal gjere urimeleg skilnad mellom verksemder med kommunal drift og verksemder som private driv på vegne av kommunen.

**Kommuneopplegget for 2021 - generelt**
Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 1,6 mrd. og kr 2,0 mrd. frå 2020 til 2021. Veksten er rekna frå det inntektsnivået som pårekna i vedteke saldert budsjett for 2020, det vil seie før virusutbrotet. Ekstraordinære løyvingar i år knytt til virusutbrotet blir ikkje med i berekningsgrunnlaget frå 2020.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2020 til 2021 vil difor kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet kjem også som eit tillegg til realauken i dei frie inntektene.

Pårekna meirutgifter i 2021 knytt til den demografiske utviklinga er om lag kr 1,6 mrd. for kommunane. Av dette er kr 1,3 mrd. knytt til tenester som blir finansierte av dei frie inntektene for kommunane.

Pensjonskostnader
Det er i revidert nasjonalbudsjett for 2020 rekna med at pensjonskostnadene vil bli om lag kr 1,7 mrd. lågare enn lagt til grunn i statsbudsjettet. For 2021 er det rekna med at pensjonskostnadene vil auke med om lag kr 270 mill. meir enn pårekna lønsvekst. Det er stor uvisse knytt til overslaget for 2021. Vi har i beløpa for 2020 og 2021 lagt til grunn at kommunane sine pensjonskostnader utgjer 90 prosent av kommunesektoren sine samla pensjonskostnader.

**Skjønstilskot**
Basisramma blir fordelt av fylkesmennene mellom kommunane.

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet blir redusert frå kr 950 mill. i 2020 til kr 850 mill. i 2021. Av reduksjonen på kr 100 mill., blir kr 89 mill. overført til innbyggjartilskot i inntektssystemet og i staden fordelt til kommunane etter dei faste kriteria. Kr 11 mill. blir sett av til departementet sine prosjektskjønnsmidlar.

Det kan for 2021 også bli endring i fordelinga av ramma mellom fylkesmennene.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

**Inntektssystemet**

Ny delkostnadsnøkkel for grunnskule
Kr 1,3 mrd. av det øyremerkte tilskotet til innføring av lærarnorm til auka lærarinnsats på 1.-10.trinn er i 2020 innlemma i rammetilskotet. Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i rammetilskotet, med om lag same fordeling mellom kommunane som i 2019 når dei var øyremerkte.

Det er framlegg om ny delkostnadsnøkkel for grunnskule frå 2021. Det blir for 2021 lagt opp til å fordele halvdelen av midlane særskilt og halvdelen etter den nye delkostnadsnøkkelen. Frå 2022 er det planlagt å fordele midlane fullt ut etter den nye delkostnadsnøkkelen.

Kriteriet for innbyggjarar 6-15 år utgjer om lag 92 prosent av grunnskulenøkkelen. Dei andre kriteria består av busetjingskriterium (sone og nabokrets) og gradert basiskriterium. På bakgrunn av analysar av kommunane sine kostnader med innføring av lærarnorm, er det framlegg om å endre vektene på kriteria noko frå 2020 til 2021 i grunnskulenøkkelen. Kriteriet for innbyggjarar 6-15 år blir vekta noko opp. Kriteria for busetjing og gradert basiskriterium blir samla vekta tilsvarande ned.

Distriktsindeks

Distriktsindeksen er eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Jo lågare indeks, jo større distriktsutfordringar og vice versa. Departementet har tidlegare gitt uttrykk for at distriktsindeksen ville bli gjennomgått og vurdert nærare til kommuneproposisjonen for 2021.

Distriktsindeksen blir blant anna nytta i utrekninga av distriktstilskot Sør-Noreg. Dette tilskotet omfattar også småkommunetillegget. Tilskotet blir gradert på grunnlag av indeksen. Lågare indeks gir større tilskot og vice versa.

Departementet har no gjort ei ny vurdering av indeksen. Det er framlegg om ny distriktsindeks med følgjande samansetjing:

SSB sin sentralitetsindeks (40 prosent vekt) som uttrykk for geografiske utfordringar, befolkningsvekst siste ti år (40 prosent vekt), sysselsetjingsvekst siste ti år (10 prosent vekt) og einsidig næringsstruktur (10 prosent vekt).

I framlegget er distriktsindeksen redusert frå noverande ni til dei fire nemnde indikatorane. Geografiutfordringane er vekta lågare og befolkningsendringane siste ti år høgare enn i det opphavlege framlegget, på bakgrunn av tilbakemeldingar frå kommunane i høyring.

I nytt inntektssystemutval, som regjeringa har oppnemnt våren 2020, skal det bli gjort ei heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet. Departementet vil difor vente med å foreta endringar i distriktstilskot og småkommunetillegg til utvalet har kome med si utgreiing. Den same distriktsindeksen som er nytta i perioden 2017-2020 vil difor bli nytta inntil vidare. Den revidert distriktsindeksen blir med andre ord ikkje teke i bruk for 2021.

Inntektssystemet generelt

Det er ikkje framlegg om vesentlege endringar i inntektssystemet frå 2020 til 2021. Vi viser difor til omtale av inntektssystemet i vårt brev av 7. oktober 2019 til kommunane om statsbudsjett 2020.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Kåre Træen (57643004 ) hjå Fylkesmannen.

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

# Solund kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | K1-153 |
| **ArkivsakID:** | 20/208 |
| **JournalpostID:** | 20/1306 |
| **Sakshandsamar:** | Kjell Mongstad |
| **Dato:** | 16.05.2020 |

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 046/20 | FORMANNSKAP | 28.05.2020 |
| | KOMMUNESTYRE | |

## Budsjettendring 1. tertial 2020

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Budsjettendringar for 1. tertial år 2020, vert vedteke i tråd med tabellane som er vedlagt nedst i denne saka.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**
Kommunelova m/tilhøyrande rekneskapsforskrifter.
Sak om tertialrapportering nr. 1 år 2020 med alle tilhøyrande dokument og vedlegg.

**Kva saka gjeld:**
Med kvar tertialrapport skal det følgja ei budsjettendringssak iflg. økonomireglementet.
Budsjettendringssaka inneheld berre prinsipielle endringar og/eller endringar som ikkje rådmannen har fullmakt til å gjennomføra sjølv.
Som følgje av endringar i år 2020, må også økonomiplanen endrast.

**Saksutgreiing:**
Tertialrapporten inneheld kommentarar og oppstillingar som syner behovet for budsjettendringar i drifta for kvart hovudavsnitt. Rapporten inneheld kommentarar og tabellar som forklarer alle framlegg til justeringar i investeringsbudsjettet.

I denne budsjettendringssaka er alle endringane som er presentert i tertialrapporten, samla i 3 tabellar nedst i denne saka.
Dersom det er ynskjeleg å gjere fleire endringar, fjerne eller legge til nye postar, så må desse samla sett alltid vera i balanse.

Dei 3 tabellande har følgjande innhald:

Tabell 1 - Framlegg til overføringar av unytta løyvingar frå tidlegare år
Tabell 2 - Framlegg til nye nye budsjettjusteringar - Investering
Tabell 3 - Framlegg til nye budsjettjusteringar – drift

Kommentarane til kvar foreslått endring, følgjer I tertialrapporten.

Det er lagt opp til å halda bruken av lånemidlar på same nivå som tidlegare.
Auke i ei løyving som inneheld finansieringskjelda lånemidlar, fordrar alltid ein reduksjon i ei anna løyving med same finansieringskjelde.

Det følgjer eit forskriftsmessig krav til å endre økonomiplanen, når ein fattar vedtak i driftsåret som får konsekvensar for seinare planår.
Også økonomiplanen skal vera realistisk og i balanse, tilliks med budsjettet.

Det vert såleis vist til både tertialrapport nr. 1 år 2020 og økonomiplan 2021-2024, for tabellar som syner korleis budsjettjusteringsvedtaket påverkar gjeldande økonomiplan.

**Vurdering:**
Administrasjonssjefen meiner at dei framlagte endringane bidreg til å oppretthalde budsjettbalansen og tenestetilbodet, samstundes som ein oppretheld det utviklingsfokuset som er viktig å ha i drifta.

Driftsbudsjettet er framleis svært stramt for alle einingar, og det er ikkje rom for å gjera tiltak etter eige forgodtbefinnande, men kvar budsjettansvarleg må halde seg til budsjetterte løyvingar.

Investeringsbudsjettet vert no oppdatert og inneheld alle løyvingar som er gjort av Kommunestyret i år, så vel som vedtak tidlegare år. Justeringane som handlar om overføring av løyvingar frå tidlegare år, gjev ingen resultateffekt. Det handlar berre om å vidareføra løyvingane frå år 2019 til år 2020.
Om ein ynskjer endringar i framlegg til nye løyvingar, så må budsjettbalansen og bruk av lånemidlar alltid vera i balanse.

Det vil i sak om økonomiplan 2021-2024 verta høve til både å slette, opp- og nedjustere løyvingar, så vel som å flytte løyvingar mellom dei komande planåra.

Konklusjon:
Budsjettendringar for 1. tertial år 2020, vert vedteke i tråd med tabellane som er vedlagt nedst i denne saka.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

Vedlegg:
Tabell 1 – Framlegg til overføring av unytta løyvingar frå år 2019
Tabell 2 – Framlegg til nye budsjettjusteringar – Investering
Tabell 3 – Framlegg til nye budsjettjusteringar – Drift

**Tabell 1 - Framlegg til overføringar av unytta løyvingar frå tidlegare år**

| | Finansieringsbehov | Rest 31/12-19 |
|---|---|---|
| | | |
| 2002 | Digitalisering/velferdsteknologi - Fornye/forenkle/ | 50 795 |
| 2926 | Nytt fagsystem - VISMA flyt skule | 151 941 |
| 2934 | Nytt fagsystem - VISMA flyt barnehage | 163 212 |
| 2967 | Nytt kommunenummer | 95 050 |
| 2005 | Arbeidsmiljøtiltak | 61 682 |
| 2828 | Omdøme-/Profilerings-/Planmateriell | 56 941 |
| 2937 | Skilting kommunale bygg | 100 000 |
| 2826 | Draumeplassen del I- bruk av lån | 186 640 |
| 2826 | Draumeplassen del I - bunde fond | 45 000 |
| 2902 | Draumeplassen del II | 200 000 |
| 2090 | Utvikling Solund Prestegårdsmark (fond) | 61 079 |
| 2711 | Gangveg Hardbakke sentrum til mobilmast | 76 410 |
| 2869 | Strategisk handlingsplan - Utgreiing "unike bukva | 100 000 |
| 2870 | Strategisk handlingsplan - Utgreiing "kajakksatsir | 100 000 |
| 2871 | Strategisk handlingsplan - Utgreiing "Innovasjons | 100 000 |
| 2939 | Etablering av Skjergardsteneste | 250 000 |
| 2941 | Ventilasjon 2 adm.bygg - inkl. dagens bibliotek | 300 000 |
| 2782 | Forprosjekt nytt kommunehus | 32 036 |
| 2011 | Inventar og utstyr barnehage | 42 326 |
| 2012 | Inventar og utstyr skule | 267 127 |
| 2874 | Kabling datanettverk skule | 95 319 |
| 2944 | Ny skule inkl. bibliotek (bruk av fond) | 8 495 619 |
| 2945 | Utbetring skulehus Straumen | 82 559 |
| 2946 | Nytt datarom Solundheimen | 100 000 |
| 2935 | Nytt TV-mottakssystem (innspel frå PLOMS - 70 | 100 000 |
| 2880 | Nettverk ringesystem Helse- og omsorg | 115 758 |
| 2949 | Utstyr Fysioterapi | 78 241 |
| 2947 | Ny rulle og tørketrommel | 200 000 |
| 2948 | Medisinsk utstyr lækjarkontor (EKG og spO2-mål | 50 000 |
| 2910 | Naudlysanlegg Solundheimen | 150 000 |
| 2911 | Oppgradering varmeanlegg Solundheimen | 195 000 |
| 2951 | Drivhus Dagsenter | 30 000 |
| 2951 | Dagsenter uteområde / arbeidslokale (mellom om | 50 000 |
| 2840 | Omsorgsbustader - lånebehov | -2 400 000 |
| 2809 | Ekspressbåtstopp Hardbakke - regulering | 100 000 |
| 2793 | Utvikling av næringsareal - Sponevika | 250 000 |
| 2882 | Utvikling Næringsareal | 150 000 |
| 2952 | Industriområde Lundøy / kjøp kai | 190 000 |
| 2953 | Kjøp kai Hersvik | 90 000 |
| 2954 | Geovekstprosjekt | 71 217 |
| 2842 | Adresseprosjekt | 251 509 |
| 2955 | **Vedlikehaldsplan - investeringsdel** | 2 161 827 |
| 2894 | Vaktmeisterløysing | 646 955 |
| 2915 | Mannskapsbil / brannbil | 2 400 000 |
| 2916 | Kostnad utskifting bil | 200 000 |
| 2917 | Oppfølgjing tilsyn brannvern (vaskehall m.m.) | 631 140 |
| 2957 | ENØK (Idrettsbygg, symjebasseng, barneskule, r | 266 626 |
| 2958 | Veglys - utskifting kvikksølvlampar | 274 918 |
| 2801 | Oppgradering Hardbakke vassverk | 222 897 |
| 2846 | Oppgradering UV-anlegg alle vassverk | 500 000 |
| 2803 | Kjøp grunn/opparbeiding parkering Kolgrov | 21 485 |

| | Finansieringsbehov | Rest 31/12-19 |
|---|---|---|
| 2969 | Ladestasjonar elbil | 362 742 |
| 2969 | Ladestasjonar elbil - tilskot ENOVA | 400 000 |
| 2024 | Oppgradering kommunale vegar | 485 888 |
| | Rutebåtkaiar- tilskot frå Fylkeskommunen | 2 000 000 |
| 2940 | Reduksjon Hamneområde | -101 305 |
| 2769 | Bru Ytre Solund (bunde inv.fond) | 14 592 |
| 2853 | Veg / kai Sjøneset (inkl. reg.plan) / Nord Solund v | 874 900 |
| 2963 | Kaihus Krakhella - opprusting | 137 099 |
| 2892 | Vegutbetring Hardbakke - Pollen (OP-samarbeid) | 333 000 |
| 2964 | **Planlegging utbetring FV 606 - tunellar m.m.** | 50 000 |
| 2893 | Veg Kvernhusvika - Kråkenes | 2 553 500 |
| 2893 | Nytt K-vedtak 043/18 (ekskl. asfaltering) | 2 750 000 |
| 2893 | Veg Kvernhusvika - tilskot frå Sulefisk AS | 4 000 000 |
| 2893 | Veg Kvernhusvika - tilskot grunneigar / fritidseig | 700 000 |
| 2816 | Rassikring veg til Kverhella | 74 000 |
| 2856 | Bustadfelt Klubben - opparbeiding veg / VA | 75 947 |
| 2856 | Bustadfelt Klubben - sal av eigedom | 320 000 |
| 2965 | Bustader Klubben - planlegging | 50 000 |
| 2813 | Nytt bustadfelt Hardbakke - lån | 99 682 |
| 2764 | Tun+ Ytrøygrend - bruk av lån | 500 000 |
| 2860 | **Idrettshus Solund Idrettspark - låneopptak** | 598 427 |
| 2860 | **Idrettshus Solund Idrettspark - tippemidlar** | 2 300 000 |
| 2860 | **Idrettshus Solund Idrettspark - privat tilskot SIL** | 1 500 000 |
| 2860 | **Idrettshus Solund Idrettspark - andre private tilsk** | 2 500 000 |
| 2860 | **Idrettshus Solund Idrettspark (sal av tomtar Klubl** | 921 305 |
| 2860 | Uselde tomtar i Klubben (2019) - omgjort til låneopptak | |
| 9999 | Saldering investeringsprosjekt omsorgsbustader | -1 337 286 |
| 9999 | Saldering andre investeringsprosjekt ved årsslut | -131 241 |
| | Sum finansieringsbehov | 40 242 558 |
| | | |
| | Finansiering | Rest 31/12-19 |
| | Bruk av unytta lånemidlar tidlegare år | -14 336 268 |
| | Utvikling Solund Prestegård (bruk av ubunde kap | -61 079 |
| | Veg Kvernhusvika (K-sak 027/18, F-sak 075/18) | -2 750 000 |
| | Ny skule m/bilbliotek (bruk av disposisjonsfond) | -8 495 619 |
| | **Bru Ytre Solund (bunde kapitalfond)** | -14 592 |
| | **Draumeplassen (bunde kapitalfond)** | -45 000 |
| | **Idrettshus Solund Idrettspark - tippemidlar** | -2 300 000 |
| | **Idrettshus Solund Idrettspark - tilskot SIL** | -1 500 000 |
| | **Idrettshus Solund Idrettspark - andre tilskot** | -2 500 000 |
| | Rutebåtkaiar- tilskot frå Fylkeskommunen | -2 000 000 |
| | Ladestasjonar - tilskot frå ENOVA | -400 000 |
| | **Veg til Kvernhusvika (tilskot frå Sulefisk AS)** | -4 000 000 |
| | **Veg til Kvernhusvika (tilskot frå private grunneig** | -700 000 |
| | **Sal av fast eigedom (tomtar Bustadfelt Klubben)** | -1 140 000 |
| | Sum finansiering | -40 242 558 |
| | Balanse | 0 |

**Tabell 2 - Framlegg til nye nye budsjettjusteringar – Investering**

| | Tabell 2: Framlegg til nye budsjettjusteringar - Investering | |
|---|---|---|
| 9999 | Tilbakeføring bruk av unytta lånemidlar - meirforbruk 2019 - generelt | 131 241 |
| 2936 | Arbeidsmiljøtiltak | -131 241 |
| 9999 | Tilbakeføring bruk av unytta lånemidlar - meirforbruk 2019 - Omsorgsbustader | 1 337 286 |
| 2840 | Omsorgsbustader | -1 337 286 |
| | | |
| 2840 | Omsorgsbustader (restløyving for totalt 5,0 mill. ekstra i masseberekningar) | 2 600 000 |
| 2944 | Ny skule m/bibliotek (flytta til år 2021 - forskuve oppstart) | -2 600 000 |
| | | |
| 2923 | Ferdigstilling Sognesjøhytta lån | 100 000 |
| 2938 | Idretts- og Friluftsplan lån | -100 000 |
| 2923 | Ferdigstilling Sognesjøhytta -auka løyving tippemidlar | 67 000 |
| 2938 | Tippemidlar | -67 000 |
| | | |
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar - auka løyving finansiert med lån | 90 000 |
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar -redusert løyving finansiert med tilskot | 100 000 |
| 2953 | Avslutta prosjekt kai Hersvik - nedjustert løyving | -90 000 |
| 2940 | Nye ladestasjonar el-bilar - redusert privat tilskot | -100 000 |
| | | |
| 2921 | Trafikktryggingstiltak - auka låneopptak som følgje av mindre FK tilskot | 125 000 |
| 2921 | TrafikkNedjustert  løyving finansiert med tilskot | -125 000 |
| 2917 | Nedjustert løyving - Oppfølging tilsyn brannvern | -125 000 |
| 2921 | Trafikktryggingstiltak - redusert tilskot | 125 000 |
| | | |
| 2915 | Mannskapsbil / brannbil - oppjustert lånekostnad iht. kontraktsum | 500 000 |
| 2915 | Nedjustert løyving - Nye klima- og miljøtiltak | -300 000 |
| 2915 | Nedjustert løyving - Oppfølging tilsyn brannvern | -200 000 |
| | | |
| 2860 | Nytt Idrettshus - oppjustert kostnad finansiert med tilskot | 400 000 |
| 2860 | Auka tippemidlar | -1 800 000 |
| 2860 | Reduserte private tilskot | 1 400 000 |
| | | |
| Nytt | Nye bustader sentrum finansiert med fond | 4 000 000 |
| Nytt | Bruk av utviklingsfond investering | -4 000 000 |
| | | |
| | **Balanse** | **0** |

**Tabell 3 - Framlegg til nye budsjettjusteringar – Drift**

# Tabell 3: Framlegg til budsjettjusteringar - Drift

| | | RB - 20 |
|---|---|---|
| 900 | Auka rammetilskot ekskl. Koronavirus | -96 |
| | Auka rammetilskot utsatt overføring av skatteinnkreving til stat | -193 |
| | Auka rammetilskot - Koronatiltak | -1 173 |
| | Redusert netto skatteprognose - oppdaterte folketal | 500 |
| | Redusert netto skatteprognose - Koronakrise | 562 |
| | Auke i lokale skatteinntekter | -200 |
| | Redusert rentekompensasjonstilskot | 100 |
| | Reduserte renteinntekter | 300 |
| | Auka utbyte | -300 |
| | Reduserte renteutgifter | -850 |
| | Redusert eigedomsskatt etter statleg vedteken reduksjonsfaktor | 400 |
| | Auka inntekter frå statleg Havbruksfond | -4 875 |
| | Avsetnad til disposisjonsfond | 4 875 |
| | Bruk av disposisjonsfond Fiberprosjekt Hagefjorden | -800 |
| | Bruka av disposisjonsfond  Samfunns- og næringsutvikling | -300 |
| | Bruk av overført løyving - UNESCO Global Geopark i HAFS | |
| | **Auke fordeling til drift** | -2 050 |
| | **Som er fordelt slik:** | |
| 310 | Auka kostnader lækjarteneste | 300 |
| 100 | Effektivisering administrativ ressursbruk | -300 |
| 110 | Auka løyving kommuneplanarbeid | 100 |
| 130 | Nedjusterte leigeinntekter omsorgsbustader | 340 |
| 130 | Felles informasjonsportal ledige husvære | 60 |
| 250 | Utvida tilsbod Kulturskule (musikk og film) | 75 |
| 370 | Reduserte brukarbetalingar institusjon | 400 |
| 700 | Redusert vidareformidling av rentekompensasjon til Bustadstiftinga | -50 |
| 700 | Redusert fylkeskommunal refusjon for veg til Sandvik | 300 |
| 799 | Reduserte pensjonskostnader | -100 |
| 800 | Auke til kommunestyret sin disposisjon - fiberprosjekt Hagefjorden | 800 |
| 800 | Auke til kommunestyret sin disposisjon - samfunns- og næringsutvikling | 300 |
| 805 | Avsatt tilleggsløyving til interne  Korona-kostnader | 1 100 |
| 100 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -175 |
| 110 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 120 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 150 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 200 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -100 |
| 210 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -225 |
| 220 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 250 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 300 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 310 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -75 |
| 312 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 313 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 370 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -300 |
| 410 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 420 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 600 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -50 |
| 610 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -25 |
| 620 | Nedjustert deflator iht. gj.sn.nivå RNB / KS | -75 |
| | **Fordelt i drift** | 2 050 |
| | Differanse | 0 |

# Solund kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | K1-145 |
| **ArkivsakID:** | 20/353 |
| **JournalpostID:** | 20/1370 |
| **Sakshandsamar:** | Kjell Mongstad |
| **Dato:** | 21.05.2020 |

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 047/20 | FORMANNSKAP | 28.05.2020 |
| | KOMMUNESTYRE | |

## Økonomiplan 2021-2024 med oppstart Budsjett 2021

**Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:**

Økonomiplan for Solund kommune år 2021-2024 vert vedteken slik den ligg føre i vedlagte tabelloppsett.

**Vedlegg i saka:**

21.05.2020 Tabelloppsett til økonomiplan 2021-2024 med budsjett 2020 til tertial nr 1 - endeleg

21.05.2020 Oversikt over lånegjeld renter og avdrag

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Tertialrapport nr. 1 år 2020
Budsjettendringar nr. 1 år 2020
Fylkesmannen sitt rundskriv til RNB 2020 og Kommprp. 2021
Revidert nasjonalbudsjett 2020 og kommuneøkonomiproposisjonen 2021
Solund kommune siin gjeldande økonomiplan for 2020-2023

**Kva saka gjeld:**

Økonomireglementet legg opp til at kommunen skal køyre sin økonomiplanprosess i 1. halvår kvart driftsår.
Økonomiplanen skal utgjere Kommuneplanen sin 4-årige handlingsplan.

Økonomiplanarbeidet heng saman med årshjulet for økonomiprosessane på overordna nivå, der Statsbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett / kommuneøkonomiproposisjonen kvart år gjev kommunane nye / endra rammer for sitt økonomistyringsarbeid.

Tertialrapportar og budsjettjusteringar for 1. tertial, gjev alltid eit godt og naturleg grunnlag for økonomiplanarbeidet i kommunen.

Rammene som vert fastlagt for økonomiplan år 2021 i denne saka, vil verta grunnlag

for vidare arbeid med budsjettet for år 2021 til hausten.

**Saksutgreiing:**
Til grunn for mange av administrasjonssjefen sine vurderingar og tilrådingar, ligg naturleg nok gjeldande økonomiplan og dei føringar som vert gjevne gjennom signala i kommuneøkonomiproposisjonen.

Ideelt sett vert økonomiplanarbeidet sett i verk tidleg på våren og ein set då fokus på mål og strategiarbeid i ein involverande prosess. Gjerne med 2. poltiske handsamingar av planen.Resultatet vert den årvisse 4-årig handlingsplanen (økonomiplanen), basert på dei mål og rammer ein kommuneplanen gjev.
Denne vinteren vart siste del av arbeidet med kommuneplanen prioritert og våren 2020 har Korona tatt alt fokus.

Økonomiplanarbeidet vil ved denne korsvegen såleis berre handle om å tilpasse planen til dei nye overordna vilkår og vedtak som er fatta av Kommunestyret sidan desember 2019, og som har fått innverknad på planåra 2021 og frametter.
Planen er bygd vidare på Tertialrapport nr. 1 år 2020 og budsjettjusteringssaka som følgde denne. I desse sakene finn ein dei siste kjende føringane for både den verbale delen og taldelen av denne økonomiplanen. Og desse sakene er bygd på dei siste signala som er gått ut frå regjering (RNB 2020 og kommuneøkprp. 2021) og på alle tertialrapportane frå dei budsjettansvarlege i kommunen, som alle er utarbeidd i mai d.å.

Til hausten må det leggast opp ein økonomiplan- og budsjettprosess, der ein m.a. bygger opp reviderte målformuleringar basert på samfunnsdelen i Kommuneplan 2020-2030 (vedteken 26. mars d.å.).
Prosessen må vera involverande og den krev meir enn nokre digitale møteplassar der berre dei mest «høgrøysta» kjem til ordet. Det gjenstår å sjå om dette let seg gjere å få til på ein god måte.

Sjølve økonomiplandokumentet som er vedlagt, vert presentert på eit grovt og overordna nivå. Denne økonomiplanen er i balanse med dei konsekvensar dette gjev.

**Vurdering:**
Endringar av taldelen av denne økonomiplanen ber preg av at ein held stø kurs mot å forsøka å lage ein kommune som kan levere fullverdige og framtidsretta tenester. Jamfør også den pågåande OU-prosessen.
Likeins har den eit stort fokus på omstilling og utvikling. Jamfør vedtak om auka satsing på samfunns- og næringsutvikling.

I så måte er planen heilt i tråd med både regjeringa sine mål for kommunesektoren og Kommunestyret sitt overordna mål om å kunna bestå som eigen kommune.

*Konklusjon:*
Økonomiplan Solund kommune år 2021-2024 vert vedteken slik den ligg føre i vedlagde dokument.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**